Statistics Norway

Statistisk sentralbyrå

# Kulturstatistikk 2016



Statistiske analysar 156

# Kulturstatistikk 2016

**Statistisk sentralbyrå • Statistics Norway**
Oslo–Kongsvinger

I serien Statistiske analysar blir det publisert analysar av statistikk om sosiale, demografiske og økonomiske forhold til ein breiare lesarkrins. Framstillingsforma er slik at publikasjonane også kan lesast av personar utan spesialkunnskapar om statistikk eller bearbeidingsmetodar.

© Statistisk sentralbyrå
Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen skal
Statistisk sentralbyrå givast opp som kjelde

Publisert 13. desember 2017

ISBN 978-82-537-9640-6 (trykt)
ISBN 978-82-537-9641-3 (elektronisk)
ISSN 804-3221

| **Standardteikn i tabellar** | **Symbol** |
|---|---|
| Tal er umogleg | . |
| Oppgåve manglar | .. |
| Oppgåve manglar førebels | … |
| Tal kan ikkje offentleggjerast | : |
| Null | - |
| Mindre enn 0,5 av den brukte eininga | 0 |
| Mindre enn 0,05 av den brukte eininga | 0,0 |
| Førebels tal | * |
| Brot i den loddrette serien | — |
| Brot i den vassrette serien | \| |
| Desimalskiljeteikn | , |

# Forord

Kulturstatistikk 2016 gjev i tekst, figurar og tabellar eit hovudbilete av ulike kulturområde, tal for offentlege utgifter, informasjon om sysselsetting og føretaksdemografi i kulturnæring samt oversikt over deltaking i ulike kulturelle aktivitetar. Føremålet med publikasjonen er å beskrive og gje ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike kulturområde i Noreg.

Kulturstatistikk er ein årleg publikasjon som frå 1975 til 2008 har vore publisert i serien Noregs offisielle statstikk, bortsett frå åra 2004 og 2005 då den var i serien Statistiske analysar. Alle utgåver er digitalt tilgjengelege på Statistisk sentralbyrå sine internettsider. Frå 2009 har publikasjonen Kulturstatistikk vore publisert i serien Statistiske analysar, og den er tilgjengeleg i pdf-format under adressen: http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/kulturstatistikk

Publikasjonen er utarbeidd ved Seksjon for utdanningsstatistikk. Alice Steinkellner har vore koordinator for publikasjonen. Liv Taule, Elin Såheim Bjørkli, Nadine Viktoria Lunde Bratholmen, Hossein Moafi, Kristin Mathilde Drahus og Øyvind Bolsgård har vore medforfattarar.

Statistisk sentralbyrå har eit godt samarbeid med fleire offentlege institusjonar og interesseorganisasjonar som leverer datagrunnlag. Talmaterialet byggjer også på tal frå Statistisk sentralbyrå.

Publikasjonen er finansiert av Kulturdepartementet.

Statistisk sentralbyrå, 10. desember 2017

Torstein Bye

## Samandrag

Denne publikasjonen presenterer oppdaterte tal og statistikk for ulike område relatert til kultur. Formålet med publikasjonen er å beskrive og gje ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike kulturområde i Noreg. Dette er nokre hovudresultat for 2016 innanfor temaområda i publikasjonen:

**Offentlege utgifter til kultur**
Dei statlege utgiftene til kultur over Kulturdepartementets budsjett i 2016 var 13,1 milliardar kroner, dei fylkeskommunale kulturutgiftene var på over 1,48 milliardar kroner, og dei kommunale utgiftene var på 11,3 milliardar kroner.

**Sysselsetting og føretak i kulturnæring**
2,6 prosent av dei sysselsette i Noreg hadde hovudjobben sin i kulturell og kreativ næring. Over halvparten av desse er samla i dei største byane Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Oslo er klart størst med 41 prosent av alle sysselsette i kulturell og kreativ næring.

**Kulturelle tiltak og vederlag**
I 2016 vart det løyva 885,3 millionar kroner frå Norsk kulturfond til ulike kulturføremål. Musikkføremål var det største hovudområdet under kulturfondet og utgjorde 40 prosent. Statens kunstnarstipend delte ut 1 822 stipend i 2016, 8 fleire enn året før. Biletkunstnarar var den desidert største gruppa og tok imot 551 stipend.

**Scenekunst, musikk og festivalar**
I 2016 var det til saman 1,9 millionar tilskodarar ved teater og opera. Dette var ein reduksjon på nesten 2 prosent frå året før. Ved dei frie danse- og teatergruppene var det 844 000 besøk dette året.

**Museum**
Samlingane i norske museum består av ulike typar gjenstandar og fotografi og er ein viktig dokumentasjon av den norske kulturarven. Storleiken på samlingane var på 55 millionar gjenstandar og fotografi i 2016. Dette året var det totalt 11,2 millionar besøk i musea i Noreg. Det utgjer ein auke på over 400 000 besøk sidan 2015.

**Bibliotek**
Det vart lånt ut 22,2 millionar bøker og andre medium frå folkebiblioteka. Det er ein nedgang på 539 000 utlån frå året før. Av det samla utlånet i 2016 var 16,8 millionar utlån av bøker, om lag på same nivå som i 2015. Totalt utlån av bøker utgjorde i gjennomsnitt 3,2 bøker per innbyggjar i 2016.

**Aviser**
Stadig fleire les aviser digitalt og i 2016 las 56 prosent av befolkninga nettavis ein gjennomsnittsdag, medan 39 prosent les papiraviser. Avislesing på mobil har auka med 13 prosent dei to siste åra. Ved utgangen av 2016 kom det ut 227 aviser i Noreg, og 200 av desse hadde eit digitalt opplagstal.

**Film og kino**
I alt var det 13,1 millionar besøk på kino i 2016. Det er ein auke i kinobesøket mot førre året da det var om lag 12 millionar besøkande på norske kinoar. Besøkstalet svarar til 2,5 kinobesøk per innbyggjar. Bygdekinoane hadde også aukande besøkstal, med vel 154 000 besøk dette året, om lag 31 300 fleire enn i 2015.

**Lyd og bilete**
Radiolyttinga har halde seg overraskande stabil på lang sikt. I 2016 høyrde 59 prosent av befolkninga på radio ein gjennomsnittsdag, og dette er omtrent på same nivå som på byrjinga av 2000-talet. I den same perioden har vanleg lineær tv-sjåing derimot hatt ein nedgang frå 85 prosent på byrjinga av 2000-talet til 67 prosent på ein gjennomsnittsdag i 2016.

**Idrett**
Ved utgangen av 2016 var det nær 1,9 millionar ordinære medlemskapar i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité. Talet på ordinære idrettslag har gått noko ned frå året før og talde 7 736 lag ved utgangen av 2016. I alt var det 56 000 eksisterande idrettsanlegg i drift i 2016. Det er ein auke på 500 anlegg det siste året.

# Abstract

This publication provides updated figures and information on culture. The main purpose of this publication is to present an overview of available statistics on various aspects of culture in Norway. A selection of some main results within culture in this publication is given below.

**Public expenditure**
Governmental expenditure on cultural purposes in the Ministry of Culture's budget for 2016 was NOK 13.1 billion. The corresponding figure in the county authorities was over NOK 1.48 billion, and in the local authorities it was NOK 11.3 billion.

**Employment and enterprises in cultural industry**
A total of 2.6 per cent of all employed persons in Norway had their main job within the cultural industry in 2016. These jobs are unevenly distributed throughout the country. Over half are located in the biggest cities: Oslo, Bergen, Trondheim and Stavanger. Oslo has the largest share by a large margin, with 40 per cent of all employment in the cultural and creative industry.

**Art policy measures**
In 2016, the Art Council of Norway allocated NOK 885.3 million from the Norwegian Cultural Fund to several cultural purposes. Music received the most; 40 per cent of the Norwegian Cultural Fund. In 2016, visual artists received 551 grants under the Government Grants for Artists, which was the largest group under this arrangement.

**Theatre, music and festivals**
Theatre, opera and dance are still popular attractions within the field of performing arts. In 2016, a total of 1.9 million people went to the theatre and/or opera. This was a decrease of almost 2 per cent from the previous year. The non-organised dancing and theatre groups had 844 000 visitors.

**Museums**
In 2016, about 11.2 million people visited Norwegian museums, which had about 55 million objects. The number of visits increased by 400 000 from 2015. The collections of archaeological objects had the greatest increase, growing four per cent since the preceding year, and consisted of 7 million objects in 2016.

**Libraries**
In 2016, the total loans of books and other media from public libraries was 22.2 million. Of the total number of loans in this year, 16.8 million were book loans, including renewals, and 6.0 million were loans of other media. On average, there were 3.2 book loans per capita from public libraries in 2016.

**Newspapers**
A growing number of people are reading newspapers digitally, and in 2016, 56 per cent of the population read an online newspaper on a typical day, while 39 per cent read a hard copy newspaper. Reading newspapers on mobile phones has increased by 13 per cent in the last two years. At the end of 2016, there were 227 newspapers in Norway, and 200 of these had a digital version.

**Films and cinemas**
In 2016, a total of 13.1 million cinema visits were registered. This is an increase from the previous year, when 12 million people visited Norwegian cinemas. The cinema visits correspond to 2.5 per capita.

**Sound and vision**
On an average day, the share of the population who listened to the radio remained relatively constant in the period 2000 to 2016, with 57 and 59 per cent in 2000 and 2016 respectively. The content of audio and video media has changed in recent years, and streamed files from the Internet have shown the greatest increase.

**Sports**
At the end of 2016, almost 1.9 million members were registered with the Norwegian Olympic and Paralympic Committee and Confederation of Sports, an increase of about 33 000 from the previous year. The number of teams has fallen, and is now 7 736.

# Innhold

**Forord** ... **3**
**Samandrag** ... **4**
**Abstract** ... **5**
**Innhold** ... **6**
**1. Offentlege utgifter** ... **7**
1.1. Nokre resultat ... 7
1.2. Om statistikken for dei offentlege utgiftene ... 13
1.3. Omgrep og definisjonar ... 14
1.4. Samanlikningar ... 15
**2. Frivillig innsats** ... **23**
2.1. Nokre resultat ... 23
2.2. Om statistikken ... 25
**3. Nærings- og sysselsettingsstatistikk** ... **36**
3.1. Nokre resultat ... 36
3.2. Sysselsetting ... 36
3.3. Føretak ... 39
3.4. Om statistikken ... 40
3.5. Omgrep og definisjonar ... 41
**4. Kulturelle tiltak og vederlag** ... **54**
4.1. Nokre resultat ... 54
4.2. Kulturtanken - Den kulturelle skolesekken Norge ... 57
4.3. Om dei ulike organisasjonane og ordningane ... 58
**5. Scenekunst** ... **67**
5.1. Nokre resultat ... 67
5.2. Økonomi ... 71
5.3. Om statistikken og dei ulike scenekunstorganisasjonane ... 72
**6. Musikk** ... **81**
6.1. Nokre resultat ... 81
6.2. Økonomi ... 86
6.3. Om statistikken – ulike organisasjonar i musikklivet ... 87
**7. Museum og samlingar** ... **98**
7.1. Nokre resultat ... 98
7.1 Om museumsstatistikken ... 105
**8. Bibliotek** ... **117**
8.1. Nokre resultat ... 117
8.2. Bibliotekbruk ... 122
8.3. Om bibliotekstatistikken ... 124
8.4. Pliktavlevering ... 125
8.5. Kulturbruksundersøkingane ... 126
**9. Arkiv** ... **140**
9.1. Nokre resultat ... 140
9.2. Om statistikken – arkivstatistikk ... 143
**10. Bøker** ... **147**
10.1. Nokre resultat ... 147
10.2. Om bokstatistikken ... 151
**11. Aviser, vekepresse og fagpresse** ... **161**
11.1. Nokre resultat ... 161
11.2. Om statistikken – aviser, vekepresse og fagpresse ... 165
**12. Film og kino** ... **171**
12.1. Kinobesøk og kinodrift ... 171
12.2. Produksjon og forvaltning av film ... 174
12.3. Om statistikken og dei ulike organisasjonane ... 175
12.4. Omfang, publisering og samanlikningar ... 175
**13. Lyd og bilete** ... **181**
13.1. Nokre resultat ... 181
13.2. Om statistikken ... 187
**14. Idrett og friluftsliv** ... **196**
14.1. Nokre resultat ... 196
14.2. Om statistikken og organisasjonane ... 201
**15. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja** ... **210**
15.1. Nokre resultat ... 210
15.2. Om statistikken – trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja ... 216
**Figurregister** ... **225**
**Tabellregister** ... **227**

# 1. Offentlege utgifter

## 1.1. Nokre resultat

*2 500 kroner per innbyggjar til kultur*

Rekneskapane for 2016 viser at dei statlege utgiftene til kultur over Kulturdepartementets (KUD) budsjett omfattar utgifter til frivillig føremål, kulturføremål, medieføremål og løyvingar til Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn. Desse utgiftene var på 13,1 milliardar kroner over budsjettet, noko som i gjennomsnitt utgjer 2 500 kroner per innbyggjar. Utgiftene har auka kvart år sidan 2010, og kultur har fått ein noko større prosent statlege midlar i alt. Fylkeskommunale driftsutgifter til kulturføremål har gått noko ned sidan førre året, og var i 2016 på 1,48 milliardar kroner. Kommunanes sine netto driftsutgifter til kultur var 11,3 milliardar kroner, og det har vore ein auke sidan 2015, sjå tabellane 1.1.1, 1.2.1 og 1.3.1.

**Figur 1.1. Offentlege utgifter til kultur**




[1]Utgifter til Den norske kyrkja er ikkje medrekna her.
Kjelde: Kulturdepartementet og Statistisk sentralbyrå.

### 1.1.1. Offentlege utgifter – stat

*Statlege utgifter til kultur – 0,8 prosent av tildelingane over statsbudsjettet*

Rekneskapstala til KUD viser at det totalt vart løyvd 13,1 milliardar kroner til ulike føremål i 2016. I alt var det ein auke på 359 millionar kroner, eller 2,8 prosent, sidan 2015. Utgiftene til kultur sidan 2011 har auka med over 4,5 milliardar, eller om lag 35 prosent. I perioden frå 2010 til og med 2013 høyrde Den norske kyrkja til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, men frå 2014 høyrde kyrkja igjen til KUD. Dette er litt av bakgrunnen for at utgiftene til kultur har auka. KUDs samla utgifter i 2016 var 0,8 prosent av dei samla statlege utgiftene, ein del som har vore stabil sidan 2013, då dei samla utgiftene utgjorde 0,6 prosent av dei statlege utgiftene, sjå tabell 1.1.1.

Tilskot til Den norske kyrkja (Dnk) utgjorde 2 041 millionar kroner, eller 15 prosent av rekneskapen til KUD i 2016. Løyvinga til Dnk gjekk ned med 0,5 prosent frå året før. Tilskot til trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja utgjorde 2,3 prosent av rekneskapen.

Scenekunstføremål fekk 2 103 millionar kroner, eller 16 prosent av midlane frå KUDs tildelingar i 2016. Fire nasjonale institusjonar innanfor scenekunst fekk til saman over 1 milliard kroner: Den Norske Opera & Ballett, Nationaltheatret, Det Norske Teatret og Den Nationale Scene. Scenekunsttildelinga har samla auka med nær 29 prosent sidan 2011, sjå òg kapittel 5 om scenekunst.

Musikkføremål fekk 9 prosent av KUDs tildelingar for 2016, eller 1 189 millionar kroner. Av desse midlane gjekk 287 millionar til dei nasjonale institusjonane: Oslo-Filharmonien fekk 158 millionar kroner og Stiftelsen Musikkselskapet Harmonien fekk 129 millionar kroner. Musikkføremål har fått auka tildelinga med om lag 24 prosent sidan 2011.

Museumsføremål og andre kulturvernføremål, språk-, litteratur- og bibliotekføremål og arkivføremål fekk samla 19 prosent av tildelingane frå KUD. Film og media fekk om lag 10 prosent av tilskota frå KUD i 2016.

Samfunnsføremål fekk samla 2 083 millionar kroner i 2016, noko som utgjorde 15,9 prosent av rekneskapen til KUD.

*2 422 millionar kroner frå spelemidlane til idrett*

Speleoverskotet frå Norsk Tipping AS vert fordelt til kultur- og idrettsføremål, og til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Hovudfordelinga av spelemidlane i 2016 viser at 2 422 millionar kroner gjekk til idrettsføremål. Det utgjer ein auke på 159,5 millionar, eller 7 prosent. Slik som åra før, var det idrettsanlegga som fekk det største tilskotet i 2016, med 1 275 millionar kroner. Tilskotet til idrettsanlegga auka med 144 millionar eller 13 prosent samanlikna med året før. Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) fekk 660 millionar kroner i 2016. Tilskotet til NIF gjekk opp med 24 millionar, eller 4 prosent, samanlikna med året før. Tilskot til lokale lag og foreiningar var på 315 millionar kroner, ein auke på 21 millionar kroner, eller 7 prosent, frå året før, sjå tabell 1.1.2.

*681 millionar kroner frå spelemidlane til kultur*

Tildelingane frå spelemidlane til kulturføremål var på 681 millionar kroner i 2016, ein auke på 45 millionar kroner samanlikna med året før. Den kulturelle skolesekken (DKS) fekk 210 millionar kroner. Av dette gjekk 150 millionar kroner til DKS-tiltak i grunnskolen, medan 59 millionar kroner gjekk til DKS-tiltak i vidaregåande skole. Frifond fekk 181 millionar kroner til fordeling. Kulturbygg fekk 64 millionar kroner frå spelemidlane til kultur, sjå tabell 1.1.3.

### 1.1.2. Offentlege utgifter – fylkeskommunar

*1,48 milliardar kroner til kulturføremål i fylkeskommunane*

Kommune-stat-rapporteringa (KOSTRA) viser at netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane var på 1,48 milliardar kroner i 2016, ein nedgang på 19 millionar kroner, eller 1,3 prosent, frå året før.

I 2016 var det museum og kunstformidling som hadde den høgaste delen av utgiftene til kultur i fylkeskommunane med 29 prosent. Lågast del gjekk til idrett med 1 prosent og bibliotek med 10 prosent.

Netto driftsutgifter til museum utgjorde 433 millionar kroner i 2016. Netto driftsutgifter til kunstformidling var på 426 millionar kroner same året. Idrett hadde ein stor auke i netto driftsutgifter i 2014, men deretter ein stor nedgang. I 2015 gjekk netto driftsutgifter for idrett ned med 93 millionar kroner eller 37 prosent, og i 2016 med heile 146 millionar kroner eller 93 prosent. Dette kjem av ein auke i fordelinga av spelemidlar til idrettssektoren, sjå tabell 1.1.2. Dermed vert dei negative driftsutgiftene til idrett lågare, og i visse fylke er tala i minus – idrett har høgare inntekt i høve til utgifter her på grunn av spelemidlane, sjå tabell 1.2.1.

**Figur 1.2. Netto driftsutgifter til ulike kulturføremål i fylkeskommunane. 2016**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Dersom ein ser på utviklinga frå 2010 til 2016, har netto driftsutgifter i alt auka med 31 prosent. Området kunstproduksjon har hatt den største auken dei siste seks åra med 94 millionar kroner, sjå figur 1.3 og tabellane 1.2.1 og 1.2.2.

**Figur 1.3. Netto driftsutgifter til ulike kulturføremål i fylkeskommunane.**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

I gjennomsnitt gjekk det 282 kroner per innbyggjar i netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane i 2016, noko som er 6 kroner lågare samanlikna med året før. Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde høgast netto driftsutgifter til kulturføremål målt per innbyggjar, 647 kroner per innbyggjar til kulturføremål i 2016. I Sogn og Fjordane fylkeskommune gjekk 3 prosent av netto driftsutgifter til kulturføremål. Tala for Oslo som fylkeskommune viser berre ein liten del av utgiftene til kultur då Oslo både er kommune og fylkeskommune og rapporterer som begge delar. Sjølv om det kan vere uvisse knytt til kva som er kommunale og fylkeskommunale utgifter, er ikkje tala dobbeltrapporterte. For å få fram dei totale netto driftsutgiftene for Oslo, kan det vere nyttig å leggje saman dei kommunale og dei fylkeskommunale netto driftsutgiftene.

**Figur 1.4. Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane. 2016**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Fordelinga for dei ulike funksjonane i fylkeskommunane varierer ein del. I sju fylke viser tala at netto driftsutgifter til idrett var på minussida. Det vil seie at desse fylkeskommunane hadde større inntekter i høve til utgifter på denne funksjonen. Akershus og Møre og Romsdal hadde dei største netto driftsutgiftene til kultur, med respektive 142 og 136 millionar kroner. Hordaland hadde dei største netto driftsutgiftene til museum, kunstformidling og andre kulturaktivitetar med 49, 47 og 48 millionar kroner i 2016. Rogaland hadde 57 millionar i netto driftsutgifter til kunstproduksjon. Møre og Romsdal hadde høgast netto driftsutgifter til idrett med 45 millionar kroner, sjå tabellane 1.2.1 og 1.2.2.

Fylkeskommunanes brutto investeringsutgifter til kulturføremål i 2016 var 31 millionar kroner, ein auke frå 5,6 millionar førre år. Investeringsnivået for 2009 og 2012 skil seg ut som særs høge mot normalt nivå. Ser ein på gjennomsnittet for dei tre åra i perioden 2014-2016, har fylkeskommunane brukt 20 millionar kroner til brutto investeringsutgifter. Akershus, Aust-Agder og Nordland hadde høvesvis 5,7, 6,6 og 5,4 millionar kroner i brutto investeringsutgifter i perioden 2014-2016, sjå tabell 1.2.3.

### 1.1.3. Offentlege utgifter – kommunar

*4 prosent til kultur i kommunane*

Tala for utgiftene i kommunane er henta frå KOSTRA-rapporteringa. Rekneskapsåret 2016 viser at netto driftsutgifter til kultur i kommunane låg på 11,3 milliardar kroner, Oslo inkludert. Tala gjeld kommunen som konsern, sjå kapittel 1.3 om omgrep og definisjonar, rekneskapsomfang. Auken i netto driftsutgifter til kultur frå 2015 var på 712 millionar, eller 7 prosent. Delen av utgiftene som gjekk til kultur var nær 4 prosent i 2016.

**Figur 1.5. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern. 2016**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Idrett var som i tidlegare år den høgaste kulturutgifta i kommunane samla sett. Kommunane brukte totalt 3,7 milliardar kroner til idrett i 2016, ein auke på 343 millionar kroner, eller 10 prosent, samanlikna med førre året. Netto driftsutgifter til idrett utgjorde 33 prosent av utgiftene til kultur.

Posten andre kulturaktivitetar var på 2,6 milliardar kroner i 2016, ein auke på 153 millionar, eller 6 prosent frå 2015. 1,45 milliardar kulturkroner gjekk til folkebibliotek, ein auke på 46 millionar, eller 3 prosent, samanlikna med året før. 1,4 milliardar gjekk til kultur- og musikkskolar, ein auke på 46 millionar, eller 3 prosent, samanlikna med 2015. Kino var det einaste området med nedgang frå førre året, og nedgangen var på heile 74 prosent.

Delen som går til ulike kulturføremål har vore ganske stabil sidan 2010. Delen som går til idrett og andre kulturaktivitetar har auka noko sidan 2010, samstundes har delen som går til kino gått ned.

**Figur 1.6. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Oslo var den kommunen som hadde høgast vekst i netto driftsutgifter til kultur med 154 millionar kroner, eller 10 prosent. Oppland og Sogn og Fjordane hadde lågast vekst i netto driftsutgifter til kultur med høvesvis 3 og 1 millionar kroner, sjå tabell 1.3.1.

**Figur 1.7. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern, etter fylke. 2016**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

*2 148 kroner per innbyggjar til kultur*

I gjennomsnitt brukte kommunane 2 148 kroner per innbyggjar til kulturføremål i 2016, 112 kroner meir i høve til året før. I ei rekkje år har det vore kommunane i Finnmark som bruker mest til kultur per innbyggjar, slik var det òg i 2016, med 3 116 kroner per innbyggjar. Kommunane i Østfold og Vestfold brukte minst til kultur i 2016, med respektive 1 672 og 1 667 kroner per innbyggjar.

Som nemnt over brukte kommunane i Noreg 4 prosent av totale utgifter til kulturføremål i 2016. Kommunane i sju fylke brukte over gjennomsnittet til kultur: Oslo, Telemark, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sør-Trøndelag og Finnmark. Oslo brukte 1,6 milliardar kroner på kultur i 2016, og brukte dermed mest av fylka, medan kommunane i Rogaland brukte mest pengar på kultur målt i prosent av totale netto driftsutgifter – 4,6 prosent, sjå figur 1.8 og tabell 1.3.1.

**Figur 1.8. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern, etter fylke. Prosent av totale netto driftsutgifter**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

## 1.2. Om statistikken for dei offentlege utgiftene

Dei statlege utgiftene viser i hovudsak utgifter over Kulturdepartementet sitt budsjett slik det går fram av proposisjonen til Stortinget som vert lagt fram i oktober kvart år. Fylkeskommunale og kommunale utgifter baserer seg på rekneskapane deira som kvart år vert handsama av KOSTRA-systemet. Tala vert publiserte hos SSB på www.ssb.no på KOSTRA-sidene og i Statistikkbanken.

*KOSTRA (kommune-stat-rapportering)*

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev styringsinformasjon om fylkeskommunal og kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruken av ressursar på ulike tenesteområde vert registrert og samanstilt for å gje relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og med dette gjeve grunnlag for å vurdere om nasjonale mål er oppnådde. KOSTRA skal forenkle rapporteringa frå kommunane til staten ved at data berre vert rapporterte ein gong, sjølv om dei skal brukast til ulike føremål. All rapporteringa frå kommunane til SSB skjer ved elektronisk datautveksling. SSB publiserer ureviderte tal for kommunane 15. mars, og retta tal 15. juni. I nøkkeltala vert data sette saman, både tal som vert rapporterte direkte frå kommunane til SSB, og tal henta frå nasjonale register utanfor SSB. Før publiseringa 15. juni har kommunane hatt høve til å rette feil og manglar i dataa sine, og SSB har gjennomført kvalitetskontrollar og revisjon av datamaterialet. Dei ureviderte nøkkeltala per 15. mars kan innehalde feil.

## 1.3. Omgrep og definisjonar

*Spelemidlane*

Kvart år sidan 1948 har speleoverskotet i Norsk Tipping AS gått til samfunnsnyttige føremål. For speleoverskotet i 2016 frå Norsk Tipping gjaldt følgjande fordelingsnøkkel: 64 prosent gjekk til idrettsføremål, 18 prosent til kulturføremål og 18 prosent til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar (Kulturdepartementet, 2016). Spelemidlane til idrettsføremål og kulturføremål utanfor statsbudsjettet vart fordelte av Kongen. Midlane til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar vart fordelte etter forskrift 12. juni 2009 nr. 640 (Kulturdepartementet, 2009), sjå tabellane 1.1.2 og 1.1.3 for fordeling av tippemidlane i 2016.

*Rekneskapsomfang og om konsern i KOSTRA*

Føremålet med publiseringa i KOSTRA er å vise ressursbruken og tenesteproduksjonen uavhengig av korleis denne er organisert i den enkelte (fylkes)kommune. I tillegg til å produsere tenesta sjølv kan (fylkes)kommunen velje å organisere heile eller delar av tenesteproduksjonen innanfor dei enkelte sektorane/tenesteområda i eigne organisatoriske einingar (særbedrifter). Desse særbedriftene fører eigne rekneskapar og dette inneber at tala i KOSTRA i dei opphavlege faktaarka ikkje inkluderer ressursbruken/tenesteproduksjonen i særverksemdene. For å rette seg etter den aukande graden av utskiljing av tenesteproduksjonen i eigne einingar, er det difor nødvendig å etablere faktaark for konsern for alle tenesteområda i KOSTRA-publiseringa.

Konsern i KOSTRA omfattar dei organisatoriske einingane som juridisk sett er definerte innanfor (fylkes)kommunen som juridisk person, det vil seie (fylkes)kommunerekneskapen, (fylkes)kommunale føretak (KF/FKF), og i tillegg desse som ikkje er ein del av (fylkes)kommunen: inter(fylkes)kommunale selskap (IKS) og inter(fylkes)kommunale samarbeid etter kommuneloven § 27, som fører særrekneskap.

Særrekneskapane vert rapporterte enkeltvis til SSB, og konsolideringa til konsern vert gjort av SSB. Mellom (fylkes)kommunen og KF/FKF er eigarforholdet alltid ein-til-ein, mens fleire kommunar/fylkeskommunar eig IKS saman. Den enkelte (fylkes)kommunes eigardel i IKS vert fordelt etter registrerte eigardelar i Føretaksregistret i Brønnøysund. § 27-einingane vert behandla likt med kommunale føretak. (Fylkes)kommunal verksemd organisert som aksjeselskap og stiftingar inngår ikkje i konsernomgrepet.

*Netto driftsutgifter totalt*

Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene medrekna avskrivingar etter at driftsinntektene, som blant anna inneheld øyremerkte tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekte frå. Resten av utgiftene må dekkjast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringar frå staten med vidare. Netto driftsutgifter vil vise fylkets eller kommunens prioritering av dei frie inntektene i forhold til målgruppa for tenesta.

*Brutto driftsutgifter*

Brutto driftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene medrekna avskrivingar korrigerte for dobbeltføringar som kjem av vidarefordeling av utgifter/internkjøp med vidare. Brutto driftsutgifter minus brutto driftsinntekter skal ikkje vere lik netto driftsutgifter. På funksjon/tenesteområde kjem dette av at brutto driftsutgifter vert korrigerte for artane 710 sjukelønnsrefusjon og 729 kompensasjon mva. tillagde i driftsrekneskapen. Tilsvarande korreksjonar vert ikkje gjorde i brutto driftsinntekter. Netto driftsutgifter vert korrigerte for art 728 kompensasjon mva. tillagde i investeringsrekneskapen. For nærare informasjon, sjå fagleg rettleiing på nettsidene til KOSTRA http://www.ssb.no/kostra/

*Brutto investeringsutgifter*

Brutto investeringsutgifter viser investeringsutgifter korrigerte for fordelte utgifter og internsal. For å syne prioritering av nybygging, større utviklingstiltak og andre investeringar vert det brukt brutto investeringsutgifter per innbyggjar.

For fleire definisjonar brukt i KOSTRA, sjå fagleg rettleiing på http://www.ssb.no/kostra/.

*Rekneskapsfunksjonar til kulturføremål – fylkeskommunar*

- 740 Bibliotek
- 760 Museum
- 771 Kunstformidling[1]
- 722 Kunstproduksjon[2]
- 775 Idrett
- 790 Andre kulturaktivitetar[3]

*Rekneskapsfunksjonar til kulturføremål – kommunar*

- 231 Aktivitetstilbod til barn og unge
- 370 Bibliotek
- 373 Kino
- 375 Museum
- 377 Kunstformidling
- 380 Idrett
- 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (ny i 2008)
- 383 Kommunale musikk- og kulturskolar
- 385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg[4]
- 386 Kommunale kulturbygg (ny i 2008)

I tabellane er funksjon 381 slått saman med funksjon 380 idrett, og funksjon 386 er slått saman med funksjon 385 andre kulturaktivitetar. Årsaka til samanslåinga er at det har vore dårleg rapportering på desse funksjonane etter at dei vart innførte i kommunerekneskapen frå 2008.

## 1.4. Samanlikningar

*Samanlikningar over tid og stad*

KOSTRA-tala omfattar tal frå 1999, da kommunane kom med i KOSTRA. Frå og med 2001 er alle kommunane pålagde rapportering til KOSTRA. Både i sjølve prosjektperioden og i ettertid har det vore ein god del endringar i statistikkopplegget. Ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift innført frå 1. januar 2004 kan føre til brot i tidsserien frå 2003 til 2004. Ordninga vil kunne innebere brot i nokre sentrale rekneskapsomgrep. For nærare forklaring viser ein til fagleg rettleiing til KOSTRA, kapitla 2B–2E. Større brot i tidsseriar kan finnast. Tala i tabellane frå 2007 gjeld kommunekonsern. Tal i Statistikkbanken på ssb.no kan avvike frå eldre tal i tabellar i kapittelet, dette har si årsak i oppdateringar av eldre tal i Statistikkbanken. Tabellane for kapittel 3.3 omfattar utgiftene som kommunane har til kulturføremål.

*Samanheng med annan statistikk*

Eventuell samanheng mellom førebelse og endelege tal, korttidsstatistikk og årsstatistikk innanfor same emne, og høve til å samanlikne med annan statistikk innanfor same område, vert det gjeve informasjon om for kvart enkelt område.

[1] Utgifter og inntekter knytt til formidling av kunst og kultur til skoleverket og andre.

[2] Støtte til produksjon av profesjonell kunst innanfor teater, musikk, biletkunst, litteratur, i knutepunkts- og landsdelsinstitusjonar og andre institusjonar.

[3] Andre kulturaktivitetar (f790 fylke) omfattar funksjonar som i hovudsak arbeider utoverretta mot kulturorganisasjonar og kulturtiltak i kommunane. Omfattar samfunnshus/allaktivitetshus, støtte til nærkringkasting eller anna lokal medieverksemd.

[4] Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg (f 385 kommune) omfattar i hovudsak tilskot til organisasjonar, aktivitetar, markeringar, kulturdagar og hendingar som vert drivne av eller er baserte på frivillig medverknad.

## Referansar

Kulturdepartementet (2009): Forskrift 12. juni 2009 nr. 640 om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping. https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Forskrift-om-tilskudd-til-org-fra-Norsk-Tipping-/id603648/

Kulturdepartementet (2015): For budsjettåret 2016 -- Utgiftskapitler: 300–342 Inntektskapitler: 3300–3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2015-2016). https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20152016/id2456056/

Kulturdepartementet (2016): For budsjettåret 2017 -- Utgiftskapitler: 300–342 Inntektskapitler: 3300–3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2016-2017). https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20162017

Kulturdepartementet (2017): For budsjettåret 2018 – Utgiftskapitler: 300-342 Inntekstkapitler 2200-3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2017-2018) https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20172018/

## Meir informasjon

Kostra. (http://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra)

Frivilligregisteret: (http://www.brreg.no/frivillighet/)

Medietilsynet: (http://www.medietilsynet.no/)

Norsk Tipping: (http://2014.norsk-tipping.no/)

**Tabell 1.1.1. Utgifter over Kulturdepartementets budsjett. Rekneskapstal, løyvingar. Millionar kroner og prosent**

| | Millionar kroner | | | | | | Prosent | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| **I alt** | **8 566,0** | **8 950,4** | **9 759,0** | **12 460,4** | **12 790,5** | **13 149,4** | **100,0** | **100,0** | **100,0** | **100,0** | **100,0** | **100,0** |
| Administrasjon m.m.[1] | 116,5 | 122,6 | 120,3 | 143,5 | 138,9 | 144,4 | 1,4 | 1,4 | 1,2 | 1,2 | 1,1 | 1,1 |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Samfunnsføremål og frivillig føremål i alt** | **1 131,7** | **1 140,9** | **1 539,6** | **1 965,5** | **2 076,9** | **2 083,3** | **13,2** | **12,7** | **15,8** | **15,8** | **16,2** | **15,8** |
| Frivillig føremål | 852,3 | 877,1 | 1 230,7 | 1 644,1 | 1 769,5 | 1 755,3 | 9,9 | 9,8 | 12,6 | 13,2 | 13,8 | 13,4 |
| Kultursamarbeid i nordområdene og kulturnæring | 64,1 | 42,6 | 63,1 | 37,5 | 24,6 | 20,2 | 0,7 | 0,5 | 0,6 | 0,3 | 0,2 | 0,1 |
| Tilskot til trussamfunn m.m. | 215,3 | 221,2 | 245,8 | 283,9 | 282,9 | 307,8 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,3 | 2,2 | 2,3 |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Kulturføremål i alt** | **6 220,3** | **6 538,4** | **6 892,0** | **7 213,8** | **7 283,5** | **7 586,9** | **72,6** | **73,1** | **70,6** | **57,9** | **56,9** | **57,7** |
| Allmenne kulturføremål[2] | 546,6 | 582,0 | 600,1 | 620,7 | 430,3 | 496,7 | 6,4 | 6,5 | 6,1 | 5,0 | 3,4 | 3,8 |
| Kulturbygg[3] | 169,8 | 171,6 | 199,0 | 200,9 | 213,4 | 207,5 | 2,0 | 1,9 | 2,0 | 1,6 | 1,7 | 1,6 |
| Norsk kulturfond | 66,7 | 68,7 | 69,5 | 69,8 | 78,8 | 71,9 | 0,8 | 0,8 | 0,7 | 0,6 | 0,6 | 0,5 |
| Bygg og offentlege rom | - | - | - | - | 475,4 | 492,1 | - | - | - | - | 3,7 | 3,7 |
| Kunstnarføremål | 393,4 | 406,6 | 423,5 | 449,4 | 466,5 | 490,6 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 3,6 | 3,6 | 3,7 |
| Biletkunst mv. | 420,6 | 405,2 | 436,5 | 417,2 | - | - | 4,9 | 4,5 | 4,5 | 3,3 | . | . |
| Musikkføremål | 959,8 | 1 027,0 | 1 014,9 | 1 057,0 | 1 168,5 | 1 188,9 | 11,2 | 11,5 | 10,4 | 8,5 | 9,1 | 9,0 |
| Scenekunstføremål | 1 631,4 | 1 716,2 | 1 873,7 | 1 979,4 | 2 048,1 | 2 103,0 | 19,0 | 19,2 | 19,2 | 15,9 | 16,0 | 16,0 |
| Språk-, litteratur- og bibliotekføremål | 818,6 | 862,5 | 881,6 | 940,3 | 894,1 | 912,7 | 9,6 | 9,6 | 9,0 | 7,5 | 7,0 | 6,9 |
| Museumsføremål og visuell kunst[4] | 891,9 | 949,0 | 1 020,9 | 1 091,7 | 1 133,5 | 1 225,5 | 10,4 | 10,6 | 10,5 | 8,8 | 8,9 | 9,3 |
| Arkivføremål | 321,6 | 349,6 | 372,3 | 387,4 | 374,7 | 397,8 | 3,8 | 3,9 | 3,8 | 3,1 | 2,9 | 3,0 |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Film og media** | **1 097,6** | **1 148,4** | **1 207,1** | **1 224,2** | **1 240,8** | **1 293,6** | **12,8** | **12,8** | **12,4** | **9,8** | **9,7** | **9,8** |
| **Den norske kyrkja[5]** | **..** | **..** | **..** | **1 913,4** | **2 050,3** | **2 040,9** | **..** | **..** | **..** | **15,4** | **16,0** | **15,5** |
| | | | | | | | | | | | | |
| Prosent av statlege midlar i alt[6] | 0,6 | 0,6 | 0,6 | 0,8 | 0,8 | 0,8 | . | . | . | . | . | . |
| Prosent av BNP i alt | 0,3 | 0,3 | 0,3 | 0,4 | 0,4 | 0,4 | . | . | . | . | . | . |

[1] Gjeld drift av Kulturdepartementet og Lotteri- og stiftelsestilsynet. [2] Ikkje inkl. løyvingar til kulturbygg og midlar frå Norsk kulturfond. [3] Inkl. nasjonale, regionale og lokale kulturbygg. Midlar frå Norsk kulturfond er ikkje medrekna. [4] Nytt namn og nytt innhald frå 2015. Kulturvernføremål er overført til Norsk kulturfond. [5] I perioden frå 2010 til og med 2013 høyrde Den norske kyrkja til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, men frå 2014 høyrer Dnk igjen til KUD. [6] Prosenten er rekna av statsbudsjettets samla utgifter i alt medrekna folketrygda.

Kjelde: Kulturdepartementet.

**Tabell 1.1.2. Hovudfordeling av spelemidlar til idrettssektoren. Millionar kroner**

| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **1 200,0** | **1 200,0** | **1 250,0** | **1 418,0** | **1 558,4** | **1 558,5** | **1 558,6** | **1 564,1** | **1 640,6** | **1 859,7** | **2 263,1** | **2 422,6** |
| | | | | | | | | | | | | |
| Idrettsanlegg | 665,5 | 664,4 | 695,0 | 690,0 | 687,6 | 749,6 | 735,7 | 756,5 | 801,3 | 928,7 | 1 131,0 | 1 275,3 |
| Nasjonalanlegg/ spesielle anlegg | 5,2 | 1,5 | 13,1 | 19,6 | 26,4 | 27,1 | 29,4 | 13,2 | 17,0 | 43,6 | 81,6 | 59,5 |
| Forskings- og utviklingsarbeid | 23,6 | 22,8 | 24,0 | 20,4 | 9,6 | 20,1 | 20,1 | 20,1 | 21,1 | 23,3 | 26,8 | 25,5 |
| Spesielle aktivitetar[1] | 36,7 | 42,3 | 40,9 | 41,0 | 47,8 | 49,7 | 51,4 | 52,4 | 57,2 | 62,1 | 93,8 | 87,3 |
| Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité | 349,0 | 349,0 | 352,0 | 354,0 | 354,0 | 556,0 | 566,0 | 566,0 | 580,0 | 593,0 | 636,0 | 660,0 |
| Tilskot til lokale lag og foreiningar | 120,0 | 120,0 | 125,0 | 125,0 | 125,0 | 156,0 | 156,0 | 156,0 | 164,0 | 209,0 | 294,0 | 315,0 |
| Overgangsmidlar | - | - | - | 168,0 | 308,0 | - | - | - | - | - | - | - |

[1] Spesielle aktivitetar omfattar antidopingarbeid, fysisk aktivitet og inkludering i idrettslag og friluftstiltak for barn og ungdom.

Kjelde: Kulturdepartementet.

**Tabell 1.1.3. Hovudfordeling av spelemidlar til kultur. Millionar kroner**

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **400,0** | **416,7** | **416,7** | **416,7** | **416,7** | **416,7** | **416,7** | **500,1** | **494,8** | **636,5** | **681,4** |
| | | | | | | | | | | | |
| **Den kulturelle skolesekken (DKS)** | | | | | | | | | | | |
| **DKS i alt** | 161,0 | 167,0 | 167,0 | 167,0 | 167,0 | 167,0 | 167,0 | 200,0 | 197,9 | 210,2 | 210,2 |
| | | | | | | | | | | | |
| **Lokale DKS tiltak i alt (fylke og kommune)** | 128,0 | 134,0 | 147,5 | 147,5 | 157,5 | 162,3 | 164,0 | 198,3 | 196,2 | 208,5 | 208,5 |
| Grunnskolen | - | 128,0 | 122,0 | 122,0 | 122,5 | 122,5 | 122,5 | 142,4 | 140,9 | 149,9 | 149,7 |
| Vidaregåande skole | - | 6,0 | 25,5 | 25,5 | 35,0 | 39,8 | 41,5 | 55,9 | 55,3 | 58,5 | 58,8 |
| Sentrale DKS tiltak | 33,0 | 33,0 | 19,5 | 19,5 | 9,5 | 4,7 | 3,0 | 1,7 | 1,7 | 1,7 | 1,7 |
| | | | | | | | | | | | |
| **Frifond**[1] | 120,0 | 125,0 | 125,0 | 125,0 | 125,0 | 125,0 | 125,0 | 150,0 | 148,4 | 148,4 | 180,9 |
| | | | | | | | | | | | |
| **Kulturbygg i alt** | 119,0 | 124,7 | 124,7 | 124,7 | 124,7 | 124,7 | 124,7 | 135,1 | 133,0 | 96,2 | 63,7 |
| Regionale kulturbygg | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Lokale kulturbygg | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Desentralisert ordning for tilskot til kulturhus | 48,0 | 49,7 | 49,7 | 49,7 | 49,7 | 49,7 | 99,7 | 128,1 | 125,0 | 6,3 | - |
| Regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur | 71,0 | 75,0 | 75,0 | 75,0 | 75,0 | 75,0 | 25,0 | 7,0 | 8,0 | - | - |
| | | | | | | | | | | | |
| Den kulturelle spaserstokken[2] | - | - | - | - | - | - | - | 14,9 | 15,4 | - | - |

[1] Frifond er midlar frå overskotet i Norsk Tipping AS og gjeve til barn og ungdom som driv med frivillige aktivitetar innanfor kultur eller andre fritidsaktivitetar.
[2] Ordninga med den kulturelle spaserstokken er frå 2015 vidareført gjennom ein auke i fylkeskommunanes frie inntekter.
Kjelde: Kulturdepartementet.

**Tabell 1.2.1. Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane, etter fylke. Millionar kroner**

| | Netto driftsutgifter i alt | Bibliotek | Museum | Kunst-formidling | Kunst-produksjon | Idrett | Andre kultur-aktivitetar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2006 | 873,8 | 116,5 | 230,1 | 262,8 | 47,0 | 85,9 | 131,5 |
| 2007 | 943,7 | 124,4 | 264,9 | 268,7 | 56,0 | 59,9 | 169,8 |
| 2008 | 972,6 | 118,5 | 242,2 | 249,5 | 62,9 | 89,1 | 210,5 |
| 2009[1] | 1 022,3 | 126,6 | 306,7 | 280,8 | 59,0 | -8,3 | 257,5 |
| 2010 | 1 127,2 | 132,3 | 316,9 | 325,0 | 70,0 | 60,4 | 222,7 |
| 2011 | 1 218,6 | 164,3 | 328,6 | 334,2 | 95,0 | 67,0 | 229,4 |
| 2012 | 1 257,5 | 142,7 | 354,3 | 365,7 | 94,0 | 82,4 | 218,3 |
| 2013 | 1 327,9 | 148,5 | 375,1 | 361,9 | 104,6 | 103,8 | 234,1 |
| 2014 | 1 587,2 | 147,5 | 386,0 | 399,2 | 116,3 | 250,2 | 288,0 |
| 2015 | 1 499,9 | 141,9 | 400,9 | 396,1 | 167,9 | 157,1 | 236,1 |
| 2016 | 1 481,2 | 145,6 | 432,9 | 426,3 | 164,4 | 11,0 | 301,1 |
| | | | | | | | |
| **2016** | | | | | | | |
| Østfold | 62,8 | 5,3 | 32,7 | 18,0 | 10,3 | -17,9 | 14,4 |
| Akershus | 142,2 | 15,0 | 27,1 | 24,1 | 5,0 | 30,1 | 40,8 |
| Oslo | -33,8 | 2,7 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | -36,5 | 0,0 |
| Hedmark | 110,1 | 4,9 | 17,7 | 40,7 | 0,4 | 26,5 | 20,0 |
| Oppland | 58,2 | 8,3 | 13,7 | 7,0 | 15,0 | -7,4 | 21,4 |
| Buskerud | 76,7 | 7,7 | 23,0 | 18,3 | 0,4 | 7,0 | 20,2 |
| Vestfold | 61,4 | 7,9 | 33,0 | 16,2 | 2,3 | -16,6 | 18,6 |
| Telemark | 52,3 | 4,8 | 12,6 | 12,1 | 4,0 | 5,5 | 13,2 |
| Aust-Agder | 57,0 | 5,4 | 16,2 | 12,0 | 5,4 | 13,1 | 4,9 |
| Vest-Agder | 76,8 | 4,0 | 20,1 | 38,6 | 0,0 | 9,1 | 5,0 |
| Rogaland | 42,0 | 5,1 | 43,2 | -0,3 | 57,5 | -67,1 | 3,6 |
| Hordaland | 127,1 | 7,3 | 48,6 | 47,5 | 0,0 | -24,6 | 48,3 |
| Sogn og Fjordane | 71,4 | 5,6 | 17,3 | 10,1 | 11,6 | 15,5 | 11,3 |
| Møre og Romsdal | 136,5 | 9,6 | 29,1 | 44,7 | -0,4 | 45,4 | 8,0 |
| Sør-Trøndelag | 110,5 | 9,4 | 31,1 | 45,6 | 0,0 | 14,8 | 9,5 |
| Nord-Trøndelag | 78,1 | 7,3 | 19,6 | 36,4 | 0,3 | 7,7 | 6,7 |
| Nordland | 129,1 | 16,1 | 27,7 | 35,6 | 10,9 | 2,1 | 36,7 |
| Troms Romsa | 89,1 | 11,0 | 15,3 | 11,6 | 35,5 | 4,9 | 10,8 |
| Finnmark Finnmárku | 33,6 | 8,1 | 4,7 | 8,0 | 6,1 | -1,0 | 7,6 |

[1] Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.
Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 07799.

**Tabell 1.2.2. Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane, etter fylke. Prosent**

| | Bibliotek | Museum | Kunst-formidling | Kunst-produksjon | Idrett | Andre kulturaktivitetar |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2006 | 13,3 | 26,3 | 30,1 | 5,4 | 9,8 | 15,0 |
| 2007 | 13,2 | 28,1 | 28,5 | 5,9 | 6,3 | 18,0 |
| 2008 | 12,2 | 24,9 | 25,7 | 6,5 | 9,2 | 21,6 |
| 2009[1] | 12,4 | 30,0 | 27,5 | 5,8 | -0,8 | 25,2 |
| 2010 | 11,7 | 28,1 | 28,8 | 6,2 | 5,4 | 19,8 |
| 2011 | 13,5 | 27,0 | 27,4 | 7,8 | 5,5 | 18,8 |
| 2012 | 11,3 | 28,2 | 29,1 | 7,5 | 6,6 | 17,4 |
| 2013 | 11,2 | 28,2 | 27,3 | 7,9 | 7,8 | 17,6 |
| 2014 | 9,3 | 24,3 | 25,2 | 7,3 | 15,8 | 18,1 |
| 2015 | 9,5 | 26,7 | 26,4 | 11,2 | 10,5 | 15,7 |
| 2016 | 9,8 | 29,2 | 28,8 | 11,1 | 0,7 | 20,3 |
| **2016** | | | | | | |
| Østfold | 8,4 | 52,1 | 28,7 | 16,4 | -28,5 | 22,9 |
| Akershus | 10,6 | 19,1 | 16,9 | 3,5 | 21,2 | 28,7 |
| Oslo | -8,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 108,0 | 0,0 |
| Hedmark | 4,4 | 16,0 | 36,9 | 0,4 | 24,1 | 18,1 |
| Oppland | 14,3 | 23,6 | 12,1 | 25,8 | -12,6 | 36,8 |
| Buskerud | 10,0 | 30,0 | 23,9 | 0,6 | 9,2 | 26,3 |
| Vestfold | 12,9 | 53,7 | 26,4 | 3,7 | -27,1 | 30,3 |
| Telemark | 9,2 | 24,2 | 23,1 | 7,7 | 10,6 | 25,2 |
| Aust-Agder | 9,4 | 28,4 | 21,1 | 9,4 | 23,0 | 8,6 |
| Vest-Agder | 5,2 | 26,2 | 50,3 | 0,0 | 11,8 | 6,6 |
| Rogaland | 12,2 | 102,8 | -0,7 | 136,8 | -159,7 | 8,5 |
| Hordaland | 5,7 | 38,3 | 37,4 | 0,0 | -19,3 | 38,0 |
| Sogn og Fjordane | 7,9 | 24,2 | 14,1 | 16,3 | 21,7 | 15,8 |
| Møre og Romsdal | 7,1 | 21,3 | 32,7 | -0,3 | 33,3 | 5,9 |
| Sør-Trøndelag | 8,5 | 28,2 | 41,3 | 0,0 | 13,4 | 8,6 |
| Nord-Trøndelag | 9,4 | 25,1 | 46,6 | 0,4 | 9,9 | 8,6 |
| Nordland | 12,4 | 21,5 | 27,6 | 8,5 | 1,6 | 28,4 |
| Troms Romsa | 12,3 | 17,2 | 13,0 | 39,8 | 5,6 | 12,1 |
| Finnmark Finnmárku | 24,2 | 14,1 | 23,8 | 18,0 | -2,9 | 22,7 |

[1] Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 07799 omrekna til prosent av totale netto utgifter til kulturføremål.

**Tabell 1.2.3. Netto og brutto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter til kulturføremål. Fylkeskommunar. Millionar kroner**

| | Netto driftsutgifter | Brutto driftsutgifter | Brutto investeringsutgifter |
|---|---|---|---|
| 2003 | 781,7 | 1 639,3 | 38,4 |
| 2004 | 788,8 | 1 624,3 | 44,0 |
| 2005 | 735,1 | 1 625,5 | 56,7 |
| 2006 | 873,8 | 1 772,2 | 38,4 |
| 2007 | 943,7 | 1 856,9 | 15,5 |
| 2008 | 972,6 | 1 920,0 | 64,5 |
| 2009[1] | 1 022,3 | 2 290,0 | 168,3 |
| 2010 | 1 127,2 | 2 271,0 | 64,3 |
| 2011 | 1 218,6 | 2 362,5 | 62,1 |
| 2012 | 1 257,5 | 2 477,1 | 114,2 |
| 2013 | 1 327,9 | 2 663,7 | 65,4 |
| 2014 | 1 587,2 | 3 056,8 | 25,0 |
| 2015 | 1 499,9 | 3 140,8 | 5,6 |
| 2016 | 1 481,2 | 3 287,2 | 30,7 |
| **Gjennomsnitt 2014-2016** | | | |
| Heile landet | 1 522,8 | 3 161,6 | 20,5 |
| Østfold | 67,0 | 155,5 | 0,0 |
| Akershus | 125,4 | 268,7 | 5,7 |
| Oslo | -12,8 | 62,4 | 0,0 |
| Hedmark | 91,1 | 147,9 | 0,0 |
| Oppland | 58,3 | 123,5 | 0,6 |
| Buskerud | 68,6 | 145,1 | 0,1 |
| Vestfold | 61,6 | 134,8 | 0,0 |
| Telemark | 55,3 | 107,8 | 0,2 |
| Aust-Agder | 48,6 | 105,2 | 6,6 |
| Vest-Agder | 68,0 | 131,5 | 0,0 |
| Rogaland | 92,5 | 245,8 | 0,0 |
| Hordaland | 164,2 | 295,1 | 0,0 |
| Sogn og Fjordane | 73,9 | 130,2 | 0,8 |
| Møre og Romsdal | 96,6 | 189,9 | 0,0 |
| Sør-Trøndelag | 113,2 | 226,2 | 0,0 |
| Nord-Trøndelag | 93,1 | 159,3 | 0,0 |
| Nordland | 119,4 | 249,9 | 5,4 |
| Troms Romsa | 101,0 | 190,2 | 0,0 |
| Finnmark Finnmárku | 37,6 | 92,6 | 1,0 |

[1] Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 07799.

**Tabell 1.2.4. Netto driftsutgifter til kulturføremål i prosent av totale netto driftsutgifter. Fylkeskommunar**

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009[1] | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Heile landet** | **1,8** | **1,8** | **1,7** | **1,7** | **1,7** | **1,6** | **1,6** | **1,6** | **1,8** | **1,6** | **1,5** |
| | | | | | | | | | | | |
| Østfold | 2,7 | 2,1 | 2,1 | 1,8 | 2,9 | 2,3 | 2,1 | 2,7 | 2,7 | 2,4 | 2,2 |
| Akershus | 2,0 | 1,9 | 1,8 | 2,0 | 0,0 | 2,1 | 1,6 | 1,4 | 2,3 | 1,9 | 2,4 |
| Oslo | 0,0 | 0,1 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | -0,1 | -0,1 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | -0,1 |
| Hedmark | 3,1 | 3,2 | 3,0 | 3,1 | 2,9 | 3,1 | 3,5 | 3,8 | 3,4 | 3,8 | 4,7 |
| Oppland | 2,2 | 2,5 | 2,8 | 3,5 | 3,6 | 2,7 | 2,6 | 2,5 | 2,4 | 2,9 | 2,4 |
| Buskerud | 2,7 | 2,9 | 2,6 | 2,7 | 2,5 | 2,7 | 2,6 | 2,5 | 2,4 | 2,4 | 2,7 |
| Vestfold | 3,6 | 2,8 | 2,9 | 4,1 | 3,5 | 3,5 | 3,7 | 3,1 | 2,9 | 2,6 | 2,6 |
| Telemark | 2,5 | 2,3 | 2,5 | 1,3 | 3,0 | 3,2 | 3,1 | 2,0 | 1,7 | 4,3 | 2,8 |
| Aust-Agder | 2,6 | 3,8 | 4,4 | 2,3 | 3,4 | 3,9 | 3,6 | 4,2 | 4,4 | 2,4 | 4,1 |
| Vest-Agder | 8,1 | 5,0 | 2,2 | 2,4 | 3,1 | 2,9 | 3,3 | 1,8 | 3,3 | 3,1 | 3,6 |
| Rogaland | 3,3 | 3,6 | 3,7 | 3,1 | 2,6 | 2,8 | 2,7 | 2,7 | 2,6 | 2,4 | 0,8 |
| Hordaland | 2,9 | 3,3 | 2,7 | 2,8 | 2,8 | 2,2 | 2,5 | 2,7 | 3,2 | 3,1 | 2,1 |
| Sogn og Fjordane | 3,1 | 3,9 | 3,8 | 4,2 | 3,5 | 2,7 | 2,5 | 2,5 | 3,8 | 2,9 | 3,1 |
| Møre og Romsdal | 2,0 | 2,8 | 2,7 | 2,5 | 2,3 | 2,5 | 2,1 | 1,9 | 2,1 | 2,1 | 3,6 |
| Sør-Trøndelag | 3,3 | 3,5 | 3,7 | 3,4 | 3,3 | 2,9 | 3,5 | 4,6 | 3,5 | 3,3 | 3,1 |
| Nord-Trøndelag | 3,2 | 0,6 | 3,3 | 3,1 | 3,3 | 3,2 | 2,1 | 2,4 | 6,2 | 3,2 | 3,6 |
| Nordland | 2,7 | 3,6 | 2,6 | 3,3 | 2,7 | 2,2 | 2,6 | 2,7 | 2,9 | 2,4 | 2,8 |
| Troms Romsa | 3,2 | 3,7 | 3,5 | 3,1 | 3,4 | 3,2 | 3,1 | 3,0 | 4,5 | 3,3 | 3,3 |
| Finnmark Finnmárku | 3,5 | 3,4 | 4,4 | 3,9 | 3,7 | 4,1 | 4,5 | 2,5 | 2,7 | 3,0 | 2,2 |

[1] Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 07795.

**Tabell 1.3.1. Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kultur, etter fylke**

| | Netto driftsutgifter Millionar kroner | | Kroner per innbyggjar | | Endring 2015/2016. Kroner per innbyggjar | Netto driftsutgifter til kultur i prosent av totale netto driftsutgifter | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | | 2015 | 2016 |
| **I alt** | **10 585** | **11 297** | **2 036** | **2148** | **112** | **3,8** | **3,9** |
| | | | | | | | |
| Østfold | 439 | 490 | 1 516 | 1 672 | 156 | 3,1 | 3,3 |
| Akershus | 1 099 | 1 189 | 1 848 | 1 967 | 119 | 3,9 | 3,9 |
| Oslo | 1 515 | 1 669 | 2 302 | 2 502 | 200 | 4,0 | 4,2 |
| Hedmark | 358 | 385 | 1 834 | 1 964 | 130 | 3,5 | 3,6 |
| Oppland | 392 | 395 | 2 075 | 2 085 | 10 | 3,8 | 3,7 |
| Buskerud | 491 | 541 | 1 769 | 1 934 | 165 | 3,6 | 3,7 |
| Vestfold | 372 | 412 | 1 518 | 1 667 | 149 | 3,2 | 3,3 |
| Telemark | 402 | 413 | 2 332 | 2 382 | 50 | 4,2 | 4,2 |
| Aust-Agder | 236 | 248 | 2 035 | 2 126 | 91 | 3,8 | 3,8 |
| Vest-Agder | 412 | 443 | 2 253 | 2 403 | 150 | 4,2 | 4,3 |
| Rogaland | 1 114 | 1 153 | 2 370 | 2 442 | 72 | 4,6 | 4,6 |
| Hordaland | 1 026 | 1 119 | 1 986 | 2 152 | 166 | 3,8 | 4,0 |
| Sogn og Fjordane | 235 | 236 | 2 142 | 2 144 | 2 | 3,5 | 3,3 |
| Møre og Romsdal | 456 | 465 | 1 718 | 1 747 | 29 | 3,2 | 3,1 |
| Sør-Trøndelag | 669 | 693 | 2 135 | 2 185 | 50 | 4,3 | 4,2 |
| Nord-Trøndelag | 266 | 296 | 1 953 | 2 159 | 206 | 3,6 | 3,8 |
| Nordland | 545 | 563 | 2 251 | 2 317 | 66 | 3,8 | 3,7 |
| Troms Romsa | 331 | 351 | 2 013 | 2 119 | 106 | 3,6 | 3,6 |
| Nordland | 1 156 343 | 440 962 | 58 742 | 5 805 | 61 482 | 166 625 | 198 627 | 40 530 | 183 570 |
| Troms Romsa | 956 470 | 330 967 | 78 133 | 4 569 | 102 593 | 87 443 | 171 009 | 56 474 | 125 282 |
| Finnmark Finnmárku | 379 773 | 143 085 | 20 323 | : | 20 381 | 28 821 | 72 675 | 3 231 | 86 868 |
| Svalbard | 26 356 | : | : | - | - | 1 962 | 245 | : | - |

Kjelde: Føretak, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.22. Føretak. Sysselsetting i utvalde kulturelle og kreative næringar, etter fylke**

| | Føretak i alt | Forlags-verksemd | Film- og TV-produksjon, musikk-utgjeving | Radio- og fjernsyns-kringkasting | Arkitekt-verksemd | Spesialisert design-verksemd | Kunstnarleg verksemd. Under-haldning | Bibliotek, museum o.a. kultur-verksemd | Andre nace-kodar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2013 | 60 648 | 12 839 | 4 216 | 6 093 | 5 925 | 6 750 | 13 124 | 927 | 10 774 |
| 2014 | 61 720 | 12 210 | 4 652 | 6 291 | 6 001 | 7 178 | 13 727 | 950 | 10 711 |
| 2015 | 67 129 | 12 144 | 5 508 | 6 205 | 6 191 | 8 307 | 16 069 | 1 248 | 11 457 |
| **2015** | | | | | | | | | |
| Østfold | 2 107 | 298 | 83 | 16 | 163 | 467 | 615 | 17 | 448 |
| Akershus | 5 083 | 509 | 267 | 45 | 441 | 944 | 1 499 | 65 | 1 313 |
| Oslo | 30 678 | 5 580 | 3 199 | 4 733 | 2 659 | 3 076 | 6 149 | 258 | 5 024 |
| Hedmark | 1 348 | 403 | 74 | 8 | 169 | 130 | 350 | 25 | 189 |
| Oppland | 1 351 | 297 | 52 | 120 | 105 | 143 | 444 | 50 | 140 |
| Buskerud | 2 511 | 249 | 153 | 70 | 183 | 302 | 495 | 185 | 874 |
| Vestfold | 1 818 | 316 | 58 | 9 | 199 | 288 | 594 | 33 | 321 |
| Telemark | 1 164 | 226 | 42 | 15 | 115 | 125 | 373 | 103 | 165 |
| Aust-Agder | 655 | 144 | 55 | 7 | 57 | 72 | 207 | 15 | 98 |
| Vest-Agder | 1 516 | 217 | 134 | 22 | 118 | 253 | 425 | 24 | 323 |
| Rogaland | 3 213 | 558 | 278 | 43 | 391 | 548 | 805 | 67 | 523 |
| Hordaland | 6 175 | 1 185 | 518 | 1 044 | 500 | 648 | 1 491 | 75 | 714 |
| Sogn og Fjordane | 667 | 151 | 33 | 0 | 114 | 85 | 141 | 30 | 113 |
| Møre og Romsdal | 1 587 | 378 | 67 | 12 | 184 | 211 | 410 | 80 | 245 |
| Sør-Trøndelag | 3 021 | 472 | 207 | 23 | 514 | 458 | 905 | 34 | 408 |
| Nord-Trøndelag | 920 | 244 | 45 | 6 | 79 | 90 | 314 | 21 | 121 |
| Nordland | 1 529 | 419 | 81 | 18 | 74 | 298 | 367 | 72 | 200 |
| Troms Romsa | 1 176 | 252 | 116 | 7 | 99 | 110 | 346 | 81 | 165 |
| Finnmark Finnmárku | 592 | 240 | 40 | 7 | 27 | 55 | 138 | 12 | 73 |
| Svalbard | 18 | 6 | 6 | - | - | 4 | 1 | 1 | - |

Kjelde: Føretak, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.23. Sysselsette etter kulturområde og organisasjonsform. 4. kvartal**

| | Enkeltpersonføretak og andre personleg eigde føretak | Aksjeselskap og andre føretak med avgrensa ansvar | Stiftelsar, samskipnader mv. | Offentlege verksemder | Uoppgitt |
|---|---|---|---|---|---|
| **2013** | | | | | |
| **I alt** | **14 189** | **44 131** | **4 630** | **10 004** | **281** |
| Forlagsverksemd | 252 | 13 181 | 231 | - | - |
| Film- og TV-produksjon, musikkutgjeving | 1 244 | 3 698 | 132 | 362 | - |
| Radio- og fjernsynskringkasting | 15 | 6 175 | 87 | 3 | - |
| Arkitektverksemd | 566 | 5 365 | 19 | - | 9 |
| Spesialisert designverksemd | 1 419 | 871 | 1 | - | 4 |
| Kunstnarleg verksemd, underhaldning | 9 291 | 4 159 | 1 184 | 947 | 251 |
| Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd | 26 | 866 | 2 878 | 4 825 | - |
| Andre nace-kodar | 1 376 | 9 816 | 98 | 3 867 | 17 |
| **2014** | | | | | |
| **I alt** | **14 392** | **43 504** | **4 629** | **9 885** | **274** |
| Forlagsverksemd | 252 | 12 384 | 237 | - | - |
| Film- og TV-produksjon, musikkutgjeving | 1 250 | 3 871 | 127 | 369 | - |
| Radio- og fjernsynskringkasting | 17 | 6 104 | 80 | 1 | - |
| Arkitektverksemd | 544 | 5 425 | 16 | - | 8 |
| Spesialisert designverksemd | 1 405 | 842 | 1 | - | 3 |
| Kunstnarleg verksemd underhaldning | 9 588 | 4 294 | 1 185 | 999 | 248 |
| Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd | 36 | 896 | 2 894 | 4 819 | - |
| Andre nace-kodar | 1 300 | 9 688 | 89 | 3 697 | 15 |
| **2015** | | | | | |
| **I alt** | **11 821** | **41 827** | **4 486** | **10 091** | **-** |
| Forlagsverksemd | 179 | 10 712 | 249 | - | - |
| Film- og TV-produksjon, musikkutgjeving | 1 009 | 4 124 | 133 | 428 | - |
| Radio- og fjernsynskringkasting | 12 | 5 674 | 91 | 2 | - |
| Arkitektverksemd | 542 | 5 337 | 14 | - | - |
| Spesialisert designverksemd | 1 318 | 749 | - | - | - |
| Kunstnarleg verksemd underhaldning | 7 665 | 4 429 | 1 229 | 1 161 | - |
| Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd | 15 | 857 | 2 663 | 4 892 | - |
| Andre nace-kodar | 1 081 | 9 945 | 107 | 3 608 | - |
| **2016** | | | | | |
| **I alt** | **10 765** | **41 176** | **4 698** | **10 054** | **-** |
| Forlagsverksemd | 154 | 10 138 | 284 | - | - |
| Film- og TV-produksjon, musikkutgjeving | 915 | 4 364 | 126 | 428 | - |
| Radio- og fjernsynskringkasting | * | 5 472 | 89 | * | - |
| Arkitektverksemd | 505 | 5 457 | 14 | - | - |
| Spesialisert designverksemd | 1 177 | 773 | - | - | - |
| Kunstnarleg verksemd underhaldning | 7 022 | 4 609 | 1 253 | 1 188 | - |
| Bibliotek, museum o.a. kulturverksemd | 6 | 829 | 2 822 | 4 862 | - |
| Andre nace-kodar | 986 | 9 534 | 110 | 3 576 | - |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

# 4. Kulturelle tiltak og vederlag

## 4.1. Nokre resultat

I dette kapittelet ser vi nærare på kven og kva innanfor kultur som får løyvingar og stipend, og korleis fond vert fordelte. Norsk Kulturråd, eller Kulturrådet, gjev midlar til ulike kulturelle føremål igjennom Norsk Kulturfond og Fond for lyd og bilete. Mange av tabellane i dette kapittelet viser løyvingane gjevne igjennom desse ordningane. I tillegg viser nokre av tabellane tilskot frå Statens kunstnarstipend og Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Norge.

*Omfordelingar innanfor budsjett gjer at Kulturfondet har vorte større*

Dei siste ti åra har summen som har vorte gjeve i midlar frå Norsk Kulturfond auka med nær 600 millionar, frå 287 millionar i 2006 til om lag 885 millionar kroner i 2016 (Kulturrådet 2017), sjå figur 4.1. I 2016 vart det gjeve løyve på totalt 885,3 millionar kroner. Dette er ein auke på 16 prosent samanlikna med året før. Det var ein uvanleg stor auke frå 2014 til 2015 på grunn av overføring av tidlegare post 56 og post 74 til Kulturfondet, sjå figur 4.1. Auken frå 2015 til 2016 er òg ganske stor samanlikna med tidlegare år. Kulturrådet skriv i årsmeldinga si for 2016 at auken kjem i hovudsak av at dei tidlegare knutepunktinstitusjonane vart overførte til Norsk kulturfond i 2016 (Kulturrådet 2017).

**Figur 4.1. Årleg løyving til Norsk kulturfond i nominell kroneverdi. Millionar kroner**




Kjelde: Norsk kulturråd.

*Musikk*

Brorparten av Kulturfondet gjekk i 2016 til musikkføremål, som fekk 355,3 millionar kroner i løyve. Dette utgjer 40 prosent av den totale summen (sjå figur 4.2) mot 34 prosent av totalsummen i 2015. Dei to musikkføremåla som hadde flest tildelingar i 2016 var Tilskotsordninga for arrangørar, med 316 tildelingar, og Publiseringsstøtte for musikkinnspelingar, med 262 tildelingar. Det var jamvel ikkje desse to føremåla som fekk den høgaste støtta i form av midlar. Her var det Driftsstøtte overført frå post 74 i statsbudsjettet i 2015, og Tilskotsordninga for musikkfestivalar som fekk mest, sjå tabell 4.5. Støtta til musikkensemble har auka med om lag 7 millionar kroner frå 2015 til 2016.

*Litteratur*

Løyvinga til litteraturføremål utgjer òg i 2016 den nest største tildelinga. I 2016 vart det gjeve 177,8 millionar kroner i løyve til slike føremål, ein auke på 0,5 prosent samanlikna med i 2015. I 2016 utgjer løyvingane til litteraturføremål om lag 20 prosent av totalsummen, noko som er ein nedgang på 3 prosentpoeng samanlikna med 2015, der slike føremål vart tildelte 23 prosent av totalsummen. Innanfor posten tidsskrifter og periodiske publikasjonar har det vore ein stor nedgang, med ein reduksjon til under halvparten av tildelingane frå 2015, sjå tabell

4.1. Tilskot til vekeaviser vart overført til Medietilsynet i 2016, noko som forklarer den store nedgangen.

*Fleire titlar kjøpt igjennom innkjøpsordningane*

Når det gjeld innkjøpsordningane for litteratur under Norsk Kulturfond kan ein sjå at det har vore kjøpt inn 18 fleire titlar i 2016 i høve til i 2015. Ein stor del av auken kjem av at det vart kjøpt inn 16 fleire titlar i sakprosa i 2016 samanlikna med året før. Den einaste posten med ein nedgang i talet på titlar er innkjøpsordninga for omsette bøker kor det har vorte ein nedgang på 8 titlar, eller 7 prosent, frå 2015.

*Allmenne kulturføremål*

Frå 2015 til 2016 har det vore ein nedgang på 10,2 millionar kroner til posten allmenne kulturføremål, sjå tabell 4.1. Dette gjer at posten utgjer i underkant av 7 prosent av totalen, samanlikna med 9 prosent i 2015. Dette skil seg frå utviklinga dei siste ti åra, der det har vore ein meir eller mindre jamn auke, med nokre unntak, i summen til allmenne kulturføremål. Denne nedgangen kan kome av at frå og med 2016 har ikkje Norsk kulturfond hatt ei eiga avsetning til barne- og ungdomskultur under denne posten. Denne har i staden vorte fordelt på dei andre postane.

*Auke i tilskot til visuell kunst.*

Òg frå 2015 til 2016 har det vore ein auke i tilskotet til området visuell kunst. Som tabell 4.1 viser har det vore ein auke i løyvingane under denne posten sidan 2007. Frå 2014 til 2015 vart likevel auken særs stor med over ei dobling av tildelingssummen. Denne auken kjem i hovudsak av tidlegare post 74 kapittel 320 i statsbudsjettet. Auken frå 2015 til 2016 var på om lag 14,3 millionar, noko som svarar til ein auke på nesten 15 prosent.

Den største posten under visuell kunst er driftsstøtte som tidlegare høyrte til under post 74, sjå tabell 4.3. Om lag 61,6 millionar kroner har gått til verksemder under denne støtteordninga, noko som er nær 19 millionar over det som vart brukt til same føremål i 2015. I tillegg til ein auke i reell avsetning kjem auken i hovudsak av flyttingar frå andre fagavsetningar i Kulturfondet, samt overføring frå posten ymse tiltak. Den nest største posten, ymse tiltak, har på grunn av denne flyttinga hatt ein nedgang på om lag 3 millionar frå 2015 til 2016. I 2016 hadde denne posten eit omfang på 23,5 millionar kroner.

**Figur 4.2. Avsetnader til ulike kulturføremål etter hovudområde i 2016. Millionar kroner og prosent**




Kjelde: Norsk kulturråd.

*Scenekunstføremål - meir midlar- færre tildelingar*

Avsetnader til scenekunstføremål utgjorde 17 prosent, eller 147,7 millionar kroner, av dei totale løyvingane frå Norsk Kulturfond i 2016. Dette er dermed det tredje største hovudområdet i form av utdelte middel. Beløpet utdelt i 2016 svarar til ein auke på om lag 16,5 millionar kroner samanlikna med beløpet løyvd i 2015.

Den største auken i tilskot innanfor scenekunstføremål var i kategorien Basisfinansiering av frie scenekunstgrupper. Her vart det delt ut tilskot på til saman 6,5 millionar kroner meir i 2016 samanlikna med 2015. Totalt utgjorde desse tilskota om lag 32 prosent av dei totale tilskota delte ut til scenekunstføremål i 2016. I 2016 fekk hovudområdet scenekunstføremål overført knutepunktinstitusjonen Peer Gynt Stemnet, noko som stod for 4,2 millionar kroner av auken frå 2015 (Kulturrådet 2017).

*32 millionar til kulturvern*

Det minste hovudområdet som har motteke støtte frå Norsk kulturfond er kulturvern. Avsetnaden til denne gruppa utgjer samla om lag 4 prosent av Norsk Kulturfond i 2016, sjå tabell 4.1. Det har jamvel vore ein auke på 0,6 millionar kroner i avsetnaden til kulturvernføremål samanlikna med i 2015.

*583 tildelingar frå Fond for lyd og bilete*

Fond for lyd og bilete gav i 2016 38,4 millionar kroner i tilskot til ulike føremål. Dette er ein auke på nær 1 million samanlikna med i 2015, og nær 4,3 millionar samanlikna med i 2014. Talet på tildelingar har òg gått opp sidan 2015, og låg på 583 i 2016, altså 33 fleire tildelingar i 2016 i høve til 2015, noko som svarar til ein auke på 6 prosent. Det høgaste talet på tildelingar finn vi jamvel i 2003, då det vart gjeve 632 tildelingar, sjå tabell 4.6.

Statens kunstnarstipend gjev òg støtte til kunstnarar, dette i form av stipend og garantiinntekter. I 2016 vart det gjeve over 263 millionar kroner frå Statens Kunstnarstipend- hovudsakleg i form av stipend, men òg noko i form av garantiinntekter, sjå tabell 4.7. Den sistnemnde ordninga vert fasa ut (Kulturrådet 2017), så nedgangen ein kan sjå samanlikna med 2015 kan forklarast av dette.

Brorparten av støtta gjeve frå Statens kunstnarstipend, vart gjeve igjennom såkalla arbeidsstipend. Denne typen stipend utgjorde 44 prosent av den totale summen som vart gjeve. Arbeidsstipenda kan delast inn i Arbeidsstipend og Arbeidsstipend for unge/nyetablerte kunstnarar, sjå tabell 4.7 for delinga av midlane mellom desse to gruppene.

Stipend for etablerte kunstnarar og seniorkunstnarar utgjorde den nest største gruppa, med 25 prosent av midlane. Denne gruppa har òg hatt ein relativt stor auke sidan 2015, noko som kan forklarast med at denne stipendtypen tek over for garantiinntekta som vert fasa ut (Kulturrådet 2016).

*101,4 millionar kroner til biletkunstnarar*

Den kunstnargruppa som har fått mest midlar frå Statens kunstnarstipend er biletkunstnarane. Dei fekk totalt 101,4 millionar kroner i form av stipend og garantiinntekter i 2016. Med 39,9 millionar kroner utgjorde kunsthandverkarane den nest største gruppa i form av midlar frå stipend og garantiinntekter.

Når det gjeld talet på stipend og garantiinntekter frå Statens kunstnarstipend ser vi at det er om lag like mange i 2016 som det var i 2015, sjå tabell 4.8. Det har jamvel vore ein nedgang i talet på stipend innanfor nokre av stipendtypane. Diversestipend har hatt ein nokså kraftig nedgang på om lag 40 stipend, medan det har vore ein auke på om lag 50 stipend for diversestipend for nyutdanna kunstnarar. Talet på garantiinntekter har òg vorte redusert nokså mykje, noko som kan sjåast i samanheng med at det vert fasa ut. Tilsvarande er det ein reduksjon i talet på stipend for eldre fortente kunstnarar, som òg vert fasa ut, men nedgangen her er ikkje like stor som mellom garantiinntektene.

Med tanke på fordelinga av midlane er det ikkje overraskande at biletkunstnarane fekk flest stipend og garantiinntekter i 2016, dei fleste av desse i form av garantiinntekt, stipend for etablerte kunstnarar og seniorkunstnarar og arbeidsstipend. Til saman vart det utdelt 551 stipend og garantiintektar til biletkunstnarar i 2016 (inkludert tildelingar frå tidlegare år som framleis var aktive). Desse utgjorde om lag 30 prosent av det totale talet på stipend og garantiintektar.

Dei to minste kunstnargruppene i summen av stipend og garantiinntekter i 2016 var teatermedarbeidarar og journalistar. Støtta dei to gruppene fekk var på totalt 78 000 kroner, fordelt på tre Diversestipend. Dei tre stipenda utgjorde den einaste støtta dei to gruppene fekk frå Statens kunstnarstipend i form av stipend og garantiinntekt i 2016, sjå tabellane 4.7 og 4.8.

**Figur 4.3. Talet på stipend og garantiinntekter[1]. 2016. Prosent**




[1] Tala inkluderer stipend tildelte tidlegare år som framleis var aktive. Det vart ikkje tildelt nye garantiinntekter eller nye stipend for eldre fortente kunstnarar i 2016.
Kjelde: Statens kunstnarstipend.

*Nedgang i innkravde midlar i 2016*

Opphavsretten i Noreg vert forvalta av fleire ulike aktørar. TONO har tradisjonelt vore den største aktøren innanfor dette området når det gjeld midlar, noko som òg er tilfellet i 2016. Totalt kravde dei ulike aktørane inn i overkant av 1,3 milliardar kroner i 2016, sjå tabell 4.9. Dette er ein nedgang på om lag 18 millionar kroner samanlikna med 2015.

Når det gjeld utbetalingar har det vorte utbetalt om lag 1,1 milliardar kroner i vederlag i 2016. I 2015 vart det utbetalt nær 50 millionar kronar meir frå dei same aktørane, og det har dermed vorte ein nedgang frå 2015 til 2016. Denne nedgangen ligg i hovudsak hos Norwaco som har hatt ein nedgang på nær 144 millionar kroner i utbetalte midlar frå 2015 til 2016, sjå tabell 4.9.

## 4.2. Kulturtanken - Den kulturelle skolesekken Norge

Kulturtanken - Den kulturelle skolesekken Norge (heretter omtala som DKS) er ei ordning som har som mål å gje unge menneske tidleg introduksjon til ulike kulturelle felt, sjå kapittel 4.3. Ordninga sikrar kulturelle opplevingar i grunnskolen og i vidaregåande skole.

*Flest enkeltarrangement i musikk i grunnskolen*

I 2016 var det over 8 500 produksjonar til grunnskolen igjennom DKS, dersom ein ser på kommunale og fylkeskommunale produksjonar under eitt. Det vart produsert om lag 500 fleire kommunale produksjonar samanlikna med fylkeskommunale. Det var flest kommunale og fylkeskommunale enkeltarrangement innanfor musikk og

visuell kunst, sjå tabellane 4.10 og 4.11. Flest deltakarar per enkeltarrangement finn vi jamvel innanfor musikk og scenekunst.

I 2016 var det 483 produksjonar og nesten 4 270 enkeltarrangement for vidaregåande skole. Her var det scenekunst og litteratur som var dei to områda med flest enkeltarrangement, med 973 og 820 enkeltarrangement. Det var jamvel musikk og film som hadde flest deltakarar per enkeltarrangement, sjå tabell 4.12. For vidaregåande skole er det berre fylkeskommunale tilbod. Totalt var det i overkant av 357 000 deltakarar på desse arrangementa.

*Forskjell i talet på kunstmøte per elev etter fylke*

I 2016 var det elevar i Telemark som hadde flest kunstmøte per elev, både i grunnskolen og i vidaregåande skole. Her hadde grunnskoleelevane 6,4 kunstmøte kvar og dei i vidaregåande skole hadde 4,0 kunstmøte kvar, sjå tabell 4.13. Dei lågaste tala på kunstmøte per elev finn vi i Oslo for grunnskole (3,4 kunstmøte per elev) og Hordaland for vidaregåande skole (0,9 kunstmøte per elev). Sett over heile landet fekk kvar grunnskoleelev 4,6 kunstmøte i 2016. Tilsvarande tal for skoleelevar på vidaregåande var 1,9.

## 4.3. Om dei ulike organisasjonane og ordningane

*Norsk kulturråd*

Stortinget vedtek den nasjonale kulturpolitikken og løyver pengar til diverse kulturføremål, mellom anna Norsk kulturråd. Norsk kulturråd forvaltar Norsk kulturfond, Fond for lyd og bilete, Statens kunstnarstipend og andre statlege støtteordningar på kulturfeltet. I tillegg har rådet oppgåver innanfor utvikling og forvaltning i museumssektoren, immateriell kulturarv, FoU-arbeid og internasjonale oppgåver knytte til EU sitt kulturprogram og kulturutvekslingsprogram innanfor EØS-finansieringsordningane. Norsk kulturråd er òg eit rådgivande organ for staten og det offentlege i kulturspørsmål.

*Norsk kulturfond*

Kunstnarar, kunstnargrupper og kulturverksemder kan søke støtte frå dei ulike støtteordningane til Kulturrådet. På Kulturrådet sine internettsider vert intensjonane til fondet definerte mellom anna slik: «Norsk kulturfond skal styrke samtidens kunst- og kulturuttrykk, bevare, dokumentere og formidle kulturarv og gjøre kunst og kultur tilgjengelig for flest mulig.» Det står òg følgjande:

«Kulturfondet gir i første rekke tilskudd til enkelttiltak og til forsøksvirksomhet på kunst- og kulturområdet. Prioritering av tiltakene skjer ut fra kunst- og kulturfaglig skjønn og de økonomiske rammene for Kulturfondet.»

Budsjettet til Kulturrådet utgjorde 11 prosent av statens totale kulturbudsjett i 2016 (Kulturrådet 2017).

*Statens kunstnarstipend*

Statens kunstnarstipend er eit av statens sentrale verkemiddel for å fremje eit mangfaldig og nyskapande kunstliv. Stipend- og garantiinntektsordninga skal leggje til rette for at einskildkunstnarar skal kunne bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv gjennom å ta imot direkte tilskot frå staten.

Fond for lyd og bilete skal fremje produksjon og formidling av innspelingar av lyd- og filmopptak, og vert fordelte til beste for rettshavarane innanfor musikk, scene og film. Fondet er i tillegg oppretta for å gi rimeleg godtgjering til rettshavarar for den lovlege kopieringa av verka deira til privat bruk (Kulturdepartementet, 2014). Gjeldande forskrift for Fond for lyd og bilete tredde i kraft i januar 2010. Den gjorde det tydlegare kven som har rett til støtte.

*Kulturtanken - Den kulturelle skolesekken Norge*

DKS organiserer kunst- og kulturopplevingar for elevar i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. DKS er ei nasjonal satsing, og føremålet er at elevane skal oppleve og verte kjende med ulike kunst- og kulturuttrykk i ung alder.

Opplæringssektoren har ansvaret for å leggje føre- og etterarbeid pedagogisk til rette for elevane, medan kultursektoren har ansvaret for kulturinnhaldet i DKS. Det statlege arbeidet ligg frå 2016 i DKS (som tidlegare het Rikskonsertene). Tala i tabellane 4.10-4.14 baserer seg på rapportering frå DKS.

*Vederlagsorganisasjonar*

Dei ulike vederlagsorganisasjonane og arbeidsområde (Informasjonssentral for opphavsrett og klarering, Clara):

- BONO forvaltar opphavsretten til norske og utanlandske visuelle kunstnarar sine verk i Noreg. Organisasjonen legg til rette for å gi lisens på opphavsrettar og sørgjer for at kunstnarar og rettshavarar tek imot vederlag når verka deira vert nytta. BONO administrerer òg følgjeretten i Noreg, og sikrar at kunstnarar og rettshavarar får vederlag når verka deira vert selde vidare.
- FONO representerer norske plateprodusentar, og inngår avtaler med riksdekkjande fjernsyn om kopiering og lydfesting av verna musikkverk.
- Gramo representerer produsentar og utøvande kunstnarar, og krev inn vederlag på vegner av dei når lydopptaka deira vert kringkasta. Gramo kan òg krevje inn, forvalte og fordele andre typar vederlag på vegne av dei same rettshavarane.
- Kopinor representerer 22 norske rettshavarorganisasjonar av opphavsmenn eller utgjevarar, og utanlandske rettshavarar. Vederlag vert kravde inn frå kopiering av materiale som er gjevne ut i bøker, tidsskrifter, aviser, notar med vidare, og på Internett. Kopinor inngår avtaler om fotokopiering og digital kopiering til bruk i utdanningsinstitusjonar, offentleg administrasjon, og organisasjons- og næringsliv.
- Norwaco er ein organisasjon for opphavsrettar og inngår avtalar om sekundær utnytting av lyd og levande bilete. Norwaco er ein paraplyorganisasjon for 35 organisasjonar som representerer om lag 65 000 individuelle rettshavarar som opphavspersonar, utøvande kunstnarar, fotografar og produsentar. Organisasjonen inngår avtalar om rett til vidaresending av radio- og fjernsynskanalar, om rett til bruk av musikk-, radio- og fjernsynsprogram til undervisnings- og informasjonsformål, bruk av NRK-arkivet og annan bruk i arkiv, bibliotek og museum. Norwaco fordeler òg statleg kompensasjon for privatkopiering. Vederlaga som vert kravde inn går tilbake til rettshavarane.
- TONO forvaltar rettar og krav til komponistar, tekstforfattarar og musikkforlag, og inngår avtaler om offentleg framføring og lydfesting av musikk.

I åndsverkloven § 1 står det følgjande om opphavsrett:
«Den som skaper et åndsverk, har opphavsrett til verket. Med åndsverk forståes i denne lov litterære, vitenskapelige eller kunstneriske verk av enhver art og uansett uttrykksmåte og uttrykksform, så som

1) skrifter av alle slag,
2) muntlige foredrag,
3) sceneverk, så vel dramatiske og musikkdramatiske som koreografiske verk og pantomimer, samt hørespill,
4) musikkverk, med eller uten tekst,
5) filmverk,
6) fotografiske verk,
7) malerier, tegninger, grafikk og lignende billedkunst,
8) skulptur av alle slag,
9) bygningskunst, så vel tegninger og modeller som selve byggverket,
10) billedvev og gjenstander av kunsthåndverk og kunstindustri, så vel forbildet som selve verket,

11) kart, samt tegninger og grafiske og plastiske avbildninger av vitenskapelig eller teknisk art,
12) datamaskinprogrammer,
13) oversettelser og bearbeidelser av verk som er nevnt foran.

For fotografiske bilder som ikke er åndsverk gjelder § 43a.» (Lovdata)

## Referansar

Informasjonssentral for opphavsrett og klarering, Clara. http://www.clara.no/

Kulturrådet (2017): *Årsrapport 2016*, Kulturrådet. Hentet fra http://www.kulturradet.no/documents/10157/8a861ee1-c5d5-4f48-abd1-66ba613aec8f

Kulturrådet (2016): *Årsrapport 2015*, Kulturrådet. Hentet fra http://www.kulturradet.no/documents/10157/fbca7e3c-4b29-4c78-a942-26962c4daac7

Kulturdepartementet (2014): *For budsjettåret 2015 - Utgiftskapitler: 300-342 Inntektskapitler: 3300-3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2014-2015).* https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Prop-1-S-20142015/id2005438/

Lovdata: *LOV 1961-05-12 nr 02: Lov om opphavsrett til åndsverk (åndsverkloven)* https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1961-05-12-2
Nedlasta 26.10.2015.

**Tabell 4.1. Norsk kulturfond. Løyvingar, etter område. Millionar kroner[1]**

| Område | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **264,2** | **287,0** | **300,1** | **340,4** | **386,5** | **430,8** | **512,0** | **540,0** | **577,2** | **[2]577,3** | **[3]765,7** | **885,3** |
| Musikk | 68,4 | 77,3 | 86,8 | 93,7 | 115,0 | 126,3 | 152,8 | 164,8 | 186,7 | 177,4 | 257,9 | 355,3 |
| Litteratur | 89,2 | 93,6 | 100,6 | 125,2 | 139,2 | 149,9 | 154,9 | 160,7 | 164,3 | 155,0 | 176,9 | 177,8 |
| Av dette | | | | | | | | | | | | |
| Tidsskrifter og periodiske publikasjonar[4] | 2,8 | 2,8 | 3,8 | 20,2 | 22,7 | 23,7 | 23,6 | 24,1 | 24,6 | 23,2 | 23,1 | [5]9,6 |
| Scenekunst | 37,9 | 45,5 | 48,2 | 56,9 | 61,5 | 77,4 | 99,4 | 106,4 | 112,6 | 130,0 | 131,2 | 147,7 |
| Visuell kunst | 14,6 | 16,3 | 14,4 | 16,1 | 19,8 | 24,6 | 28,3 | 29,2 | 33,9 | 44,5 | 98,4 | 112,7 |
| Kulturvern | 15,5 | 15,8 | 8,5 | 8,8 | 11,2 | 9,5 | 9,8 | 10,1 | 10,2 | 9,6 | 31,4 | 32,0 |
| Allmenne kulturføremål | 38,7 | 38,5 | 41,6 | 39,7 | 40,0 | 43,2 | 66,7 | 68,8 | 69,5 | 60,8 | 70,0 | 59,8 |
| Av dette | | | | | | | | | | | | |
| Rom for kunst | 12,7 | 13,0 | 13,6 | 15,2 | 16,2 | 18,2 | 18,8 | 19,4 | 19,6 | 22,5 | 22,0 | 22,0 |
| Barne- og ungdomskultur | 8,7 | 9,3 | 11,3 | 13,8 | 14,8 | 15,8 | 16,3 | 16,8 | 16,9 | 21,3 | 25,3 | [6]4,0 |
| Aspirantordninga | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 2,0 | 2,1 |
| Forsking og utvikling | - | - | - | - | 2,2 | 2,2 | 2,3 | 2,4 | 2,5 | 2,5 | 2,6 | 3,0 |
| Andre føremål | 17,3 | 16,2 | 16,7 | 10,7 | 6,8 | 7,0 | 29,3 | 30,2 | 7,4 | 7,8 | 18,1 | 15,9 |
| Andre føremål overførte tiltak | - | - | - | - | - | - | - | - | 23,1 | 6,7 | - | 4,7 |

[1] Totalsummane kan grunna avrunding av delsummar avvike noko. [3] Den store auken kjem i stor grad av overføring av driftsstøttemiddel inn i Kulturfondet i 2015. [4] T.o.m. 2007 inkluderte denne kategorien berre tidsskrifter. F.o.m. 2008 er ymse publikasjonar inkluderte. [5] F.o.m. 2016 er tilskot til vekeavisar overført til Medietilsynet. [6] Frå 2016 er avsetninga fordelt på alle fagområda.

Kjelde: Norsk kulturråd.

**Tabell 4.2. Innkjøpsordningane for litteratur under Norsk kulturfond. Innkjøpte titlar**

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **444** | **516** | **557** | **536** | **465** | **629** | **621** | **625** | **573** | **591** |
| Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur, vaksne | 205 | 218 | 228 | 198 | 123 | [1]233 | 250 | 246 | 236 | 238 |
| Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur, barn og unge | 128 | 134 | 135 | 127 | 119 | 141 | 128 | 133 | 118 | 123 |
| Innkjøpsordninga for omsette bøker | 42 | 93 | 100 | 117 | 122 | 133 | 126 | 129 | 116 | 108 |
| Innkjøpsordninga for sakprosa | 49 | 46 | 65 | 69 | 74 | 84 | 82 | 79 | 67 | 83 |
| Innkjøpsordninga for fagbøker, barn og unge | 20 | 25 | 29 | 25 | 27 | 24 | 24 | 20 | 20 | 22 |
| Teikneseriar[2] | - | - | - | - | - | - | 14 | 11 | 18 | 16 | 17 |

[1] Under innkjøpsordninga for vaksne vart det i perioden 2012 til 2014 kjøpt inn både papirbøker og e-bøker som ei prøveordning. I 2012 var talet 970 papirbøker og 30 e-bøker, medan det i 2013 og 2014 var 930 papirbøker og 70 e-bøker. [2] Innkjøpsordning for nye norske teikneseriar oppretta i 2012.

Kjelde: Norsk kulturråd.

**Tabell 4.3. Støtteordningar for visuell kunst under Norsk kulturfond. Avsette midlar. 1 000 kroner**

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **14 454** | **16 076** | **19 829** | **24 579** | **28 300** | **[1]29 200** | **33 852** | **44 519** | **98 399** | **112 666** |
| Ymse tiltak | - | - | - | - | 21 500 | 22 200 | 26 680 | 28 599 | 26 766 | 23 457 |
| Prosjektstøtte til visuell kunst[2] | 8 944 | 9 446 | 11 149 | 15 621 | - | - | - | - | - | - |
| Kunst og teknologi | 2 550 | 2 550 | 2 600 | 2 683 | 2 600 | 2 700 | 2 680 | 2 680 | 2 000 | 1 500 |
| Kunstfestivalar[3] | - | - | 1 000 | 1 032 | 1 500 | 1 500 | 1 650 | 2 000 | - | - |
| Utstillingsstøtte til kunstnarar i etableringsfasen | 780 | 900 | 1 400 | 1 445 | 1 400 | 1 400 | 1 502 | 1800 | 2 000 | 2 500 |
| Utstyrsstøtte til fellesverkstader | 780 | 780 | 1 280 | 1 321 | 1 300 | 1 300 | 1 340 | 1 000 | 1 000 | 1 500 |
| Statens utstillingsstipend | 3 800 | 3 800 | 3 800 | 3 800 | - | - | - | - | - | - |
| Kulturelle endringsprosessar og samtidskunsten | 1 400 | 2 400 | 2 400 | 2 477 | - | - | - | - | - | - |
| Innkjøpsordninga for samtidskunst | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Overførte tiltak | - | - | - | - | - | - | - | 8 440 | 9 190 | 7130 |
| Arrangørstøtte for kunstnardrivne visningsstadar og kunstfestivalar[4] | - | - | - | - | - | - | - | - | 15 000 | 15 000 |
| Driftsstøtte, tidlegare post 74 | - | - | - | - | - | - | - | - | 42 443 | 61 579 |

[1] Avrundingar gjer at summen av tala avvik litt frå oppgjeve i alt. [2] Prosjektstøtte til visuell kunst er det same som ymse tiltak f.o.m. 2011. [3] Går inn under arrangørstøtte for kunstnardrivne visningsstadar og kunstfestivalar i 2015. [4] Ny ordning f.o.m. 2015.

Kjelde: Norsk kulturråd.

**Tabell 4.4. Tilskot til scenekunstføremål under Norsk kulturfond. Tal på tildelingar og beløp**

| | 2012 | | 2013 | | 2014 | | 2015 | | 2016 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1 000 kroner | Tal på tildelingar | 1 000 kroner | Tal på tildelingar | 1 000 kroner | Tal på tildelingar | 1 000 kroner | Tal på tildelingar | 1 000 kroner | Tal på tildelingar |
| **I alt** | **[1]106 400** | **324** | **112 580** | **308** | **130 019** | **342** | **131 168** | **347** | **147 660** | **326** |
| Fri scenekunst, teater | 24 000 | 44 | 25 163 | 31 | 29 000 | 52 | 27 500 | 48 | 28 214 | 56 |
| Fri scenekunst, dans | 22 000 | 45 | 21 917 | 33 | 23 500 | 48 | 23 000 | 42 | 24 000 | [5]48 |
| Basisfinansiering av frie scenekunstgrupper | 25 000 | 8 | 28 000 | 9 | 37 500 | 11 | 40 500 | 12 | 47 000 | [6]2 |
| Regionale kompetansesenter for dans[3] | 3 100 | 5 | 4 100 | 14 | 4 100 | 10 | 4 500 | 11 | 4 700 | [7]3 |
| Forprosjekt koreografiutvikling | 1 700 | 45 | 1 700 | 50 | .. | .. | .. | .. | .. | .. |
| Forprosjekt scenetekstutvikling | 1 700 | 32 | 1 700 | 36 | .. | .. | .. | .. | .. | .. |
| Forprosjekt scenekunst[4] | . | . | . | . | 5 000 | 77 | 5 000 | 88 | 5 500 | 69 |
| Gjestespel | 7 100 | 91 | [2]7 100 | 82 | 7 487 | 88 | 7 500 | 99 | 8 100 | 96 |
| Fleirårige tiltak | 16 000 | 8 | 16 000 | 8 | 12 632 | 6 | 6 133 | 4 | 2 790 | 1 |
| Kompetansehevande tiltak scenekunst (tidl. Andre scenekunsttiltak) | 3 900 | 51 | 3 900 | 36 | 3 800 | 39 | 3 848 | 27 | 5 836 | 37 |
| Arr. støtte dans/scenekunst | 2 000 | 3 | 3 000 | 9 | 7 000 | 11 | 8 500 | 16 | 9 500 | [8]7 |
| Evalueringar FoU | - | - | - | - | - | - | 400 | .. | 800 | .. |
| Driftsstøtte, tidl. post 74 | - | - | - | - | - | - | 4 287 | .. | 7 018 | 6 |
| Overført knutepunktinstitusjon – Peer Gynt Stemnet | - | - | - | - | - | - | - | - | 4 202 | 1 |

[1] Avrundingar gjer at summen av tala avvik litt frå oppgjeve i alt. [2] For 2012 inkluderer beløpet 1 million kroner til formidling av dans. [3] Nytt namn på kategorien i 2014.[4]Ny frå 2014. [5]I tillegg hadde fem prosjekt tidlegare tilsegn om løyving for budsjettåret 2016. [6]I tillegg hadde 12 kompani tidlegare tilsegn om løyving for budsjettåret 2016. [7]I tillegg hadde ti tiltak tilsegn om løyving frå tidlegare år. [8]I tillegg hadde elleve tiltak tilsegn om løyving for budsjettåret 2016.

Kjelde: Norsk kulturråd 2017.

**Tabell 4.5. Tilskot til musikkføremål under Norsk kulturfond. Tal på tildelingar og beløp**

| | 2012 | | 2013 | | 2014 | | 2015 | | 2016 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1 000 kroner | Tal på tildelingar | 1 000 kroner | Tal på tildelingar | 1 000 kroner | Tal på tildelingar | 1 000 kroner | Tal på tildelingar | 1 000 kroner | Tal på tildelinger |
| **I alt** | **164 751** | **1 278** | **187 546** | **1 442** | **177 397** | **1 140** | **257 858** | **1 328** | **355 319** | **1 332** |
| | | | | | | | | | | |
| Tilskotsordning for musikkfestivalar | 42 340 | 98 | 45 340 | 106 | 45 000 | 90 | 47 945 | 98 | 48 808 | 109 |
| Tilskotsordning for arrangørar | 21 700 | 320 | 26 700 | 365 | 28 000 | 214 | 28 588 | 303 | 28 102 | 316 |
| Tilskotsordning for musikkensemble | 31 160 | 76 | 40 284 | 69 | 28 793 | 60 | 41 517 | 65 | 48 264 | 130 |
| Tilskotsordning for kyrkjemusikk | 6 970 | 71 | 6 970 | 79 | 8 020 | 63 | 8 188 | 65 | 8 335 | 92 |
| Tilskotsordning for musikarar | 15 670 | 290 | 15 670 | 256 | 16 300 | 221 | 16 642 | 203 | 16 940 | 159 |
| Publiseringsstøtte for musikkinnspelingar[1] | 20 100 | 265 | 22 100 | 250 | 22 100 | 247 | 22 564 | 252 | 22 970 | 262 |
| Andre føremål musikk | 26 811 | 158 | 30 482 | 317 | 29 184 | 245 | 31 035 | 312 | 33 940 | 216 |
| Driftsstøtte, tidlegare post 74 | - | - | - | - | - | - | 61 379 | 30 | 63 260 | 33 |
| Overførte knutepunktinstitusjoner[2] | - | - | - | - | - | - | - | - | 83 700 | 15 |
| Utgreiingsprosjekt om arrangørfeltet musikk | - | - | - | - | - | - | - | - | 1 000 | - |

[1] Den tidlegare innkjøpsordninga for musikk heiter frå 2012 publiseringsstøtte for musikkinnspelingar. [2] Overført til Kulturrådet frå 2016.

Kjelde: Norsk kulturråd.

**Tabell 4.6. Fond for lyd og bilete, talet på tildelingar og beløp. 1 000 kroner**

| | Talet på tildelingar | Beløp |
|---|---|---|
| 2001 | 585 | 31 064 |
| 2002 | 529 | 26 623 |
| 2003 | 632 | 27 143 |
| 2004 | 621 | 26 724 |
| 2005 | 566 | 21 089 |
| 2006 | 572 | 23 604 |
| 2007 | 546 | 26 634 |
| 2008 | 607 | 28 465 |
| 2009 | 582 | 29 171 |
| 2010 | 511 | 30 522 |
| 2011 | 523 | 32 265 |
| 2012 | 517 | 32 980 |
| 2013 | 555 | 34 525 |
| 2014 | 469 | 34 128 |
| 2015 | 550 | 37 451 |
| 2016 | 583 | 38 400 |

Kjelde: Fond for lyd og bilete.

**Tabell 4.7. Statens kunstnarstipend. Beløp, etter stipendtype og kunstnargruppe. 1 000 kroner**

| | Totalt beløp | Arbeidsstipend[1] | | | Diverse-stipend. Totalt beløp | Diverse-stipend for ny-utdanna kunst-narar | Stipend for eldre fortente kunst-narar[1] | Stipend for etablerte kunstnarar og senior-kunstnarar[1] | Garanti-inntekt[1] |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Beløp i alt | Arbeids-stipend | Arbeids-stipend for yngre/ nyetablerte kunstnarar | | | | | |
| 2000 | 127 637 | 49 590 | .. | .. | 9 275 | .. | 5 620 | .. | 63 152 |
| 2001 | 135 780 | 51 475 | .. | .. | 11 375 | .. | 5 620 | .. | 67 310 |
| 2002 | 132 342 | 51 800 | .. | .. | 11 509 | .. | 5 620 | .. | 63 413 |
| 2003 | 140 373 | 57 196 | .. | .. | 12 564 | .. | 5 620 | .. | 64 993 |
| 2004 | 148 812 | 58 776 | .. | .. | 11 351 | .. | 5 620 | .. | 73 065 |
| 2005 | 155 691 | 62 457 | .. | .. | 11 786 | .. | 5 620 | .. | 75 828 |
| 2006 | 159 060 | 63 111 | 35 807 | 27 305 | 12 136 | .. | 5 620 | .. | 78 193 |
| 2007 | 165 834 | 65 378 | 37 239 | 28 140 | 12 493 | .. | 5 620 | .. | 82 343 |
| 2008 | 175 987 | 68 288 | 38 896 | 29 392 | 13 092 | .. | 5 620 | .. | 88 987 |
| 2009 | 186 013 | 74 958 | 43 896 | 31 062 | 13 801 | .. | 5 560 | .. | 91 694 |
| 2010 | 192 542 | 78 678 | 47 616 | 31 062 | 14 437 | .. | 5 620 | .. | 93 807 |
| 2011 | 200 839 | 81 510 | 49 780 | 31 730 | 14 577 | .. | 5 620 | .. | 99 132 |
| 2012 | 209 152 | 88 788 | 56 056 | 32 732 | 14 655 | .. | 5 590 | .. | 100 119 |
| 2013 | 218 556 | 96 758 | 63 024 | 33 734 | 14 670 | 4 356 | 5 190 | .. | 97 582 |
| 2014 | 237 351 | 101 270 | 67 035 | 34 235 | 18 150 | 7 021 | 4 810 | 12 276 | 93 825 |
| 2015 | 248 648 | 103 950 | 68 880 | 35 070 | 15 650 | 16 121 | 4 550 | 48 916 | 59 461 |
| 2016 | 263 067 | 115 493 | 78 297 | 37 197 | 15 152 | 16 514 | 4 310 | 64 845 | 46 753 |
| | | | | | | | | | |
| **2016** | | | | | | | | | |
| Biletkunstnarar | 101 400 | 29 849 | 17 221 | 12 628 | 3 756 | 6 388 | 380 | 30 174 | 30 852 |
| Kunsthandverkarar | 39 914 | 14 236 | 8 725 | 5 511 | 1 652 | 2 295 | 340 | 13 477 | 7 914 |
| Skjønnlitterære forfattarar | 23 289 | 13 317 | 9 873 | 3 444 | 1 451 | - | 270 | 5 422 | 2 828 |
| Barne- og ungdomslitterære forfattarar | 5 833 | 2 985 | 2 296 | 689 | 528 | - | 220 | 1 808 | 292 |
| Dramatikarar | 3 642 | 2 526 | 2 066 | 459 | 425 | - | 220 | 471 | - |
| Skjønnlitterære omsetjarar | 2 410 | 1 378 | 1 148 | 230 | 381 | - | 180 | 471 | - |
| Faglitterære forfattarar og omsetjarar | 1 878 | 1 148 | 1 148 | - | 178 | - | 80 | 471 | - |
| Musikarar, songarar og dirigentar | 15 611 | 8 955 | 6 888 | 2 066 | 1 587 | 782 | 280 | 3 536 | 471 |
| Komponistar | 7 181 | 3 444 | 2 526 | 918 | 402 | 750 | 110 | 1 002 | 1 472 |
| Skodespelarar og dokkespelarar | 10 612 | 5 970 | 4 133 | 1 837 | 1 015 | 1 657 | 320 | 1 650 | - |
| Sceneinstruktørar | 2 520 | 1 378 | 918 | 459 | 235 | 206 | 230 | 471 | - |
| Scenografar og kostymedesignarar | 2 261 | 1 148 | 689 | 459 | 173 | 329 | 140 | 236 | 236 |
| Teatermedarbeidarar | 20 | - | - | - | 20 | - | - | - | - |
| Dansekunstnarar | 15 228 | 7 577 | 3 903 | 3 674 | 777 | 2 656 | 320 | 2 824 | 1 074 |
| Kritikarar | 3 182 | 2 985 | 2 985 | - | 97 | - | 100 | - | - |
| Journalistar | 58 | - | - | - | 58 | - | - | - | - |
| Fotografar | 8 121 | 4 822 | 3 903 | 918 | 579 | 595 | 40 | 1 179 | 906 |
| Filmkunstnarar | 5 953 | 3 903 | 3 215 | 689 | 502 | 856 | 220 | 471 | - |
| Arkitektar | 120 | - | - | - | - | - | 120 | - | - |
| Interiørarkitektar | 240 | - | - | - | 60 | - | 180 | - | - |
| Andre kunstnargrupper | 5 909 | 3 674 | 2 066 | 1 607 | 405 | - | 180 | 943 | 707 |
| Folkekunstnarar | 2 047 | 1 607 | 1 148 | 459 | 260 | - | 180 | - | - |
| Populærkomponistar | 5 639 | 4 592 | 3 444 | 1 148 | 611 | - | 200 | 236 | - |

[1] Beløpa inkluderer stipend tildelte tidlegare år som framleis var aktive.

Kjelde: Statens kunstnarstipend.

**Tabell 4.8. Statens kunstnarstipend. Tal på stipend, etter stipendtype og kunstnargruppe**

| | I alt | Arbeidsstipend[1] | | | Diversestipend | Diversestipend for nyutdanna kunstnarar | Stipend for eldre fortente kunstnarar[1] | Stipend for etablerte kunstnarar og seniorkunstnarar[1,2] | Garantiinntekt[1,2] |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Arbeidsstipend i alt | Arbeidsstipend | Arbeidsstipend, yngre/nyetablerte kunstnarar | | | | | |
| 2000 | 1 531 | 342 | .. | .. | 363 | .. | 281 | .. | 545 |
| 2001 | 1 601 | 355 | .. | .. | 420 | .. | 281 | .. | 545 |
| 2002 | 1 594 | 350 | .. | .. | 419 | .. | 281 | .. | 544 |
| 2003 | 1 606 | 362 | .. | .. | 426 | .. | 281 | .. | 537 |
| 2004 | 1 560 | 372 | .. | .. | 393 | .. | 281 | .. | 514 |
| 2005 | 1 582 | 382 | .. | .. | 412 | .. | 281 | .. | 507 |
| 2006 | 1 608 | 386 | 219 | 167 | 434 | .. | 281 | .. | 507 |
| 2007 | 1 598 | 388 | 221 | 167 | 424 | .. | 281 | .. | 505 |
| 2008 | 1 608 | 388 | 221 | 167 | 432 | .. | 281 | .. | 507 |
| 2009 | 1 609 | 403 | 236 | 167 | 422 | .. | 281 | .. | 503 |
| 2010 | 1 651 | 423 | 256 | 167 | 444 | .. | 281 | .. | 503 |
| 2011 | 1 656 | 434 | 267 | 167 | 442 | .. | 281 | .. | 499 |
| 2012 | 1 689 | 453 | 286 | 167 | 466 | .. | 281 | .. | 489 |
| 2013 | 1 747 | 479 | 312 | 167 | 441 | 74 | 265 | .. | 453 |
| 2014 | 1 802 | 494 | 327 | 167 | 474 | 88 | 243 | 53 | 429 |
| 2015 | 1 814 | 495 | 328 | 167 | 404 | 203 | 230 | 220 | 262 |
| 2016 | 1 822 | 503 | 341 | 162 | 362 | 255 | 218 | 278 | 206 |
| **2016** | | | | | | | | | |
| Biletkunstnarar | 551 | 130 | 75 | 55 | 56 | 84 | 19 | 128 | 134 |
| Kunsthandverkarar | 227 | 62 | 38 | 24 | 27 | 27 | 18 | 58 | 35 |
| Skjønnlitterære forfattarar | 134 | 58 | 43 | 15 | 27 | - | 14 | 24 | 11 |
| Barne- og ungdomslitterære forfattarar | 41 | 13 | 10 | 3 | 8 | - | 11 | 8 | 1 |
| Dramatikarar | 35 | 11 | 9 | 2 | 11 | - | 11 | 2 | - |
| Skjønnlitterære omsetjarar | 30 | 6 | 5 | 1 | 13 | - | 9 | 2 | - |
| Faglitterære forfattarar og omsetjarar | 17 | 5 | 5 | - | 6 | - | 4 | 2 | - |
| Musikarar, songarar og dirigentar | 147 | 39 | 30 | 9 | 66 | 11 | 14 | 15 | 2 |
| Komponistar | 54 | 15 | 11 | 4 | 12 | 9 | 6 | 5 | 7 |
| Skodespelarar og dokkespelarar | 119 | 26 | 18 | 8 | 32 | 38 | 16 | 7 | - |
| Sceneinstruktørar | 31 | 6 | 4 | 2 | 8 | 3 | 12 | 2 | - |
| Scenografar og kostymedesignarar | 21 | 5 | 3 | 2 | 3 | 4 | 7 | 1 | 1 |
| Teatermedarbeidarar | 1 | - | - | - | 1 | - | - | - | - |
| Dansekunstnarar | 150 | 33 | 17 | 16 | 25 | 56 | 16 | 12 | 8 |
| Kritikarar | 24 | 13 | 13 | - | 6 | - | 5 | - | - |
| Journalistar | 2 | - | - | - | 2 | - | - | - | - |
| Fotografar | 50 | 21 | 17 | 4 | 9 | 9 | 2 | 5 | 4 |
| Filmkunstnarar | 55 | 17 | 14 | 3 | 11 | 14 | 11 | 2 | - |
| Arkitektar | 6 | - | - | - | - | - | 6 | - | - |
| Interiørarkitektar | 10 | - | - | - | 1 | - | 9 | - | - |
| Andre kunstnargrupper | 39 | 16 | 9 | 7 | 7 | - | 9 | 4 | 3 |
| Folkekunstnarar | 30 | 7 | 5 | 2 | 14 | - | 9 | - | - |
| Populærkomponistar | 48 | 20 | 15 | 5 | 17 | - | 10 | 1 | - |

[1] Tala inkluderer stipend tildelte tidlegare år som framleis var aktive. [2] Talet i desember.

Kjelde: Statens kunstnarstipend.

**Tabell 4.9. Opphavsrett. Innkravde og utbetalte vederlag, etter organisasjon. 1 000 kroner**

| | I alt | BONO | TONO[2] | Kopinor[1] | Norwaco[1,5] | Gramo[1] | FONO | LINO[4] |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Innkravde vederlag** | | | | | | | | |
| 2002 | 631 589 | 4 886 | 223 010 | 204 638 | 112 312 | 83 462 | 1 257 | 2 025 |
| 2003 | 666 087 | 4 315 | 245 761 | 194 622 | 115 236 | 101 653 | 1 315 | 3 186 |
| 2004 | 694 219 | 7 561 | 258 025 | 197 502 | 117 575 | 109 452 | 1 334 | 2 770 |
| 2005 | 717 496 | 6 581 | 266 619 | 194 809 | 143 411 | 101 885 | 1 421 | 2 770 |
| 2006 | 734 815 | 6 029 | 282 493 | 173 051 | 150 140 | 119 646 | 1 456 | 2 000 |
| 2007 | 820 836 | [3]12 798 | 291 601 | 222 686 | 162 508 | 127 368 | 1 622 | 2 253 |
| 2008 | 853 399 | 11 488 | 304 728 | 222 046 | 178 650 | 130 700 | 1 959 | 3 828 |
| 2009 | 963 471 | 10 424 | 359 152 | 233 994 | 221 251 | 135 200 | 1 883 | 1 567 |
| 2010 | 1 002 331 | 9 349 | 385 806 | 238 540 | 228 258 | 138 460 | 1 918 | - |
| 2011 | 995 057 | 10 545 | 409 574 | 240 823 | 184 823 | 146 661 | 2 631 | - |
| 2012 | 1 053 527 | 10 591 | 429 991 | 275 326 | 196 361 | 139 005 | 2 253 | - |
| 2013 | 1 102 590 | 11 848 | 464 087 | 288 761 | 188 441 | 146 265 | 3 188 | - |
| 2014 | 1 148 433 | 12 454 | 490 955 | 290 244 | 193 072 | 158 492 | 3 216 | - |
| 2015 | 1 323 417 | 10 388 | 582 207 | 312 548 | 248 933 | 166 042 | 3 299 | - |
| 2016 | 1 305 701 | 11 508 | 531 876 | 328 484 | 257 898 | 172 723 | 3 212 | - |
| **Utbetalte vederlag** | | | | | | | | |
| 2002 | 574 710 | 3 811 | 184 532 | 215 295 | 119 266 | 48 880 | 1 006 | 1 920 |
| 2003 | 569 939 | 3 285 | 186 408 | 177 647 | 124 229 | 74 414 | 1 052 | 2 904 |
| 2004 | 561 585 | 5 524 | 219 497 | 182 882 | 113 072 | 36 984 | 1 067 | 2 559 |
| 2005 | 593 899 | 4 921 | 210 229 | 183 223 | 106 042 | 85 862 | 1 065 | 2 557 |
| 2006 | 581 667 | 4 482 | 240 981 | 142 996 | 123 927 | 66 390 | 1 091 | 1 800 |
| 2007 | 681 138 | [3]9 218 | 247 642 | 174 154 | 164 881 | 81 834 | 1 298 | 2 111 |
| 2008 | 733 153 | 8 193 | 247 400 | 207 454 | 162 920 | 102 000 | 1 567 | 3 619 |
| 2009 | 760 334 | 7 607 | 257 144 | 204 770 | 188 305 | 99 600 | 1 507 | 1 401 |
| 2010 | 866 588 | 6 783 | 313 080 | 203 188 | 195 503 | 146 500 | 1 534 | - |
| 2011 | 859 472 | 7 343 | 342 524 | 204 951 | 172 244 | 130 305 | 2 105 | - |
| 2012 | 810 265 | 7 421 | 357 312 | 207 191 | 119 976 | 116 875 | 1 802 | - |
| 2013 | 867 573 | 8 155 | 360 750 | 262 188 | 131 107 | 102 823 | 2 550 | - |
| 2014 | 850 254 | 8 792 | 362 821 | 255 125 | 103 920 | 117 026 | 2 570 | - |
| 2015 | 1 154 495 | 7 231 | 391 765 | 254 708 | 392 921 | 105 231 | 2 639 | - |
| 2016 | 1 106 201 | 7 853 | 461 763 | 269 342 | 249 352 | 115 322 | 2 569 | - |

[1] I summane er utlandet medrekna. [2] Innkravde vederlag er eksklusive finansinntekter og mekaniske rettskrav, men medrekna 2 prosent komponistfond og utland. [3] Auken frå 2006 til 2007 kjem av at BONO f.o.m. 2007 forvaltar den såkalla følgjerettsordninga i Noreg; eit prosentvis vederlag som vert betalt når opphavsrettsleg verna kunst vert vidareselt, til dømes gjennom auksjonshus og galleri. [4] Med verknad frå november 2009 vart LINOs og Kopinors verksemd samordna, slik at storparten av vederlaget for 2009 er kanalisert via sistnemnde. Slik vil det òg vere for komande år. [5] Norwaco sender midlar til TONO, difor er ikkje summen av innkravde vederlag summen av organisasjonanes innkravde vederlag. Det same gjeld utbetalte vederlag. Andre mindre transaksjonar mellom Norwaco og TONO dei tre siste åra er òg korrigerte for i den grad dei er kjende.

Kjelde: Dei enkelte organisasjonane.

**Tabell 4.10. Den kulturelle skolesekken i grunnskolen. Kommunale tilbod**

| | Talet på produksjonar | | Talet på enkeltarrangement | | Deltakarar i alt | | Deltakarar per enkeltarrangement | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 |
| **I alt** | **3 424** | **4 506** | **24 229** | **57 015** | **760 389** | **3 209 857** | **31,4** | **56,3** |
| Sjanger | | | | | | | | |
| Film | 224 | 441 | 1 308 | 3 927 | 64 811 | 232 574 | 49,5 | 59,2 |
| Kulturarv | 941 | 164 | 5 415 | 7 953 | 150 005 | 227 027 | 27,7 | 28,5 |
| Litteratur | 355 | 680 | 2 776 | 8 398 | 90 738 | 307 430 | 32,7 | 36,6 |
| Musikk | 344 | 818 | 3 464 | 13 050 | 108 405 | 1 365 380 | 31,3 | 104,6 |
| Scenekunst | 525 | 882 | 2 969 | 7 683 | 124 616 | 566 386 | 42,0 | 73,7 |
| Visuell kunst | 588 | 919 | 4 582 | 10 825 | 114 283 | 288 055 | 24,9 | 26,6 |
| Kunstartar i samspel | 304 | 602 | 1 943 | 5 179 | 69 867 | 223 005 | 36,0 | 43,1 |
| Ikkje fordelt sjanger | 143 | - | 1 772 | - | 37 664 | - | 21,3 | - |

Kjelde: Den kulturelle skolesekken, Kulturtanken.

**Tabell 4.11. Den kulturelle skolesekken i grunnskolen. Fylkeskommunale tilbod**

| | Talet på produksjonar | | Talet på enkeltarrangement | | Deltakarar totalt | | Deltakarar per enkeltarrangement | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 |
| **I alt** | **1 310** | **4 023** | **27 874** | **52 748** | **1 991 566** | **2 852 541** | **71,4** | **54,1** |
| Sjanger | | | | | | | | |
| Film | 102 | 378 | 1 704 | 3 431 | 76 217 | 174 690 | 44,7 | 50,9 |
| Kulturarv | 94 | 109 | 2 110 | 7 419 | 61 917 | 207 556 | 29,3 | 28,0 |
| Litteratur | 214 | 605 | 3 986 | 7 578 | 123 543 | 260 473 | 31,0 | 34,4 |
| Musikk | 391 | 753 | 8 596 | 12 561 | 1 115 138 | 1 268 097 | 129,7 | 101,0 |
| Scenekunst | 188 | 769 | 3 659 | 6 710 | 340 058 | 474 787 | 92,9 | 70,8 |
| Visuell kunst | 231 | 839 | 6 167 | 10 125 | 177 669 | 262 569 | 28,8 | 25,9 |
| Kunstartar i samspel | 89 | 570 | 1 644 | 4 924 | 96 904 | 204 369 | 58,9 | 41,5 |
| Ikkje fordelt sjanger | 1 | - | 8 | - | 120 | - | 15,0 | - |

Kjelde: Den kulturelle skolesekken, Kulturtanken.

**Tabell 4.12. Den kulturelle skolesekken i vidaregåande skole. Fylkeskommunale tilbod**

| | Talet på produksjonar | | Talet på enkeltarrangement | | Deltakarar totalt | | Deltakarar per enkeltarrangement | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 |
| **I alt** | **428** | **483** | **4 022** | **4 267** | **291 532** | **357 316** | **72,5** | **84** |
| Sjanger | | | | | | | | |
| Film | 51 | 63 | 422 | 496 | 36 760 | 57 884 | 87 | 117 |
| Kulturarv | 55 | 55 | 603 | 534 | 22 861 | 19 471 | 38 | 36 |
| Litteratur | 80 | 75 | 955 | 820 | 45 138 | 46 957 | 47 | 57 |
| Musikk | 47 | 65 | 387 | 489 | 74 046 | 97 283 | 191 | 199 |
| Scenekunst | 85 | 113 | 669 | 973 | 74 817 | 91 599 | 112 | 94 |
| Visuell kunst | 77 | 80 | 653 | 700 | 23 423 | 25 486 | 36 | 36 |
| Kunstartar i samspel | 30 | 32 | 308 | 255 | 13 607 | 18 636 | 44 | 73 |
| Ikkje fordelt sjanger | 3 | - | 25 | - | 880 | - | 35 | - |

Kjelde: Den kulturelle skolesekken, Kulturtanken.

**Tabell 4.13. Kunstmøte per elev i 2016 i regi av den kulturelle skolesekken i grunnskolen og vidaregåande skole i 2016**

| | Talet på elevar grunnskolen | Kunstmøte per elev i grunnskolen | Talet på elevar i vidaregåande skole | Kunstmøte per elev vidaregåande skole |
|---|---|---|---|---|
| Heile landet | 629 275 | 4,6 | 191 053 | 1,9 |
| | | | | |
| Akershus | 81 261 | 4,3 | 21 774 | 1,8 |
| Aust-Agder | 14 728 | 5,1 | 4 568 | 1,6 |
| Buskerud | 33 746 | 4,9 | 9 586 | 1,7 |
| Finnmark Finnmárku | 8 771 | 5,0 | 2 971 | 3,9 |
| Hedmark | 21 758 | 4,9 | 7 152 | 2,6 |
| Hordaland | 63 157 | 3,6 | 19 302 | 0,9 |
| Møre og Romsdal | 32 778 | 5,3 | 10 222 | 3,3 |
| Nordland | 27 941 | 5,5 | 9 391 | 2,4 |
| Nord-Trøndelag | 17 163 | 5,1 | 5 644 | 1,8 |
| Oppland | 21 395 | 4,7 | 6 830 | 2,2 |
| Oslo | 65 906 | 3,4 | 19 120 | 1,0 |
| Rogaland | 62 253 | 4,0 | 18 757 | 1,4 |
| Sogn og Fjordane | 14 048 | 5,8 | 4 250 | 1,7 |
| Sør-Trøndelag | 36 639 | 4,0 | 11 558 | 2,2 |
| Telemark | 19 994 | 6,4 | 6 493 | 4,0 |
| Troms Romsa | 19 468 | 4,5 | 6 059 | 2,0 |
| Vest-Agder | 23 849 | 5,7 | 7 141 | 1,3 |
| Vestfold | 29 343 | 5,1 | 9 209 | 2,6 |
| Østfold | 35 077 | 4,5 | 11 026 | 1,8 |

Kjelde: Den kulturelle skolesekken, Kulturtanken.

**Tabell 4.14 Den kulturelle skolesekken i grunnskolen[1] og vidaregåande skole. Inntekter og utgifter. 1 000 kroner**

| | Grunnskolen | | Vidaregåande skole | | Felles grunnskolen og vidaregåande skole | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 |
| **Inntekter i alt** | **233 593** | **205 151** | **67 155** | **55 261** | **51 888** | **78 195** |
| Spelemidlar [5] | 140 011 | 114 153 | 53 790 | 47 867 | 421 | 19 613 |
| Eigne midlar[2]/eigeninnsats | 27 451 | 27 516 | 11 510 | 6 190 | 45 542 | 52 121 |
| Refusjonar[3] | 51 282 | 52 111 | 1 852 | 668 | 5 665 | 2 941 |
| Eigendelar frå kommunane | 13 952 | 8 917 | - | - | 80 | - |
| Anna[4] | 897 | 2 454 | 4 | 536 | 180 | 3 520 |
| | | | | | | |
| **Utgifter i alt** | **237 838** | **205 077** | **47 757** | **39 039** | **67 040** | **94 698** |
| Formidling/innhald | 142 373 | 130 240 | 37 868 | 33 530 | 27 212 | 30 063 |
| Administrasjon | 25 936 | 13 335 | 9 144 | 4 493 | 38 157 | 54 193 |
| Nettverk og kompetanseutvikling | 3 449 | 2 452 | 745 | 867 | 1 450 | 2 808 |
| Overføringer til kommunane | 64 702 | 57 835 | - | - | 17 | 3 929 |
| Anna | 1 377 | 1 215 | - | 150 | 204 | 3 706 |

[1] Basert på rapportar frå fylkeskommunane. Tal frå kommunane er ikkje med. [2]Berekning av spelemidlar i 2015 som vart utbetalte for skoleåret 2015/16 var til saman 208,430 millionar kroner. Posten spelemidlar i denne tabellen er korrigert for avviket mellom den rekneskapsmessige avsetninga 1. januar 2015 og 31. desember 2015. [3] Frå Kulturtanken og Norsk scenekunstbruk. [4] Inkludert renteinntekter. [5] Berekning av spelemidlar: i 2015 vart det utbetalt for skoleåret 2015/16 til saman 210,156 mill.kr. Posten spelemidlar i denne tabellen er korrigert for avviket mellom den rekneskapsmessige avsetninga 1. januar 2016 og 31. desember 2016.

Kjelde: Den kulturelle skolesekken, Kulturtanken.

# 5. Scenekunst

## 5.1. Nokre resultat

*1,9 millionar tilskodarar på teater- og opera-framsyningar*

I 2016 var det til saman om lag 1,9 millionar tilskodarar ved teater og opera, ein nedgang på 1,8 prosent frå førre året. Samanlikna med ti år attende, var talet på besøkande ved teater og opera 114 800 høgare i 2016. Ved dei frie danse- og teatergruppene var det 844 000 besøk i 2016. Det var nær 292 000 fleire tilskodarar samanlikna med året før, og over 428 000 fleire tilskodarar samanlikna med ti år attende, sjå figur 5.1.

**Figur 5.1. Tilskodarar ved framsyningar ved teater og opera og frie grupper innanfor teater og dans**




Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening og Danse- og teatersentrum.

*Færre tilskodarar ved teater og opera i 2016*

I 2016 vart det registrert 1,9 millionar besøk ved norske teater- og opera-institusjonar. Samanlikna med året før, hadde medlemmene i Norsk teater- og orkesterforening (NTO) ein nedgang på 34 200 tilskodarar på scenekunstfeltet.

Av dei 1,9 millionar besøka ved norske teater- og operainstitusjonar var 176 800 besøk gjennom Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken (DKS). DKS er eit samarbeid mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet, samt ei nasjonal satsing som skal bidra til at alle skoleelevar i Noreg får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. NTO publiserer òg totaltal som er justerte for gjestespel, sjå Om statistikken for meir informasjon.

Figur 5.2 viser besøkstala i einskilde scenekunstinstitusjonar i åra 2014–2016. Den Norske Opera & Ballet hadde som føregåande år flest besøk med 322 000 tilskodarar i 2016. Den Norske Opera & Ballet toppa òg talet på besøk med 319 600 tilskodarar i gjennomsnitt per år i perioden 2014–2016. Nationaltheatret og Det Norske Teatret hadde i gjennomsnitt høvesvis 226 400 og 203 300 tilskodarar per år i same treårsperiode.

**Figur 5.2. Tilskodarar ved teater og opera. Tal i 1 000**




Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

Dei totale tilskodartala på 1,9 millionar inkluderer òg publikumstalet på framsyningar retta mot barn og unge siste året. I 2016 var 692 500 tilskodarar på framsyningar retta mot barn og unge. Vi gjer merksam på at besøkstalet ikkje seier noko om kor mange barn og unge eller vaksne som var tilskodarar. Sjå tabell 5.2.

*10 800 framsyningar*

I 2016 hadde teater og operainstitusjonane i NTO til saman nær 11 000 framsyningar, 152 fleire framsyningar i høve til året før. Talet på framsyningar retta mot barn og ungdom gjekk ned med 179. I alt vart det sett opp 4 500 oppsetjingar for barn og unge i 2016.

Talet på turneframsyningar gjekk òg ned i 2016, 145 færre samanlikna med året før. I alt vart det sett opp 3 200 turneframsyningar i 2016.

I gjennomsnitt var det 172 tilskodarar per framsyning i 2016. Det er ein liten nedgang samanlikna med året før. Sjå tabell 5.2.

Tabell 5.3 viser tal for den frie scenekunsten rapportert gjennom Danse- og teatersentrum. 180 frie teater- og dansegrupper har rapportert tal for 2016, 28 fleire i høve til 2015. Det var 137 teatergrupper og 43 dansegrupper i 2016, 70 fleire teatergrupper og 1 meir dansegruppe sidan 2013. Grunna endring i rapporteringa, veit vi ikkje fordelinga mellom frie teater- og dansegrupper i 2014 og 2015.

*292 000 fleire tilskodarar ved frie teater- og dansegrupper*

Etter ein nedgang i besøkstalet ved frie teater- og dansegrupper i 2015, gjekk talet på besøk opp i 2016. Om lag 844 000 besøkte arrangementa i regi av frie teater- og dansegrupper i 2016, nær 292 000 fleire enn i 2015. Dette svarar til ein auke i besøkstalet på om lag 53 prosent. Det vart rapportert nær 6 900 framsyningar, om lag 4 500 framsyningar var for barn. Det var i gjennomsnitt 123 besøk per framsyning. Det bør nemnast at tala for det frie scenekunstfeltet gjev tal for framsyningar i Noreg, inkludert framsyningar i DKS-ordninga og internasjonale framsyningar. I 2016 vart det rapportert 249 internasjonale framsyningar med om lag 127 000 tilskodarar.

*222 000 tilskodarar ved Norsk Scenekunstbruk*

Norsk Scenekunstbruk formidlar fri profesjonell scenekunst og er òg den nasjonale aktøren i formidlinga av scenekunst i DKS. Norsk Scenekunstbruk hadde 123 produksjonar på speleplan i 2016, med til saman 2 471 framsyningar. Til saman var det nær 222 000 tilskodarar på framsyningane i 2016. Samanlikna med 2015 er det ein nedgang i talet på tilskodarar på 9 prosent. Tilskodartala var høgare i åra 2010-2013. Sjå tabell 5.4.

*Dei med høg utdanning går i større grad på teater, musikal eller revy*

Statistikk frå kulturbruksundersøkingane har i mange år vist at ein større del av dei med høg utdanning bruker kulturtilbod. Dette kan ein òg sjå på bruken av teater, musikal og revy. Ved undersøkinga som vart gjort for 2016, hadde 38 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år vore på teater, musikal eller revy dei siste tolv månadene, medan tilsvarande del for dei med lang høgare utdanning var 62 prosent.

Dersom ein ser på utviklinga frå 1991 til 2016 kan ein jamvel sjå at skilnaden mellom dei med låg utdanning og dei med høgare utdanning har vorte noko mindre med åra, sjå figur 5.3.

**Figur 5.3. Delen personar som har vore på teater, musikal, eller revy dei siste tolv månadene innanfor dei enkelte utdanningsgruppene. Prosent**




Kjelde: Vaage, Odd Frank (2013), Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

Om ein vel å gå i operaen, heng òg saman med utdanninga. Dei med høg utdanning går i større grad på opera enn dei med lågare utdanning. Gruppene med låg universitets- eller høgskoleutdanning og ungdomsskole har hatt nedgang i delen som går på opera sidan 2012. Gruppene med lang universitets- eller høgskole-utdanning og vidaregåande skole har hatt auke. Skilnaden mellom gruppene har vore nokolunde stabil i perioden 1991 til 2016, sjå figur 5.4.

**Figur 5.4. Delen personar som har vore på opera eller operette dei siste 12 månadene, etter utdanning. Prosent**




Kjelde: Vaage, Odd Frank (2013), Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

Utdanning heng òg saman med om ein vel å gå på ballett eller danseframsyning. Dei med universitets- eller høgskoleutdanning går i større grad på ballett eller danseframsyning. Dei med vidaregåande skole går i mindre grad på ballett eller danseframsyning, og har hatt ein nedgang sidan 2008. Gruppa ungdomsskole har hatt ein auke sidan 2004. Sjå figur 5.5.

**Figur 5.5. Delen personar som har vore på ballett eller danseframsyning dei siste 12 månadene, etter utdanning. Prosent**




Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå

Kjønn heng saman med om ein vel å gå på framsyningar. Fleire kvinner enn menn går på framsyningar totalt i 2016, og dette gjeld også førre året i kulturbruksundersøkingane. I høve til hushaldsinntekta aukar prosenten personar som har vore på framsyning jo høgare hushaldsinntekt ein har, sjå tabellane 5.6, 5.7 og 5.8.

Samanhengen mellom alder og om ein vel å gå på framsyning, har skilnader i høve til type framsyning. Når det gjeld teater, musikal og revy samt ballett eller danseframsyning går flest i aldersgruppa 9-15 år på framsyning, medan dei eldste går

minst. I høve til opera- eller operetteframsyningar er dette motsett, fleire eldre går på framsyning enn yngre. Det er færrast i aldersgruppa 16-44 år som går på opera- eller operetteframsyningar. Sjå figur 5.6.

**Figur 5.6. Personar som har vore på framsyningar dei siste 12 månadene, etter alder**




Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå

Når ein ser på landsdel i høve til om ein vel å gå på framsyning har Trøndelag flest personar, 59 prosent, som har vore på teater, musikal eller revy i 2016. Nord-Noreg med 44 prosent låg lågast. Oslo og Akershus har 16 prosent som har vore på opera- eller operetteframsyningar i 2016, medan Trøndelag har lågast med 3 prosent. Oslo og Akershus har også flest personar, 20 prosent, som har vore på ballett eller danseframsyning. Vestlandet har færrast med 9 prosent. Sjå figur 5.7.

**Figur 5.7. Personar som har vore på framsyningar dei siste 12 månadene, etter landsdel**




Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå

## 5.2. Økonomi

*1,6 milliardar statleg tilskot*

Det totale tilskotet frå Kulturdepartementet (KUD) til scenekunstformål utgjorde 2,1 milliardar kroner i 2016, jf. kapittel 1. Av dei totale løyvingane, fekk tilskotsinstitusjonane om lag 1,6 milliardar kroner. Dette er ein auke på 75 millionar

kroner frå året før. Talet inkluderer 19 av dei 34 scenekunstinstitusjonane som er medlemmer i NTO. Talet inkluderer ikkje løyvingane til Riksteatret da denne som statleg verksemd har eigne utgifts- og inntektsposter under scenekunstkapittelet (kap. 324, postane 01/21 og kap. 3324, postane 01/02 ). Beaivvás Sámi Teáhter tek imot statstilskot gjennom Sametinget, og er heller ikkje inkludert.

Dei økonomiske nøkkeltala viser at dei 19 institusjonane til saman hadde inntekter på om lag 2 580 millionar kroner i 2016. 63 prosent av inntektene var tilskot frå staten, 13 prosent var regionale driftstilskot, og 25 prosent var andre inntekter. Regionale driftstilskot har auka med nær 100 millionar kroner og andre inntekter har auka med om lag 150 millionar kroner sidan 2015. Dei nasjonale og regionale tilskotsinstitusjonane hadde til saman 2 898 millionar i driftskostnader. Sjå tabell 5.5.

I 2016 vart det utført 2 543 årsverk ved desse 19 tilskotsinstitusjonane. Figur 5.5 viser fordelinga av dei statlege, regionale og andre tilskota for desse institusjonane.

**Figur 5.8. Teater og opera. Inntekter for tilskotsteatra, etter type inntekt**




Kjelde: Kulturdepartementet.

Kulturrådet gjev prosjektilskot til frie teater- og dansegrupper kvart år. I 2016 var det til saman 3 531 teater- og denseframsyningar med nær 234 000 besøk, sjå tabell 5.1.

## 5.3. Om statistikken og dei ulike scenekunst-organisasjonane

*Norsk teater- og orkesterforening*

Norsk teater- og orkesterforening (NTO) er ein arbeidsgjevar- og interesse-organisasjon for profesjonell musikk og scenekunst. NTO har 46 medlemmer innanfor teater, dans, opera og musikk per 2017. Medlemmene er nasjonale og regionale institusjonar innanfor teater, opera, orkester og dans og offentleg støtta programmerande teater, produserande teater og scener, profesjonelle kor, ensemble og orkester. Som arbeidsgjevarorganisasjon samarbeider NTO med Spekter når det gjeld å slutte avtaler med og/eller hjelpe medlemmene sine i forhandlingar med ei rekkje arbeidstakarorganisasjonar.

Tala som vert presenterte i tabellar og figurar, kan ikkje heilt samanliknast frå år til år, men siste året har medlemstalet i NTO vore stabilt. Frå 2017 endrar Nord-Trøndelag teater namn til Turnéteatret i Trøndelag. Tala frå NTO inkluderer besøk frå DKS. I tillegg til dei totale tala frå dei einskilde medlemmene, publiserer NTO

totaltal for framsyningar og tilskodartal som er justerte for gjestespel. I dei justerte tala for 2016 var det i alt 10 853 framsyningar og 1 866 350 tilskodarar. I denne publikasjonen er det nytta ujusterte tal, med unnatak for åra 2010 og 2011, der det vart publisert justerte tal. Samarbeid og gjestespel vil òg i nokon grad påverke dei økonomiske tala i kapittelet.

*Frie teater- og dansegrupper*

Danse- og teatersentrum (DTS) er eit kompetansesenter som fremjar profesjonell scenekunst nasjonalt og internasjonalt. DTS arbeider primært med fri scenekunst i Noreg. Organisasjonen vart etablert som interesseorganisasjon i 1977 på initiativ frå kunstnarar i det frie scenekunstfeltet. Hovudmålet var å få etablert ei støtteordning for scenekunstgrupper som arbeidde utanfor institusjonane.

Tala som er rapporterte i tabell 5.3, gjeld både medlemmer av DTS og ikkje-medlemmer. Sidan talet på grupper som rapporterer endrar seg kvart år, kan heller ikkje desse tala samanliknast direkte frå år til år. Opplysningar om kor mange som har rapportert det einskilde året er gjevne i fotnotane til tabellen.

*Norsk Scenekunstbruk*

Norsk Scenekunstbruk AS er den største og viktigaste landsdekkjande formidlaren av scenekunst for aldersgruppa 0-20 år. Norsk Scenekunstbruk er òg den nasjonale aktøren i formidling av scenekunst i Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken. Norsk Scenekunstbruk har eit medlemsnettverk av fylkeskommunar og deira lokale arrangørar. Det vert lagt stor vekt på aktive og medverkande arrangørar for å auke kompetansen og interessa for scenekunst lokalt. Per 2016 omfattar nettverket 18 fylke (ikkje Oslo) og alle kommunane.

Publikumstala frå NTO, DTS og Scenekunstbruket vil i nokon grad overlappe einannan. Til dømes gjeld dette tala frå DKS, som vert rapporterte frå alle dei tre nemnde institusjonane.

*Norsk kulturbarometer*

Norsk kulturbarometer er ein publikasjon basert på Statistisk sentralbyrå sine undersøkingar om kulturbruk. Den første undersøkinga vart gjennomført i 1991, den siste var i 2016. Om lag 2 000 personar i alderen 9-79 år svarte på undersøkinga i 2016, og svarprosenten var på om lag 53 prosent. For informasjon om dei ulike kjennemerka brukte i tabellane, sjå kapittel 10.2.

## Referansar

Kulturdepartementet (2015): For budsjettåret 2016 - Utgiftskapitler: 300-342 Inntektskapitler: 3300-3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2015-2016). https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20152016/id2456056/

Kulturdepartementet (2016): For budsjettåret 2017 - Utgiftskapitler: 300-342 Inntektskapitler: 3300-3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2016-2017). https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20162017/id2514232/

NTO (2016, 20.10.): Publikums- og aktivitetstall 2015 – justerte totaltall. Norsk teater- og orkesterforening. Lasta ned frå http://www.nto.no/Tall-og-rapportering/Publikums-og-aktivitetstall

Vaage, Odd Frank (2013): Norsk kulturbarometer, 2012. Statistiske analysar 135, Statistisk sentralbyrå. Henta frå http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/kulturbar

Vaage, Odd Frank *(2017): Norsk kulturbarometer, 2016.* Statistiske analysar 153, Statistisk sentralbyrå. Henta frå http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-kulturbarometer-2016

## Meir informasjon

Norsk teater- og orkesterforening (NTO): http://www.nto.no/

Norsk Scenekunstbruk: http://www.scenekunstbruket.no

Danse- og teatersentrum (DTS): http://www.danseogteatersentrum.no/

**Tabell 5.1 Frie teater- og dansegrupper med grunnfinansiering[1]. 2016**

| | Grupper i alt | Framsyningar | | Besøk | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | I alt | Av dette for barn og unge | I alt | Av dette for barn og unge |
| **I alt** | **122** | **3531** | **966** | **233 930** | **67 483** |
| Dans | 47 | 729 | 170 | 56 903 | 11 874 |
| Teater | 75 | 2802 | 796 | 177 027 | 55 609 |

[1] Tala inkluderer produksjonar med prosjektilskot frå Kulturrådet som har rapportert til Kulturrådet innan den årlege fristen.

Kjelde: Kulturrådet.

**Tabell 5.2. Framsyningar og tilskodarar ved teater[1] og opera.**

| | Framsyningar | | | Tilskodarar | | | | Tilskodarar per framsyning | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Av total; framsyningar retta mot barn og ungdom | Av total; turnéframsyningar[2] | I alt | Av total: på framsyningar retta mot barn og ungdom | Av total: tilskodarar på DKS framsyningar | Av total: Tilskodarar på turnéframsyningar[2] | I alt | Av dette på framsyningar retta mot barn og ungdom |
| 2003 | 7 522 | 3 304 | 2 339 | 1 549 064 | 663 119 | .. | 414 486 | 206 | 201 |
| 2004 | 8 149 | 3 455 | 2 668 | 1 621 290 | 670 996 | .. | 448 377 | 198 | 194 |
| 2005 | 8 677 | 4 065 | 2 901 | 1 561 253 | 687 328 | .. | 421 860 | 180 | 169 |
| 2006 | 9 624 | 3 884 | 3 346 | 1 781 755 | 651 160 | .. | 461 115 | 185 | 168 |
| 2007 | 9 268 | 3 664 | 3 119 | 1 792 395 | 663 901 | .. | 459 295 | 193 | 181 |
| 2008 | 9 803 | 4 198 | 3 125 | 1 858 855 | 717 027 | .. | 452 732 | 190 | 171 |
| 2009 | 9 721 | 4 254 | 3 277 | 1 785 255 | 646 920 | .. | 432 205 | 184 | 152 |
| 2010 | 9 683[6] | 3 408 | 2 890 | 1 820 370[6] | 584 779 | .. | 388 533 | 188 | 172 |
| 2011 | 10 676[6] | 4 264 | 3 951 | 1 845 231[6] | 659 773 | .. | 510 200 | 173 | 155 |
| 2012 | 10 209 | 3 775 | 2 339 | 1 932 846 | 683 218 | 154 202 | 339 360 | 189 | 181 |
| 2013 | 10 428 | 3 890 | 2 493 | 1 816 378 | 591 590 | 170 357 | 337 866 | 174 | 152 |
| 2014 | 10 326 | 3 766 | 1 968 | 1 779 633 | 534 014 | 139 789 | 276 540 | 172 | 142 |
| 2015[7] | 10 845 | 4 718 | 3 398 | 1 930 764 | 764 495 | 170 111 | 436 658 | 178 | 162 |
| 2016[7] | 10 997 | 4 539 | 3 253 | 1 896 561 | 692 519 | 176 840 | 427 963 | 172 | 153 |
| **2016** | | | | | | | | | |
| Akershus teater | 507 | 443 | 357 | 34 411 | 31 659 | 22 780 | 28 722 | 68 | 71 |
| Beaivvás, Sámi Násunalateáhter | 120 | 82 | 92 | 10 667 | 6 796 | 4 408 | 8 771 | 89 | 83 |
| Bergen Nasjonale Opera | 107 | 43 | 23 | 21 289 | 1 785 | 2 720 | 2 984 | 199 | 42 |
| BIT Teatergarasjen | 274 | - | - | 10 033 | - | 389 | - | 37 | - |
| Black Box Teater | 218 | 84 | - | 15 259 | 7 449 | 1 868 | - | 70 | 89 |
| Brageteatret | 504 | 468 | 351 | 45 651 | 44 403 | 40 493 | 32 106 | 91 | 95 |
| Carte Blanche Norges nasjonale kompani for samtidsdans | 76 | - | 27 | 9 774 | - | 310 | 4 606 | 129 | - |
| Dansens hus | 197 | 75 | 0 | 21 475 | 5 960 | 4 409 | - | 109 | 79 |
| Den Nationale Scene | 677 | 253 | 3 | 113 208 | 33 179 | 2 529 | 90 | 167 | 131 |
| Den Norske Opera & Ballett | 568 | 263 | 12 | 322 123 | 60 936 | 3 337 | 6 585 | 567 | 232 |
| Det Norske Teatret | 1 039 | 120 | 61 | 183 656 | 28 170 | 5 275 | 19 215 | 177 | 235 |
| Haugesund Teater | 150 | 94 | 8 | 12 135 | 6 923 | - | 591 | 81 | 74 |
| Hordaland Teater | 156 | 87 | 45 | 23 742 | 6 755 | 4 157 | 4 433 | 152 | 78 |
| Hålogaland Teater | 350 | 91 | 87 | 49 512 | 17 187 | 991 | 12 312 | 141 | 189 |
| Kilden teater- og konserthus[8] | 626 | 332 | 197 | 106 360 | 62 925 | 31 773 | 22 147 | 170 | 190 |
| Nationaltheatret | 935 | 303 | 1 | 231 552 | 132 679 | 2 820 | 392 | 248 | 438 |
| Nordland Teater | 328 | 159 | 137 | 31 457 | 15 727 | 2 065 | 15 114 | 96 | 99 |
| Nord-Trøndelag Teater | 148 | 60 | 139 | 11 054 | 5 943 | 5 273 | 10 464 | 75 | 99 |
| Oslo Nye Teater[3] | 700 | 202 | 141 | 196 301 | 51 850 | - | 41 415 | 280 | 257 |
| Riksteatret | 583 | 306 | 554 | 137 345 | 67 385 | 1 909 | 131 543 | 236 | 220 |
| Rogaland Teater | 547 | 137 | - | 80 173 | 26 748 | - | - | 147 | 195 |
| Scenekunst Østfold | 22 | 2 | 14 | 1 983 | 40 | - | 1 533 | 90 | 20 |
| Sogn og Fjordane Teater | 203 | 84 | 126 | 15 037 | 5 665 | 2 928 | 11 530 | 74 | 67 |
| Teaterhuset Avant Garden | 140 | 64 | 53 | 12 783 | 8 938 | 9 636 | 8 535 | 91 | 140 |
| Teater Ibsen | 251 | 57 | 181 | 16 214 | 3 528 | 1 577 | 10 624 | 65 | 62 |
| Teater Innlandet[4] | 422 | 278 | 380 | 34 994 | 23 045 | 7 801 | 30 091 | 83 | 83 |
| Teater Manu - norsk tegnspråkteater | 114 | 111 | 106 | 13 921 | 13 646 | 6 690 | 13 376 | 122 | 123 |
| Teatret Vårt | 452 | 282 | 132 | 31 949 | 18 834 | 5 423 | 8 785 | 71 | 67 |
| Trøndelag Teater | 541 | 19 | - | 99 080 | 1 106 | 5 279 | - | 183 | 58 |
| Åajelhsaemien Teatere[5] | 42 | 40 | 26 | 3 423 | 3 258 | - | 1 999 | 82 | 81 |

[1] Gjeld dei teatra som er medlemmer i NTO. [2] Medrekna turnéar i utlandet. [3] Tala er henta inn frå Oslo Nye Teater. [4] Endra namn frå Hedmark teater til Teater Innlandet i 2009. [5] Nytt teater frå 2011. [6] Tala er justerte. [7] Tala er ikkje korrigerte for gjestespel. [8] Kilden Teater og Konserthus rapporterer som ei- verksemd f.o.m. 2016. Tidlegare rapporterte institusjonen som tre verksemder: Kilden – Agder Teater, Kilden – Opera Sør og Kilden – Kristiansand Symfoniorkester (musikkinstitusjon).

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening, dei enkelte teatra samt Kulturdepartementet.

**Tabell 5.3. Frie teater- og dansegrupper**

| | Grupper i alt | Teater-grupper | Danse-grupper | Med-lemmer i alt | Nye produk-sjonar i alt | Framsyningar | | | Besøk | | | Besøk per framsyning |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | I alt | Av dette for barn | Av dette inter-nasjonalt | I alt | Av dette, besøk på DKS | Av dette besøk inter-nasjonalt | |
| 1993 | 31 | 28 | 3 | 111 | 78 | 2 153 | 2 177 | .. | 202 478 | - | .. | 94 |
| 1994 | 37 | 33 | 4 | 119 | 65 | 1 998 | 1 278 | .. | 208 141 | - | .. | 104 |
| 1995 | 35 | 31 | 4 | 101 | 42 | 1 686 | 1 270 | .. | 163 189 | - | .. | 97 |
| 1996 | 34 | 29 | 6 | 101 | 42 | 1 914 | 1 285 | .. | 203 664 | - | .. | 106 |
| 1997 | 34 | 23 | 11 | .. | .. | 1 777 | 869 | .. | 221 080 | - | .. | 124 |
| 1998 | 38 | 33 | 5 | 110 | 45 | 1 356 | 869 | .. | 177 259 | - | .. | 131 |
| 1999 | 51 | 42 | 9 | .. | 37 | 1 928 | 900 | .. | 227 186 | - | .. | 118 |
| 2000 | 56 | 46 | 10 | 109 | 35 | 1 591 | 861 | .. | 263 130 | - | .. | 165 |
| 2001 | 59 | 48 | 11 | 142 | 40 | 2 366 | 1 318 | .. | 279 550 | .. | .. | 118 |
| 2002 | 79 | 66 | 13 | 254 | 59 | 2 865 | 1 859 | .. | 379 960 | .. | .. | 133 |
| 2003[1] | 81 | 64 | 17 | 227 | 40 | 3 167 | 2 482 | .. | 348 658 | .. | .. | 110 |
| 2004[2] | 84 | 65 | 19 | 243 | 37 | 3 422 | 2 511 | .. | 376 575 | .. | .. | 110 |
| 2005[3] | 72 | 55 | 17 | 199 | 75 | 3 862 | 2 781 | .. | 496 070 | .. | .. | 128 |
| 2006[4] | 95 | 69 | 26 | 231 | 67 | 3 649 | 2 948 | .. | 415 597 | .. | .. | 113 |
| 2007[5] | 98 | 74 | 24 | 247 | 52 | 3 938 | 3 202 | .. | 481 990 | .. | .. | 122 |
| 2008[6] | 86 | 66 | 20 | 312 | 35 | 5 648 | 3 407 | .. | 635 729 | .. | .. | 113 |
| 2009 | 110 | 61 | 49 | .. | .. | 5 392 | 3 831 | .. | 561 762 | .. | .. | 104 |
| 2010[7] | 106 | 82 | 24 | .. | .. | 6 057 | 4 012 | .. | 878 002 | .. | .. | 145 |
| 2011[8] | 132 | 100 | 32 | .. | .. | 6 645 | 5 956 | .. | 700 731 | .. | .. | 105 |
| 2012[9] | 124 | 75 | 49 | .. | .. | 5 947 | 4 585 | 696 | 686 960 | 339 986 | 101 121 | 116 |
| 2013[10] | 109 | 67 | 42 | .. | .. | 4 899 | 3 503 | 638 | 525 779 | .. | 103 354 | 107 |
| 2014[11] | 117 | .. | .. | .. | .. | 6 335 | 5 291 | 455 | 721 728 | .. | 107 684 | 114 |
| 2015[12] | 152 | .. | .. | .. | .. | 5 862 | 5 062 | 747 | 552 286 | .. | 80 792 | 94 |
| 2016[13] | 180 | 137 | 43 | .. | .. | 6 869 | 4 536 | 249 | 844 175 | .. | 126 641 | 123 |

[1] Tala inkluderer rapport frå 65 av 65 medlemmer, dessutan rapport frå 18 ikkje-medlemmer. [2] Tala inkluderer rapport frå 70 av 70 medlemmer, dessutan rapport frå 11 ikkje-medlemmer gjennom talmateriale frå Norsk Scenekunstbruk. [3] Tala inkluderer rapport frå 51 av 77 medlemmer, dessutan rapport frå 21 ikkje-medlemmer gjennom Norsk Scenekunstbruk. [4] Tala inkluderer rapport frå 82 av 83 medlemmer, dessutan rapport frå 13 ikkje-medlemmer gjennom Norsk Scenekunstbruk. [5] Tala inkluderer rapport frå 81 av 83 medlemmer, dessutan rapport frå 17 ikkje-medlemmer gjennom Norsk Scenekunstbruk. [6] Tala inkluderer rapport frå 60 av 88 medlemmer, dessutan rapport frå 26 ikkje-medlemmer gjennom Norsk Scenekunstbruk. [7] Tala inkluderer rapport frå 56 av 97 medlemmer, dessutan rapport frå 49 ikkje-medlemmer gjennom Norsk Scenekunstbruk. [8] Tala inkluderer rapport frå 41 av 88 medlemmer, dessutan rapport frå 91 ikkje-medlemmer gjennom Norsk Scenekunstbruk. [9] Tala inkluderer rapport frå 51 av 92 medlemmer, dessutan rapport frå 73 ikkje-medlemmer gjennom Norsk Scenekunstbruk og UD si reisestøtteordning STIKK. [10] Tala inkluderer rapport frå 51 av 92 medlemmer, dessutan rapport frå ikkje-medlemmer gjennom Norsk Scenekunstbruk og UD si reisestøtteordning STIKK. [11] Tala inkluderer rapport frå 54 av 106 medlemmer, dessutan rapport frå 64 ikkje-medlemmer gjennom Norsk Scenekunstbruk og UD si reisestøtteordning STIKK. [12] Tala inkluderer rapport frå 40 av 106 medlemmer, dessutan rapport frå 112 ikkje-medlemmer gjennom Norsk Scenekunstbruk/Den kulturelle skolesekken og UD si reisestøtteordning STIKK. Av dei 152 registrerte scenekunsteiningane melder 38 om internasjonal aktivitet. I 2014 viser datamaterialet at det var 30 scenekunsteiningar med internasjonal aktivitet. [13]Tala inkluderer rapport frå 55 av 115 medlemmer, dessutan rapport frå 125 ikkje-medlemmer gjennom Scenekunstbruket/Den kulturelle skolesekken og og UD si reisestøtteordning STIKK.

Kjelde: Danse- og teatersentrum.

**Tabell 5.4. Norsk Scenekunstbruk. Produksjonar i deira speleplan. Framsyningar og tilskodarar**

| | Produksjonar | Framsyningar | Tilskodarar |
|---|---|---|---|
| 2000 | .. | 695 | 76 443 |
| 2001 | .. | 983 | 103 774 |
| 2002 | .. | 902 | 87 258 |
| 2003 | .. | 1 384 | 135 834 |
| 2004 | 53 | 1 946 | 190 519 |
| 2005 | 53 | 2 148 | 222 834 |
| 2006 | 57 | 2 350 | 228 383 |
| 2007 | 68 | 2 191 | 211 434 |
| 2008 | 65 | 2 649 | 243 159 |
| 2009 | 56 | 2 556 | 239 214 |
| 2010 | 64 | 2 911 | 269 518 |
| 2011 | 62 | 2 636 | 263 898 |
| 2012 | 68 | 2 887 | 272 202 |
| 2013 | 56 | 2 462 | 251 623 |
| 2014 | 64 | 2 444 | 243 169 |
| 2015 | 62 | 2 500 | 245 339 |
| 2016 | 123 | 2 471 | 221 906 |
| | | | |
| **2016** | | | |
| Østfold | 10 | 241 | 15 477 |
| Akershus | 7 | 130 | 11 451 |
| Oslo | 0 | 0 | 0 |
| Hedmark | 9 | 257 | 20 485 |
| Oppland | 7 | 153 | 7 242 |
| Buskerud | 3 | 121 | 11 565 |
| Vestfold | 14 | 269 | 28 191 |
| Telemark | 15 | 308 | 28 650 |
| Aust-Agder | 4 | 36 | 2 810 |
| Vest-Agder | 1 | 1 | 27 |
| Rogaland | 3 | 44 | 3 073 |
| Hordaland | 4 | 69 | 8 333 |
| Sogn og Fjordane | 3 | 79 | 6 061 |
| Møre og Romsdal | 14 | 376 | 38 485 |
| Sør-Trøndelag | 3 | 30 | 2 431 |
| Nord-Trøndelag | 10 | 108 | 13 383 |
| Nordland | 7 | 131 | 13 938 |
| Troms Romsa | 5 | 69 | 7 228 |
| Finnmark Finnmárku | 4 | 49 | 3 076 |

Kjelde: Norsk Scenekunstbruk.

**Tabell 5.5. Økonomiske nøkkeltal for tilskotsteater. 1 000 kroner**

| | Tilskot frå staten | Regionale driftstilskot | Andre inntekter | Driftskostnader | Årsverk |
|---|---|---|---|---|---|
| 2003 | 676 677 | 79 247 | 190 493 | 928 878 | 1 492 |
| 2004 | 713 929 | 83 109 | 210 210 | 997 988 | 1 536 |
| 2005 | 741 239 | 86 885 | 220 121 | 1 041 651 | 1 594 |
| 2006 | 787 079 | 94 119 | 274 664 | 1 144 229 | 1 636 |
| 2007 | 851 288 | 103 411 | 247 350 | 1 198 479 | 1 671 |
| 2008 | 946 586 | 131 709 | 373 110 | 1 473 136 | 1 791 |
| 2009 | 1 026 506 | 142 884 | 350 556 | 1 467 137 | 1 810 |
| 2010 | 1 139 253 | 153 463 | 379 659 | 1 619 602 | 1 849 |
| 2011 | 1 221 786 | 163 542 | 359 039 | 1 718 851 | 1 848 |
| 2012 | 1 280 222 | 173 141 | 420 610 | 1 895 309 | 1 911 |
| 2013[1] | 1 432 444 | 202 199 | 416 460 | 2 053 391 | 2 046 |
| 2014 | 1 500 752 | 216 232 | 466 717 | 2 197 966 | 2 043 |
| 2015 | 1 542 974 | 223 492 | 487 770 | 2 317 577 | 2 032 |
| 2016 | 1 618 098 | 323 464 | 638 321 | 2 898 087 | 2 543 |
| | | | | | |
| **2016** | | | | | |
| Dansens Hus | 43 103 | - | 5 959 | 47 178 | 24 |
| Den Nationale Scene | 117 451 | - | 32 774 | 110 560 | 117 |
| Den Norske Opera og Ballett | 600 806 | - | 173 440 | 816 632 | 127 |
| Det Norske Teatret | 166 871 | - | 54 123 | 194 295 | 148 |
| Nationaltheatret | 191 539 | - | 24 029 | 107 887 | 599 |
| Brageteatret | 14 283 | 8 419 | 3 407 | 26 102 | 33 |
| Carte Blanche A/S | 26 039 | 11 159 | 670 | 37 453 | 50 |
| Haugesund Teater | 12 147 | 5 277 | 1 763 | 18 436 | 120 |
| Hordaland Teater | 14 221 | 6 083 | 5 202 | 24 281 | 24 |
| Hålogaland Teater | 48 736 | 20 886 | 10 864 | 79 179 | 30 |
| Kilden Teater- og Konserthus for Sørlandet[2] | 114 365 | 49 010 | 68 567 | 228 024 | 21 |
| Nordland Teater | 26 548 | 11 377 | 7 712 | 43 872 | 18 |
| Nord-Trøndelag Teater | 14 528 | 6 233 | 1 802 | 22 112 | 254 |
| Rogaland Teater | 60 904 | 26 198 | 26 457 | 108 553 | 10 |
| Sogn og Fjordane Teater | 18 675 | 7 999 | 1 451 | 28 161 | 34 |
| Teater Ibsen | 25 800 | 11 115 | 4 934 | 41 379 | 26 |
| Teater Innlandet | 23 693 | 10 154 | 9 254 | 43 085 | 27 |
| Teatret Vårt | 28 726 | 14 416 | 11 441 | 54 092 | 33 |
| Trøndelag Teater | 69 663 | 29 856 | 47 573 | 124 051 | 150 |

[1] Frå 2013 er ikkje Beaivvás Sámi Teéather inkludert i desse tala, da dei får fast årleg driftstilskot frå Sametinget og Kautokeino kommune. [2] Kilden Teater- og Konserthus for Sørlandet er Agder Teater, Opera Sør og Kristiansand Symfoniorkester. Rekneskapstal for Kilden Teater- og Konserthus er samla for orkester, teater, opera og kulturhusdrifta.

Kjelde: Prop. 1 S, Kulturdepartementet.

**Tabell 5.6. Personar som har vore på ballett- eller danseframsyning, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månadene, etter menn og kvinner, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. Prosent og gjennomsnitt**

| | Prosent | | | | | | Besøk i gjennomsnitt | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1997 | 2000 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 | 1997 | 2000 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 |
| **Alle personar** | **8** | **11** | **12** | **13** | **14** | **14** | **0,2** | **0,2** | **0,3** | **0,3** | **0,2** | **0,3** |
| Menn | 6 | 9 | 9 | 10 | 10 | 10 | 0,1 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,2 |
| Kvinner | 11 | 14 | 15 | 17 | 19 | 18 | 0,2 | 0,3 | 0,3 | 0,3 | 0,3 | 0,4 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 14 | 16 | 21 | 22 | 32 | 25 | 0,3 | 0,5 | 0,4 | 0,4 | 0,6 | 0,5 |
| 16-24 år | 11 | 16 | 13 | 14 | 15 | 17 | 0,3 | 0,5 | 0,6 | 0,4 | 0,3 | 0,3 |
| 25-44 år | 8 | 11 | 10 | 14 | 15 | 14 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,3 | 0,2 | 0,3 |
| 45-66 år | 7 | 10 | 11 | 8 | 10 | 12 | 0,1 | 0,2 | 0,2 | 0,1 | 0,1 | 0,2 |
| 67-79 år | 2 | 3 | 9 | 12 | 9 | 9 | 0,0 | 0,0 | 0,1 | 0,3 | 0,1 | 0,2 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | |
| Ungdomsskole | 6 | 11 | 6 | 7 | 11 | 12 | 0,1 | 0,2 | 0,1 | 0,2 | 0,2 | 0,2 |
| Vidaregåande skole | 5 | 8 | 9 | 10 | 9 | 8 | 0,1 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,1 |
| Universitet/høgskole, kort | 8 | 7 | 16 | 15 | 13 | 17 | 0,2 | 0,1 | 0,4 | 0,2 | 0,2 | 0,4 |
| Universitet/høgskole, lang | 14 | 17 | 17 | 19 | 21 | 22 | 0,2 | 0,3 | 0,3 | 0,5 | 0,3 | 0,5 |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | | | | | | | |
| 1. kvartil | 6 | 9 | 8 | 10 | 10 | 12 | 0,1 | 0,3 | 0,3 | 0,2 | 0,2 | 0,3 |
| 2. kvartil | 6 | 7 | 12 | 13 | 11 | 11 | 0,1 | 0,1 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,2 |
| 3. kvartil | 8 | 15 | 11 | 15 | 16 | 16 | 0,2 | 0,3 | 0,2 | 0,3 | 0,3 | 0,3 |
| 4. kvartil | 13 | 15 | 17 | 19 | 20 | 17 | 0,2 | 0,3 | 0,3 | 0,4 | 0,3 | 0,4 |
| **Landsdel** | | | | | | | | | | | | |
| Oslo/Akershus | 12 | 15 | 16 | 17 | 20 | 20 | 0,3 | 0,3 | 0,3 | 0,4 | 0,3 | 0,5 |
| Austlandet elles | 6 | 10 | 10 | 13 | 12 | 13 | 0,1 | 0,2 | 0,3 | 0,2 | 0,2 | 0,2 |
| Agder og Rogaland | 5 | 10 | 8 | 13 | 13 | 13 | 0,1 | 0,4 | 0,1 | 0,3 | 0,3 | 0,3 |
| Vestlandet | 8 | 12 | 12 | 10 | 15 | 9 | 0,2 | 0,3 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,2 |
| Trøndelag | 11 | 10 | 10 | 13 | 9 | 14 | 0,2 | 0,1 | 0,2 | 0,3 | 0,2 | 0,2 |
| Nord-Noreg | 6 | 11 | 16 | 12 | 13 | 11 | 0,1 | 0,2 | 0,3 | 0,2 | 0,2 | 0,2 |

Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk Sentralbyrå.

**Tabell 5.7. Personar som har vore på opera- eller operetteframsyningar, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månadene, etter menn og kvinner, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. Prosent og gjennomsnitt**

| | Prosent | | | | | | Besøk i gjennomsnitt | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1997 | 2000 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 | 1997 | 2000 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 |
| **Alle personar** | **6** | **6** | **5** | **7** | **8** | **8** | **0,1** | **0,1** | **0,1** | **0,1** | **0,1** | **0,2** |
| Menn | 4 | 6 | 4 | 5 | 7 | 7 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 |
| Kvinner | 7 | 6 | 7 | 8 | 9 | 9 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,2 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 3 | 3 | 3 | 5 | 7 | 7 | 0,1 | 0,0 | 0,0 | 0,1 | 0,1 | 0,1 |
| 16-24 år | 7 | 5 | 3 | 4 | 5 | 5 | 0,1 | 0,1 | 0,0 | 0,1 | 0,1 | 0,1 |
| 25-44 år | 4 | 5 | 3 | 5 | 6 | 5 | 0,1 | 0,1 | 0,0 | 0,1 | 0,1 | 0,1 |
| 45-66 år | 8 | 9 | 9 | 7 | 8 | 10 | 0,1 | 0,2 | 0,2 | 0,1 | 0,1 | 0,2 |
| 67-79 år | 4 | 6 | 9 | 12 | 14 | 16 | 0,1 | 0,1 | 0,2 | 0,3 | 0,2 | 0,2 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | |
| Ungdomsskole | 3 | 2 | 3 | 2 | 6 | 4 | 0,0 | 0,1 | 0,0 | 0,1 | 0,1 | 0,1 |
| Vidaregåande skole | 4 | 4 | 5 | 5 | 4 | 7 | 0,1 | 0,0 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 |
| Universitet/høgskole, kort | 11 | 9 | 8 | 8 | 11 | 9 | 0,3 | 0,2 | 0,2 | 0,1 | 0,1 | 0,2 |
| Universitet/høgskole, lang | 12 | 14 | 11 | 17 | 18 | 20 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,3 | 0,3 | 0,4 |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | | | | | | | |
| 1. kvartil | 4 | 4 | 4 | 5 | 6 | 7 | 0,0 | 0,0 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,2 |
| 2. kvartil | 3 | 7 | 6 | 7 | 7 | 8 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 |
| 3. kvartil | 4 | 5 | 7 | 7 | 7 | 9 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,2 |
| 4. kvartil | 10 | 8 | 6 | 10 | 11 | 11 | 0,2 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,2 | 0,2 |
| **Landsdel** | | | | | | | | | | | | |
| Oslo/Akershus | 11 | 13 | 11 | 11 | 12 | 16 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,4 |
| Austlandet elles | 3 | 5 | 4 | 7 | 7 | 7 | 0,0 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 |
| Agder og Rogaland | 2 | 3 | 4 | 2 | 5 | 4 | 0,0 | 0,0 | 0,1 | 0,0 | 0,1 | 0,1 |
| Vestlandet | 6 | 4 | 4 | 4 | 5 | 7 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 |
| Trøndelag | 7 | 6 | 2 | 8 | 7 | 3 | 0,1 | 0,1 | 0,0 | 0,1 | 0,1 | 0,0 |
| Nord-Noreg | 2 | 5 | 5 | 5 | 9 | 5 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 |

Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk Sentralbyrå

**Tabell 5.8 Personar som har vore på teater, musikal eller revy, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månadene, etter menn og kvinner, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. Prosent og gjennomsnitt**

| | Prosent | | | | | | Besøk i gjennomsnitt | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1997 | 2000 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 | 1997 | 2000 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 |
| **Alle personar** | **44** | **50** | **49** | **53** | **45** | **50** | **1,1** | **1,2** | **1,3** | **1,4** | **1,1** | **1,3** |
| Menn | 41 | 44 | 42 | 49 | 43 | 43 | 1,0 | 1,0 | 1,1 | 1,2 | 1,0 | 1,0 |
| Kvinner | 48 | 57 | 56 | 57 | 48 | 57 | 1,2 | 1,3 | 1,5 | 1,6 | 1,2 | 1,6 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 47 | 47 | 47 | 54 | 60 | 58 | 0,9 | 0,9 | 1,2 | 1,2 | 1,7 | 1,1 |
| 16-24 år | 50 | 51 | 48 | 54 | 41 | 50 | 1,2 | 1,2 | 1,6 | 1,4 | 1,0 | 1,0 |
| 25-44 år | 46 | 54 | 52 | 55 | 41 | 48 | 1,2 | 1,3 | 1,1 | 1,6 | 1,1 | 1,3 |
| 45-66 år | 46 | 53 | 53 | 55 | 49 | 51 | 1,2 | 1,3 | 1,6 | 1,4 | 1,1 | 1,4 |
| 67-79 år | 23 | 33 | 34 | 41 | 39 | 44 | 0,4 | 0,6 | 0,9 | 1,0 | 0,8 | 1,1 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | |
| Ungdomsskole | 26 | 39 | 33 | 42 | 37 | 38 | 0,5 | 0,8 | 0,8 | 0,8 | 1,1 | 0,8 |
| Vidaregåande skole | 43 | 47 | 45 | 51 | 38 | 47 | 0,9 | 1,0 | 1,0 | 1,3 | 0,8 | 1,1 |
| Universitet/høgskole, kort | 53 | 56 | 64 | 60 | 49 | 55 | 2,0 | 1,4 | 2,2 | 1,6 | 1,1 | 1,8 |
| Universitet/høgskole, lang | 65 | 67 | 65 | 67 | 59 | 62 | 1,9 | 1,9 | 1,8 | 2,2 | 1,6 | 1,6 |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | | | | | | | |
| 1. kvartil | 37 | 41 | 37 | 44 | 39 | 42 | .. | 0,9 | 1,0 | 1,0 | 0,8 | 1,1 |
| 2. kvartil | 36 | 46 | 47 | 51 | 43 | 51 | .. | 1,0 | 1,0 | 1,3 | 1,1 | 1,2 |
| 3. kvartil | 43 | 59 | 54 | 59 | 47 | 56 | .. | 1,3 | 1,4 | 1,6 | 1,1 | 1,5 |
| 4. kvartil | 59 | 65 | 58 | 68 | 59 | 61 | .. | 1,6 | 1,7 | 2,0 | 1,5 | 1,6 |
| **Landsdel** | | | | | | | | | | | | |
| Oslo/Akershus | 53 | 57 | 56 | 56 | 50 | 53 | 1,5 | 1,6 | 1,7 | 1,6 | 1,1 | 1,5 |
| Austlandet elles | 42 | 48 | 44 | 53 | 42 | 46 | 0,9 | 1,0 | 1,1 | 1,3 | 0,9 | 1,1 |
| Agder og Rogaland | 38 | 49 | 43 | 55 | 50 | 50 | 0,8 | 1,0 | 1,2 | 1,3 | 1,5 | 1,3 |
| Vestlandet | 44 | 50 | 54 | 49 | 42 | 48 | 1,0 | 1,2 | 1,2 | 1,3 | 0,8 | 1,0 |
| Trøndelag | 44 | 50 | 50 | 55 | 47 | 59 | 1,5 | 1,2 | 1,1 | 1,7 | 1,6 | 1,5 |
| Nord-Noreg | 40 | 46 | 43 | 51 | 41 | 44 | 0,8 | 1,0 | 1,5 | 1,1 | 1,0 | 1,2 |

Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk Sentralbyrå

# 6. Musikk

## 6.1. Nokre resultat

*Fleire på konsert*

Talet på konsertar i regi av medlemmer i Norsk teater- og orkesterforening (NTO) gjekk ned frå 2014 til 2015, men talet tok seg opp att frå 2015 til 2016. Musikkinstitusjonane som er medlemmer av NTO, gav 1 390 konsertar for nesten 586 600 tilhøyrarar i 2016, kor begge tala er eksklusive dobbeltrapporteringar (SceneStatistikk.no). Talet på haldne konsertar og tilhøyrarar i 2016 var høvesvis 166 og 36 000 høgare i høve til året før. I gjennomsnitt var det 422 tilhøyrarar per konsert, 28 færre tilhøyrarar i høve til 2015, sjå tabell 6.1.

Talet på konsertar retta mot barn og unge gjekk opp med 93 til 315 konsertar siste året. Auken i talet på konsertar førte til at tilhøyrartalet på desse konsertane hadde ein kraftig oppgang på 34 prosent, eller 26 040 fleire tilhøyrarar. Det var om lag 102 500 tilhøyrarar på konsertar retta mot barn og unge i 2016 mot 76 500 tilhøyrarar i 2015.

På konsertane som NTOs medlemmer hadde i samarbeid med Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Norge (heretter kalla DKS) var det til saman 30 300 publikummarar, dei fleste av desse i grunnskolen. Publikum på desse DKS-konsertane utgjorde 5 prosent av alle tilhøyrarane på konsertane som NTO-institusjonane gav.

*Nedgang i talet på turnékonsertar*

Som vist over har det totale talet på haldne konsertar gått opp det siste året. Derimot viser tala at det vart halde 111 færre turnékonsertar i 2016 i høve til 2015, 234 mot 345 konsertar. Trass i stor nedgang i talet på konsertar, gjekk talet på tilhøyrarar på desse konsertane ned med berre 8 000 tilhøyrarar, frå 117 500 i 2015 til 109 500 i 2016.

I perioden frå og med 2012 til og med 2015 vart det halde i gjennomsnitt 1 222 konsertar med 513 800 tilhøyrarar. 2016-tala ligg over gjennomsnittet for dei fire føregåande åra med 14 prosent fleire konsertar og like stor del fleire tilhøyrarar. Figur 6.1 viser detaljar for dei einskilde orkestera, gjennomsnitt for åra 2012-2015 samanlikna med 2016-tala.

**Figur 6.1. Orkester. Tilhøyrarar per konsert.**




Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

*Edvard Grieg Kor hadde flest tilhøyrarar per konsert*

Figur 6.1 viser at Edvard Grieg Kor hadde flest (882) tilhøyrarar per konsert i 2016. Dernest hadde Oslo Filharmonien i gjennomsnitt 747 tilhøyrarar per konsert i 2016, det vil seie 63 færre tilhøyrarar per konsert samanlikna med gjennomsnittet i de fire føregåande åra. I 2015 hadde Oslo Filharmonien høgst gjennomsnitt med 1 189 tilhøyrarar per konsert.

Dei fleste institusjonane som var aktive både i perioden 2012-2015 og 2016 hadde ein nedgang i gjennomsnittleg tilhøyrarar per konsert i det siste året. Nordnorsk Opera og Symfoniorkester, Det Norske Blåseensemble og Riksscenen opplevde jamvel ein oppgang med høvesvis 121, 50 og 14 fleire tilhøyrarar per konsert i 2016.

Vi gjer merksam på at både institusjonane og aktiviteten og formata deira er særs ulike. Ei direkte samanlikning mellom institusjonar kan difor gjeve eit noko skeivt bilete.

*Oslo Filharmonien samla flest til konsertar retta mot barn og unge*

Dei 13 NTO-medlemmene hadde i 2016 gjennomsnittleg 7 888 tilhøyrarar på konsertane sine retta mot barn og unge. Oslo Filharmonien hadde 28 400 tilhøyrarar på sine 23 konsertar, medan på andre sida av skalaen hadde Barokkanerne 80 tilhøyrarar på sin eine konsert mot barn og unge i 2016.

I gjennomsnitt var det 19 færre tilhøyrarar på konsertane retta mot barn og unge i 2016 enn i 2015, 326 mot 345. Det var flest tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert retta mot barn og unge som Oslo Filharmonien hadde, med gjennomsnittleg tilhøyrartal på 1 233. Tabell 6.1 viser elles at talet på konsertar retta mot barn og unge har variert mykje sidan 2003. Det har òg talet på tilhøyrarar.

Konsertane formidla gjennom DKS har derimot hatt ein eintydig nedgang sidan 2011, men trenden ser ut å ha snudd i 2016. I 2016 var talet tilhøyrarar på konsertar i regi av DKS for første gong sidan 2011 høgare i høve til året før.

*Kulturtanken – 1 160 fleire konsertar*

Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Norge (tidlegare Rikskonsertane) arrangerte 1 163 fleire konsertar i 2016 enn i 2015, ein oppgang på 12 prosent. Til saman var det 1,27 millionar tilhøyrarar på desse konsertane, det vil seie 119 tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert som i 2014. Til samanlikning var det i gjennomsnitt 12 fleire tilhøyrarar per konsert i 2015, på grunn av lågare tal på konsertar i høve til 2014 og 2016.

Skolekonsertane utgjorde 91 prosent, eller over 9 700 av alle konsertane i regi av Kulturtanken i 2016. Det vart halde 1 328 fleire skolekonsertar og det var 20 300 fleire tilhøyrarar på desse konsertane i 2016 i høve til året før.

Talet på barnehagekonsertane gjekk ned frå 1 085 til 920, og talet på tilhøyrarar på desse konsertane gjekk ned frå 30 600 til 29 600 frå 2015 til 2016. Samanlikna med 2014, var nedgangen på tilhøyrarar enda større då det var 32 700 tilhøyrarar på barnehagekonsertar i det året.

I 2016 vart det halde 17 konsertar med 29 700 tilhøyrarar i regi av Barnas verdsdagar. Talet på konsertar var det sama som året før, men i 2016 var det over 3 500 fleire tilhøyrarar på desse konsertane, ein auke på 14 prosent.

I Hordaland var det flest tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert med 359 i regi av Kulturtanken. Dernest var det flest tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert i Rogaland og Akershus med høvesvis 236 og 187. Færrast tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert var det i Sogn og Fjordane med 57.

Tabellane 6.2 og 6.4 gjev fleire tal for verksemda til Kulturtanken i 2016. Nærare detaljar om musikkproduksjonar, arrangement og deltaking i Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Norge finn ein i kapittel 4, tabellane 4.10- 4.14.

*Stabilt tal på musikkorps*

Det var til saman 1 628 korps med i alt 59 084 medlemmer i skolekorps og amatørkorps i 2016. Nær 52 000 eller 88 prosent av medlemmene var utøvande medlemmer, mens 22 prosent var andre medlemmer. Andre medlemmer er i hovudsak støttemedlemmer og føresette til utøvande barn og unge. Tabell 6.4 gjev fleire detaljar om musikkorpsa.

Det var 37 medlemmer i alt og 32 utøvande medlemmer per skolekorps i 2016. Figur 6.2 gjev ei grafisk framstilling av utøvande og andre medlemmer av skolekorps og amatørkorps. Den mest utslagsgjevande endringa er reduksjonen i talet på utøvande medlemmer av skolekorps.

**Figur 6.2. Medlemmer i Norges Musikkorps Forbund.**




Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

Talet på medlemmer per skolekorps i 2016 var på same nivå som i 2014. Tal for desse to åra er dei lågaste tala i heile perioden 1999-2016. Høgast medlemstal per korps var det i 2002 og 2003 med 45 medlemmer per skolekorps. Når det gjeld amatørkorps, var det 34 medlemmer i alt og 32 utøvande medlemmer per korps i 2016. Desse tala ligg nær gjennomsnittet for heile perioden 1999-2016.

Ifølgje tal frå Norges Musikkorps Forbund, var det 1 044 skolekorps i Noreg i perioden 2013-2015. I 2016 var det berre to færre, nemleg 1 042. Talet på amatør-korps heldt seg uendra på 586 korps frå 2015 til 2016.

Etter fleire år med dalande medlemstal i skolekorpsa, viste tala frå 2015 ein svak auke med drygt 600 medlemmer i 2015. I 2016 gjekk talet ned med like mange medlemmer, og medlemstalet var attende til det same nivået som i 2014. Nedgangen var noko større mellom dei utøvande enn mellom andre medlemmer. Talet på medlemmer i amatørkorps derimot auka med 200 medlemmer frå 2015 til 2016. Oppgangen på medlemstalet i amatørkorps kjem framfor alt av ein auke i talet på utøvande medlemmer.

*2 500 kor og 73 000 songarar*

Ni kororganisasjonar i Koralliansen rapporterte nær 2 500 kor med 73 000 songarar i 2016. Figur 6.3 viser at Norges Korforbund framleis er den største organisasjonen i alliansen. Forbundet hadde 1 003 kor, eller 41 prosent av alle korar, i 2016.

**Figur 6.3. Talet på kor i Koralliansen, fordelt på organisasjonane.**




Kjelde: Norges Korforbund/Koralliansen.

Norges Korforbund hadde òg flest songarar i året som gjekk. 29 900 songarar var organiserte i denne organisasjonen. Dette var 800 fleire songarar, tilsvarande ein auke på nær 3 prosent, i 2016 samanlikna med året før.

Norsk sangerforum organiserte 10 669 songarar i 374 kor, medan Ung i kor hadde 10 088 songarar i 249 kor. Songarane i desse to organisasjonane til saman utgjorde 29 prosent av alle korsongarane i 2016.

I gjennomsnitt var det 29 songarar per kor. Søndagsskolen i Norge hadde høgast gjennomsnitt med 37 songarar, mens Norsk sangerforbund hadde lågast gjennomsnitt med 22 songarar per kor.

Flest korsongarar finn ein i Oslo, tett følgt av Hordaland, høvesvis 9 847 og 9 051 songarar. Tabell 6.6 viser fordelinga på type kor, men i denne tabellen er ikkje alle kororganisasjonane representerte.

I tillegg til tala for kora presenterte i tabellane 6.5 og 6.6 gjer vi merksam på at det òg finst ein del uorganiserte kor mellom anna i form av skolekor, verksemdskor og liknande. Desse kora har vi ikkje oversikt over.

*Nedgangen i talet på elevar i kommunale musikk- og kulturskolar hald fram*

I 2011 var det i alt 110 300 elevar på kommunale kulturskolar. Sidan har talet på elevar på kommunale kulturskolar gått ned frå år til år. I 2016 var talet nede på 100 100 elevar, det vil seie 10 200 færre elevar samanlikna med fem år tilbake.

Utviklinga i elevtala på kommunale kulturskolar dei tre siste åra viser ein nedgang i 16 av landets 19 fylke. Oslo hadde den største nedgangen med over 720 færre elevar i 2016 samanlikna med 2015. Dei tre fylka som opplevde ein oppgang i 2016 var: Akershus som hadde 600, Buskerud 180 og Rogaland 30 fleire elevar i 2016 i høve til året før. Det vil seie, trass i høgare elevtal i Buskerud og Rogaland i 2016 i høve til 2015, var det ein nedgang i elevtalet i 2016 sett i høve til 2014-tala. Figur 6.4 og tabell 6.7 viser fleire detaljar.

**Figur 6.4. Elevar i kommunale kulturskolar, etter fylke**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

5 prosent av alle elevane på kommunale kulturskolar i 2016 var under grunnskolealder, medan 85 prosent var i grunnskolealder. Resterande 10 prosent var over grunnskolealder. Det var fleire jenter i høve til gutar i alle desse tre aldersgruppene. Blant elevane i grunnskolealder var det dobbelt så mange jenter i høve til gutar, 56 700 jenter mot 28 700 gutar. Elevane i alderen 6-15 år som gjekk på kommunale kulturskolar utgjorde 13,7 prosent av alle 6-15-åringane i kommunane i 2016.

Delen elevar på kommunale kulturskolar i alderen 6-15 år av totalt tal barn og unge i same aldersgruppe i kvart fylke varierte i 2016 òg. Som tidlegare år, hadde Nord-Trøndelag den største delen med 21,6 prosent og Østfold hadde den minste delen med 6,6 prosent. Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane hadde òg ein høg del elevar i grunnskolealder som gjekk på kommunale kulturskolar, høvesvis 21,1 og 20,4 prosent.

*Flest deltek i musikkundervisning*

Tala i tabell 6.8 for skoleåret 2016/17 viser ein oppgang på 1 700 elevplassar i høve til førre år. I alt var det nær 124 000 elevplassar på kommunale kulturskolar i skoleåret 2016/2017. Vi gjer merksam på at ein elev i kulturskolen kan ha fleire plassar.

Som førre året var det flest deltakarar i musikkundervisning. I skoleåret 2016/17 vart det òg gjennomført musikkundervisning i to av tre elevplassar i kulturskolane. I alle fylka er det flest som får musikkundervisning. Tre av fire elevar på kommunale kulturskolar i Aust-Agder, Sogn og Fjordane og Nordland deltek i musikkundervisning.

Etter musikkundervisning var det flest deltakarar i dans. Desse elevane utgjorde 16 prosent av alle elevane i musikk- og kulturskole. Troms (29 prosent), Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal (27 prosent) hadde høgast del deltakarar i dans i

høve til dei andre fylka. I Vestfold deltek berre 2 prosent av elevane i danse-undervisning i skoleåret 2016/17 slik som det òg var tilfelle i skoleåret 2015/16. Vestfold låg dermed lågt i delen som får slik undervisning jamført med dei andre fylka.

*62 prosent på konsert i 2016*

I SSBs kulturbruksundersøkingar i 2016 vert det stilt spørsmål om besøk på konsertar. Tala viser at i 2008 og 2012 var det høvesvis 62 og 61 prosent som hadde vore på konsert. Delen som var på konsert i 2016 var like stor som i 2008, nemleg 62 prosent. Figur 6.5 viser delen som har vore på konsert dei siste 12 månadene etter utdanning sidan 1991. I desse åra finn vi at det var større forskjellar, 34 prosentpoeng, mellom dei med låg og høg utdanning i favør av dei med høg utdanning i byrjinga av 1990-talet.

**Figur 6.5. Besøk på konsert siste 12 månadar, etter utdanning**




[1] Frå og med 2008 vert det stilt spørsmål om konsertar under eitt, ikkje todelt slik som tidlegare.
Kjelde: Kulturbruksundersøkingane, Statistisk sentralbyrå.

I 2016 er det framleis ein større del med høg utdanning som gjekk på konsert, men skilnaden mellom dei og dei med låg utdanning er redusert til 22 prosentpoeng. Dei med låg utdanning går oftare på konsertar i 2016 samanlikna med tidleg på 1990-talet. Sjå tabellane 6.14 og 6.15.

## 6.2. Økonomi

*2,2 prosent auke i statlege utgifter*

Tabell 6.10 viser dei statlege utgiftene til musikkføremål. I 2016 utgjorde dei statlege utgiftene til musikkføremål til saman nær 1,2 milliardar kroner. Dette utgjer ein auke på 20,5 millionar kroner, eller 1,7 prosent frå 2015. Samanlikna med 2014 var auken på heile 132 millionar kroner, eller 12,5 prosent, framfor alt på grunn av ein auke i statlege utgifter til nasjonale institusjonar frå 2014 til 2015. Statlege tilskot til ulike musikkføremål vert òg løyva over andre budsjettkapittel i høve til KUD. Tabell 6.11 gjev ei meir detaljert oversikt over dei statlege utgiftene til dei ulike orkestera og institusjonane. Dei statlege midlane går mellom anna til Norsk Kulturfond, sjå òg kapittel 4, nasjonale og regionale institusjonar.

Knutepunktordningar vart avvikla i 2015, og 12 festivalar og festspel vart overførte til Norsk Kulturfond.

*Statstilskotet - ein lågare del av inntektene til orkestera*

Tabell 6.12 viser inntekter og utgifter for dei orkestera og musikkinstitusjonane som mottek statlege pengar, og korleis inntektene er samansette. Tabellen viser at

statstilskotet auka frå 520 til 534 millionar, regionale tilskot frå 103 til 107, medan andre inntekter gjekk ned frå 100 til 82 millionar kroner frå 2015 til 2016.

I 2016 utgjer statstilskotet 4 prosentpoeng lågare del av inntektene til orkestera, 68 prosent i 2016 mot 72 prosent i 2015. Dermed auka regionale tilskot med 3 og andre inntekter med 1 prosentpoeng, dei vil seie at regionale tilskot utgjer 17 og andre inntekter 15 prosent av alle inntektene til orkestera i 2016.

Ser vi på dei enkelte institusjonane, viser det seg at medan statleg tilskot utgjer 85 prosent av inntektene til Oslo Filharmonien og Musikkselskapet Harmonien, utgjer denne typen tilskot rundt 65 prosent av inntektene til dei andre institusjonane.

*Stabile tal på festivaltilskota*

Tabell 6.13 gjev ei oversikt over tilskota til festivalar gjennom Norsk kulturråd/ Norsk kulturfond dei siste åra. I 2016 fekk 93 festivalar tilskot på til saman 47,5 millionar kroner, sjå òg tabell 4.5 i kapittel 4. I 2015 var tilskota på til saman 46,5 millionar kroner fordelt på 98 festivalar. Kategorien klassisk musikk/kammer- /samtidsmusikk fekk med sine 19 festivalar høgast tilskot på 15,5 millionar kroner i 2016. Fordi kategoriane i 2016 er definert annleis åra før, er samanlikningar ikkje mogeleg. Sjå kapittel 6.3 Om statistikken.

*Kommunale utgiftene til kulturskolar*

Kommunane sine netto driftsutgifter til dei kommunale kulturskolane var på totalt over 1,4 milliardar kroner i 2016, sjå tabell 1.3.2 i kapittel 1.3. Det er 13 prosent av kommunane sine utgifter til kultur. Oslo brukte minst, 4 prosent, medan Møre og Romsdal brukte mest, 23 prosent, av kulturpengane til kulturskolane i 2016.

## 6.3. Om statistikken – ulike organisasjonar i musikklivet

*Norsk teater- og orkesterforening (NTO)*

NTO er ein arbeidsgjevar- og interesseorganisasjon for profesjonell musikk- og scenekunst. NTO hadde 46 medlemmer innanfor teater, dans, opera, kor og musikkensemble i 2016.

I 2016 var det 14 medlemmer innanfor musikk. Medlemmene representerte nasjonale institusjonar, regions-/landsdelsinstitusjonar og produserande musikk-ensemble. Som arbeidsgjevarorganisasjon samarbeider NTO med Spekter når det gjeld å slutte avtaler med og/eller hjelpe medlemmene sine i forhandlingar med ei rekkje arbeidstakarorganisasjonar.

Med unntak av det siste året, har det sidan 2009 vore stabilt tal på musikk-institusjonar i statistikken. Men tala frå tidlegare år kan ikkje heilt samanliknast frå år til år da medlemstalet i NTO har auka over tid, og nokre institusjonar ikkje alltid har rapportert fullstendig. Til samanlikning med byrjinga på tidsserien i tabell 6.1, i 2003, har det kome til fleire institusjonar. I 2016 kom det til tre nye organisasjonar.

*Kulturtanken DKS/ Rikskonsertane*

Rikskonsertane skifta namn i 2016 og heiter no Kulturtanken - Den kulturelle skolesekken Norge (Kulturtanken DKS). I 2015 fekk Rikskonsertane nytt og utvida mandat og nye oppgåver som nasjonal eining for alle kunstuttrykka i Den kulturelle skolesekken. Skolekonsertane vert produserte i samarbeid med alle fylka i landet, og er ein del av DKS. Ved sidan av skolekonsertar arbeider Kulturtanken internasjonalt med fokus på kompetanse og utvikling. Barnas verdsdagar vert arrangerte rundt om i landet som ein internasjonal familiefestival. Frå 2015 vert desse konsertane talde per arrangørstad, det vil seie ein arrangørstad er lik ein konsert. Tidlegare år vert talet på verkstader lik talet på konsertar. Barnehage-konsertar er òg eit virkefelt, med konsertbesøk i barnehagar rundt om i landet, sjå også kapittel 4.2 om Kulturtanken DKS. Det statlege arbeidet med DKS ligg frå 2016 i Kulturtanken DKS. Tala i tabellane 4.10-4.14 tek utgangspunkt i rapportering frå Kulturtanken DKS.

*Norges Musikkorps Forbund*

Norges Musikkorps Forbund (NMF) vart stifta i 1918. NMF er ein landsomfattande, demokratisk musikkorganisasjon for musikantar og andre interesserte som er tekne opp som medlemmer gjennom musikk- og drillkorps. NMF reknar seg som den største frivillige kulturorganisasjonen i Noreg. NMF jobbar for korpsa i Noreg og vil leggje til rette for at kvart einskild korps skal styrkast. Det skjer gjennom å stimulere til fagleg kvalitet, målretta arbeid og vekst i kvart einskilde korps. NMF er inndelt i regionar og krinsar. Denne inndelinga følgjer dei grensene som landsmøtet vedtek. NMF er inndelt i åtte regionar per 2016.

*Koralliansen/Norges Korforbund*

Koralliansen fekk sitt formelle namn i 2015. Det hadde allereie eksistert eit samarbeid mellom fleire kororganisasjonar i nokre år. Koralliansen skal mellom anna arbeide med felles saker og saman vere ei sterkare røyst for alle korsongarar, dirigentar og friviljuge i heile landet.

Tala i tabellane 6.5. og 6.6 representerer dei fleste kora i Koralliansen og er i hovudsak tilrettelagd av Norges Korforbund på bakgrunn av felles rapporteringssystem.

Norges Korforbund er ein landsomfattande interesseorganisasjon for kor og kordirigentar med om lag 1 000 kor. Verksemda til Norges Korforbund er tufta på friviljug medverknad. Det overordna målet til Norges Korforbund er å gjere korsangen meir kjend og auke kvaliteten. Gjennom Norges Korforbund har kora tilgang på ei rekkje opplæringstilbod, både for koristar, dirigentar og tillitsvalde. I 2015 gjekk Norges Korforbund med i Koralliansen.

*Kulturskolar*

Dei kommunale kulturskolane er eit tenestetilbod innanfor kultursektoren som er fastsett ved lov. Kommunar som ikkje har eigen musikk- og kulturskole, tek del i interkommunale musikkskolar eller samarbeider med andre kommunar. Aktiviteten til kulturskolane vert rapportert gjennom GSI (Grunnskolenes Informasjonssystem), og tala vert publisererte på ssb.no via KOSTRA.

*Norsk kulturfond - musikkfestivalar*

Norsk kulturråd forvaltar gjennom tilskotsordninga midlar til musikkføremål, sjå òg kapittel 4, tabell 4.5. Tilskot vert mellom anna gitt til musikkfestivalar som vert arrangerte årleg eller annakvart år, som går over minst to dagar, og som får offentleg tilskot frå eigen region. Tilskotsordninga har som føremål å halde i gang og vidareutvikle festivalar på eit høgt kunstnarisk og profesjonelt nivå, gjere sitt til at musikk kan verte tilgjengeleg for eit breitt publikum, stimulere til kunstnarisk fornying, fremje bruken av samtidsmusikk og formidle musikk til barn og unge (Norsk kulturråd).

Tabell 6.13 gjev oversikt over talet på festivalar som får tilskot det einskilde året, samt totalt tilskotsbeløp for kvar sjanger-/kategorisamansetnad. Det har dei siste åra ikkje vore ein fast kategorisamansetnad. Ifølgje Kulturrådet vart det for 2015 reduksjon av talet på moglege sjangrar i samband med innføring av digital søknadsprosess. Dette gjev både samanslåingar og oppdelingar av sjangrar som var nytta tidlegare. Samstundes er òg oppgåva med å definere kva for ein sjanger ein festival høyrer til vorte flytta frå administrasjon til søkjar. Tala i tabell 6.13 er difor ikkje fullstendig samanliknbare med tidlegare år.

Knutepunktordninga for festivalar vart avvikla i 2015 og 12 festivalar på musikk og festspel vart overførte til Norsk kulturfond frå og med 2016.

*Kulturbruksundersøkingane*

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år vert spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2016.

## Referansar

Kulturdepartementet (2016): Prop. 1 S (2015-2016) For budsjettåret 2016 — Utgiftskapitler: 300-342 Inntektskapitler: 3300-3342 og 5568 https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20152016/id2456056/

Norsk kulturråd: http://www.kulturradet.no

NMF - Norges Musikkorps Forbund, om NMF og vedtekter: http://musikkorps.no/om-nmf/

Norges Korforbund/Koralliansen: http://www.kor.no

NTO - Norsk teater- og orkesterforening, om oss: http://www.nto.no

SceneStatistikk.no: https://www.scenestatistikk.no/stats

Kulturtanken 2016: http://www.rikskonsertane.no/omkulturtanken/

Vaage, Odd Frank (2017): Norsk kulturbarometer 2016, Statistiske analyser 153, Statistisk sentralbyrå (https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-kulturbarometer-2016)

## Meir informasjon

Norsk musikkråd: http://www.musikk.no

Norske festivaler: http://norwayfestivals.com/

Statistisk sentralbyrå (2016): Kulturstatistikk 2015, Statistiske analysar 150 http://www.ssb.no/publikasjoner/

**Tabell 6.1. Musikkinstitusjonar i NTO. Konsertar, turnékonsertar og tilhøyrarar**

| | Konsertar | | | Tilhøyrarar på konsert | | | | Tilhøyrarar per konsert | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Av dette retta mot barn og unge | Av dette turné-kon-sertar[1] | I alt | Av dette retta mot barn og unge | Av dette den kulturelle skole-sekken | Av dette tilhøyrarar på turné-konsertar[1] | I alt | Av dette på konsertar retta mot barn og unge |
| 2006 | 717 | 154 | 144 | 400 790 | 78 260 | .. | 58 351 | 559 | 508 |
| 2007 | 770 | 175 | 155 | 455 156 | 101 905 | .. | 105 566 | 591 | 582 |
| 2008 | 759 | 216 | 100 | 389 572 | 89 282 | .. | 63 846 | 513 | 413 |
| 2009 | 842 | 269 | 215 | 433 370 | 79 574 | .. | 58 513 | 515 | 296 |
| 2010 | 1 087 | 405 | 256 | 414 552 | 103 561 | .. | 75 794 | 381 | 256 |
| 2011 | 1 203 | 282 | 218 | 500 464 | 107 991 | 57 931 | 71 547 | 6416 | 383 |
| 2012 | 1 097 | 281 | 189 | 475 896 | 88 344 | 30 701 | 86 330 | 434 | 314 |
| 2013 | 1 189 | 257 | 259 | 511 457 | 84 981 | 29 264 | 93 120 | 430 | 331 |
| 2014 | 1 376 | 266 | 305 | 517 358 | 88 168 | 28 640 | 117 534 | 376 | 331 |
| 2015 | 1 224 | 222 | 345 | 550 460 | 76 500 | 27 962 | 117 450 | 450 | 345 |
| 2016 | 1 405[6] | 315 | 234 | 606 727[5] | 102 540 | 30 261 | 109 455 | 432 | 326 |
| **2016** | | | | | | | | | |
| Barokkanerne | 34 | 1 | 17 | 8 429 | 80 | - | 3 747 | 248 | 80 |
| Bit 20 ensemble | 36 | 10 | 6 | 5 813 | 1 973 | 1 624 | 1 227 | 161 | 197 |
| Det Norske Blåseensemble | 91 | 39 | 41 | 28 226 | 4 961 | 3 800 | 15 887 | 310 | 127 |
| Det Norske kammerorkester | 40 | 8 | 24 | 15 085 | 781 | - | 9 943 | 377 | 98 |
| Det Norske Solistkor | 36 | 4 | 17 | 10 327 | 2 350 | - | 4 884 | 287 | 588 |
| Edvard Grieg Kor | 49 | 10 | 11 | 43 198 | 8 207 | 1 185 | 6 301 | 882 | 821 |
| Nordnorsk Opera og Symfoniorkester[3] | 175 | 21 | 25 | 59 531 | 5 874 | 2 279 | 26 852 | 340 | 280 |
| Norsk Barokkorkester | 5 | - | 2 | 947 | - | - | 243 | 189 | - |
| Oslo Filharmonien | 173 | 23 | 13 | 129 210 | 28 369 | 6 254 | 13 435 | 747 | 1 233 |
| Riksscenen[3] | 165 | 14 | 0 | 22 508 | 709 | - | - | 136 | 51 |
| Stavanger Symfoniorkester | 193 | 39 | 46 | 82 104 | 20 400 | - | 11 485 | 425 | 523 |
| Musikkselskapet Harmonien | 264 | 131 | 14 | 130 007 | 17 459 | 10 149 | 9 377 | 492 | 133 |
| Trondheim Symfoniorkester[4] | 144 | 15 | 18 | 71 342 | 11 377 | 4 970 | 6 074 | 495 | 758 |

[1] Medrekna konsertar i utlandet. [2] Ny i statistikken frå 2009. Frå 1. oktober 2009 er denne slått saman med Tromsø Symfoniorkester. [3] Ny i statistikken frå og med 2008. [4] Musikkteater i Trondheim og operasatsinga i Trondheim inngår nå som ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemd. [5] Talet inkluderer 15 dobbeltføringar mellom Musikkselskapet Harmonien og Edvard Grieg kor.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

**Tabell 6.2. Kulturtanken[1]. Talet på konsertar og tilhøyrarar, etter konserttype og fylke**

| | Konsertar | Tilhøyrarar | Tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert |
|---|---|---|---|
| 2006 | 9 624 | 1 305 479 | 136 |
| 2007 | 10 114 | 1 306 335 | 129 |
| 2008 | 10 209 | 1 291 561 | 127 |
| 2009 | 10 011 | 1 298 824 | 130 |
| 2010 | 10 131 | 1 294 282 | 128 |
| 2011 | 9 619 | 1 297 143 | 135 |
| 2012 | 9 635 | 1 297 201 | 135 |
| 20131 | 10 307 | 1 265 180 | 123 |
| 2014 | 10 307 | 1 229 860 | 119 |
| 2015 | 9 503 | 1 248 593 | 131 |
| 2016 | 10 666 | 1 269 377 | 119 |
| **Konserttype** | | | |
| Skolekonsertar | 9 729 | 1 212 068 | 125 |
| Barnehagekonsertar | 920 | 27 600 | 30 |
| Barnas verdsdagar [3, 2] | 17 | 29 709 | 1 748 |
| | | | |
| Østfold | 960 | 73 402 | 76 |
| Akershus | 870 | 163 002 | 187 |
| Oslo | 778 | 129 268 | 166 |
| Hedmark | 930 | 45 104 | 48 |
| Oppland | 664 | 48 508 | 73 |
| Buskerud | 532 | 63 957 | 120 |
| Vestfold | 493 | 56 370 | 114 |
| Telemark | 792 | 44 030 | 56 |
| Aust-Agder | 430 | 31 685 | 74 |
| Vest-Agder | 612 | 48 240 | 79 |
| Rogaland | 527 | 124 346 | 236 |
| Hordaland | 340 | 122 206 | 359 |
| Sogn og Fjordane | 570 | 32 443 | 57 |
| Møre og Romsdal | 495 | 65 831 | 133 |
| Sør-Trøndelag | 441 | 72 311 | 164 |
| Nord-Trøndelag | 375 | 34 735 | 93 |
| Nordland | 388 | 55 884 | 144 |
| Troms Romsa | 310 | 39 351 | 127 |
| Finnmark Finnmárku | 153 | 18 250 | 119 |
| | | | |
| Svalbard | | | |

[1] Tidlegare Rikskonsertane [2]Nye kategoriar inkluderte i 2012. [3] Frå 2015 vert konsertar talde per arrangørstad, dvs. ein arrangørstad er lik ein konsert. Tidlegare år vert talet på verkstadar lik talet på konsertar.

Kjelde: Kulturtanken.

**Tabell 6.3. Kulturtanken. Tilhøyrarar, etter konserttype og fylke**

| | Tilhøyrarar i alt | Skole-konsertar | Barnehage-konsertar[3] | Barnas verdens-dagar |
|---|---|---|---|---|
| **Heile landet** | | | | |
| 2009 | 1 298 824 | 1 196 982 | 26 640 | 10 050 |
| 2010 | 1 294 282 | 1 197 522 | 27 818 | 18 003 |
| 2011 | 1 297 143 | 1 206 136 | 27 500 | 21 900 |
| 2012[1, 2] | 1 297 201 | 1 202 164 | 28 457 | 35 319 |
| 2013 | 1 265 180 | 1 186 830 | 32 760 | 36 436 |
| 2014 | 1 229 860 | 1 166 138 | 32 656 | 31 066 |
| 2015 | 1 248 593 | 1 191 790 | 30 640 | 26 163 |
| 2016 | 1 269 377 | 1 212 068 | 27 600 | 29 709 |
| **2016** | | | | |
| Østfold | 73 402 | 68 360 | 1 800 | 3 242 |
| Akershus | 163 002 | 157 560 | - | 5 442 |
| Oslo | 129 268 | 124 409 | - | **4 859** |
| Hedmark | 45 104 | 43 004 | 600 | 1 500 |
| Oppland | 48 508 | 42 642 | 4 800 | 1 066 |
| Buskerud | 63 957 | 62 157 | 1 800 | - |
| Vestfold | 56 370 | 56 370 | - | - |
| Telemark | 44 030 | 38 930 | 3 600 | 1 500 |
| Aust-Agder | 31 685 | 28 385 | 2 400 | 900 |
| Vest-Agder | 48 240 | 47 040 | 1 200 | - |
| Rogaland | 124 346 | 120 446 | 2 400 | 1 500 |
| Hordaland | 122 206 | 121 206 | - | 1 000 |
| Sogn og Fjordane | 32 443 | 27 543 | 2 400 | 2 500 |
| Møre og Romsdal | 65 831 | 61 231 | 3 600 | 1 000 |
| Sør-Trøndelag | 72 311 | 70 211 | - | 2 100 |
| Nord-Trøndelag | 34 735 | 31 435 | 1 800 | 1 500 |
| Nordland | 55 884 | 55 184 | - | 700 |
| Troms Romsa | 39 351 | 38 151 | 1 200 | - |
| Finnmark Finnmárku | 18 250 | 17 350 | - | 900 |
| | | | | |
| Svalbard | 454 | 454 | - | - |

[1] For offentlege konsertar er det ei endring i at Oslo World Music Festival i 2012 er skilt ut frå Rikskonsertane og etablert som eigen stiftelse. [2] Frå august 2012 er den offentlege verksemda for Rikskonsertane avslutta, dette etter politisk vedtak frå 2011. [3]Barnehagekonsertar vert ikkje arrangerte i alle fylka.

Kjelde: Kulturtanken.

**Tabell 6.4. Norges Musikkorps Forbund. Korps og medlemmer**

| | Skolekorps/generasjonskorps | | | | Amatørkorps | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Talet på korps | Talet på med-lemmer i alt | Utøvande med-lemmer | Andre med-lemmer | Talet på korps | Talet på med-lemmer i alt | Utøvande med-lemmer | Andre med-lemmer |
| 1999 | 1 150 | 47 612 | 41 119 | 6 493 | 613 | 20 146 | 19 376 | 770 |
| 2000 | 1 132 | 46 949 | 40 475 | 6 474 | 607 | 19 881 | 19 180 | 701 |
| 2001 | 1 131 | 48 173 | 41 610 | 6 563 | 586 | 19 446 | 18 764 | 682 |
| 2002 | 1 119 | 49 997 | 43 392 | 6 605 | 584 | 18 851 | 18 234 | 617 |
| 2003 | 1 128 | 50 311 | 43 783 | 6 528 | 584 | 20 007 | 19 366 | 641 |
| 2004 | 1 128 | 50 003 | 43 476 | 6 527 | 583 | 20 304 | 19 697 | 607 |
| 2005 | 1 117 | 49 579 | 43 101 | 6 478 | 583 | 18 726 | 18 054 | 672 |
| 2006 | 1 118 | 47 522 | 40 090 | 7 432 | 585 | 20 511 | 19 723 | 788 |
| 2007 | 1 115 | 46 235 | 39 819 | 6 416 | 590 | 20 883 | 20 118 | 765 |
| 2008 | 1 107 | 45 542 | 38 553 | 6 989 | 589 | 20 813 | 19 977 | 836 |
| 2009 | 1 076 | 45 342 | 38 151 | 7 191 | 583 | 20 773 | 19 875 | 898 |
| 2010 | 1 068 | 44 092 | 36 819 | 7 273 | 581 | 20 643 | 19 686 | 957 |
| 2011 | 1 049 | 42 451 | 35 243 | 7 208 | 567 | 20 310 | 19 299 | 1 011 |
| 2012 | 1 047 | 40 445 | 33 695 | 6 750 | 565 | 19 830 | 18 608 | 1 222 |
| 2013 | 1 044 | 39 725 | 33 225 | 6 500 | 569 | 19 731 | 18 423 | 1 308 |
| 2014 | 1 044 | 38 960 | 32 655 | 6 305 | 579 | 19 696 | 18 316 | 1 380 |
| 2015 | 1 044 | 39 566 | 33 517 | 6 049 | 586 | 19 902 | 18 532 | 1 370 |
| 2016 | 1 042 | 38 982 | 33 183 | 5 799 | 586 | 20 102 | 18 708 | 1 394 |

Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

**Tabell 6.5. Talet på kor og korsongarar etter fylke. 2016**

| | Talet på kor og songarar | | Norges Korforbund | | Norsk sangerforum | | Ung i kor | | Ung kirkesang | | Norges kirkesang-forbund | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Kor i alt | Songarar i alt | Talet på kor | Talet på songarar | Talet på kor | Talet på songarar | Talet på kor | Talet på songarar | Talet på kor | Talet på songarar | Talet på kor | Talet på songarar |
| **I alt** | **2 470** | **72 681** | **1 003** | **29 901** | **374** | **10 669** | **249** | **10 088** | **342** | **8 471** | **153** | **3 612** |
| Østfold | 133 | 3 617 | 27 | 735 | 39 | 1 109 | 12 | 333 | 35 | 716 | 3 | 311 |
| Akershus | 193 | 6 685 | 66 | 2 109 | 46 | 1 461 | 15 | 1 096 | 29 | 804 | 2 | 149 |
| Oslo | 291 | 9 847 | 108 | 3 333 | 34 | 1 138 | 76 | 3 687 | 28 | 573 | 10 | 315 |
| Hedmark | 116 | 3 005 | 61 | 1 782 | 14 | 328 | 3 | 184 | 22 | 410 | 9 | 163 |
| Oppland | 94 | 2 478 | 53 | 1 491 | 11 | 348 | 9 | 267 | 5 | 77 | 8 | 162 |
| Buskerud | 94 | 2 613 | 38 | 968 | 17 | 432 | 8 | 325 | 7 | 191 | 4 | 114 |
| Vestfold | 82 | 2 352 | 38 | 1 263 | 3 | 56 | 2 | 42 | 16 | 405 | 4 | 169 |
| Telemark | 47 | 1 364 | 22 | 714 | 6 | 149 | - | 3 | 2 | 98 | 7 | 53 |
| Aust-Agder | 47 | 1 401 | 2 | 23 | 25 | 731 | 1 | 41 | 4 | 140 | 6 | 131 |
| Vest-Agder | 65 | 2 148 | 15 | 493 | 12 | 362 | 2 | 139 | 12 | 388 | 5 | 115 |
| Rogaland | 190 | 5 870 | 50 | 1 681 | 18 | 661 | 20 | 618 | 38 | 1 124 | 21 | 461 |
| Hordaland | 313 | 9 051 | 132 | 3 734 | 19 | 636 | 39 | 1 149 | 37 | 1 126 | 32 | 509 |
| Sogn og Fjordane | 84 | 1 988 | 49 | 1 320 | 4 | 73 | 1 | 24 | 9 | 176 | 8 | 139 |
| Møre og Romsdal | 167 | 5 013 | 79 | 2 390 | 16 | 455 | 9 | 288 | 29 | 761 | 10 | 307 |
| Sør-Trøndelag | 159 | 5 261 | 79 | 2 677 | 29 | 837 | 21 | 974 | 13 | 425 | 7 | 123 |
| Nord-Trøndelag | 96 | 2 596 | 53 | 1 670 | 16 | 310 | 11 | 316 | 7 | 126 | 7 | 145 |
| Nordland | 166 | 4 008 | 92 | 2 436 | 12 | 308 | 5 | 198 | 35 | 668 | 6 | 116 |
| Troms Romsa | 103 | 2 585 | 33 | 921 | 32 | 734 | 15 | 401 | 13 | 209 | 4 | 130 |
| Finnmark Finnmárku | 30 | 799 | 6 | 161 | 21 | 541 | - | 3 | 1 | 54 | - | - |

**Tabell 6.5. forts.**

| | NMS U | | KFUM-KFUK | | Norsk sangerfobund | | Søndagsskolen i Norge | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Talet på kor | Talet på songarar | Talet på kor | Talet på songarar | Talet på kor | Talet på songarar | Talet på kor | Talet på songarar |
| **I alt** | **37** | **1 230** | **223** | **6 246** | **57** | **1 273** | **32** | **1 191** |
| Østfold | - | - | 1 | 28 | 14 | 339 | 2 | 46 |
| Akershus | 1 | 80 | 30 | 729 | 2 | 47 | 2 | 210 |
| Oslo | 1 | 20 | 29 | 717 | 5 | 64 | - | - |
| Hedmark | 1 | 19 | 5 | 92 | 1 | 27 | - | - |
| Oppland | - | - | 5 | 90 | 3 | 43 | - | - |
| Buskerud | 1 | 19 | 16 | 504 | 1 | 21 | 2 | 39 |
| Vestfold | 1 | 20 | 13 | 330 | 5 | 67 | - | - |
| Telemark | - | - | 2 | 41 | 6 | 184 | 2 | 122 |
| Aust-Agder | - | - | 7 | 308 | 2 | 27 | - | - |
| Vest-Agder | 12 | 426 | 4 | 106 | 0 | 0 | 3 | 119 |
| Rogaland | 10 | 340 | 19 | 595 | 6 | 116 | 8 | 274 |
| Hordaland | 6 | 171 | 41 | 1 512 | 6 | 187 | 1 | 27 |
| Sogn og Fjordane | - | - | 11 | 221 | 1 | 25 | 1 | 10 |
| Møre og Romsdal | 3 | 135 | 13 | 386 | - | - | 8 | 291 |
| Sør-Trøndelag | 1 | - | 6 | 162 | 3 | 63 | - | - |
| Nord-Trøndelag | - | - | 1 | 2 | - | - | 1 | 27 |
| Nordland | - | - | 14 | 256 | - | - | 2 | 26 |
| Troms Romsa | - | - | 4 | 127 | 2 | 63 | - | - |
| Finnmark Finnmárku | - | - | 2 | 40 | - | - | - | - |

Kjelde: Norges Korforbund/Koralliansen.

**Tabell 6.6. Talet på kor[1] og korsongarar etter type kor. 2016**

| | I alt | Blandakor | Damekor | Mannskor | Barne- og ungdomskor | Vokalgrupper |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kor | 2 474 | 1 039 | 228 | 215 | 921 | 71 |
| Songarar | 71 081 | 32 266 | 5 383 | 6 010 | 26 835 | 587 |

[1] Alle kor og korsongarar er ikkje med i denne tabellen (jf. tabell 6.5).

Kjelde: Norges Korforbund/Koralliansen.

**Tabell 6.7. Kommunale kulturskolar. Elevar, etter fylke**

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | Del elevar i grunnskolealder i kommunens kulturskolar, av talet barn i alderen 6-15 år. 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Totalt** | **109 150** | **109 326** | **109 375** | **110 314** | **108 800** | **108 370** | **102 784** | **102 414** | **100 106** | **13,7** |
| Østfold | 3 040 | 3 037 | 3 156 | 3 226 | 3 334 | 3 796 | 2 912 | 2 754 | 2 550 | 6,6 |
| Akershus | 10 838 | 11 106 | 11 071 | 11 310 | 11 795 | 11 739 | 11 579 | 11 421 | 12 022 | 12 |
| Oslo | 5 639 | 5 891 | 5 784 | 6 766 | 6 516 | 6 504 | 7 598 | 7 833 | 7 108 | 9,8 |
| Hedmark | 4 464 | 4 657 | 4 572 | 4 540 | 4 287 | 3 944 | 3 877 | 3 736 | 3 687 | 14,7 |
| Oppland | 5 009 | 5 037 | 5 076 | 4 624 | 4 735 | 4 681 | 4 657 | 4 626 | 4 538 | 17,9 |
| Buskerud | 3 985 | 4 002 | 4 282 | 4 128 | 4 620 | 4 912 | 4 337 | 4 257 | 4 440 | 10,9 |
| Vestfold | 4 376 | 4 512 | 3 804 | 4 010 | 3 608 | 4 503 | 4 01 | 4 299 | 3 958 | 8,8 |
| Telemark | 4 722 | 4 623 | 4 524 | 4 580 | 3 875 | 3 867 | 3 819 | 3 597 | 3 631 | 15,8 |
| Aust-Agder | 2 267 | 2 269 | 2 419 | 2 290 | 2 086 | 1 940 | 1 841 | 1 810 | 1 719 | 10,8 |
| Vest-Agder | 3 162 | 3 206 | 3 226 | 3 224 | 3 142 | 3 466 | 3 015 | 2 956 | 3 133 | 11,8 |
| Rogaland | 11 334 | 11 545 | 11 900 | 11 656 | 11 372 | 11 850 | 11 106 | 11 325 | 11 357 | 15,8 |
| Hordaland | 11 943 | 9 944 | 10 146 | 10 475 | 10 464 | 10 129 | 9 291 | 9 111 | 8 627 | 12,7 |
| Sogn og Fjordane | 3 715 | 4 200 | 4 198 | 4 186 | 4 031 | 3 997 | 3 392 | 3 355 | 3 310 | 20,4 |
| Møre og Romsdal | 8 502 | 8 786 | 8 678 | 9 118 | 8 407 | 8 461 | 8 236 | 8 253 | 7 836 | 21,1 |
| Sør-Trøndelag | 8 144 | 8 127 | 8 184 | 8 190 | 8 233 | 8 224 | 7 975 | 7 952 | 7 810 | 19 |
| Nord-Trøndelag | 4 649 | 4 739 | 4 840 | 4 994 | 4 979 | 4 445 | 4 207 | 4 315 | 4 076 | 21,6 |
| Nordland | 6 186 | 6 149 | 6 225 | 5 907 | 5 840 | 5 372 | 4 944 | 4 869 | 4 727 | 14,2 |
| Troms Romsa | 4 914 | 5 030 | 4 920 | 4 902 | 5 140 | 4 201 | 4 051 | 3 886 | 3 777 | 16 |
| Finnmark Finnmárku | 2 125 | 2 339 | 2 259 | 2 188 | 2 336 | 2 339 | 1 931 | 2 059 | 1 800 | 17,9 |
| Svalbard | .. | 136 | 127 | 111 | .. | .. | .. | [1]12 | .. | .. |

[1] Svalbard er ikkje med i totalsummen.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 6.8. Kommunale kulturskolar. Elevplassar, etter fagområde og fylke**

| | Elevplassar i alt | Musikk-undervisning | Visuelle kunstfag | Teater | Dans | Andre kunst- og kulturuttrykk[1] |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2010/11 | 122 501 | 86 443 | 7 367 | 7 571 | 17 077 | 4 043 |
| 2011/12 | 125 031 | 85 621 | 7 444 | 7 981 | 17 688 | 6 297 |
| 2012/13 | 123 441 | 83 126 | 7 545 | 8 201 | 18 355 | 6 214 |
| 2013/14 | 124 542 | 82 947 | 7 675 | 7 700 | 17 999 | 8 221 |
| 2014/15 | 121 212 | 81 209 | 7 087 | 7 871 | 18 521 | 6 524 |
| 2015/16 | 122 294 | 81 798 | 7 592 | 7 586 | 19 303 | 6 015 |
| 2016/17 | 123 967 | 82 750 | 7 385 | 7 542 | 20 317 | 5 973 |
| **Skoleåret 2016/17** | | | | | | |
| Østfold | 3 380 | 1 988 | 138 | 500 | 682 | 72 |
| Akershus | 14 958 | 9 699 | 738 | 815 | 1 604 | 2 102 |
| Oslo | 7 676 | 5 317 | 396 | 716 | 1 247 | - |
| Hedmark | 4 234 | 2 775 | 297 | 339 | 730 | 93 |
| Oppland | 5 314 | 3 529 | 351 | 435 | 895 | 104 |
| Buskerud | 9 239 | 7 571 | 354 | 292 | 867 | 155 |
| Vestfold | 4 177 | 2 473 | 389 | 223 | 68 | 1 024 |
| Telemark | 4 570 | 3 220 | 272 | 223 | 822 | 33 |
| Aust-Agder | 2 011 | 1 490 | 204 | 76 | 214 | 27 |
| Vest-Agder | 3 571 | 2 229 | 400 | 344 | 232 | 366 |
| Rogaland | 13 566 | 8 401 | 608 | 965 | 3 151 | 441 |
| Hordaland | 10 509 | 7 189 | 607 | 683 | 1 837 | 193 |
| Sogn og Fjordane | 3 860 | 2 871 | 370 | 93 | 513 | 13 |
| Møre og Romsdal | 10 418 | 6 322 | 601 | 399 | 2 809 | 287 |
| Sør-Trøndelag | 9 330 | 6 825 | 597 | 440 | 1 054 | 414 |
| Nord-Trøndelag | 4 766 | 3 056 | 215 | 164 | 1 266 | 65 |
| Nordland | 5 444 | 4 016 | 467 | 302 | 527 | 132 |
| Troms Romsa | 4 879 | 2 570 | 200 | 305 | 1 413 | 391 |
| Finnmark Finnmárku | 2 065 | 1 209 | 181 | 228 | 386 | 61 |

[1] Frå 2012/13 er skapande skriving teke ut som eigen kategori, og tidlegare årgangar er difor inkluderte her.

Kjelde: Grunnskolens Informasjonssystem (GSI), Utdanningsdirektoratet.

**Tabell 6.9. Kommunale kulturskolar. Elevar etter skolealder og gutar og jenter**

| | Under grunnskolealder | | Grunnskolealder | | Over grunnskolealder | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Gutar | Jenter | Gutar | Jenter | Gutar | Jenter |
| Skoleåret 2011/12 | 1 930 | 3 660 | 32 836 | 60 176 | 4 521 | 7 309 |
| Skoleåret 2012/13 | 1 884 | 3 630 | 32 797 | 58 722 | 4 661 | 7 195 |
| Skoleåret 2013/14 | 1 307 | 3 394 | 30 255 | 61 837 | 4 287 | 7 393 |
| Skoleåret 2014/15 | 1 376 | 3 489 | 28 379 | 58 885 | 3 882 | 6 896 |
| Skoleåret 2015/16 | 1 497 | 3 652 | 28 724 | 59 112 | 3 533 | 5 995 |
| Skoleåret 2016/17 | 1 492 | 3 613 | 28 742 | 56 680 | 3 472 | 5 987 |

Kjelde: Grunnskolenes Informasjonssystem (GSI), Utdanningsdirektoratet.

**Tabell 6.10. Statlege utgifter til musikkføremål. Rekneskap. 1 000 kroner**

| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **959 815** | **1 027 027** | **1 014 892** | **1 056 980** | **1 168 493** | **1 188 997** |
| | | | | | | |
| Driftsutgifter (Rikskonsertane) | 163 450 | 166 525 | 159 729 | 165 425 | 162 940 | 165 287 |
| Norsk kulturfond | 152 844 | 164 751 | 187 546 | 177 397 | 259 043 | 353 998 |
| Nasjonale institusjonar | 235 018 | 242 304 | 253 675 | 265 154 | 279 779 | 287 547 |
| Region-/landsdelsinstitusjonar | 231 311 | 257 203 | 216 684 | 227 668 | 240 026 | 244 587 |
| Knutepunktinstitusjonar | 66 906 | 72 344 | 76 917 | 80 909 | 82 138 | - |
| Landsdelsmusikarar i Nord-Noreg | 17 695 | 18 244 | 18 846 | 19 606 | 19 959 | 20 338 |
| Ymse faste tiltak | 92 591 | 105 656 | 101 495 | 120 821 | 124 608 | 117 240 |

Kjelde: Kulturdepartementet.

**Tabell 6.11. Statlege utgifter til orkester- og musikkinstitusjonar. Rekneskap. 1 000 kroner**

| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **533 235** | **571 851** | **547 276** | **573 731** | **601 943** | **532 134** |
| | | | | | | |
| **Nasjonale institusjonar** | **235 018** | **242 304** | **253 675** | **265 154** | **279 779** | **287 547** |
| Oslo Filharmonien | 128 477 | 132 460 | 137 831 | 143 855 | 152 678 | 158 031 |
| Musikkselskapet Harmonien | 106 541 | 109 844 | 115 844 | 121 299 | 127 101 | 129 516 |
| | | | | | | |
| **Region-/landsdelsinstitusjonar** | **231 311** | **257 203** | **216 684** | **227 668** | **240 026** | **244 587** |
| Trondheim Symfoniorkester[1] | 67 273 | 70 358 | 73 479 | 77 951 | 80 752 | 82 286 |
| Stavanger Symfoniorkester | 61 669 | 67 081 | 74 081 | 76 674 | 79 445 | 80 955 |
| Kilden Teater- og konserthus for Sørlandet[2] | 42 830 | 54 356 | - | - | - | - |
| Nordnorsk Opera og Symfoniorkester[2] | 39 449 | 43 726 | 46 726 | 49 861 | 56 112 | 57 178 |
| Det Norske Blåseensemble | 20 090 | 21 682 | 22 398 | 23 182 | 23 717 | 24 168 |
| | | | | | | |
| **Knutepunktinstitusjonar** | 66 906 | 72 344 | 76 917 | 80 909 | 82 138 | - |

[1] Musikkteater i Trondheim og operasatsinga i Trondheim er nå ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemd. [2] Kristiansand Symfoniorkester, Agder Teater og Opera Sør er fusjonert til Kilden Teater- og Konserthus for Sørlandet. Denne eininga får tilskot samla frå kapittel 324 post 71.

Kjelde: Kulturdepartementet.

**Tabell 6.12. Orkester. Inntekter og utgifter. 1 000 kroner**

| Orkester | Inntekter i alt | Stats-tilskot | Regionale tilskot | Andre inntekter | Andre inntekter i prosent av inntekter i alt | Drifts-utgifter |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2003 | 347 867 | 254 485 | 48 146 | 45 236 | 13,0 | - |
| 2004 | 363 912 | 262 200 | 47 414 | 54 298 | 14,9 | - |
| 2005 | 398 860 | 285 795 | 54 337 | 58 728 | 14,7 | - |
| 2006[1] | 429 999 | 302 088 | 59 063 | 68 848 | 16,0 | - |
| 2007[4] | 469 416 | 321 050 | 62 139 | 86 288 | 18,4 | 477 288 |
| 2008[4] | 494 418 | 347 665 | 67 588 | 79 165 | 16,0 | 493 438 |
| 2009 | 544 294 | 385 918 | 80 904 | 77 472 | 14,2 | 541 707 |
| 2010 | 595 835 | 440 413 | 93 923 | 61 499 | 10,3 | 560 318 |
| 2011 | 636 896 | 466 329 | 100 126 | 70 441 | 11,1 | 631 379 |
| 2012 | 691 040 | 499 507 | 110 280 | 81 253 | 11,8 | 693 441 |
| 2013 | 631 027 | 470 359 | 92 865 | 67 803 | 10,7 | 633 700 |
| 2014 | 665 602 | 494 895 | 98 002 | 72 705 | 10,9 | 630 546 |
| 2015 | 723 934 | 520 305 | 103 194 | 100 435 | 13,9 | 722 483 |
| 2016 | 723 293 | 533 555 | 107 257 | 82 481 | 11,4 | 610 788 |
| | | | | | | |
| **2016** | | | | | | |
| Det norske Blåseensemble[3] | 36 183 | 24 168 | 10 358 | 1 657 | 4,6 | 35 513 |
| Oslo Filharmonien[2] | 186 934 | 158 781 | 1 125 | 27 028 | 14,5 | 115 556 |
| Nordnorsk Opera og Symfoniorkester[5] | 87 313 | 57 178 | 24 504 | 5 631 | 6,4 | 87 044 |
| Stavanger Symfoniorkester | 126 693 | 80 955 | 35 155 | 10 583 | 8,4 | 133 777 |
| Musikkselskapet Harmonien | 153 545 | 130 187 | 350 | 23 008 | 15,0 | 107 887 |
| Trondheim Symfoniorkester[6] | 132 625 | 82 286 | 35 765 | 14 574 | 11,0 | 131 011 |

[1] To nye orkester. [2] Inkl. både Stiftelsen Oslo Filharmonien og Støttefondet for Filharmonien. [3] Inkl. tilskot til drift frå Forsvarsdepartementet. [4] Eit orkester har ikkje levert tal og er ikkje med i oversikta. [5] Ny i statistikken frå 2009. Frå 1. oktober 2009 er denne slått saman med Tromsø Symfoniorkester. [6] Musikkteater i Trondheim og operasatsinga i Trondheim inngår no som ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemd.

Kjelde: Kulturdepartementet.

**Tabell 6.13. Utdelingar til musikkfestivalar, etter kategori. Talet på festivalar og tilskot**

| | 2011 | | 2012 | | 2013 | | 2014 | | 2015[1] | | 2016 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Talet på festivalar | Tilskot, 1 000 kr | Talet på festivalar | Tilskot, 1 000 kr | Talet på festivalar | Tilskot, 1 000 kr | Talet på festivalar | Tilskot, 1 000 kr | Talet på festivalar | Tilskot, 1 000 kr | Talet på festivalar | Tilskot, 1 000 kr |
| **I alt** | **99** | **32 750** | **98** | **43 540** | **103** | **46 924** | **90** | **45 550** | **98** | **46 445** | **93** | **47 483** |
| | | | | | | | | | | | | |
| Festspel | 3 | 3 450 | 4 | 6 400 | 4 | 7 150 | 7 | 8 600 | - | - | - | - |
| Folkemusikk | 16 | 5 200 | 15 | 5 450 | 15 | 5 575 | 11 | 4 435 | 7 | 4 075 | 10 | 4 775 |
| Jazz | 20 | 9 900 | 17 | 9 850 | 18 | 10 750 | 18 | 11 025 | 20 | 13 050 | 17 | 10 900 |
| Klassisk-/kammer-/samtidsmusikk[2] | 8 | 2 450 | 13 | 9 790 | 15 | 9 999 | 9 | 8 391 | 22 | 17 600 | 19 | 15 450 |
| Kyrkjemusikk | 3 | 1 750 | 3 | 1 950 | 2 | 1 800 | 1 | 1 600 | - | - | - | - |
| Populærmusikk | 41 | 7 650 | 40 | 8 000 | 42 | 9 475 | 33 | 7 175 | 38 | 8 425 | 20 | 4 423 |
| Verdsmusikk[3] | - | - | - | - | - | - | - | - | 5 | 895 | 1 | 300 |
| Samtidsmusikk[2] | 4 | 1 700 | 3 | 1 600 | 3 | 1 600 | 6 | 3 124 | - | - | - | - |
| Festspel utan klar sjangertilknyting | 4 | 650 | 3 | 500 | 4 | 575 | 5 | 1 200 | 6 | 2 400 | - | - |
| Flere sjangre musikk[4] | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 26 | 11 635 |

[1] Sjanger-/kategorisamansetnad endra, sjå om statistikken. [2] Samtidsmusikk inngår frå 2015 i Klassisk-/kammermusikk. [3] Ny kategori frå 2015. [4] Ny kategori fra 2016 som inkluderar bl.a. festspel utan klar sjangartilknyting samt kyrkjemusikk.

(Til førre sida) Kjelde: Norsk kulturråd.

**Tabell 6.14. Personar som har vore på konsert og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månadene, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldningsinntekt og landsdel. 1997-2016**

| | Prosent | | | | | | Besøk i gjennomsnitt | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1997 | 2000 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 | 1997 | 2000 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 |
| **I alt** | **57** | **58** | **61** | **62** | **61** | **62** | **2,6** | **2,6** | **3,2** | **2,9** | **2,3** | **2,5** |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Kjønn** | | | | | | | | | | | | |
| Menn | 57 | 57 | 58 | 62 | 59 | 60 | 2,7 | 2,7 | 3,1 | 3,0 | 2,5 | 2,5 |
| Kvinner | 56 | 60 | 64 | 62 | 63 | 63 | 2,6 | 2,4 | 3,2 | 2,8 | 2,2 | 2,5 |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 63 | 52 | 53 | 54 | 59 | 55 | 2,0 | 2,4 | 2,0 | 1,6 | 1,7 | 1,7 |
| 16-24 år | 71 | 72 | 70 | 73 | 75 | 64 | 3,9 | 3,9 | 5,3 | 4,0 | 3,2 | 2,8 |
| 25-44 år | 61 | 59 | 69 | 68 | 61 | 64 | 3,1 | 2,6 | 3,5 | 3,8 | 2,5 | 3,2 |
| 45-66 år | 52 | 59 | 58 | 59 | 60 | 65 | 2,3 | 2,3 | 2,7 | 2,3 | 2,3 | 2,4 |
| 67-79 år | 32 | 43 | 45 | 47 | 48 | 51 | 1,0 | 1,7 | 1,5 | 1,7 | 1,6 | 1,6 |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | |
| Ungdomsskole | 39 | 46 | 41 | 46 | 54 | 52 | 1,8 | 1,4 | 1,6 | 1,5 | 1,9 | 1,8 |
| Vidaregåande skole | 55 | 57 | 60 | 61 | 58 | 61 | 2,3 | 2,4 | 2,9 | 2,9 | 2,1 | 2,2 |
| Universitet/høgskole, kort | 66 | 63 | 79 | 73 | 67 | 69 | 4,5 | 3,1 | 4,9 | 4,0 | 2,8 | 3,3 |
| Universitet/høgskole, lang | 75 | 73 | 80 | 74 | 69 | 74 | 4,2 | 3,7 | 4,1 | 3,7 | 3,3 | 4,0 |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Yrkesstatus (16-79 år)** | | | | | | | | | | | | |
| Yrkesgruppe 1-2 | .. | 70 | 78 | 74 | 65 | 71 | .. | 3,7 | 4,3 | 4,0 | 3,3 | 3,6 |
| Yrkesgruppe 3 | .. | 67 | 73 | 71 | 76 | 70 | .. | 2,9 | 3,2 | 3,1 | 2,8 | 2,8 |
| Yrkesgruppe 4-5 | .. | 59 | 64 | 63 | 63 | 70 | .. | 2,5 | 3,6 | 3,4 | 2,2 | 2,5 |
| Yrkesgruppe 6-9 | .. | 50 | 55 | 61 | 55 | 55 | .. | 2,1 | 2,3 | 3,6 | 2,1 | 2,1 |
| Elevar og studentar | .. | 74 | 72 | 72 | 70 | 59 | .. | 3,8 | 6,0 | 2,9 | 3,1 | 2,6 |
| Trygda og pensjonistar | .. | 46 | 47 | 46 | 48 | 50 | .. | 1,7 | 1,9 | 1,6 | 1,4 | 1,7 |
| Heimearbeidande | .. | 52 | 47 | : | 61 | 51 | .. | 1,0 | 2,2 | : | 2,1 | 1,8 |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | | | | | | | |
| 1. kvartil | 53 | 54 | 57 | 60 | 60 | 58 | 2,6 | 2,6 | 3,5 | 3,1 | 2,7 | 3,0 |
| 2. kvartil | 50 | 55 | 57 | 63 | 59 | 63 | 1,7 | 2,4 | 2,6 | 2,9 | 2,2 | 2,8 |
| 3. kvartil | 57 | 65 | 64 | 66 | 60 | 69 | 2,7 | 2,5 | 3,1 | 2,8 | 2,4 | 2,6 |
| 4. kvartil | 69 | 67 | 70 | 68 | 68 | 66 | 3,2 | 3,2 | 3,5 | 2,7 | 2,6 | 2,7 |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Landsdel** | | | | | | | | | | | | |
| Oslo/Akershus | 61 | 57 | 59 | 60 | 63 | 60 | 3,1 | 2,7 | 3,0 | 2,6 | 2,6 | 2,4 |
| Austlandet elles | 55 | 57 | 60 | 61 | 60 | 62 | 1,8 | 2,2 | 2,7 | 2,1 | 2,1 | 2,3 |
| Agder og Rogaland | 55 | 59 | 61 | 64 | 63 | 63 | 2,8 | 3,0 | 3,6 | 2,7 | 2,2 | 2,1 |
| Vestlandet | 58 | 61 | 65 | 61 | 57 | 60 | 3,1 | 2,7 | 3,2 | 3,9 | 2,1 | 2,5 |
| Trøndelag | 62 | 62 | 64 | 67 | 62 | 61 | 3,3 | 2,7 | 3,7 | 3,8 | 2,4 | 3,3 |
| Nord-Noreg | 47 | 59 | 62 | 60 | 64 | 68 | 2,0 | 2,6 | 3,3 | 3,1 | 2,7 | 3,3 |

Kjelde: Norsk Kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 6.15. Personar som har vore på kulturfestival og talet på besøk dei siste 12 månadene, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. 2004-2016.**

| | Prosent | | | | Besøk i gjennomsnitt | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 |
| **I alt** | **28** | **32** | **31** | **32** | **1,1** | **0,6** | **0,6** | **0,5** |
| | | | | | | | | |
| **Kjønn** | | | | | | | | |
| Menn | 28 | 35 | 32 | 33 | 0,9 | 0,7 | 0,6 | 0,6 |
| Kvinner | 28 | 29 | 30 | 31 | 1,4 | 0,5 | 0,6 | 0,5 |
| | | | | | | | | |
| **Alder** | | | | | | | | |
| 9-15 år | 25 | 26 | 29 | 25 | 0,4 | 0,5 | 0,5 | 0,4 |
| 16-24 år | 43 | 51 | 44 | 48 | 0,9 | 0,9 | 0,7 | 0,8 |
| 25-44 år | 33 | 34 | 38 | 35 | 0,6 | 0,6 | 0,8 | 0,7 |
| 45-66 år | 21 | 29 | 26 | 30 | 0,3 | 0,5 | 0,4 | 0,5 |
| 67-79 år | 13 | 18 | 16 | 16 | 0,2 | 0,3 | 0,3 | 0,2 |
| | | | | | | | | |
| **Utdanning** | | | | | | | | |
| Ungdomsskole | 14 | 27 | 23 | 36 | 0,2 | 0,7 | 0,4 | 0,5 |
| Vidaregåande skole | 30 | 31 | 30 | 30 | 0,5 | 0,5 | 0,6 | 0,5 |
| Universitet/høgskole, kort | 32 | 38 | 36 | 36 | 0,6 | 0,6 | 0,6 | 0,7 |
| Universitet/høgskole, lang | 35 | 38 | 37 | 29 | 0,8 | 0,7 | 0,7 | 0,6 |
| | | | | | | | | |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | | | |
| 1. kvartil | 27 | 31 | 32 | 33 | 0,8 | 0,5 | 0,5 | 0,6 |
| 2. kvartil | 28 | 31 | 30 | 25 | 1,1 | 0,6 | 0,8 | 0,5 |
| 3. kvartil | 30 | 32 | 32 | 33 | 0,9 | 0,6 | 0,5 | 0,6 |
| 4. kvartil | 30 | 35 | 32 | 32 | 0,6 | 0,6 | 0,5 | 0,5 |
| | | | | | | | | |
| **Landsdel** | | | | | | | | |
| Oslo/Akershus | 21 | 23 | 25 | 26 | 1,4 | 2,1 | 0,7 | 0,5 |
| Austlandet elles | 24 | 27 | 28 | 32 | 1,0 | 1,7 | 0,4 | 0,5 |
| Agder og Rogaland | 31 | 40 | 36 | 27 | 0,6 | 1,8 | 0,6 | 0,4 |
| Vestlandet | 34 | 35 | 32 | 35 | 1,1 | 1,7 | 0,5 | 0,6 |
| Trøndelag | 34 | 42 | 32 | 38 | 1,3 | 1,7 | 0,6 | 0,6 |
| Nord-Noreg | 32 | 38 | 49 | 45 | 1,6 | 1,6 | 0,9 | 0,7 |

Kjelde: Norsk Kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

# 7. Museum og samlingar

## 7.1. Nokre resultat

*Museumssamlingane – talet på gjenstandar og fotografi litt ned*

Samlingane i norske museum består av ulike typar gjenstandar og fotografi og er ein viktig dokumentasjon av den norske kulturarven. Storleiken på samlingane var på 55 millionar gjenstandar og fotografi i 2016. Det totale talet viser dermed ein nedgang på nær 1 prosent i høve til året før.

Framleis er det samlinga av arkeologiske gjenstandar som aukar mest. Denne auka med 4 prosent og utgjer 7 millionar i 2016. Dei arkeologiske gjenstandane utgjer 13 prosent av dei totale samlingane, medan dei naturhistoriske gjenstandane utgjer 18 prosent, som er lågare del enn året før Det totale talet på naturhistoriske gjenstandar i årets museumsstatistikk har gått ned med 6 prosent, over ein halv million gjenstandar. Fotografi utgjer framleis største del av samlinga med 61 prosent, 34 millionar foto. Talet på kulturhistoriske gjenstandar har gått ned med 4 prosent, mens dei kunsthistoriske gjenstandane har auka med 2 prosent. Noko av desse endringane kjem av at 14 000 kulturhistoriske gjenstandar er definerte om til kunsthistoriske gjenstandar.

**Figur 7.1. Samlingar i norske museum[1]. 2016. Prosent**




[1]Tala i figuren omfattar dei musea som var opne for publikum.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Den elektroniske registreringa av samlingane har gått føre seg nokre år, i 2016 er 32 prosent av samlingane elektronisk registrert, medan 24 prosent er digitalisert. Sjå tabell 7.2.

Talet på registrerte gjenstandar og fotografi har auka jamt i heile det siste tiåret. Frå år til år kan noko av endringa i storleik ha si årsak i registreringa. Generelt reknar ein med at det har skjedd ein kvalitetsheving av metodikk for registrering og teljing over tid. Lengre tidsseriar er betre eigna for å vurdere utviklinga i samlinga. Dei siste ti åra, sidan 2007, har talet på registrerte gjenstandar og fotografi auka med 17 millionar frå 38 til 55 millionar. Tala for gjenstandar og foto viser likevel nedgang i 2016. Sjå figurane 7.1 og 7.2, samt tabell 7.2.

**Figur 7.2. Samlingar i norske museum[1]. 2006-2016. 1 000**




[1]Tala i figuren omfattar dei musea som var opne for publikum
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

I tillegg til desse samlingane i musea, har musea òg store samlingar av private arkiv. Sjå kapittel 9, tabellane 9.1 og 9.2.

Tabell 7.3 viser dei kulturhistoriske bygningane og farkostane i musea. Tabellen viser at musea forvaltar om lag 5 000 kulturhistoriske bygningar, og 2 400 av desse var opne for publikum i 2016. Det siste året har det kome til 74 fleire kulturhistoriske bygningar, medan 390 færre bygningar er ope for publikum. I tillegg til gjenstandar og bygningar forvaltar musea òg farkostar. I 2016 hadde musea over 1 950 farkostar, dei fleste av desse var farkostar på land. Sjølv om musea har avhenda både gjenstandar og fotografi, samt nokre bygningar dei siste åra, ser ein at samlingane stort sett aukar (Kulturrådet, 2017).

*Stabilt tal på utstillingar*

I 2016 var det totalt 2 800 utstillingar i musea. 8 prosent, 234 utstillingar, var eigenproduserte vandreutstillingar i drift, resten ordinære utstillingar. Frå 2016 er basisutstillingar og temporære utstillingar slått saman til éin kategori – utstillingar. Sjå kapittel 7. 2. Etter to år med auke i eigenproduserte vandreutstillingar i drift, er talet no på same nivå som i 2013.

Figur 7.3 viser oversikt over talet på utstillingar frå 2002 til 2016. Nærare detaljar om dei ulike utstillingskategoriane fordelte på fylke finn ein i tabell 7.4.

**Figur 7.3. Utstillingar i norske museum**




[1] Avslutta tidsserie, slått saman med basisutstillingar frå 2016.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

*Andre aktivitetar i musea – stadig fleire opne møte*

Dei ulike musea har utstrekt tilbod om opne møte, foredrag, seminar og liknande. Tabell 7.5 viser at i 2016 vart nær 6 300 slike arrangement haldne i musea. Det vart også halde meir enn 1 650 konsertar, 274 ulike teateroppsetjingar, med til saman om lag 4 600 framsyningar. Talet på framsyningar utgjer ein auke på drygt 1 500, eller 50 prosent.

*Auken i museumsbesøka held fram*

Både i 2015 og 2016 var det registrert over elleve millionar besøk i dei norske musea. Auken siste året var på 4 prosent. I 2016 vart det registrert 11,2 millionar besøk på musea i Noreg. Det utgjer ein auke på over 400 000 besøk sidan 2015, korrigert for fem museum som ikkje lenger er definert som museum. I 2016 vart fem einingar teke ut av museumspopulasjonen fordi verksemda deira ikkje lenger reknast å ligge innanfor det som er museumsdrift, i hovudsak fordi dei ikkje har eigne samlingar, sjå kapittel 7.2. Besøkstala har auka nesten kvart år sidan 2007. Frå 2007 til 2016 auka besøket i alt med 10 prosent.

Enkeltbesøk utgjer stadig større del av museumsbesøka, i 2016 utgjorde enkeltbesøka 79 prosent av alle dei 11,2 millionar museumsbesøka, mot 73 prosent i 2007. Halvparten av museumsbesøka, 50 prosent, er betalte besøk i 2016. I 2007 var delen som betalte inngangspengar større; 53 prosent, sjå figur 7.4 og tabell 7.6.

Gruppebesøka har vorte noko færre over tid, og hadde ein nedgang på 16 prosent i same tidsrommet. Frå 2015 til 2016 gjekk gruppebesøka ned med 104 000. Totalt var det 2,3 millionar besøk i grupper i 2016, sjå figur 7.4.

*Oslo hadde 58 prosent av alle besøk på kunstarenaer i 2016*

Tabell 7.7 synar ei oversikt over 59 kunstarenaer i museumslandskapet i 2016. Desse kunstarenaene fordeler seg utover i landet unntatt i Hedmark og Aust-Agder. Når vi snakkar om kunstarenaer i museumsstatistikken, meiner vi visuell kunst, kunstindustri og design. Det kan likevel vere nokre museum som har definert visuell kunst noko vidare.

I Oslo finst det 16 kunstarenaer og i 2016 var det totalt drygt ein million besøkande, noko som utgjorde 58 prosent av dei 1,9 millionane som besøkte landets kunstarenaer i 2016. Det er også veldig ulikt om fylka har gratistilbod eller ikkje.

**Figur 7.4 Besøk i norske museum**




[1] Fem museum er ikkje lenger med i museumspopulasjonen.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

42 prosent av alle museumsbesøka var på musea i Oslo, med 4,7 millionar besøk. Musea i Sør-Trøndelag hadde 8 prosent av alle museumsbesøka. Musea i Aust-Agder hadde lågast del av museumsbesøka i 2016.

Som vi har sett over var det stor auke i museumsbesøka også i 2016 på nasjonalt nivå. Med nokre få unnatak hadde dei fleste fylka auke i museumsbesøka i 2016 (figur 7.5).

Musea i Akershus hadde den største prosentvise auken i besøka samanlikna med året før, ein auke på 43 prosent eller 122 000 besøk. Musea i Østfold hadde for første gang på fleire år positiv besøksutvikling, men ligg likevel lågare enn toppåret 2009.

Musea i dei tre nordlegaste fylka har også hatt auke i museumsbesøka, både i 2015 og 2016, noko svakare auke i 2016. Etter et par år med nedgang i besøkstala for musea i Sør-Trøndelag på grunn av endring i teljemåte, ser vi 12 prosents auke i museumsbesøka i 2016.

**Figur 7.5 Besøk i norske museum. Fylke, etter endringar i prosent i talet på besøk det siste året og dei siste fem åra**




Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Kvar nordmann var i gjennomsnitt 2,1 gonger på besøk på eit museum i 2016. Sidan 2005 har dette gjennomsnittet variert mellom 2,0-2,2. Fem fylke skil seg ut med høgare besøk per innbyggjar enn gjennomsnittet. Oslo hadde høgast gjennomsnitt med 7,1 museumsbesøk per innbyggjar, mens i den andre enden finn ein Østfold med rundt eit halvt museumsbesøk per innbyggjar (figur 7.6).

**Figur 7.6. Besøk i alt per innbyggjar, etter fylke. 2016**




Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

*Universell utforming – 75 prosent tilrettelagt*

Sidan 2010 har musea svara på spørsmål om universell utforming når det gjeld lokala og formidlinga. Prosentdelen museum med universell utforming på dei ulike område har vore stabil sidan 2010. I 2016 svara 75 prosent at musea la til rette for funksjonshemma, 61 prosent av musea hadde lagt formidlinga si til rette for funksjonshemma og 47 prosent av musea sine heimesider følgjer WAI-standarden. Dette er ein standard for universelt tilgjengelege nettstadar, sjå tabell 7.7.

*Auke i driftsresultatet også i 2016*

Driftsresultatet totalt for musea i 2016 utgjorde 171 millionar kroner, ein auke på 10 prosent frå året før.

Dei totale driftsinntektene for musea i Noreg låg på 4,9 milliardar kroner i 2016. Dette er ein auke i driftsinntektene frå 2015 på 133 millionar kroner, eller 3 prosent. Eigeninntektene til musea i 2016 var 1,3 milliardar kroner, ein nedgang frå året før på 57 millionar kroner, eller 4 prosent. Billettinntektene utgjer 26 prosent av eigeninntektene, sponsorinntekter og gåver utgjer høvesvis 4 og 5 prosent av eigeninntektene. Andre eigeninntekter utgjer 40 prosent.

Dei offentlege tilskota, både dei ordinære og andre offentlege tilskot, utgjorde 3,6 milliardar kroner, eller 73 prosent av driftsinntektene. Veksten for dei offentlege løyvingane var 190 millionar kroner, eller 6 prosent. Driftstilskot frå staten både ordinært og andre tilskot, utgjorde 2,7 milliardar, over halvparten av drifts-inntektene, sjå tabell 7.7 og figur 7.7.

**Figur 7.7. Driftsinntekter, etter inntektstype**




Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Driftskostnadene for musea utgjorde 4,7 milliardar kroner i 2016. Løns- og pensjonskostnader utgjorde den største delen av driftskostnadene, med 52 prosent, litt lågare del enn året før, sjå tabell 7.7 og figur 7.8.

**Figur 7.8. Driftsutgifter, etter kostnadstype**




Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

*4 000 lønte årsverk i 2016*

Det vart utført om lag 4 150 årsverk i musea i 2016, ein svak nedgang som i hovudsak skuldast færre einingar i museumsstatistikken, jf. under og kapittel 7.2. Færre einingar kan også ha påverka dei økonomiske tala i nokon grad. Om lag 4 000 årsverk var lønte i 2016, og dette utgjer 95 prosent av dei totale årsverka. Dei frivillige årsverka har halde seg stabile dei siste åra på om lag 200.

Kvinnedelen i dei lønte årsverka var 55 prosent i 2016, på same nivå som dei to føregåande åra. Frå 2006 har delen kvinnelege årsverk variert lite, mellom 52 og 55 prosent, sjå tabell 7.9.

Over halvparten av dei lønte årsverka var vitskapleg kunst- og kulturfagleg personale, med 56 prosent av dei tilsette[5]. Teknisk personale utgjorde 20 prosent, administrativt personale 21 prosent og dagleg leiar utgjorde 4 prosent av dei tilsette, sjå tabell 7.10.

*Stadig færre administrative einingar*

Talet på dei norske musea har gått ned frå 188 i 2005 til 107 administrative einingar i 2016. Nedgangen har si hovudårsak i konsolideringsprosessar der museum slår seg saman og dannar større organisasjonar. I 2016 ble fem einingar teke ut av museumspopulasjonen fordi verksemda deira ikkje lenger reknast å ligge innanfor det som er museumsdrift, i hovudsak fordi dei ikkje har eigne samlingar. Dette påverkar tala i statistikken for 2016, spesielt besøkstala.

*Kulturbruksundersøkingane viser stabilt besøk i dei norske musea*

Tal frå kulturbruksundersøkingane viser at museumsbesøka til befolkninga har endra seg nokså lite frå 1991 til 2016. Tabell 7.1 viser at delen som har vore på museum dei siste 12 månadane har variert mellom 41 og 45 prosent i perioden. Både i 1997 og i 2016 var delen 44 prosent. Til samanlikning var det i Sverige 49 prosent som hadde vore på museum siste 12 månader i 2013 (Kulturvanor, 2016).

**Tabell 7.1. Del som har vore på museum siste 12 månader, gjennomsnittleg tal besøk blant alle og blant besøkjande**

| | Prosent på museum siste 12 månader | Tal gonger på museum, alle | Tal gonger besøkjande |
|---|---|---|---|
| 1991 | 41 | 1,0 | 2,5 |
| 1994 | 45 | 1,2 | 2,6 |
| 1997 | 44 | 1,1 | 2,6 |
| 2000 | 45 | 1,1 | 2,6 |
| 2004 | 42 | 1,2 | 2,9 |
| 2008 | 43 | 1,1 | 2,6 |
| 2012 | 41 | 1,1 | 2,6 |
| 2016 | 44 | 1,1 | 2,5 |

Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

*44 prosent på eit museum siste 12 månadar i 2016*

Tal frå Norsk kulturbarometer 2016 viser at 44 prosent av befolkninga hadde vore på eit museum dei siste 12 månadene. I 2012 var det 41 prosent som hadde vore på museum. Menn og kvinner gjekk i nesten like stor grad på museum. Flest barn i alderen 9-12 år, 62 prosent, gjekk på museum i 2016 (Vaage, 2017). Det er litt lågare del enn i 2012, men høgare enn i kulturbruksundersøkingane i 2000, 2004 og 2008.

*Høgt utdanna besøker i større grad museum*

Delen som har vore på museum varierer mykje dersom ein tek i betraktning kjønn, alder, utdanning, bustadstrok og landsdel. Til dømes hadde 62 prosent av dei med lang høgare utdanning vore på museum dei siste 12 månadene i 2016. Det har ikkje vore noka utjamning mellom utdanningsgruppene frå 1991 til 2016. Figur 7.9 viser at tilhøvet mellom gruppene har vore ganske jamt desse 25 åra. Den einaste tydelege endringa er at dei to gruppene med lågast utdanning, som hadde ein vesentleg skilnad i delen besøk, har nærma seg kvarandre. I 2012 hadde dei nær identisk besøksdel (Vaage, 2016), det same viser tala frå 2016. Sjå figur 7.9. Personar som bur i Oslo/Akershus, gjekk i større grad på museum enn dei som bur i andre delar av landet. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabellane 7.11 og 7.12. Tabell 7.12 viser besøk på ulike typar museum. Sjå også kapittel 7 i Kulturstatistikk 2015.

[5] Ikkje alle musea rapporterer på type stilling.

**Figur 7.9. Personar som har vore på museum dei siste 12 månadene, etter utdanning.**




Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

## 7.1 Om museumsstatistikken

Museum og samlingar er ein årleg statistikk som vert publisert av Statistisk sentralbyrå (SSB). Føremålet med museumsstatistikken er å gje ei årleg oversikt over aktiviteten på området. Statistikken gjev òg nødvendig informasjon for stat, fylke, kommune og andre som er involverte i drifta eller finansieringa av musea. SSB har publisert statistikken årleg sidan 1983, med unnatak av åra 1984 og 1990. Statistikken har vore publisert i samarbeid med Statens museumsråd, Norsk Museumsutvikling (NMU) og ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum og frå statistikkrapporteringa i 2011, i samarbeid med Norsk kulturråd.

### Omfang og publisering

Til og med 2001-statistikken var det slik at alle samlingar som var opne for publikum, kunne vere inkluderte i museumsstatistikken. Frå og med statistikkåret 2002 består museumsstatistikken i SSB av ein delpopulasjon av dei norske musea. I tillegg til at musea skal vere opne for publikum, har vi avgrensa populasjonen til å gjelde berre dei musea som har minst eitt fast lønt årsverk. Ein har slik fått ein meir stabil populasjon å halde seg til. Av same grunn kan populasjonen difor i nokre år avvike frå populasjonen i museumsstatistikken til Norsk kulturråd.

Dei siste åra har museumssektoren vore gjennom ei stor reform. Museum over heile landet er gjennom regionale konsolideringsprosessar slegne saman til sterkare faglege einingar. Dette har ført til at talet på einingar som rapporterer statistikk, er reduserte dei seinare åra. Likevel representerer desse einingane i hovudsak det same landskapet og populasjonen som tidlegare, i høve til gjenstandar, bygningar, utstillingar, tilsette, økonomi og så vidare.

I 2016 ble fem einingar teke ut av museumspopulasjonen fordi verksemda deira ikkje lenger reknast å ligge innanfor det som er museumsdrift, i hovudsak fordi dei ikkje har eigne samlingar. Dette påverkar tala i statistikken for 2016, spesielt besøkstala. Desse fem er; Akvariet i Bergen, VILVITE, Bergen Vitensenter, Stiftelsen Atlanterhavsparken, Vitensenteret i Trondheim, samt Nordnorsk vitensenter.

### Datakjelder og datainnsamling

Norsk kulturråd har ansvaret for å samle inn data frå dei enkelte museumseiningane. Fram til 2004 vart data rapporterte på skjema. SSB stod for registrering, revidering, kvalitetssikring og publisering av data. Dei siste åra har datainnsamlinga gått føre seg elektronisk (frå 2017 via Altinn), og SSB får ei samla elektronisk datafil for heile populasjonen via Norsk kulturråd. Fila dannar grunnlaget for publisering frå SSB.

### Omgrep og definisjonar

*Museum*

I hovudsak byggjer definisjonen av museum seg på International Council of Museums' (ICOM) definisjon:

> *«Et museum er en permanent institusjon, ikke basert på profitt, som skal tjene samfunnet og dets utvikling og være åpent for publikum; som samler inn, bevarer/konserverer, forsker i, formidler og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om mennesker og deres omgivelser i studie-, utdannings- og underholdningsøyemed.» (ICOM, 2007).*

*Type museum*

Frå statistikkåret 2011 vert ikkje musea lenger delte inn i museumstypar. I statistikkane frå 2007 til 2010 vart musea delte inn i fem museumstypar: kunst- og kunstindustri, kulturhistorisk  naturhistorisk , blanda kultur- og naturhistorisk  og blanda kunst- og kulturhistorisk . Denne inndelinga er ikkje lenger føremålstenleg på grunn av at fleire museum har slege seg saman og danna større organisasjonar.

*Besøk i museumsstatistikken*

Med besøk meiner ein at ein person oppsøkjer museet for å sjå på og bruke museets utstillingar og formidlingstenester. Besøk på friluftsmuseum er personar som oppsøker museets område i opningstida for bruk av museets formidling på området. Besøk av personar som oppheld seg i museets lokale og friluftsområde i forbindelse med arrangement som ikkje aktivt knytast til museets formidling og verksemd, skal ikkje reknast med. For utstillingar i andre lokale enn museets eigne, reknast besøk av personar dersom det primære formål er å aktivt oppsøke utstillinga til museet. Dei som besøker museets stand på ei messe, skal ikkje reknast med. Personar som berre passerer gjenstandar eller fotografi i eit offentleg lokale utan å oppsøkje utstillinga skal heller ikkje reknast med. Virtuelle besøk som til dømes internettutstillingar, reknast ikkje med.

Deltakarar i pedagogisk verksemd skal også være inkludert i besøkstala.
Dersom museet ikkje skil mellom barn og vaksne, enkeltbesøk og gruppebesøk ved teljing, skal besøkstalet registrerast som Enkeltbesøk vaksne (Kulturrådet 2017).

*Universell utforming – nedsett funksjonsevne*

Universell utforming er tilrettelegging av lokale eller formidling for alle besøkande. Å leggje til rette kan vere merking med blindeskrift, teiknspråk, teleslynge, heis, rullestolrampe, storskrift og lettlesen informasjon. For nettsider er det ein standard for universell utforming, WAI-standarden. Nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming blir av Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon skildra som ein konflikt mellom føresetnadene individet har og krava som miljøet og samfunnet har til funksjon på område som er vesentlege for å etablere og halde oppe sjølvstendet og det sosiale tilværet til enkeltmennesket.

*Andre omgrep*

Inntekter totalt inkluderer offentlege løyvingar, billettinntekter, gåver og andre inntekter.

Lønte årsverk i alt omfattar faste stillingar, mellombels engasjerte (ikkje på arbeidsmarknadstiltak), engasjerte gjennom arbeidsmarknadstiltak, lærlingar og sivilarbeidarar.

Utgifter i alt inkluderer løn, sosiale utgifter, andre driftsutgifter og investeringar.

Gjenstandar og objekt kan vere kunsthistoriske, kulturhistoriske, naturhistoriske, arkeologiske og fotografi. Kategorien arkeologiske gjenstandar (minne om menneskeleg aktivitet, menneskes materielle kultur slik som artefakter, biofakter og menneskelege leivningar) vart innført i statistikken 2007. Desse gjenstandane har hovudsakleg tidlegare vore rapporterte i kategorien kulturhistoriske gjenstandar (ABM, 2008).

Utstillingar – Frå 2016 er basisutstillingar og temporære utstillingar slått saman til ein ny kategori kalla Utstillingar. Basisutstilling er fast utstilling som er ein del av det faste opplegget til museet når det gjeld formidling. Eit museum kan ha fleire basisutstillingar. Eit tun eller friluftsmuseum med fleire bygningar blir rekna som éi basisutstilling. Temporær utstilling er utstilling som er montert, og som skal visast ei avgrensa tid. Visingstida kan variere frå nokre få dagar og inntil eit år. Eigenprodusert vandreutstilling i drift er utstilling som er laga for å kunne bli transportert og vist på fleire stader.

Kulturhistoriske bygningar er bygningar som har kunnskaps- og kjeldeverdi ved at dei vitnar om lokal kunnskap, estetikk, tradisjonar, levesett, arkitektur og økonomiske føresetnader. Bygningane kan vere ein sjølvstendig del av utstillingane til museet og formidling, men også kulturhistorisk viktige bygningar som rommar utstillingar, skal ein telje her. Omgrepet «kulturhistoriske bygningar» bruker ein her både for bygningar som er freda eller blir vurderte som verneverdige.

Farkostar er ei nemning på opne båtar/fartøy/skip som er ein del av samlingane til museet. Farkostar omfattar både farkostar på vatn og på land og som er ein del av utstillingane til museet. Det er inga øvre eller nedre grense for storleiken på farkosten så lenge han kan bli kategorisert som båt/fartøy/skip. (Statistikkskjema for norske museum og samlingar for året 2015).

### Feilkjelder og uvisse
Det kan oppstå feil ved utfylling av skjema i dei enkelte musea. Dei fleste slike feil vert funne og retta ved maskinelle og manuelle kontrollar. Dei siste åra er kvaliteten i museumsstatistikken vorte betre grunna betre kontrollsystem.

### Samanlikningar
Fordi populasjonen ikkje har vore eintydig, og på grunn av svært varierande svarprosent frå år til år, har det vore vanskeleg å samanlikne aktiviteten over tid. Frå og med statistikkåret 2002 er populasjonen meir eintydig, og samanlikningar vil difor kunne gjerast frå og med 2002. Med avgrensinga av populasjonen er museumsstatistikken også blitt enklare å samanlikne med statistikken til dei andre nordiske landa.

### Kulturbruksundersøkingane
Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år vert spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2016. Sjå òg Kulturstatistikk 2013, 2014 og 2015.

## Referansar

Vaage, Odd Frank, (2017): «*Norsk kulturbarometer 2016*». Henta frå http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-kulturbarometer-2016

Kulturvanor (2016): Rapport 2016:1, Myndigheten for Kulturanalys. Henta frå https://kulturanalysnorden.se/

Kulturrådet (2017): *Statistikk for museum 2015*. Henta frå http://www.kulturradet.no/museum/statistikk

ICOM (2007): ICOMs statutter, artikkel 3, paragraf 1 http://www.icom-norway.org/definisjon.html

WAI-standarden henta frå http://www.w3.org/WAI/.

ABM (2008): Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2007. Henta frå https://www.nb.no/content/download/837/15205/file/abm-skrift-49.pdf

## Meir informasjon

Kulturrådet: (http://www.kulturradet.no/museum/statistikk)

Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarbakgrunn: (http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/kultur-og-mediebruk-blant-personer-med-innvandrerbakgrunn)

Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå: (http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/museer/aar/2017-05-22

Norges museumsforbund: (http://museumsforbundet.no/)

DigitaltMuseum: (http://digitaltmuseum.no/)

Fritidsaktiviteter 1997-2014: (http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/fritidsaktiviteter-1997-2014)

Vaage, Odd Frank, (2016): «*Kulturvaner 1991-2015*».

**Tabell 7.2. Museum[1] og samlingar. Storleik på samlingane. 1000**

| | Gjenstandar/objekt | | | | | | | Material som er digitalisert. Prosent |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Kunst-historiske | Arkeologiske | Kultur-historiske | Natur-historiske | Fotografi | Material som er elektronisk registrert. Prosent | |
| 2002 | 26 776 | 551,2 | - | 5 137,1 | 11 225,8 | 9 861,9 | - | |
| 2003 | 26 925 | 560,2 | - | 4 883,9 | 11 284,2 | 10 196,9 | - | |
| 2004 | 32 098 | 314,2 | - | 5 350,0 | 11 545,8 | 14 887,5 | - | |
| 2005 | 34 297 | 470,8 | - | 6 141,3 | 11 639,9 | 16 045,5 | - | |
| 2006 | 35 103 | 505,2 | - | 6 287,3 | 11 220,1 | 17 090,7 | 24,1 | |
| 2007 | 38 378 | 452,7 | 4 658,0 | 3 469,4 | 11 855,6 | 17 941,8 | 22,7 | |
| 2008 | 43 484 | 450,8 | 4 191,6 | 3 489,3 | 11 921,3 | 23 431,3 | 21,2 | |
| 2009 | 42 732 | 453,3 | 4 279,5 | 3 542,7 | 11 542,3 | 22 914,3 | 219,6 | |
| 2010 | 43 130 | 451,9 | 4 404,5 | 3 588,7 | 9 953,5 | 24 731,1 | 26,1 | |
| 2011 | 48 665 | 643,1 | 4 611,7 | 3 590,1 | 10 138,5 | 29 681,6 | 26,1 | |
| 2012 | 51 233 | 692,1 | 4 922,3 | 3 595,0 | 10 250,1 | 31 773,9 | 26,5 | |
| 2013 | 50 766 | 715,8 | 5 176,2 | 3 606,0 | 10 293,7 | 30 974,7 | 27,2 | |
| 2014 | 53 180 | 760,4 | 6 347,0 | 3 728,1 | 10 437,1 | 31 907,4 | 33,3 | |
| 2015 | 55 697 | 766,9 | 6 705,6 | 3 779,7 | 10 559,2 | 33 885,9 | 34,0 | |
| 2016 | 55 383 | 782,9 | 6 992,0 | 3 633,9 | 9 946,8 | 34 027,1 | 32,0 | 23,8 |
| **2016** | | | | | | | | |
| Østfold | 905 | 5,0 | 0,3 | 90,7 | 1,0 | 807,8 | 20,8 | 12,4 |
| Akershus | 4 979 | 3,4 | - | 87,1 | 0,4 | 4 888,0 | 9,7 | 1,9 |
| Oslo | 16 017 | 589,5 | 2 026,6 | 789,8 | 5 690,5 | 6 920,7 | 20,8 | 19,0 |
| Hedmark | 5 165 | 3,2 | 7,2 | 201,5 | 1,9 | 4 951,6 | 7,9 | 8,2 |
| Oppland | 2 057 | 1,7 | 0,5 | 174,9 | 3,4 | 1 876,8 | 73,8 | 26,8 |
| Buskerud | 551 | 5,3 | - | 227,1 | 9,6 | 308,6 | 35,2 | 17,4 |
| Vestfold | 1 672 | 6,3 | 0,8 | 114,6 | 1,0 | 1 549,4 | 32,9 | 3,6 |
| Telemark | 3 530 | 9,9 | 1,1 | 164,0 | 0,8 | 3 354,5 | 8,1 | 4,8 |
| Aust-Agder | 191 | 0,0 | 0,5 | 89,9 | 12,1 | 88,4 | 36,2 | 17,4 |
| Vest-Agder | 388 | 2,6 | 0,2 | 66,8 | 111,0 | 207,9 | 33,4 | 28,6 |
| Rogaland | 2 905 | 15,6 | 1 215,9 | 285,5 | 24,2 | 1 364,1 | 56,4 | 55,1 |
| Hordaland | 4 875 | 52,4 | 1 666,4 | 343,8 | 2 073,9 | 738,2 | 68,3 | 38,1 |
| Sogn og Fjordane | 163 | 4,7 | 0,0 | 110,3 | 7,7 | 39,9 | 35,4 | 39,0 |
| Møre og Romsdal | 1 978 | 2,0 | 0,4 | 190,0 | 0,7 | 1 784,4 | 19,7 | 18,2 |
| Sør-Trøndelag | 5 398 | 31,4 | 1 726,8 | 212,6 | 1 338,1 | 2 088,6 | 58,9 | 56,6 |
| Nord-Trøndelag | 714 | 3,6 | 0,9 | 89,5 | 0,1 | 619,9 | 13,0 | 13,9 |
| Nordland | 1 540 | 14,9 | 0,4 | 247,0 | 42,6 | 1 235,6 | 38,5 | 19,4 |
| Troms Romsa | 2 036 | 29,6 | 304,3 | 87,2 | 625,6 | 989,5 | 55,3 | 52,4 |
| Finnmark Finnmárku | 250 | 1,7 | 0,3 | 56,3 | 1,8 | 189,5 | 39,3 | 29,0 |
| | | | | | | | | |
| Svalbard | 69 | 0,1 | 39,3 | 5,2 | 0,4 | 23,5 | 98,9 | 46,5 |

[1] Tala i tabellen omfattar dei opne musea. [2] På grunn av endring i spørjeskjemaet for 2009, kan dette talet vere misvisande.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.3. Kulturhistoriske bygningar og farkostar**

| | Einingar i alt[1] | Kulturhistoriske bygningar | Opne kulturhistoriske bygningar | Flytande farkostar | Farkostar på land |
|---|---|---|---|---|---|
| 2006 | 175 | 4 894 | 2 942 | - | - |
| 2007 | 173 | 4 785 | 2 971 | - | - |
| 2008 | 166 | 4 782 | 2 918 | - | - |
| 2009 | 148 | 4 866 | 2 970 | - | - |
| 2010 | 137 | 4 974 | 2 862 | - | - |
| 2011 | 134 | 4 982 | 2 925 | - | - |
| 2012 | 128 | 5 019 | 2 877 | - | - |
| 2013 | 127 | 4 926 | 2 855 | 222 | 1 644 |
| 2014 | 118 | 4 915 | 2 824 | 219 | 1 681 |
| 2015 | 115 | 4 940 | 2 829 | 231 | 1 695 |
| 2016 | 107 | 5 014 | 2 443 | 198 | 1 757 |
| **2016** | | | | | |
| Østfold | 2 | 78 | 31 | 4 | 58 |
| Akershus | 3 | 223 | 117 | 13 | 141 |
| Oslo | 19 | 192 | 78 | 7 | 183 |
| Hedmark | 3 | 653 | 238 | 3 | 76 |
| Oppland | 8 | 553 | 296 | 8 | 46 |
| Buskerud | 4 | 385 | 211 | 2 | 1 |
| Vestfold | 2 | 28 | 32 | 3 | 18 |
| Telemark | 3 | 270 | 71 | 13 | 13 |
| Aust-Agder | 2 | 98 | 61 | 1 | 16 |
| Vest-Agder | 4 | 115 | 65 | 5 | 24 |
| Rogaland | 7 | 234 | 91 | 4 | 58 |
| Hordaland | 10 | 515 | 249 | 16 | 164 |
| Sogn og Fjordane | 3 | 192 | 110 | 2 | 142 |
| Møre og Romsdal | 6 | 321 | 198 | 40 | 194 |
| Sør-Trøndelag | 6 | 269 | 84 | 17 | 107 |
| Nord-Trøndelag | 4 | 171 | 75 | 12 | 73 |
| Nordland | 7 | 405 | 269 | 28 | 265 |
| Troms Romsa | 6 | 187 | 119 | 15 | 92 |
| Finnmark Finnmárku | 6 | 122 | 47 | 5 | 83 |
| | | | | | |
| Svalbard | 2 | 3 | 1 | 0 | 3 |

[1] Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.4. Utstillingar i norske museum[1]**

| | Einingar i alt | Utstillingar i alt | Basis-utstillingar | Temporære utstillingar | Eigenproduserte vandreutstillingar i drift |
|---|---|---|---|---|---|
| 2002 | 274 | 2 387 | 1 383 | 754 | 237 |
| 2003 | 263 | 2 420 | 1 377 | 795 | 248 |
| 2004 | 234 | 2 452 | 1 398 | 892 | 162 |
| 2005 | 188 | 2 658 | 1 434 | 1 028 | 196 |
| 2006 | 175 | 2 737 | 1 471 | 1 040 | 226 |
| 2007 | 173 | 2 858 | 1 559 | 1 073 | 226 |
| 2008 | 166 | 2 881 | 1 523 | 1 119 | 239 |
| 2009 | 148 | 2 964 | 1 541 | 1 139 | 284 |
| 2010 | 137 | 2 922 | 1 578 | 1 068 | 276 |
| 2011 | 134 | 2 939 | 1 605 | 1 061 | 273 |
| 2012 | 128 | 2 899 | 1 622 | 1 056 | 221 |
| 2013 | 127 | 2 896 | 1 598 | 1 066 | 232 |
| 2014 | 118 | 3 026 | 1 536 | 1 086 | 404 |
| 2015 | 115 | 2 844 | 1 563 | 1 026 | 255 |

| | Einingar i alt | Utstillingar i alt | Utstillingar[2] | Eigenproduserte vandreutstillingar i drift |
|---|---|---|---|---|
| 2016 | 107 | 2 782 | 2 548 | 234 |
| | | | | |
| Østfold | 2 | 38 | 36 | 2 |
| Akershus | 3 | 112 | 106 | 6 |
| Oslo | 19 | 381 | 349 | 32 |
| Hedmark | 3 | 75 | 68 | 7 |
| Oppland | 8 | 174 | 168 | 6 |
| Buskerud | 4 | 123 | 115 | 8 |
| Vestfold | 2 | 36 | 28 | 8 |
| Telemark | 3 | 100 | 100 | 0 |
| Aust-Agder | 2 | 65 | 64 | 1 |
| Vest-Agder | 4 | 138 | 130 | 8 |
| Rogaland | 7 | 210 | 205 | 5 |
| Hordaland | 10 | 237 | 224 | 13 |
| Sogn og Fjordane | 3 | 67 | 63 | 4 |
| Møre og Romsdal | 6 | 165 | 126 | 39 |
| Sør-Trøndelag | 6 | 148 | 132 | 16 |
| Nord-Trøndelag | 4 | 107 | 102 | 5 |
| Nordland | 7 | 353 | 325 | 28 |
| Troms Romsa | 6 | 129 | 97 | 32 |
| Finnmark Finnmárku | 6 | 121 | 108 | 13 |
| | | | | |
| Svalbard | 2 | 3 | 2 | 1 |

[1] Tala i tabellen omfattar dei opne musea.
[2] Frå 2016 er basisutstillingar og temporære utstillingar slått saman til ny kategori, utstillingar.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.5. Museum og samlingar. Ulike aktivitetar i musea, etter type aktivitet og fylke**

| | Museums-einingar i alt[1] | Tal på opne møte, foredrag, seminar o.l. | Tal på konsertar | Tal på oppsetjingar (skodespel, teater) | Tal på framføringar (skodespel, teater) |
|---|---|---|---|---|---|
| 2013 | 127 | 5 536 | 1 613 | 250 | 3 116 |
| 2014 | 118 | 5 910 | 1 653 | 300 | 1 940 |
| 2015 | 115 | 6 023 | 1 623 | 278 | 3 095 |
| 2016 | 107 | 6 278 | 1 654 | 274 | 4 639 |
| **2016** | | | | | |
| Østfold | 2 | 100 | 6 | 4 | 8 |
| Akershus | 3 | 248 | 83 | 10 | 49 |
| Oslo | 19 | 869 | 111 | 48 | 2 627 |
| Hedmark | 3 | 208 | 77 | 23 | 62 |
| Oppland | 8 | 376 | 61 | 24 | 54 |
| Buskerud | 4 | 160 | 53 | 9 | 34 |
| Vestfold | 2 | 84 | 14 | 10 | 14 |
| Telemark | 3 | 120 | 33 | 5 | 11 |
| Aust-Agder | 2 | 109 | 24 | 3 | 5 |
| Vest-Agder | 4 | 185 | 24 | 4 | 30 |
| Rogaland | 7 | 782 | 82 | 9 | 35 |
| Hordaland | 10 | 696 | 622 | 19 | 78 |
| Sogn og Fjordane | 3 | 84 | 56 | 0 | 0 |
| Møre og Romsdal | 6 | 550 | 75 | 4 | 320 |
| Sør-Trøndelag | 6 | 576 | 152 | 21 | 81 |
| Nord-Trøndelag | 4 | 126 | 38 | 15 | 189 |
| Nordland | 7 | 470 | 91 | 49 | 886 |
| Troms Romsa | 6 | 367 | 20 | 16 | 154 |
| Finnmark Finnmárku | 6 | 149 | 32 | 1 | 2 |
| | | | | | |
| Svalbard | 2 | 19 | - | - | - |

[1] Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.6. Museum[1] og samlingar. Besøk**

| | Einingar i alt | Besøk | | Betalte besøk | Besøk i alt per innbyggjar[2] |
|---|---|---|---|---|---|
| | | I alt | Av desse som enkeltbesøk | | |
| | | 1 000 | | | |
| 2002 | 274 | 8 336 | 4 128 | 3 872 | 1,8 |
| 2003 | 263 | 8 523 | 4 592 | 4 119 | 1,9 |
| 2004 | 234 | 8 553 | 5 681 | 4 564 | 1,9 |
| 2005 | 188 | 9 061 | 6 344 | 4 732 | 2,0 |
| 2006 | 175 | 9 331 | 6 786 | 4 462 | 2,0 |
| 2007 | 173 | 10 194 | 7 409 | 5 387 | 2,2 |
| 2008 | 166 | 10 196 | 7 553 | 5 055 | 2,2 |
| 2009 | 148 | 10 184 | 7 633 | 4 870 | 2,1 |
| 2010 | 137 | 10 548 | 8 070 | 5 142 | 2,2 |
| 2011 | 134 | 10 574 | 7 925 | 5 703 | 2,1 |
| 2012 | 128 | 10 666 | 7 990 | 5 727 | 2,1 |
| 2013 | 127 | 10 945 | 8 207 | 5 369 | 2,2 |
| 2014 | 118 | 310 862 | 8 278 | 5 918 | 2,1 |
| 2015 | 115 | 11 315 | 8 878 | 5 870 | 2,2 |
| 2016 | [3]107 | 11 217 | 8 884 | 5 597 | 2,1 |
| **2016** | | | | | |
| Østfold | 2 | 134 | 103 | 45 | 0,5 |
| Akershus | 3 | 405 | 336 | 233 | 0,7 |
| Oslo | 19 | 4 694 | 3 883 | 2 346 | 7,1 |
| Hedmark | 3 | 311 | 224 | 145 | 1,6 |
| Oppland | 8 | 476 | 368 | 264 | 2,5 |
| Buskerud | 4 | 351 | 289 | 157 | 1,3 |
| Vestfold | 2 | 144 | 105 | 49 | 0,6 |
| Telemark | 3 | 227 | 183 | 99 | 1,3 |
| Aust-Agder | 2 | 66 | 49 | 32 | 0,6 |
| Vest-Agder | 4 | 230 | 178 | 65 | 1,3 |
| Rogaland | 7 | 681 | 486 | 364 | 1,4 |
| Hordaland | 10 | 799 | 576 | 499 | 1,5 |
| Sogn og Fjordane | 3 | 137 | 116 | 27 | 1,2 |
| Møre og Romsdal | 6 | 368 | 195 | 185 | 1,4 |
| Sør-Trøndelag | 6 | 875 | 780 | 451 | 2,8 |
| Nord-Trøndelag | 4 | 250 | 198 | 82 | 1,8 |
| Nordland | 7 | 463 | 361 | 294 | 1,9 |
| Troms Romsa | 6 | 368 | 280 | 122 | 2,2 |
| Finnmark Finnmárku | 6 | 180 | 132 | 90 | 2,4 |
| | | 0 | 0 | 0 | |
| Svalbard | 2 | 58 | 43 | 49 | - |

[1] Tala i tabellen omfattar dei opne musea. [2] Frå og med 2010 er innbyggjartala baserte på middelfolkemengde og ikkje på tal per 1. januar. [3] Frå 2016 er fem museum tatt ut av museumspopulasjonen.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.7. Kunstarenaer[1], ulike typer besøk etter fylke i 2016**

| | Talet på kunst-arenaer | Besøk i alt | Enkeltbesøk | | Gruppebesøk | | Del av besøk med inngangspenger |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Vaksne | Barn og unge | Vaksne | Barn og unge | |
| **I alt** | 59 | 1 862 521 | 1 481 701 | 167 176 | **69 687** | **143 957** | **45,3** |
| | | | | | | | |
| Østfold | 1 | 27 811 | 20 403 | 1 706 | - | 5 702 | 22,7 |
| Akershus | 2 | 188 174 | 148 010 | 39 863 | 301 | - | 0,5 |
| Oslo | 16 | 1 007 254 | 871 908 | 76 508 | 8 445 | 50 393 | 57,3 |
| Hedmark | - | - | - | - | - | - | - |
| Oppland | 1 | 24 809 | 19 490 | 1 160 | 529 | 3 630 | 35,6 |
| Buskerud | 6 | 70 599 | 54 522 | 4 679 | 2 037 | 9 361 | 61,7 |
| Vestfold | 3 | 44 989 | 25 497 | 3 969 | 3 094 | 12 429 | 33,1 |
| Telemark | 5 | 18 176 | 8 521 | 2 006 | 4 693 | 2 956 | 57,7 |
| Aust-Agder | - | - | - | - | - | - | - |
| Vest-Agder | 3 | 28 810 | 10 453 | 8 641 | - | 9 716 | 12,8 |
| Rogaland | 4 | 102 091 | 73 303 | 9 434 | 10 284 | 9 070 | 39,1 |
| Hordaland | 4 | 141 953 | 113 011 | 5 866 | 9 152 | 13 924 | 44,0 |
| Sogn og Fjordane | 2 | 14 804 | 9 028 | 1 154 | 2 695 | 1 927 | 47,1 |
| Møre og Romsdal | 1 | 34 829 | 18 148 | 1 087 | 6 263 | 9 331 | 64,9 |
| Sør-Trøndelag | 2 | 41 481 | 27 627 | 2 732 | 2 126 | 8 996 | 68,6 |
| Nord-Trøndelag | 2 | 24 637 | 15 777 | 6 030 | 1 048 | 1 782 | 13,9 |
| Nordland | 1 | 8 112 | 7 222 | 392 | 297 | 201 | 80,3 |
| Troms Romsa | 4 | 31 754 | 24 232 | 4 | 1 150 | 2 368 | 0,4 |
| Finnmark Finnmárku | 2 | 17 079 | 10 651 | 506 | 4 069 | 1 853 | 44,3 |
| | | | | | | | |
| Svalbard | 1 | 35 159 | 23 898 | 1 439 | 13 504 | 318 | 0,0 |

[1] Gjeld museum som har svara at dei formidlar kunst-, kunstindustri og designhistorie i 2016. Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Kulturrådet

**Tabell 7.8. Museum som er lagde til rette for funksjonshemma**

| | Talet på museum[1] | Er museets lokale lagt til rette for funksjonshemma? | | Er museets formidling lagt til rette for funksjonshemma? | | Følgjer museets heimesider WAI-standarden? | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Ja | Nei | Ja | Nei | Ja | Nei |
| 2010 | 137 | 102 | 35 | 76 | 61 | . | . |
| 2011 | 134 | 97 | 37 | 70 | 64 | . | . |
| 2012 | 128 | 94 | 34 | 82 | 46 | 55 | 73 |
| 2013 | 127 | 93 | 34 | 82 | 45 | 60 | 67 |
| 2014 | 118 | 88 | 30 | 80 | 38 | 46 | 72 |
| 2015 | 115 | 85 | 30 | 72 | 43 | 55 | 60 |
| 2016 | 107 | 81 | 26 | 65 | 42 | 51 | 56 |

[1] Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.9. Museum og samlingar. Driftsinntekter og driftskostnader. Millionar kroner**

| | I alt 2013 | I alt 2014 | I alt 2015 | I alt 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Driftsresultat | 110,3 | 73,1 | 156,3 | 171,7 |
| **Totale driftsinntekter** | **4 185,5** | **4 416,9** | **4 781,3** | **4 914,2** |
| | | | | |
| Totale eigeninntekter | 1 147,3 | 1277,9 | 1 403,4 | 1 346,4 |
| Billettinntekter | 268,6 | 322,6 | 330,6 | 351,3 |
| Varer og tenester | 379,6 | 295,0 | 312,7 | 330,6 |
| Sponsorinntekter | 118,4 | 131,9 | 67,2 | 54,6 |
| Gåver | - | - | 92,7 | 78,8 |
| Andre eigeninntekter | 380,7 | 528,5 | 600,2 | 531,2 |
| | | | | |
| Totalt ordinært offentleg driftstilskot | 2 721,5 | 2 859,9 | 3 109,1 | 3 109,1 |
| Ordinært driftstilskot staten | 1 999,0 | 2 186,7 | 2 314,7 | 2 320,9 |
| Ordinært driftstilskot fylkeskommune | 325,0 | 340,2 | 368,1 | 372,7 |
| Ordinært driftstilskot kommune | 397,5 | 333,0 | 426,3 | 439,3 |
| | | | | |
| Totalt andre offentlege tilskot | 316,6 | 279,2 | 268,8 | 435,0 |
| Andre offentlege tilskot, staten | 186,6 | 154,0 | 193,3 | 332,6 |
| Andre offentlege tilskot, fylke | 105,1 | 109,5 | 47,7 | 63,8 |
| Andre offentlege tilskot, kommune | 24,9 | 15,7 | 27,8 | 38,6 |
| | | | | |
| **Totale driftskostnader** | **4 075,2** | **4 343,8** | **4 625,0** | **4 742,5** |
| Varer/ tenester | 360,2 | 379,3 | 353,4 | 366,7 |
| Lønn | 2 020,0 | 2 154,4 | 2 228,8 | 2 235,9 |
| Pensjon | 184,9 | 202,8 | 247,1 | 219,5 |
| Avskrivingar | 71,9 | 76,8 | 85,3 | 97,9 |
| Drift lokale | 157,3 | 162,5 | 174,5 | 176,1 |
| Vedlikehald lokale | 161,9 | 142,5 | 182,5 | 241,8 |
| Husleige | 367,6 | 439,6 | 489,1 | 455,9 |
| Andre driftskostnader | 787,1 | 832,1 | 899,1 | 948,7 |
| | | | | |
| - Offentlege refusjonar | 35,7 | 46,2 | 34,7 | ..[1] |

[1] Offentlege refusjonar blir ikkje lenger trekte frå i driftskostnadene.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.10. Årsverk ved museum og samlingar**

| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Årsverk i alt | 3 559,9 | 3 578,6 | 3 768,1 | 3 842,0 | 3 840,8 | 3 934,2 | 3 977,8 | 3 972,7 | 4 064,8 | 4 052,8 | 4 213,1 | 4 150,9 |
| | | | | | | | | | | | | |
| Årsverk, lønt personale | 3 384,0 | 3 397,1 | 3 568,2 | 3 638,6 | 3 633,5 | 3 726,9 | 3 782,4 | 3 778,1 | 3 862,9 | 3 864,6 | 4 015,5 | 3 954,8 |
| Av dette | | | | | | | | | | | | |
| Årsverk, faste stillingar | 2 419,9 | 2 517,2 | 2 656,6 | 2 674,9 | 2 715,6 | 2 792,3 | 2 844,0 | 2 868,1 | 2 952,4 | 2 998,7 | 3 085,5 | 3 069,2 |
| Frivillige årsverk | 176,0 | 181,5 | 199,9 | 203,4 | 207,3 | 207,4 | 195,4 | 194,6 | 201,7 | 1188,2 | 197,8 | 196,1 |
| Årsverk, lønt personale[1] | | | | | | | | | | | | |
| Kvinner | . | 1 800,9 | 1 921,9 | 1 908,5 | 1 921,7 | 1 946,3 | 2 006,4 | 2 032,9 | 2 078,2 | 2 110,6 | 2 217,7 | 2 177,3 |
| Menn | . | 1 773,2 | 1 846,2 | 1 730,1 | 1 711,8 | 1 778,9 | 1 776,0 | 1 745,2 | 1 784,2 | 1 753,2 | 1 797,1 | 1 776,9 |

[1] Frå 2008 er frivillige årsverk ikkje medrekna.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.11. Årsverk, etter type stilling[1]**

| | Dagleg leiar | Vitskapleg kunst- og kulturfagleg personale | Administrativt personale | Teknisk personale |
|---|---|---|---|---|
| 2012 | 153,7 | 1 960,6 | 709,9 | 914,7 |
| 2013 | 151,2 | 2 036,3 | 680,2 | 853,0 |
| 2014 | 148,9 | 2 033,2 | 734,8 | 804,3 |
| 2015 | 169,5 | 2 029,7 | 805,6 | 848,1 |
| 2016 | 139,7 | 2 113,3 | 787,2 | 749,2 |
| **2016** | | | | |
| Østfold | 2,0 | 32,7 | 12,6 | 14,7 |
| Akershus | 3,0 | 70,0 | 21,7 | 30,6 |
| Oslo | 24,0 | 523,1 | 288,3 | 185,2 |
| Hedmark | 3,0 | 77,6 | 35,0 | 34,6 |
| Oppland | 7,0 | 80,8 | 30,9 | 45,3 |
| Buskerud | 4,0 | 48,2 | 28,4 | 30,2 |
| Vestfold | 9,0 | 40,1 | 18,9 | 11,6 |
| Telemark | 3,0 | 60,1 | 12,7 | 16,8 |
| Aust-Agder | 2,0 | 41,8 | 8,1 | 11,7 |
| Vest-Agder | 10,4 | 44,2 | 11,0 | 12,6 |
| Rogaland | 7,0 | 161,6 | 61,2 | 48,1 |
| Hordaland | 10,0 | 224,3 | 82,2 | 129,6 |
| Sogn og Fjordane | 2,0 | 19,1 | 15,2 | 19,7 |
| Møre og Romsdal | 9,0 | 58,8 | 20,4 | 20,2 |
| Sør-Trøndelag | 15,0 | 294,1 | 49,7 | 44,3 |
| Nord-Trøndelag | 4,0 | 58,2 | 20,3 | 29,7 |
| Nordland | 6,3 | 113,2 | 33,3 | 37,2 |
| Troms Romsa | 6,0 | 109,6 | 18,7 | 14,1 |
| Finnmark Finnmárku | 12,0 | 55,1 | 16,8 | 10,2 |
| Svalbard | 1,0 | 1,0 | 2,0 | 3,0 |

[1] Ikkje alle musea rapporterer type stilling.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.12. Besøk på ulike museum for menn og kvinner etter alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel**

| | Prosent | | | | | | Besøk i gjennomsnitt | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1997 | 2000 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 | 1997 | 2000 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 |
| Alle personar | 38 | 45 | 42 | 43 | 41 | 44 | 1,1 | 1,1 | 1,2 | 1,1 | 1,1 | 1,1 |
| | 51 | | | | | | | | | | | |
| Menn | 47 | 46 | 42 | 44 | 40 | 43 | 1,3 | 1,2 | 1,3 | 1,1 | 1,0 | 1,1 |
| Kvinner | 40 | 44 | 42 | 42 | 43 | 45 | 1,0 | 1,1 | 1,1 | 1,2 | 1,2 | 1,1 |
| Alder | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 57 | 53 | 54 | 55 | 57 | 54 | 1,3 | 1,5 | 1,4 | 1,1 | 1,5 | 1,3 |
| 16-24 år | 42 | 47 | 39 | 40 | 36 | 47 | 1,3 | 1,0 | 1,2 | 0,8 | 0,8 | 1,1 |
| 25-44 år | 45 | 45 | 43 | 46 | 41 | 46 | 1,1 | 1,1 | 1,2 | 1,3 | 1,3 | 1,2 |
| 45-66 år | 43 | 43 | 40 | 39 | 40 | 40 | 1,1 | 1,2 | 1,1 | 1,2 | 1,0 | 0,9 |
| 67-79 år | 31 | 35 | 35 | 39 | 40 | 39 | 1,0 | 0,9 | 1,3 | 0,9 | 1,0 | 1,2 |
| Utdanning | | | | | | | | | | | | |
| Ungdomsskole | 28 | 35 | 32 | 29 | 31 | 35 | 0,9 | 0,6 | 0,7 | 0,6 | 0,7 | 0,8 |
| Vidaregåande skole | 38 | 37 | 33 | 36 | 33 | 36 | 0,9 | 0,8 | 0,9 | 0,8 | 0,7 | 0,8 |
| Universitet og høgskole, kort | 51 | 52 | 52 | 49 | 46 | 52 | 1,2 | 1,4 | 1,9 | 1,3 | 1,1 | 1,4 |
| Universitet og høgskole, lang | 65 | 61 | 66 | 62 | 58 | 62 | 2,0 | 1,9 | 2,0 | 2,6 | 2,4 | 1,6 |
| Hushaldsinntekt | | | | | | | | | | | | |
| 1. kvartil | 37 | 38 | 34 | 40 | 38 | 41 | 0,9 | 0,9 | 1,1 | 1,0 | 0,8 | 1,2 |
| 2. kvartil | 43 | 41 | 44 | 43 | 36 | 46 | 1,2 | 0,9 | 1,2 | 1,4 | 1,2 | 1,1 |
| 3. kvartil | 44 | 50 | 42 | 47 | 44 | 43 | 1,0 | 1,4 | 1,3 | 1,3 | 1,2 | 1,0 |
| 4. kvartil | 52 | 56 | 49 | 52 | 53 | 53 | 1,4 | 1,6 | 1,3 | 1,4 | 1,4 | 1,3 |
| Landsdel | | | | | | | | | | | | |
| Oslo/Akershus | 52 | 54 | 49 | 51 | 52 | 56 | 1,6 | 1,6 | 1,5 | 1,5 | 1,6 | 1,6 |
| Austlandet elles | 43 | 46 | 44 | 42 | 39 | 44 | 1,0 | 1,1 | 1,3 | 1,2 | 0,8 | 1,0 |
| Agder og Rogaland | 39 | 38 | 35 | 40 | 41 | 36 | 0,9 | 1,1 | 1,1 | 0,9 | 1,0 | 0,9 |
| Vestlandet | 40 | 42 | 38 | 38 | 33 | 38 | 1,2 | 1,1 | 0,8 | 1,0 | 1,0 | 0,8 |
| Trøndelag | 47 | 45 | 44 | 46 | 41 | 44 | 1,2 | 1,0 | 1,0 | 1,2 | 1,4 | 0,8 |
| Nord-Noreg | 38 | 37 | 36 | 39 | 38 | 35 | 0,8 | 0,8 | 1,4 | 0,8 | 0,8 | 1,1 |

Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.13. Besøk på ulike museumstypar for menn og kvinner etter alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel**

| | Folke-museum | Teknisk museum | Naturhistorisk museum | Kunst-museum | Arkeologisk museum | Andre museum |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1991 | 39 | 16 | 14 | 12 | 3 | 16 |
| 1994 | 45 | 16 | 14 | 9 | 5 | 12 |
| 1997 | 37 | 18 | 17 | 13 | 5 | 10 |
| 2000 | 33 | 20 | 16 | 13 | 7 | 12 |
| 2004 | 29 | 20 | 18 | 14 | 7 | 11 |
| 2008 | 31 | 17 | 14 | 18 | 5 | 13 |
| 2012 | 22 | 21 | 15 | 17 | 6 | 16 |
| 2016 | 29 | 20 | 16 | 15 | 4 | 13 |
| Menn | 29 | 25 | 15 | 12 | 4 | 12 |
| Kvinner | 29 | 15 | 18 | 18 | 3 | 13 |
| **Alder** | | | | | | |
| 9-15 år | 13 | 27 | 16 | 15 | 8 | 13 |
| 16-24 år | 16 | 22 | 15 | 18 | 5 | 22 |
| 25-44 år | 19 | 21 | 19 | 17 | 6 | 15 |
| 45-66 år | 27 | 20 | 15 | 15 | 5 | 17 |
| 67-79 år | 37 | 18 | 6 | 22 | 8 | 9 |
| **Utdanning** | | | | | | |
| Ungdomsskole | 33 | 19 | 9 | 24 | 2 | 11 |
| Vidaregåande skole | 23 | 23 | 14 | 14 | 8 | 15 |
| Universitet og høgskole, kort | 27 | 19 | 16 | 17 | 4 | 15 |
| Universitet og høgskole, lang | 17 | 16 | 21 | 19 | 6 | 21 |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | |
| 1. kvartil | 28 | 18 | 14 | 15 | 8 | 13 |
| 2. kvartil | 23 | 19 | 13 | 20 | 7 | 17 |
| 3. kvartil | 25 | 21 | 16 | 18 | 6 | 11 |
| 4. kvartil | 18 | 24 | 18 | 14 | 5 | 20 |
| **Landsdel** | | | | | | |
| Oslo/Akershus | 13 | 26 | 19 | 24 | 5 | 10 |
| Austlandet elles | 29 | 17 | 15 | 17 | 5 | 15 |
| Agder og Rogaland | 18 | 25 | 8 | 12 | 11 | 23 |
| Vestlandet | 22 | 19 | 15 | 17 | 6 | 20 |
| Trøndelag | 24 | 26 | 12 | 9 | 3 | 24 |
| Nord-Noreg | 44 | 9 | 20 | 7 | 6 | 12 |

Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

# 8. Bibliotek

Biblioteka i dag er allsidige arenaer. Hovudaktiviteten er utlån av bøker, men nye tenester som er baserte på digitale system har òg vorte ein viktig del av aktiviteten i biblioteka. Biblioteka, så vel folkebibliotek som fag- og forskingsbibliotek fungerer òg som læringsarena og arena for kultur og andre arrangement. Men framleis kan ein vel seie at bokbestanden og utlån er dei viktigaste tala frå bibliotekstatistikken som fortel om aktiviteten.

## 8.1. Nokre resultat

*22,2 millionar utlån av bøker og andre medium*

I 2016 vart det lånt ut 22,2 millionar bøker og andre medium frå folkebiblioteka. Det er ein nedgang på 539 000 utlån frå året før. Dei siste åra har det vore ein nedgang i totale utlån på om lag 500 000 per år. Av det samla utlånet i 2016 var 16,8 millionar utlån av bøker, om lag likt med dei føregåande åra. Førstegongslån av bøker utgjorde 12 millionar av bokutlåna i 2016. Førstegongslåna gjekk attende med 194 000 utlån det siste året. Utlån av andre fysiske medium viser òg ein nedgang på 0,5 millionar utlån. I gjennomsnitt var det 4,3 utlånte bøker og andre medium per innbyggjar i 2016.

Totalt utlån av bøker utgjorde i gjennomsnitt 3,2 bøker per innbyggjar i 2016. Det var ei svak endring samanlikna med året før, og det lågaste utlånstalet per innbyggjar for dei åra som tabell 8.1 dekkjer. I 1999 lånte kvar innbyggjar 4,2 bøker i gjennomsnitt. Utlånet gjekk ned i første halvdel av 2000-åra til 3,5 i 2010, og det fortsette å gå ned eit par år før det jamna seg ut. Talet på utlån av andre medium i same periode har vore varierande. Talet steig frå eitt lånt medium per innbyggjar i 1999 til 1,6 medium per innbyggjar i åra 2008 til 2011. I åra som følgde gjekk talet ned med 0,1 prosentpoeng frå år til år til eitt utlån per innbyggjar i 2016, sjå tabellane 8.1 og 8.2 og figur 8.1.

**Figur 8.1. Folkebibliotek. Utlån av bøker og andre medium per innbyggjar**




Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

*Stadig meir utlån av barnelitteratur*

For ti år sidan, i 2007, lånte folkebiblioteka ut 9,4 millionar bøker for vaksne, medan talet på utlån av bøker for vaksne i 2016 var 8 millionar. Nedgangen det siste året var 134 000 utlån. Frå 2015 til 2016 gjekk utlånet av faglitteratur for vaksne ned med 4 prosent, medan reduksjonen i utlånet av skjønnlitteratur for vaksne var berre 0,1 prosent siste året.

Utlånet av barnelitteratur steig med 2,5 prosent i 2015 samanlikna med året før. Frå 2015 til 2016 steig utlånet ytterlegare med 1,4 prosent. Utlånet av skjønnlitteratur for barn steig med 2,2 prosent, litt svakare auke i høve til året før. Medan utlånet av faglitteratur for barn hadde ein svak nedgang i 2014 på 0,2 prosent, var nedgangen frå 2014 til 2015 på 1,9 prosent, og siste året på 3,1 prosent, sjå figur 8.2 og tabell 8.1.

**Figur 8.2. Folkebibliotek. Utlån[1] av bøker etter type bok**




[1] Jf. tabell 8.1 for fotnotar på årgangane.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Som nemnd over gjekk òg samla utlån av andre medium ned i 2016. I prosent var nedgangen 8,9 prosent, eller 528 000 utlån i høve til året før. Samanlikna med 2011, som var det året kor utlånet var størst, er nedgangen på heile 31 prosent, eller nær 2,5 millionar færre utlån. Det var nedgang i utlånet av både musikk, lydbøker og film. Størst nedgang, 13 prosent, var det på talet i utlån av musikk frå 2015 til 2016. Talet på utlån av film gjekk ned med 11 prosent òg siste året, medan reduksjonen i talet på utlån av lydbøker var på 5 prosent i høve til fjoråret. Tabell 8.2 viser samla utlån av andre medium i biblioteka i perioden 1999-2016.

Oversikt over nedlastingar av e-medium er av nyare dato i statistikken for folkebibliotek. I 2015 vart det lasta ned 626 500 e-medium i alt, medan det i 2016 vart lasta ned over 1 million e-medium. Over halvparten av desse nedlastingane var e-bøker, for både vaksne og barn. Tabell 8.3 viser utlåna av e-medium for heile landet.

*Auke i besøka i folkebiblioteka*

Etter nedgangen frå 2011 til 2012, opplevde folkebiblioteka ein auke i talet på besøk for fjerde året på rad i 2016. Det var 3,7 millionar fleire besøk på folkebiblioteka i 2016 enn i 2012. Besøkstalet på folkebiblioteka på landsbasis auka frå 20,3 millionar i 2012 til 24 millionar i 2016, ein auke på 18 prosent. Talet på besøk i gjennomsnitt per innbyggjar auka frå 4,1 i 2012 til 4,6 i 2016.

Fylkesvise tal viser at dei fleste fylka hadde auke i besøkstala. Nord-Trøndelag, Vest-Agder og Rogaland hadde dei høgaste besøkstala per innbyggjar i 2016, høvesvis med 8,6 og 6,3 besøk per innbyggjar. I Nord-Trøndelag steig besøkstalet med 80 prosent frå 2015 til 2016. Nedgangen i talet på besøk i nokre fylke er liten frå 2015 til 2016. Sjå tabell 8.4 for nærare detaljar.

*1,2 millionar deltakarar på arrangement i folkebiblioteka*

I 2016 viser folkebibliotekstatistikken for første gong talet på ulike arrangement halde i folkebiblioteka. Arrangementa kan vere både i regi av biblioteket eller i samarbeid med andre, samt andre aktørar som held opne arrangement. Det kan vere til dømes både kulturarrangement, samtale- og debattarrangement og opplæring. I 2016 vert det gjennomført til saman 47 000 slike arrangement med til saman 1,2 millionar frammøtte. Desse tala er henta frå Nasjonalbiblioteket og KOSTRA.

**Figur 8.3. Folkebibliotek. Besøk per innbyggjar, etter fylke. 2016**




Kjelde: Nasjonal biblioteket

*18,7 millionar bøker og anna materiale i folkebiblioteka*

Det var 676 folkebibliotek i 2016, det same talet som i 2015. Talet på bestand viser at det var 18,7 millionar bøker og anna materiale i folkebiblioteka i 2016. Bokbestanden var på 16 millionar, ein nedgang på om lag 0,5 millionar frå 2015. Bestanden av musikk gjekk ned for andre året med 37 000, medan bestanden av lydbøker og film auka med høvesvis 14 000 og 13 000 sidan 2015. Sjå tabell 8.5 og figur 8.4. Tabell 8.6 viser bokbestanden fordelt mellom vaksenbøker og barnebøker.

**Figur 8.4. Folkebibliotek. Bokbestand per 31. desember**




Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

*Folkebibliotek – 3 026 innbyggjarar per årsverk*

Dei siste fem åra har talet for årsverk i folkebiblioteka vore stabil. I 2012 var det rapportert om 1 731,1 årsverk i folkebiblioteka, medan tilsvarande tal i 2016 var 1 737,8. Talet gjeld dei årsverka som utfører teneste i biblioteka (ikkje støttefunksjonar/andre årsverk). I 2012 var det 2 918 innbyggjarar per årsverk, i 2016 var det 3 026 innbyggjarar per årsverk. Tala er henta frå KOSTRA-tabell 06936 og tabell 06937. KOSTRA-tala gjev òg oversikt over medieutgiftene i folkebiblioteka. I 2012 var desse på 136,3 millionar kroner, i 2016 var medieutgiftene på 134,4 millionar kroner, ein nedgang på 1,4 prosent.

*Fylkesbiblioteka 307 500 utlån i 2016*

Tala i tabell 8.8 viser at fylkesbiblioteka hadde eit samla utlån på 308 000 i 2016, 189 000 direkte utlån og 119 000 fjernlån frå eigne og primærbiblioteka sine samlingar. 102 000, eller 54 prosent, av dei direkte utlåna i 2016 var frå mobile einingar, det var ein nedgang frå året før på 12 prosentpoeng. Dei siste åra har det vore nedgang i samla utlån frå fylkesbiblioteka kvart år. Året 2016 var ikkje noko unnatak. Samanlikna med 2015, var det nær 26 000 færre utlån i 2016. Talet på direkte utlån gjekk ned med 16 000; noko lågare nedgang i høve til året før. Talet på fjernlån gjekk ned med 9 600 utlån i 2016 medan nedgangen i 2015 var 23 000 frå året før.

Oversikta frå fylkesbiblioteka (sjå tabell 8.8) viser at fylkesbiblioteka hadde i underkant av 146 millionar kroner i brutto driftsutgifter i 2016, om lag 5 millionar kroner meir samanlikna med året før. Sjølv om utgifter til bøker og anna materiell har hatt ein svak auke frå 2015 til 2016, har desse utgiftene gått ned frå 11,7 millionar kroner i 2000 til i drygt 6,6 millionar i 2016, om lag ei halvering.

*17 millionar bøker og tidsskrifter i fag- og forskingsbiblioteka*

Fag- og forskingsbiblioteka hadde 48 millionar fysiske einingar i 2016. Av desse var det nær 17 millionar bøker og periodika som utgjorde 35 prosent av dei totale fysiske einingane. Som tidlegare år, fanst dei største samlingane av bøker og tidsskrifter ved universitet og høgskolar. Desse biblioteka hadde 10,5 millionar, eller 63 prosent, medan Nasjonalbiblioteket hadde 3,3 millionar bøker og tidsskrifter, som svarar til 20 prosent av totalen (jf. figur 8.5).

**Figur 8.5. Fag- og forskingsbibliotek. Bøker og periodika, etter bibliotektype. 2016. Prosent**




Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 8.10 viser tal for bestand og noko av aktivitetane i fag- og forskingsbiblioteka. Talet på utlån i fysisk form, effektuerte utlån (gjeld førstegongslån) frå biblioteka sine eigne samlingar var på over 1,6 millionar, av desse var 168 000 effektuerte fjernlån til andre bibliotek. Sidan 2013 har det vore nedgang kvart år i utlånstala, 26 prosent nedgang frå 2013. Dei fleste utlåna var ved biblioteka ved universitet og høgskolar, 1,4 millionar utlån, eller 86 prosent av det samla utlånet. I tillegg vert det òg utført nær 1,7 millionar fornyingar. Fornyingane gjeld både materiale frå eiga samling, samt fornying av fjernlån.

*30 millionar nedlastingar*

Samstundes som den tradisjonelle bruken av biblioteka går ned, aukar den digitale bruken. I tillegg til utlånsaktiviteten i fag- og forskingsbiblioteka viser også statistikken noko av den digitale bruken av desse biblioteka. I 2016 vert det til saman lasta ned over 30 millionar dokument frå fag- og forskingsbiblioteka i Noreg. Det gjeld både nedlastingar frå fulltekstdatabasar og institusjonsarkiv. Ein fulltekstdatabase er ei samling av originaldokument der heile eller vesentlege delar av dokumentet er elektronisk tilgjengeleg. Dette kan mellom anna vere bøker, periodika, rapportar og artiklar i tidsskrifter. Sidan 2013 var auken i nedlastingar frå slike basar på nesten 70 prosent og utgjorde den største auken i talet på nedlastingar frå fag- og forskingsbibliotek (SSB, 2017).

*Auke i formalisert undervisning*

Formalisert undervisning omfattar undervisning som er annonsert på førehand. Opplæringa er i regi av biblioteket med eigne tilsette eller eksterne kurshaldarar. Fag- og forskingsbiblioteka inkludert Nasjonalbiblioteket gjennomfører grunnkurs og avanserte kurs i bibliotekbruk og nytting av fulltekstdatabasar. I 2016 vart det registrert nær 111 000 deltakingar ved slike kurs, ein auke på nesten 9 prosent frå 2015 (SSB, 2017).

*2 000 tilsette i fag- og forskingsbiblioteka*

Det var i alt 2 012 tilsette ved fag- og forskingsbiblioteka som til saman utførte 1 562 årsverk i 2016. Om lag eitt av fire årsverk var ved Nasjonalbiblioteket. Dei fleste stillingane var bibliotekfaglege

Fag- og forskingsbiblioteka hadde 2 milliardar kroner i utgifter i 2016. 27 prosent av dei samla utgiftene vart brukt til innkjøp av materiale til samlingane. Den største delen av det samla beløpet til innkjøp av materiale, 81 prosent, gjekk til bibliotek ved universitet og høgskolar. Spesialbibliotek og bibliotek ved helseinstitusjonar

brukte den største delen av deira utgifter på innkjøp av materiale, 40 prosent, medan biblioteka ved universitet og høgskolar brukte 34 prosent, og Nasjonalbiblioteket brukte 1 prosent av sine utgifter til same føremål.

Skolebiblioteka har gradvis auka sine bokbestandar frå 11,1 millionar i 2002 til 14,3 millionar i 2015. Tala gjeld bokbestandane i både grunnskolar og vidaregåande skolar.

Medan bokbestanden i grunnskolebiblioteka har auka med 3 prosent frå 2014 til 2015, viser bestandstala for dei vidaregåande skolebiblioteka ein nedgang på om lag 1 prosent. Talet på utlån har ikkje hatt den same utviklinga; frå 1999 til 2009 steig utlånet av bøker og audiovisuelle medium i vidaregåande skolar frå 4,1 til 6,2 utlån per elev. Etter den tid har utlånet gått ned til det i 2015 låg på 4,6 utlån per elev for heile landet, ein nedgang frå året før på 0,8 utlån per elev. Dei fleste fylka ligg kring dette talet. Alle tala gjeld 2015; skolebibliotek statistikken for 2016 er enno ikkje ferdig utarbeidd. Tabellane 8.12. og 8.13 viser tala for skolebiblioteka.

*Færre norske vevdokument i 2016*

I tillegg til bibliotekfaglege oppgåver, er Nasjonalbiblioteket òg ansvarleg for registrering av pliktavlevert materiale i Noreg, sjå tabell 8.11. I 2015 gjorde Nasjonalbiblioteket eit systemskifte frå BIBSYS Biblioteksystem til Alma. Overgangen til nytt system førte med seg at det ikkje vart registrert pliktavlevert materiale på ein månad og at e-bøker ikkje kunne registrerast frå og med november; dette påverka statistikken for 2015.

I alt vart det registrert 3,5 milliardar avleveringar av materiale til Nasjonal-biblioteket i 2016, medan det i 2015 var 7,7 milliardar. Det var spesielt vev-dokumenta som auka i omfang frå 2014 til 2015. Vevdokumenta utgjer meste-parten av det pliktavleverte materialet. I 2016 var det berre i underkant av 3,5 milliardar pliktavleverte vevdokument, 55 prosent færre vevdokument samanlikna med 2015.Talet på vevdokumenta i 2015 var det høgaste sidan 2005 då innhaust-inga av nettsider på det norske internettdomenet (-.no) vart sett i operativ drift.

Av anna avlevert materiale enn vevdokumenta var det òg ein samla nedgang på i alt 14 000 i 2016 samanlikna med 2015. For 2016 var det samla talet 263 000 avleveringar. Det var nedgang i fleire typar avlevert materiale, unnateke mellom anna notetrykk, kart, lydbøker og e-bøker. Høgast nedgang hadde avleverte småtrykk og filer for digitalt fjernsyn og digital radio.

Talet på pliktavleverte bøker gjekk ned frå 10 900 bøker i 2015 til nær 9 300 avleverte bøker i 2016. Talet på avleverte lydbøker har hatt ein fallande tendens sidan 2008 sjølv om det i 2010 vart registrert ein liten oppgang. I 2016 steig jamvel talet på avleverte lydbøker med 71 til 277.

## 8.2. Bibliotekbruk

*46 prosent gjekk på folkebibliotek i 2016*

I 2016 vart det gjennomført ein ny kulturbruksundersøking tilsvarande tidlegare år, siste gong i 2012. Tala viser at i 2016 hadde 46 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år vore på eit folkebibliotek dei siste 12 månadene (Vaage, 2017). I 2012 var delen 49 prosent, medan i 1997 hadde 52 prosent vore på folkebibliotek.

Figur 8.6 viser at kvinner i større grad nyttar folkebiblioteka. I 2004 var 61 prosent kvinner på eit folkebibliotek det året, medan i 2016 var delen gått ned til 54 prosent. Tilsvarande tal for menn var høvesvis 47 og 39 prosent.

**Figur 8.6. Personar som har vore på folkebibliotek dei siste 12 månadene, etter menn og kvinner**




Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

| | Folke-bibliotek/filial | Bokbuss | Allmenn-skole-bibliotek | Fag-, universitets-, bedrifts-bibliotek | Lånt papirbok på bibliotek | Lånt e-bok på bibliotek | Lånt cd/film/lydbok på bibliotek |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1997 | 51 | 3 | 18 | 11 | 43 | - | - |
| 2000 | 52 | 2 | 20 | 11 | 42 | - | - |
| 2004 | 53 | 2 | 18 | 11 | 41 | - | - |
| 2008 | 52 | 2 | 20 | 12 | 36 | - | - |
| 2012 | 49 | 1 | 17 | 11 | 35 | - | - |
| 2016 | 46 | 1 | 17 | 11 | 30 | 3 | 10 |
| | | | | | | | |
| **2016** | | | | | | | |
| Menn | 38 | 1 | 14 | 11 | 22 | 4 | 8 |
| Kvinner | 53 | 1 | 20 | 10 | 38 | 4 | 11 |
| | | | | | | | |
| **Alder** | | | | | | | |
| 9-15 år | 64 | 5 | 69 | 5 | 49 | 5 | 13 |
| 16-24 år | 45 | 1 | 38 | 24 | 29 | 2 | 4 |
| 25-44 år | 49 | 1 | 8 | 15 | 33 | 4 | 13 |
| 45-66 år | 39 | 0 | 6 | 5 | 25 | 4 | 8 |
| 67-79 år | 42 | 0 | 2 | 2 | 25 | 2 | 7 |
| | | | | | | | |
| **Utdanning** | | | | | | | |
| Ungdomsskole | 38 | 1 | 25 | 7 | 23 | 3 | 6 |
| Vidaregåande skole | 34 | 1 | 4 | 8 | 22 | 2 | 8 |
| Universitet/høgskole, kort | 56 | 1 | 11 | 18 | 38 | 5 | 12 |
| Universitet/høgskole, lang | 57 | 0 | 5 | 13 | 37 | 4 | 14 |
| | | | | | | | |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | | |
| 1. kvartil | 45 | 0 | 9 | 20 | 31 | 4 | 9 |
| 2. kvartil | 45 | 1 | 13 | 8 | 28 | 4 | 11 |
| 3. kvartil | 50 | 1 | 19 | 9 | 34 | 5 | 11 |
| 4. kvartil | 45 | 1 | 18 | 9 | 30 | 2 | 11 |
| | | | | | | | |
| **Landsdel** | | | | | | | |
| Oslo/Akershus | 47 | 1 | 16 | 15 | 33 | 4 | 10 |
| Austlandet elles | 44 | 1 | 16 | 9 | 30 | 3 | 9 |
| Agder og Rogaland | 48 | 1 | 21 | 7 | 31 | 5 | 13 |
| Vestlandet | 42 | 2 | 16 | 10 | 28 | 2 | 8 |
| Trøndelag | 46 | 1 | 19 | 10 | 26 | 4 | 8 |
| Nord-Noreg | 48 | 3 | 16 | 10 | 31 | 2 | 7 |

Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

# 9. Arkiv

## 9.1. Nokre resultat

*Totalt 532 100 hyllemeter arkivmateriale*

Arkivstatistikken for 2016 omfattar 144 institusjonar som tek vare på historiske arkiv. Dei norske arkivinstitusjonane, bibliotek og museum oppbevarte 532 100 hyllemeter med arkivmateriale. 92 prosent av dette vert teke vare på i arkivinstitusjonar. Arkivverket bevarte 50 prosent av den samla mengda arkiv. Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar bevarte 39 prosent, medan museum og bibliotek bevarte 8 prosent av den samla mengda arkivmateriale i 2016. Attverande arkivmateriale vart oppbevart av andre arkivinstitusjonar, sjå tabell 9.1 og figur 9.1.

**Figur 9.1. Bestand i arkivinstitusjonar, bibliotek og museum. Hyllemeter. 2016**




[1] Inkl. Stortingsarkivet. [2] Inkl. Nasjonalbiblioteket og mindre lokalhistoriske arkiv/samlingar.
Kjelde: Arkivverket.

I 2016 fekk dei arkivbevarande institusjonane samla sett avlevert 17 000 hyllemeter papirbasert arkivmateriale for bevaring. Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar stod for 58 prosent av tilveksten. Det var 372 000 hyllemeter, eller 70 prosent av papirbasert bestand i 2016, som var ordna. Tilveksten av ordna bestand var på 10 900 hyllemeter og utgjorde 63 prosent av den totale tilveksten.

*Arkiv frå bedrifter, organisasjonar og enkeltpersonar utgjer om lag 22 prosent*

Samla arkivmengd som er privatarkiv er på 117 200 hyllemeter, om lag 22 prosent av den totale bestanden. Tilveksten av privatarkiva utgjer 7 100 hyllemeter, eller nær 42 prosent av den samla tilveksten for 2016.[6]

Det er i talet på enkeltarkiv bevart om lag like mange privatarkiv som offentlege arkiv. Men mange av desse arkiva er svært små, og vi veit at mange bevarte arkiv berre utgjer delar av arkiv. Det er òg ei skeivfordeling i det som er bevart både geografisk og sektormessig. Privatarkiv vert bevart i til saman 135 bevaringsinstitusjonar – 28 arkivinstitusjonar, 59 museum, 8 fagbibliotek, 26 folkebibliotek og 14 lokalhistoriske samlingar. Mengda i institusjonane varierer frå 0,3 hyllemeter til 35 600 hyllemeter i Arkivverket. Målt i hyllemeter oppbevarer Arkivverket 30 prosent av privatarkivmaterialet, kommunearkivinstitusjonane i overkant av 26 prosent og musea i overkant av 25 prosent, sjå figur 9.2.

[6] Arkivverket har hatt avleveringsstopp for store delar av verksemda si slik at det relativt sett er ein større tilvekst av privatarkiv.

**Figur 9.2. Privatarkivbestand i arkivinstitusjonar, bibliotek og museum. 2016. Hyllemeter**




[1] Inkl. Stortingsarkivet. [2] Inkl. Nasjonalbiblioteket og mindre lokalhistoriske arkiv/samlingar.
Kjelde: Arkivverket.

Det er relativt få institusjonar av ein viss storleik som bevarer privatarkiv. Dei 20 største institusjonane bevarer 82 prosent av materialet, altså 95 800 hyllemeter av totalen på 117 200 hyllemeter per 2016. Dei største enkeltinstitusjonane for privatarkiv er Arkivverket, Bergen byarkiv/Lokalhistorisk arkiv i Bergen (LAB) og Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (Arbark).

Trass i at 75 prosent av enkeltarkiva er registrert i fagsystemet Asta (de facto fagsystem for informasjon om arkiv i Norge), er berre 45 prosent publiserte på arkivportalen.no. Dette er den nasjonale søkjetenesta på tvers av arkivbevarande institusjonar sin informasjon om enkeltarkiv (metadata og opplysningar om innhaldet i arkiv) for alle typar arkivbrukarar. Arkivverket har publisert informasjon om over 87 prosent av sine enkeltarkiv, medan prosentdelen som i snitt er publisert er 41 prosent for dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane og berre 18 prosent for musea, sjå tabell 9.2.

Dei siste 15-20 åra er dei fleste nye arkiva skapte digitalt. Svært få av desse er overførte til depot. I alt 2 314 uttrekk[7] er overførte frå offentleg sektor og 205 frå privat sektor til depot.

I 2016 vart det oppbevart godt over 39 millionar foto i arkiva, medrekna arkiv i museum og bibliotek, sjå tabell 9.3. Fototala for *museum* i arkivstatistikken gjeld berre foto i privatarkiva som musea har ansvar for. Statistiske opplysningar om resten av fotosamlingane i musea kjem fram av tabell 7.2 til Museumsstatistikken.

*57 millionar sider digitalisert papirbasert arkivmateriale*

Digitalisert papirbasert materiale gjeld digitalisering av mellom anna protokollar, folketeljingar, kyrkjebøker, saksmapper og teikningar. Det var registrert 57 millionar sider digitalisert papirbasert arkivmateriale i 2016. 79 prosent av dette var registrert i Arkivverket, og 19 prosent i kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar, sjå tabell 9.3.

[7] Eit "uttrekk" er ein arkivdel med informasjon som er overført frå eit opphavleg datasystem til eit anna system som er meir eigna for langtidsbevaring i depot.

**Figur 9.3. Arkivinstitusjonar. Digitalisering av dokument i ulike medier. Prosent. 2016**




[1] Inkl. Stortingsarkivet. [2] Inkl. Nasjonalbiblioteket og mindre lokalhistoriske arkiv/samlingar.
Kjelde: Arkivverket.

Institusjonane oppbevarte vel 1,9 millionar digitaliserte foto, 13 400 digitaliserte film- og videoopptak (målt i talet på filer), samt 61 200 digitaliserte lydfestingar (òg målt i talet på filer). Dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane og musea hadde flest digitaliserte foto. Musea, Stiftinga for folkemusikk og folkedans og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane hadde flest digitaliserte film- og videoopptak. Musea og Arkivverket ved Samisk arkiv hadde flest digitaliserte lydfestingar, sjå tabell 9.3 og figur 9.3.

*24 000 besøkte lesesalane ved arkivinstitusjonane*

I 2016 vart det totalt registrert 24 000 lesesalbesøk på statlege, kommunale, fylkeskommunale og andre arkivinstitusjonar, ein nedgang frå 32 000 i 2015. Arkivverket hadde flest lesesalbesøk med nesten 15 000 besøkande. Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar hadde 8 000 lesesalbesøk medan andre arkivinstitusjonar hadde 1 300 besøkande, sjå tabell 9.4.

Arkivinstitusjonane rapporterte ca. 2,2 millionar unike besøkande på nettstadene sine i 2016. Besøkande på Arkivverket sin nettstad (inkl. Digitalarkivet) stod for 73 prosent av talet på besøkande på nettstader, sjå tabell 9.4. Ein del kommunale og fylkeskommunale institusjonar har ikkje rapportert, kan hende fordi dei er del av større nettstader og har problem med å skilje ut sin del.

I arkivinstitusjonane var det nær 68 819 førespurnader om innsyn og bruk frå publikum i 2016. 33 781 av desse førespurnadene vart retta til kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar, og 32 656 vart tekne imot av Arkivverket. Det vart utført 681 årsverk av tilsette ved arkivinstitusjonane i 2016. Dessutan vart 33 og 46 arkivfaglege årsverk utførte i høvesvis bibliotek og museum, sjå tabell 9.4.

*Digitalarkivet.no hadde 1,6 millionar unike besøkande og 6,5 millionar besøk*

Det er framleis høg interesse for digitalisert arkivmateriale. I 2016 vart det på Digitalarkivet.no registrert 1,6 millionar unike besøkande fordelte på 6,5 millionar besøk, og i overkant av 154 millionar nedlasta sider frå databasar og skanna kjelder, medan talet i 2015 var 198 millionar nedlasta sider. Talet på søk (nedlastingar) frå Digitalarkivet var 49,2 millionar, mot 64,5 i 2015, sjå tabell 9.5.

## 9.2. Om statistikken – arkivstatistikk

Arkivstatistikken omfattar 144 institusjonar som tek vare på historiske arkiv. 30 av desse er arkivfaglege institusjonar – organisasjonar som har som kjerneoppgåve å ta vare på og forvalte arkiv og gjere desse tilgjengelege for brukarane, 61 er museum og 53 er bibliotek (inkl. Nasjonalbiblioteket, fag- og folkebibliotek og lokalhistoriske samlingar).

*Arkivinstitusjonar*

Arkivverket omfattar Riksarkivet, åtte statsarkiv, Samisk arkiv og Norsk helsearkiv. Fylkeskommunale og kommunale arkivinstitusjonar er by- og fylkesarkiv og interkommunale arkivinstitusjonar – i alt 24. Andre arkivinstitusjonar er til dømes Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, VID, Misjons- og diakoniarkivet, mfl. – i alt fem.

*Arkivbevarande institusjonar*

Arkivinstitusjonar, museum og bibliotek.

*Arkivkatalog*

Ein arkivkatalog inneheld opplysningar om innhaldet i eit arkiv. Vanlegvis er arkivkatalogar produserte i ein katalogdatabase (fagsystemet Asta er de facto norsk standard) der ein også finn overordna opplysningar om arkivskaparen og om arkivet (metadata). Arkivportalen.no inneheld publiserte data frå Asta og er ei nasjonal søkjeteneste der ein kan søkje etter arkivopplysningar på tvers av ulike arkivinstitusjonar og katalogane deira.

*Arkivmateriale*

Eit arkiv (enkeltarkiv) er dokument som er resultat av verksemda til arkivskaparen. Dokumenta i arkivet er laga av, har kome inn til eller er samla av ein enkelt arkivskapar som eit ledd i verksemda si. Offentlege verksemder skaper offentlege arkiv, medan privatarkiv vert skapte av private verksemder, som til dømes ei bedrift, ein organisasjon (foreining, lag), ein person eller ein privat institusjon. Det er pålagd etter lova å bevare offentlege arkiv, medan privatarkiv er frivillig å ta vare på.

Eit arkiv kan omfatte ulike materialtypar og dokument i ulike format, til dømes papir, lydband, videoband, foto eller datauttrekk lagra på magnetband, CD eller på harddisk. Arkivet kan innehalde til dømes møtebøker, protokollar, inngåande og utgåande korrespondanse, rekneskap, medlemslister og manuskript. Papirbasert arkivbestand vert målt i hyllemeter. I tillegg kjem elektronisk materiale, som vert målt i uttrekk, som er ein eksport av det interne databaseinnhaldet i eit system til ein annan struktur som er meir eigna for langtidsbevaring i digitalt depot.

*Arkivstykke*

Arkivstykke er ei fysisk eining i arkiv, t.d. eske, protokoll.

*Arkivstatistikk*

Alle tala for 2016 er innhenta frå Arkivverket. Tala for 2013 i tabell 9.1 er både frå Arkivverket og frå Norsk kulturråd (bibliotek, fag- og forskingsbibliotek og museum). I 2008 og 2009 var tala henta frå arkivstatistikken i ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum som publiserte denne statistikken. Frå og med 2009 omfatta arkivstatistikken alle arkivbevarande institusjonar, både reine arkivfaglege institusjonar, bibliotek, museum og andre som tek vare på arkiv. Frå 2010 vart ansvaret for arkivstatistikken flytta til Norsk kulturråd. Frå 2013 var det Arkivverket som har ansvaret for det meste av arkivstatistikken, mens arkivstatistikken for bibliotek, fag- og forskingsbibliotek og museum framleis var tillagt Norsk kulturråd. Frå og med 2014 har all innsamlinga av arkivstatistikk vorte overført til Arkivverket.

## Referansar

Arkivverket: Arkivstatistikk 2016 https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/arkivstatistikken-amb

Arkivverket: Arkivstatistikk 2008-2015 https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/arkivstatistikken-amb/tidligere-ar--publikasjoner-og-radata

**Tabell 9.1. Arkivbestand i arkivinstitusjonar, bibliotek og museum**

| | Arkiv-bevarande institusjonar i alt | Papir-basert bestand i hyllemeter | Tilvekst papirbasert bestand i hyllemeter | Ordna bestand | Tilvekst ordna bestand | Privatarkiv-bestand i hyllemeter | Privatarkiv ordna i hyllemeter | Elek-troniske arkiv[2] i alt | Elek-troniske arkiv, privatarkiv |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2008 | 130 | 374 179 | 13 261 | .. | .. | 73 173 | .. | .. | .. |
| 2009 | 135 | 392 620 | 19 857 | 277 500 | 6 150 | 80 961 | 48 285 | .. | .. |
| 2010 | 142 | 414 221 | 11 489 | 141 455 | 7 380 | 87 607 | 37 377 | .. | .. |
| 2011[1] | 213 | 451 875 | 10 321 | 255 874 | 5 167 | 95 172 | 40 769 | .. | .. |
| 2012 | 216 | 478 848 | 17 288 | 265 673 | 6 722 | 98 620 | 46 150 | .. | .. |
| 2013 | 208 | 493 175 | 20 568 | 348 420 | 12 215 | 102 704 | 55 980 | .. | .. |
| 2014 | 191 | 504 925 | 28 987 | 367 854 | 13 207 | 109 801 | 73 176 | 1 860 | 11 |
| 2015 | 143 | 508 650 | 19 438 | 344 759 | 14 488 | 110 507 | 73 882 | 2 174 | 30 |
| 2016 | 144 | 532 053 | 17 046 | 371 962 | 10 855 | 117 181 | 78 565 | 2 314 | 205 |
| | | | | | | | | | |
| Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjoner | 24 | 207 779 | 9 899 | 127 266 | 6 645 | 30 716 | 17 813 | 1 116 | 34 |
| Arkivverket | 1 | 265 721 | 3 301 | 203 814 | 2 170 | 35 574 | 24 939 | 1 271 | 39 |
| Andre arkivinstitusjonar | 5 | 13 069 | 723 | 10 955 | 454 | 10 524 | 8 819 | 25 | 25 |
| Bibliotek | 53 | 12 139 | 1 087 | 10 440 | 709 | 10 618 | 9 329 | 31 | 31 |
| Museum | 61 | 33 346 | 2 036 | 19 488 | 877 | 29 749 | 17 666 | 76 | 76 |

[1] Frå 2011 er arkivpopulasjonen utvida med bibliotek med arkivfunksjonar.
Kjelde: Norsk kulturråd og Arkivverket.

**Tabell 9.2 Tilgang til arkivmateriale**

| | Arkivbevarande institusjonar i alt | Tal på enkeltarkiv | Tal på enkeltarkiv frå privat sektor | Tal på publiserte arkiv[1] | Publiserte arkiv. Prosent |
|---|---|---|---|---|---|
| 2014 | 191 | 74 350 | 50 021 | 39 188 | 53 |
| 2015 | 143 | 95 206 | 52 713 | 45 173 | 47 |
| 2016 | 144 | 105 319 | 54 129 | 47 837 | 45 |
| | | | | | |
| Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar | 24 | 45 020 | 11 494 | 18 355 | 41 |
| Arkivverket | 1 | 26 187 | 10 178 | 22 662 | 87 |
| Andre arkivinstitusjonar | 5 | 2 693 | 2 663 | 1 975 | 73 |
| Bibliotek | 53 | 9 922 | 9 804 | 899 | 9 |
| Museum | 61 | 21 497 | 19 990 | 3 946 | 18 |

[1] Publisert på Arkivportalen.no.
Kjelde: Arkivverket.

**Tabell 9.3. Arkivbevarande institusjonar. Bestand og digitalisering av papirdokument og ulike medium**

| | Foto[1] | Film/video-opptak[2,6] | Lydfestingar[2] | Digitalisering[3] | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | Papir[4] | Foto[5] | Film/video[5] | Lyd[5] |
| 2008 | 8 206 428 | 18 841 | 159 500 | .. | .. | .. | .. |
| 2009 | 8 864 752 | 64 873 | 250 150 | .. | .. | .. | .. |
| 2010 | 13 324 156 | 177 235 | 269 050 | .. | .. | .. | .. |
| 2011[3] | 13 285 519 | 92 618 | 319 646 | .. | .. | .. | .. |
| 2012 | 13 788 937 | 147 703 | 195 470 | .. | .. | .. | .. |
| 2013 | 14 980 169 | 140 391 | 342 761 | .. | .. | .. | .. |
| 2014 | 19 688 693 | 62 430 | 295 594 | .. | .. | .. | .. |
| 2015 | 37 141 532 | 419 284 | 520 549 | 64 656 925 | 2 546 632 | 27 816 | 130 562 |
| 2016 | 39 645 710 | 76 036 | 341 128 | 57 040 194 | 1 941 469 | 13 441 | 61 202 |
| | | | | | | | |
| Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar | 7 128 091 | 12 154 | 27 038 | 10 990 480 | 635 860 | 512 | 16 421 |
| Arkivverket | 6 500 000 | 2 017 | 24 173 | 45 100 000 | 85 000 | 25 | 20 308 |
| Andre arkivinstitusjonar | 4 737 300 | 32 166 | 22 520 | 202 555 | 81 762 | 11 190 | 2 706 |
| Bibliotek | 9 041 255 | 5 082 | 217 166 | 189 436 | 446 849 | 382 | 829 |
| Museum | 12 239 064 | 24 617 | 50 231 | 557 723 | 691 998 | 1 332 | 20 938 |

[1] Musea leverer opplysningar om foto i eiga samling til museumsstatistikken. [2] Film, video og lyd vart talde i timar i 2014. Arkivverket og seks andre institusjonar gav talet i fysiske einingar i 2013. F.o.m. 2015 er film, video og lyd talde i fysiske einingar. [3] For 2016 rapporterer ikkje Nasjonalbiblioteket tal på digitalisert materiale. Dei har tidlegare år rapportert store mengder slikt materiale. [4] Talde i talet på sider. [5] Talde i talet på filer. [6] For 2016 rapporterer ikkje Nasjonalbiblioteket talet på film-/videoopptak. Dei har tidlegare år rapportert store mengder slikt materiale.
Kjelde: Arkivverket

**Tabell 9.4. Arkivinstitusjonar. Besøk, formidling, årsverk og økonomital**

| | Arkiv-institusjonar i alt | Besøk lesesal[1] | Besøkande på nett-stader[2,6] | Unike brukarar på nettstader[2] | Føre-spurnader frå publikum[3] | Opne arrange-ment | Årsverk, totalt[4] | Drifts-inntekter[5,7] | Drifts-kostnader[5,7] |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2010 | 59 | 87 936 | 1 378 649 | … | 75 871 | 298 | 623 | 484 667 | 516 288 |
| 2011 | 68 | 77 768 | 1 894 284 | … | 77 030 | 271 | 700 | 530 152 | 557 343 |
| 2012 | 68 | 82 963 | 6 224 872 | … | 77 700 | 285 | 1 561 | 1 553 444 | 1 593 593 |
| 2013 | 69 | 87 916 | 8 969 716 | … | 83 536 | 349 | 1 601 | 1 619 272 | 1 737 207 |
| 2014 | 56 | 31 504 | 8 813 751 | … | 80 877 | 357 | 917 | 666 044 | 675 076 |
| 2015 | 49 | 32 030 | … | 2 903 073 | 97 966 | 356 | 686 | 736 533 | 688 183 |
| 2016 | 30 | 23 988 | 16 718 935 | 2 184 679 | 68 819 | 233 | 681 | 687 182 | 671 798 |
| | | | | | | | | | |
| Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar | 24 | 8 043 | 7 226 577 | 412 639 | 33 781 | 103 | 366 | 284 526 | 274 630 |
| Arkivverket | 1 | 14 630 | 6 500 000 | 1 600 000 | 32 656 | 85 | 267 | 355 082 | 351 230 |
| Andre arkivinstitusjonar | 5 | 1 315 | 2 992 358 | 172 040 | 2 382 | 45 | 48 | 47 574 | 45 938 |

[1] Besøkstala for 2010 og 2011 skil seg frå tala frå Norsk kulturråd sidan SSB har gjort imputeringar av manglande data. [2] Talet inkluderer talet på sidevisningar på nettstaden Digitalarkivet.no. [3] Skriftlege førespurnader som gjeld saker om innsyn i og bruk av arkiv. [4] Inkluderer faste og mellombelse stillingar. [5] Oppgjevei heile 1 000. [6] Tala for 2012, 2013 og 2014 skil seg frå tala frå Norsk kulturråd sidan Arkivverket har retta opp i feil og manglar i datagrunnlaget. [7] I 2012 og 2013 inkluderer økonomitala ved ei forgløyming også tal frå Statens Kartverk.

Kjelde: Norsk kulturråd og Arkivverket.

**Tabell 9.5. Digitalarkivet. Talet på søk/nedlastingar. Millionar**

| | Totalt tal på nedlasta sider frå databasar og skanna kjelder | Talet på søk (nedlastingar) frå Digitalarkivet[1] |
|---|---|---|
| 2000 | 23,7 | 23,7 |
| 2001 | 37,5 | 37,5 |
| 2002 | 38,8 | 38,8 |
| 2003 | 47,5 | 47,5 |
| 2004 | 50,8 | 50,8 |
| 2005 | 42,8 | 42,8 |
| 2006 | 80,0 | 45,0 |
| 2007 | 145,1 | 56,2 |
| 2008 | 179,3 | 72,9 |
| 2009 | 180,5 | 68,7 |
| 2010 | 179,6 | 68,9 |
| 2011 | 227,6 | 91,9 |
| 2012 | 196,3 | 62,4 |
| 2013 | 249,2 | 64,5 |
| 2014 | 170,8 | 53,5 |
| 2015 | 198,3 | 64,5 |
| 2016 | 154,2 | 49,2 |

[1]Talet på søk i transkriberte data, tek ikkje med skanna materiale.

Kjelde: Digitalarkivet.

# 10. Bøker

## 10.1. Nokre resultat

### Utgjevingar

*Nedgang i utgjevne bøker dei to siste åra*

I 2016 vart det totalt gjeve ut om lag 8 600 bøker. Av dette er det om lag 6 100 norske utgjevingar og 2 500 originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgjevne i Noreg. Vi ser av tabell 10.1 at det dei to siste åra har vore utgjeve færre bøker i høve til perioden 2010-2014 kor det vart utgjeve over 11 000 titlar. Av dei 8 600 utgjevne bøkene er det om lag 7 600 som er klassifiserte etter emne. Nokre bøker er ikkje klassifiserte fordi dei inneheldt fleire emne.

Ser vi på dei bøkene som er klassifiserte etter emne som vist i figur 10.1, ser vi at dei litterære boktitlane var i overveldande fleirtal dei siste tre åra. Bøker med emnet litteratur er det einaste emnet som hadde ein nedgang frå året før.

I 2016 var 2 800 registrerte titlar litteratur av dei totalt 7 600 emneinndelte titlane, og dei største gruppene etter litteratur var samfunnsvitskap med om lag 1 300 titlar, og bruksretta vitskap med om lag 1 200 utgjevne klassifiserte bøker.

**Figur 10.1. Utgjevne bøker, etter emne**




Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Når det gjeld andre typar utgjevingar i 2016, er det ikkje registrert nokon CD-ROM utgjeve i Nasjonalbibliografien, sjå tabell 10.3. Ifølgje Nasjonalbiblioteket er det praktisk talt ingen e-bøker som er katalogisert dette året, sjølv om e-bøker er utgjeve og pliktavlevert. Katalogiseringa er nedprioritert i påvente av meir effektive system for metadataflyt som er under utvikling.

### Språk

Når vi vurderer språk i bøker som er gjevne ut, tek vi ikkje med bøker som er publiserte i andre land, og som deretter vert importerte til Noreg som ferdige produkt. Difor vil talet på bøker som er tilgjengelege for kundar i bokhandelen vere høgare samanlikna med talet på publiserte bøker i Noreg. Fordelinga av språk vil vere annleis i handelen fordi det der vil vere fleire bøker på internasjonalt store språk, spesielt vil engelske bøker verte direkte importerte. Språk fordelte på emne viser prioriteringar og vurderingar gjort av norske bokutgjevarar.

Tabell 10.4 viser at nær 5 900 av dei 8 100 emneinndelte boktitlane inneheldt tekst på bokmål, vel 600 inneheldt tekst på nynorsk og 1 300 inneheldt engelsk tekst. Ei bok kan vere på fleire språk slik at den difor ikkje er klassifisert etter eit språk. Difor er talet på utgjevne bøker klassifisert etter språk noko mindre i høve til det totale talet på utgjevne bøker.

*89 prosent av litteratur på bokmål*

Innanfor emnet litteratur inneheldt 2 600 av 2 900 bøker tekst på bokmål, det utgjer 89 prosent av alle bøkene som vart registrerte og utgjevne på dette emnet i Noreg i 2016. Emnekategorien filosofi har den nest største delen av bøkene på bokmål, 84 prosent. Av kategoriane i tabell 10.4 har kategorien språk den høgste delen på nynorsk, 20 prosent. Kategorien bruksretta vitskap har den lågaste delen på nynorsk, 3 prosent av dei utgjevne bøkene.

I kategorien naturvitskap, er 52 prosent av bøkene på engelsk og er dermed den kategorien med høgast del med engelsk som utgjevarspråk. Innanfor bruksretta vitskap er det 51 prosent engelske bøker, men totalt sett vert det gjeve ut mest engelske bøker i denne kategorien, over 600.

Når det gjeld samisk, er det få utgjevingar. Mellom dei registrerte bøkene i 2016 inneheldt berre 63 bøker samisk. Dette er meir samanlikna med året før då det berre vart gjeve ut 15 bøker med samisk, noko som var eit spesielt lågt tal.

Uavhengig av språk var det i 2016 om lag 1 800 romanar og om lag 900 barne- og ungdomsbøker mellom dei 3 000 skjønnlitterære boktitlane. I kategoriane drama og dikt var det høvesvis 68 og 167 titlar. 48 prosent av dei skjønnlitterære boktitlane var norske, medan 52 prosent var utanlandske, sjå tabell 10.5.

Av dei registrerte boktitlane var det nær 2 500 omsette bøker i 2016, noko høgare i høve til 2015. Fleirtalet av titlane er omsette frå engelsk, 53 prosent. Talet på bøker omsette frå engelsk har gått noko ned dei siste par åra. Nest størst er svensk, med vel 12 prosent av alle omsette bøker. Sjå tabell 10.6 for tal på omsette bøker etter originalspråk.

*Nær 1 400 titlar med barne- og ungdomslitteratur*

Det vart utgjeve nær 1 400 titlar innanfor barne- og ungdomslitteratur i 2016, og det siste året var endå eit år med nedgang i talet på utgjevne titlar innanfor barne- og ungdomslitteratur. Om lag 900 titlar var skjønnlitteratur og 500 var faktabøker. Av alle fakta- og skjønnlitterære utgjevingar for barn og ungdom inneheldt 1 200 bøker bokmål. Dette er mykje meir i høve til nynorsk og andre språk. Til samanlikning inneheldt 155 bøker nynorsk. Ei bok kan innehalde fleire språk, difor vil ikkje prosentdelane verte 100 prosent til saman dersom ein brukar prosent, sjå tabell 10.7.

## Omsetnad

*Stabil bokmarknad*

2016-tala frå Den norske Forleggerforening viser at den totale omsetnaden av bøker var på 5,6 milliardar kroner målt i utsalsprisar, sjå tabell 10.8. Dette var ein auke på 0,4 prosent frå 2015 og totalmarknaden for bøker følgjer trenden frå dei siste åra med å halde seg stabil. Medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening stod for 76 prosent av bokomsetnaden i Noreg. Dei hadde ein omsetnad på nær 4,3 milliardar kroner, noko som var ein auke på 2,9 prosent frå året før, sjå figur 10.2 og tabell 10.8.

Bokklubbar, bokimportørar og andre forlag hadde ein nedgang i omsetnaden. For bokklubbane har det vore ein fallande trend heilt sidan 2003. Undersøkinga «Bokkjøp og handelskanaler» som Bokhandlerforeningen gjennomfører, indikerar at mykje av fallet i omsetnaden for bokklubbane dei siste åra delvis har gått til

nettbokhandel og delvis er overteke av ordinær bokhandel (Den norske Forleggerforening, 2017, s.5).

Figur 10.2 viser korleis bokomsetnaden fordeler seg. Vi ser at andre forlag er den nest største gruppa på denne marknaden og stod for 12 prosent av omsetnaden i 2016. Dei hadde ein nedgang i bokomsetnaden til utsalsprisar på 53 millionar kroner jamført med året før, noko som svarte til ein reduksjon på 7,5 prosent.

**Figur 10.2. Bokomsetnad, forlag og importørar**




Kjelde: Den norske Forleggerforening.

I 2016 selde medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening 23,8 millionar bøker, sjå tabell 10.9. Dette er ein auke på 2,5 prosent samanlikna med 2015.

*Stor vekst i talet på selde lydbøker og digitale produkt*

Den største marknaden i talet på eksemplar innanfor bøker er billegbøker som selde 61 prosent fleire samanlikna med nummer to, lærebøker for grunnskolen. Det vart seld høvesvis 4,4, og 2,7 millionar eksemplar. Nummer tre på lista er norsk sakprosa for vaksne som hadde et sal på 2,6 millionar eksemplar i 2016. Desse gruppene stod òg for det største salet i 2015, men billegbøker hadde den største veksten av dei tre største gruppene. Det vart seld over 11 prosent fleire eksemplar billegbøker i 2016 i høve til året før. Av alle gruppene fann vi den største prosentvise veksten i talet på selde eksemplar for lydbøker, digitale læremiddel og andre digitale produkt med ein vekst på heile 72 prosent i 2016 samanlikna med året før.

For omsetnaden i kroner er alle tala brutto omsetnad og vert heretter omtala som omsetnad. Norsk sakprosa for barn hadde den største veksten og vart omsett for 32,6 millionar kroner i 2016, som er 29 prosent meir i høve til året før. Også skjønnlitteratur for barn hadde ein stor vekst i 2016 samanlikna med året før i motsetnad til skjønnlitteratur for vaksne. Norsk skjønnlitteratur for barn vart seld for 17 prosent meir i 2016 enn året før og den omsette skjønnlitteraturen for barn hadde ein auke i omsetnaden på 20 prosent, høvesvis 255,9 og 289,8 millionar kroner, sjå figur 10.3 og tabell 10.9.

Marknaden for e-bøker er ikkje stor samanlikna med marknaden for dei andre gruppene, men omsetnaden her auka dei siste åra. Det var spesielt ein auke i talet på selde eksemplar av e-bøker for undervisnings- og profesjonsføremål på 22 prosent.

Gjennomsnittleg utsalspris for bøker er 188 kroner. Lågast prisnivå finn vi for e-bøker for allmennmarknaden, lydbøker og norske serieromanar. Desse ligg på 97 og 99 kroner.

**Figur 10.3. Bruttoomsetnad[1] , fordelt på bokgruppe**




[1] Bruttoomsetnaden er estimert på bakgrunn av nettoomsetnaden.
Kjelde: Den norske Forleggerforening.

## Opphavspersonar

*Flest menn er opphavspersonar*

Det var registrert 8 400 opphavspersonar til originale norske utgjevingar i 2016. Av dette var 44 prosent kvinner, den same delen som året før. For barnebøker var kvinner i fleirtal i 2016 i motsetnad til 2015 då menn var i fleirtal. Av dei totalt 1 300 opphavspersonane til barnebøker, var 746 kvinner, noko som utgjorde 59 prosent, sjå tabell 10.10. Det har frå og med 2010 vore flest kvinnelege opphavs personar til barnebøker, bortsett frå i 2015.

Av emneinndelte bøker er kategoriane religion og «historie og geografi» dei kategoriane med lågast del kvinner, høvesvis 30 og 27 prosent, medan innanfor språk finn ein heile 81 prosent kvinner i 2016, sjå tabell 10.11.

## Lesing

*25 prosent les trykte bøker ein gjennomsnittsdag*

Tal frå Norsk mediebarometer 2016 viser at kvar nordmann i gjennomsnitt brukte 16 minutt på boklesing på fritida per dag. Det var 25 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år som las ei bok på fritida ein gjennomsnittsdag.

Det er fleire tendensar som har vore stabile dei siste åra. Det var som tidlegare år fleire kvinner i høve til menn som las bøker på fritida i 2016, 34 prosent kvinner og 16 prosent menn. Dei som las mest var eldre 67-79 år. Mellom desse las 39 prosent på ein gjennomsnittsdag. Mellom dei med høgare utdanning las ein større del bøker samanlikna med dei med lågare utdanning. Til dømes las 30 prosent av dei med lang universitets- eller høgskoleutdanning bøker ein gjennomsnittsdag, mot 21 prosent av dei med vidaregåande utdanning, sjå tabell 10.13.

## 10.2. Om bokstatistikken

*Nasjonalbiblioteket*

Statistikken frå Nasjonalbiblioteket viser talet på bøker som er gjeve ut i Noreg i eit år. Rolla til Nasjonalbiblioteket inneber mellom anna administrering av plikt-avleveringslova som seier at alle dokument som vert produserte i Noreg skal pliktavleverast. Bokstatistikken frå Nasjonalbiblioteket er utarbeidd for å kunne gje eit bilete av kva som er kome inn til Nasjonalbiblioteket av norske pliktavleverte bøker.

I statistikken legg ein til grunn at alt som er gjeve ut året før er avlevert og registrert innan mai året etter. Produksjonen av statistikken skjer difor normalt i mai året etter teljeåret. Desse tala vert rekna som endelege sjølv om det kan hende at det kjem inn nokre få registreringar frå utgjevingar frå tidlegare år lenge etter året utgjevinga var.

Ein del bøker er ikkje klassifiserte fordi det kan finnast bøker som inneheld fleire ulike emne og/eller fleire språk. Difor vil totaltalet i tabellane variere noko alt etter kva tabellen er klassifisert etter, til dømes om klassifiseringa er etter emne eller språk.

*Frå Bibsys til Alma – skifte av biblioteksystem*

Noko av statistikken er teke ut frå Alma, og 2016 er det første heile året med nytt biblioteksystem etter at mange bibliotek i 2015 skifta system frå Bibsys til Alma. Problem i overgangsfasen førte til at statistikken for dei to siste månadene i 2015 er berekna. Ifølgje opplysningar frå Nasjonalbiblioteket er det sannsynleg at ikkje alle utgjevingane for 2015 er komne med. Tala for 2015 kan difor vere noko låge.

Frå og med 2010 skil ikkje statistikken mellom bøker og det som i tidlegare statistikk vart kalla småtrykk. Bøker som hadde under 49 sider vart før kalla småtrykk. Skolebøker for grunnskole og vidaregåande opplæring er frå og med 2010 inkluderte i statistikken.

*Den norske Forleggerforening*

Statistikken frå Den norske Forleggerforening angjev talet på bøker som er seld i Noreg i statistikkåret og kor stor omsetnaden av bøker har vore. Talet på selde bøker er henta frå den årlege bransjestatistikken. Foreininga byggjer tala for bokomsetnad på opplysningar henta inn frå medlemsforlag, bokklubbar og andre aktørar i bokmarknaden. Omsetnaden til forlag som ikkje er medlemmer av foreininga, byggjer dels på innrapporterte tal og dels på estimat.

*Mediebruksundersøkingane*

I mediebruksundersøkingane er hushaldsinntektene delte inn i kvartilar (Vaage, Odd Frank 2017). Kvartilar gjev ei firedeling av eit datamateriale som er sortert etter storleiken på ein variabel, som her er hushaldsinntekta. Den første kvartilen er då den fjerdedelen som har lågast hushaldsinntekt, medan den fjerde kvartilen er dei med høgast hushaldsinntekt, sjå tabellane 10.13 og 10.14.

Andre kjennemerke som er nytta i tabellane er yrkesstatus og utdanning, sjå tabellane 10.13 og 10.14.

*Yrkesstatus*
Grupperinga for yrke byggjer på Standard for yrkesklassifisering (SSB 1998).

| | |
|---|---|
| Yrkesgruppe 1-2: | Administrative leiarar og politikarar, akademiske yrke |
| Yrkesgruppe 3: | Yrke med kortare høgskole- og universitetsutdanning og teknikarar |
| Yrkesgruppe 4-5: | Kontor- og kundeserviceyrke, sals-, service- og omsorgsyrke |
| Yrkesgruppe 6-9: | Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske, handverkarar o.l., prosess- og maskinoperatørar og transportarbeidarar o.l., yrke utan krav til utdanning |

Yrkesgruppe 0: militære yrke og uoppgjevne: Desse blir koda om slik at meinige og uoppgjevne vert plasserte i yrkesgruppe 9, befal 1 i yrkesgruppe 3, og befal 2 i yrkesgruppe 1-2.

*Utdanning*
Utdanning er gruppert etter Norsk standard for utdanningsgruppering (SSB 2017).

Vidaregåande opplæring:
Dette er nivået mellom grunnskole og universitet og høgskole. I standarden vert nivået «påbygging til vidaregåande utdanning» inkludert, noko som omfattar utdanningar som byggjer på vidaregåande opplæring, men som ikkje er godkjent som høgare utdanning.

Universitet og høgskole, kort:
Dette er universitets- og høgskoleutdanningar på lågare nivå og er i statistikken definert til å vere utdanningar som tek fire år eller mindre. Bachelorgrader kjem inn under denne kategorien.

Universitet og høgskole, lang:
Dette er universitets- og høgskoleutdanningar på høgare nivå og er utdanningar som tek meir enn fire år, til dømes mastergrader. Forskarutdanningar kjem også inn under lang høgare utdanning.

*Endelege tal frå 2010*

Inntil 2009 var tala frå Nasjonalbiblioteket rekna som førebelse, og tala frå tidlegare år kunne dermed verte oppdaterte kvart år. Frå 2010 er tala frå Nasjonalbiblioteket endelege. Tala frå pliktavleveringa kan likevel vere litt forskjellige frå nasjonalbibliografien (Norbok). Ein grunn til dette kan vere at statistikken gjeld det året som bøkene vart gjevne ut, og dette fell ikkje alltid saman med når bøkene vart registrerte ved Nasjonalbiblioteket.

På grunn av restansar i registreringa av bøker i Norbok bakover i tid vil ikkje alle tala stemme med det som faktisk vart gjeve ut. Statistikken er oppdatert frå 2004 til i dag, men frå 2003 og bakover er det framleis materiale som ikkje er registrert.

## Referansar

Den norske Forleggerforening (2017): *Bokmarkedet 2016 forleggerforeningens bransjestatistikk.* Henta frå https://forleggerforeningen.no/nyhetsarkiv/bransjestatistikken-2016-lansert/

Nasjonalbiblioteket: http://www.nb.no

Lovdata: LOV 1989-06-09-32: *Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (pliktavleveringslova)*. Henta frå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-09-32

SSB (2017): *Befolkningens utdanningsnivå.* Henta frå https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/utniv/aar

SSB (1998) : *Standard for yrkesklassifisering*. Henta frå http://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/nos_c521/nos_c521.pdf

Vaage, Odd Frank (2017): *Norsk mediebarometer, 2016*. Statistisk sentralbyrå. Henta frå https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2016

**Tabell 10.1. Norske bøker og originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgjevne i Noreg. Talet på titlar**

| | I alt | Av dette førsteutgåver | Utgjevne på originalspråket | Omsette[1] |
|---|---|---|---|---|
| 2000 | 6 477 | 5 524 | 4 443 | 2 034 |
| 2001 | 6 377 | 5 462 | 4 340 | 2 037 |
| 2002 | 6 864 | 5 745 | 4 670 | 2 194 |
| 2003 | 7 446 | 6 306 | 5 160 | 2 286 |
| 2004 | 7 164 | 5 984 | 4 747 | 2 417 |
| 2005 | 8 431 | 7 032 | 5 696 | 2 735 |
| 2006 | 8 477 | 7 123 | 5 696 | 2 781 |
| 2007 | 8 442 | 7 038 | 5 814 | 2 628 |
| 2008 | 8 835 | 7 483 | 6 288 | 2 547 |
| 2009 | 7 919 | 6 606 | 5 361 | 2 558 |
| 2010[2] | 11 690 | .. | 9 128 | 2 562 |
| 2011 | 11 929 | .. | 9 031 | 2 898 |
| 2012 | 11 281 | .. | 8 469 | 2 812 |
| 2013 | 11 399 | .. | 8 792 | 2 607 |
| 2014 | 11 535 | .. | 8 903 | 2 632 |
| 2015[3] | 8 423 | .. | 6 203 | 2 220 |
| 2016 | 8 629 | .. | 6 138 | 2 491 |

[1] Gjeld ikkje omsetjingar mellom norske språk (bokmål, nynorsk og samisk). [2] I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. [3] I 2015 er tala for dei to siste månadane berekna.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 10.2. Utgjevne bøker[1] klassifisert etter emne. Talet på titlar. 2016**

| | Klassifiserte bøker | Originalt norske utgjevingar | Originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgjevne i Noreg |
|---|---|---|---|
| **I alt** | **7 633** | **5 194** | **2 439** |
| | | | |
| Alminnelege skrifter | 128 | 108 | 20 |
| Filosofi | 186 | 123 | 63 |
| Religion | 290 | 179 | 111 |
| Samfunnsvitskap | 1 269 | 1 087 | 182 |
| Språk | 224 | 149 | 75 |
| Naturvitskap | 361 | 307 | 54 |
| Bruksretta vitskap | 1 168 | 1 031 | 137 |
| Kunst, rekreasjon | 725 | 485 | 240 |
| Litteratur | 2 838 | 1 367 | 1 471 |
| Historie og geografi | 444 | 358 | 86 |

[1] Ikkje klassifiserte publikasjonar er ikkje med i tabellen. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 10.3. Andre typar utgjevingar. Talet på titlar**

| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010[1] | 2011[2] | 2012 | 2013 | 2014 | 2015[4] | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **409** | **377** | **420** | **484** | **405** | **503** | **505** | **412** | **810** | **1 008** | **671** | **245** |
| | | | | | | | | | | | | |
| Lydbøker | 355 | 335 | 370 | 439 | 389 | 438 | 443 | 335 | 298 | 324 | 256 | 241 |
| CD-ROM | 20 | 14 | 20 | 16 | 5 | 63 | 56 | 70 | 59 | 63 | 55 | - |
| Kombidokument[3] | 34 | 28 | 30 | 29 | 11 | 2 | 6 | 7 | 11 | 5 | 1 | 1 |
| Nettdokument og e-bøker | . | . | . | . | . | . | 48 | 195 | 442 | 616 | 359 | 3 |

[1] I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. [2] Frå 2011 er nettdokument og e-bøker for første gong rapportert inn, difor manglar tal frå tidlegare år. [3] Dokument som er på ein kombinasjon av ulike format. [4] I 2015 er tala for dei to siste månadane berekna.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 10.4. Utgjevne bøker klassifisert etter utgjevarspråk[1] og emne[2]**

| | I alt | Bokmål | Nynorsk | Samisk | Engelsk | Andre språk |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2000 | 6 477 | 5 323 | 452 | 19 | 592 | 91 |
| 2001 | 6 377 | 5 212 | 459 | 18 | 624 | 64 |
| 2002 | 6 864 | 5 471 | 480 | 20 | 830 | 63 |
| 2003 | 7 446 | 5 992 | 591 | 19 | 775 | 69 |
| 2004 | 7 164 | 5 869 | 383 | 19 | 813 | 80 |
| 2005 | 8 431 | 6 844 | 492 | 39 | 968 | 88 |
| 2006 | 8 477 | 6 844 | 498 | 44 | 1 010 | 81 |
| 2007 | 8 442 | 6 637 | 517 | 44 | 1 135 | 109 |
| 2008 | 8 835 | 6 864 | 511 | 33 | 1 320 | 107 |
| 2009 | 7 919 | 6 280 | 429 | 35 | 1 115 | 60 |
| 2010[3] | 8 906 | 6 637 | 598 | 59 | 1 389 | 223 |
| 2011 | 9 520 | 7 085 | 636 | 72 | 1 514 | 213 |
| 2012 | 9 399 | 6 851 | 639 | 45 | 1 674 | 190 |
| 2013 | 9 448 | 6 817 | 672 | 70 | 1 705 | 184 |
| 2014 | 9 679 | 7 180 | 654 | 71 | 1 608 | 166 |
| 2015[4] | 7 298 | 5 556 | 477 | 15 | 1 121 | 129 |
| 2016 | 8 068 | 5 865 | 649 | 63 | 1 323 | 168 |
| **2016** | | | | | | |
| Alminnelege skrifter | 132 | 92 | 15 | 0 | 24 | 1 |
| Filosofi | 188 | 157 | 8 | 0 | 20 | 3 |
| Religion | 312 | 252 | 23 | 2 | 19 | 16 |
| Samfunnsvitskap | 1 382 | 973 | 118 | 7 | 248 | 36 |
| Språk | 297 | 135 | 59 | 16 | 48 | 39 |
| Naturvitskap | 362 | 147 | 26 | 0 | 188 | 1 |
| Bruksretta vitskap | 1 193 | 543 | 35 | 3 | 606 | 6 |
| Kunst, rekreasjon | 819 | 617 | 65 | 8 | 105 | 24 |
| Litteratur | 2 913 | 2 581 | 234 | 27 | 38 | 33 |
| Historie og geografi | 470 | 368 | 66 | 0 | 27 | 9 |

[1] Ei bok kan innehalde fleire emne og vere på fleire språk. [2] Bøker frå 2000 til 2009 er summen av bøker og småtrykk slik dei var talde opp i Kulturstatistikk 2009, revidert tidsserie i denne utgåva. [3] I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. [4] I 2015 er tala for dei to siste månadene berekna.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 10.5. Norske og utanlandske skjønnlitterære bøker, etter genre/type. Talet på titlar**

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **3 143** | **3 442** | **3 317** | **3 436** | **3 625** | **3 012** | **2 988** |
| Dikt | 176 | 184 | 167 | 195 | 217 | 163 | 167 |
| Drama | 87 | 125 | 106 | 93 | 140 | 50 | 68 |
| Romanar | 1 863 | 2 061 | 1 979 | 2 092 | 2 054 | 1 807 | 1 770 |
| Barn og ungdom | 881 | 963 | 912 | 932 | 1 048 | 877 | 924 |
| Anna | 136 | 109 | 153 | 124 | 166 | 115 | 59 |
| Norske | 1 472 | 1 641 | 1 587 | 1 651 | 1 896 | 1 458 | 1 434 |
| Utanlandske | 1 671 | 1 801 | 1 730 | 1 785 | 1 729 | 1 554 | 1 554 |

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 10.6. Omsette bøker, etter originalspråk. Talet på titlar**

| | I alt | Svensk | Dansk | Engelsk | Tysk | Fransk | Andre språk og uoppgjeve |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2000 | 2 034 | 168 | 99 | 1 471 | 83 | 58 | 155 |
| 2001 | 2 037 | 202 | 79 | 1 462 | 61 | 83 | 150 |
| 2002 | 2 194 | 264 | 124 | 1 439 | 83 | 92 | 192 |
| 2003 | 2 286 | 323 | 107 | 1 517 | 90 | 78 | 171 |
| 2004 | 2 417 | 302 | 120 | 1 586 | 86 | 83 | 240 |
| 2005 | 2 735 | 347 | 155 | 1 753 | 120 | 101 | 259 |
| 2006 | 2 781 | 350 | 131 | 1 768 | 103 | 113 | 316 |
| 2007 | 2 628 | 366 | 121 | 1 648 | 125 | 112 | 256 |
| 2008 | 2 547 | 358 | 98 | 1 627 | 100 | 99 | 265 |
| 2009 | 2 558 | 291 | 99 | 1 775 | 97 | 80 | 216 |
| 2010[1,2] | 2 562 | 315 | 131 | 1 635 | 99 | 95 | 287 |
| 2011[1,2] | 2 898 | 423 | 185 | 1 732 | 113 | 134 | 311 |
| 2012 | 2 812 | 337 | 180 | 1 738 | 108 | 116 | 333 |
| 2013 | 2 607 | 296 | 160 | 1 645 | 107 | 102 | 297 |
| 2014 | 2 632 | 314 | 134 | 1 701 | 87 | 93 | 303 |
| 2015[3] | 2 220 | 326 | 121 | 1 361 | 120 | 94 | 198 |
| 2016 | 2 491 | 307 | 90 | 1 318 | 64 | 90 | 622 |

[1] Ein mindre del av utgjevingane er ikkje klassifiserte. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang. [2] I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen.[3] I 2015 er tala for dei to siste månadene berekna.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 10.7. Barne- og ungdomslitteratur, etter genre og utgjevarspråk. Talet på titlar**

| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Bøker[1] i alt** | **1 835** | **1 667** | **1 811** | **1731** | **1 473** | **1385** |
| | | | | | | |
| Skjønnlitteratur | 963 | 912 | 932 | 1048 | 877 | 924 |
| Fakta | 872 | 755 | 879 | 683 | 596 | 461 |
| | | | | | | |
| Bokmål | 1 545 | 1 420 | 1 455 | 1482 | 1 234 | 1 177 |
| Nynorsk | 220 | 183 | 335 | 220 | 218 | 155 |
| Samisk | 56 | 38 | 32 | 48 | 11 | 41 |
| Engelsk | 70 | 98 | 80 | 68 | 58 | 34 |
| Andre språk | 38 | 28 | 20 | 12 | 30 | 32 |

[1] Ei bok kan ha fleire språk, difor er ikkje bøker i alt summen av bøker på ulike språk, berre summen av bøker av ulike genre.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 10.8. Den Norske Forleggerforening. Bokomsetnad til utsalsprisar. Millionar kroner**

| | I alt | Medlemsforlag | Andre forlag | Bokklubbar | Bokimportørar |
|---|---|---|---|---|---|
| 1990 | 3 062 | 1 970 | 439 | 469 | 184 |
| 1997 | 4 624 | 2 708 | 646 | 948 | 322 |
| 1998 | 4 906 | 2 862 | 655 | 1 039 | 350 |
| 1999 | 4 916 | 2 846 | 628 | 1 091 | 351 |
| 2000 | 4 682 | 2 639 | 567 | 1 115 | 361 |
| 2001[1] | 4 645 | 2 529 | 491 | 1 250 | 375 |
| 2002 | 4 984 | [2]2 787 | 550 | 1 274 | 373 |
| 2003[3] | 5 443 | 3 139 | 600 | 1 323 | 381 |
| 2004 | 5 152 | 3 240 | 407 | 1 149 | 356 |
| 2005 | 5 302 | 3 371 | 490 | 1 087 | 354 |
| 2006 | 5 653 | 3 821 | 501 | 987 | 344 |
| 2007 | 6 025 | 4 295 | 548 | 872 | 310 |
| 2008 | 5 823 | 4 248 | 551 | 696 | 328 |
| 2009[4] | 5 692 | 4 222 | 554 | 631 | 285 |
| 2010 | 5 607 | 4 179 | 615 | 577 | 236 |
| 2011[5] | 5 530 | 4 233 | 539 | 563 | 195 |
| 2012 | 5 345 | 4 047 | 546 | 543 | 209 |
| 2013 | 5 555 | 4 144 | 615 | 587 | 209 |
| 2014 | 5 560 | 4 292 | 546 | 518 | 204 |
| 2015 | 5 604 | 4 150 | 711 | 464 | 279 |
| 2016 | 5 625 | 4 272 | 658 | 431 | 264 |

[1] Omsetnaden for 2001 er korrigert med den same multiplikatoren som er brukt i 2002. [2] Talet er korrigert for bruttoomsetnaden til bokklubbar. [3] Frå og med 2003 er omsetnaden av lydbøker inkludert i tala for omsetnaden. [4] Talet for bokimportørar er justert for dobbelregistrering på 158 millionar kroner i 2009. [5] Tala frå 2005 til 2011 er reviderte av Forleggerforeningen i 2012 og justert her deretter.

Kjelde: Den norske Forleggerforening.

**Tabell 10.9. Den norske Forleggerforening. Omsetnad og talet på selde eksemplar, etter bokgruppe**

| Bokgruppe | Talet på selde eksemplar | | | Brutto omsetnad[1] | | | Berekna pris per eksemplar | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2016 | Endring i prosent | 2015 | 2016 | Endring i prosent | 2015 | 2016 |
| | | | | Millionar kroner | | | | |
| **I alt** | **23 256 307** | **23 831 296** | **2,5** | **4 643,5** | **4 734,9** | **2,0** | **190** | **188** |
| Lærebøker grunnskolen | 2 641 970 | 2 699 347 | 2,2 | 534,1 | 561,6 | 5,1 | 202 | 208 |
| Lærebøker vidaregåande | 702 650 | 667 747 | -5,0 | 336,2 | 319,9 | -4,8 | 478 | 479 |
| Lærebøker i høgare utdanning | 1 006 886 | 994 368 | -1,2 | 461,4 | 484,2 | 4,9 | 458 | 487 |
| Fagbøker | 320 110 | 274 666 | -14,2 | 108,7 | 100,0 | -8,0 | 340 | 364 |
| Norsk sakprosa, vaksne | 2 625 957 | 2 563 650 | -2,4 | 606,8 | 602,1 | -0,8 | 231 | 235 |
| Omsett sakprosa, vaksne | 1 493 752 | 1 028 582 | -31,1 | 222,6 | 188,3 | -15,4 | 149 | 183 |
| Norsk sakprosa, barn | 179 983 | 193 345 | 7,4 | 25,3 | 32,6 | 29,0 | 140 | 169 |
| Omsett sakprosa, barn | 678 316 | 522 866 | -22,9 | 62,9 | 62,2 | -1,2 | 93 | 119 |
| Norsk skjønnlitteratur, vaksne | 1 230 914 | 1 125 250 | -8,6 | 326,7 | 276,7 | -15,3 | 265 | 246 |
| Omsett skjønnlitteratur, vaksne | 1 306 635 | 1 313 242 | 0,5 | 294,8 | 275,6 | -6,5 | 226 | 210 |
| Norsk skjønnlitteratur, barn | 1 327 267 | 1 592 586 | 20,0 | 219,7 | 255,9 | 16,5 | 166 | 161 |
| Omsett skjønnlitteratur, barn | 1 673 416 | 2 093 440 | 25,1 | 242,2 | 289,8 | 19,7 | 145 | 138 |
| Billegbøker | 3 992 300 | 4 441 863 | 11,3 | 517,6 | 557,6 | 7,7 | 130 | 126 |
| Verk | 13 506 | 4 398 | -67,4 | 5,4 | 2,5 | -53,4 | 397 | 565 |
| Kommisjonsbøker, lover | 224 908 | 210 847 | -6,3 | 43,9 | 44,3 | 0,9 | 195 | 210 |
| Lydbøker og andre digitale produkt | 675 311 | 1 159 976 | 71,8 | 309,3 | 377,4 | 22,0 | 135 | 99 |
| E-bøker for allmennmarknaden | 377 193 | 410 402 | 8,8 | 37,2 | 39,9 | 7,3 | 99 | 97 |
| E-bøker for undervisnings- og profesjonsføremål | 13 116 | 15 972 | 21,8 | 2,5 | 2,9 | 17,6 | 188 | 180 |
| Norske serieromanar | 1 975 532 | 1 932 392 | -2,2 | 196,3 | 187,0 | -4,7 | 99 | 97 |
| Omsette underhaldningsromanar | 557 816 | 579 071 | 3,8 | 68,1 | 70,4 | 3,4 | 122 | 122 |
| Skjønnlitteratur på originalspråket | 75 011 | 6 493 | -91,3 | 8,5 | 3,8 | -55,3 | 114 | 586 |
| Sakprosa på originalspråket | 163 758 | 792 | -99,5 | 13,4 | 0,3 | -97,8 | 82 | 341 |

[1] Bruttoomsetnaden er estimert på bakgrunn av nettoomsetnaden.

Kjelde: Den norske Forleggerforening.

**Tabell 10.10. Norske opphavspersonar[1] av originale norske utgjevingar[2] fordelte på menn og kvinner**

| | 2009 | 2010[3] | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015[4] | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Talet på titlar i alt** | **4 116** | **..** | **..** | **..** | **8 650** | **8 676** | **6 193** | **5 768** |
| Opphavspersonar i alt | 5 306 | 7 177 | 8 049 | 8 009 | 11 023 | 11 186 | 7 492 | 8 375 |
| Menn | 3 284 | 4 378 | 4 790 | 4 711 | 6 321 | 6 453 | 4 223 | 4 693 |
| Kvinner | 2 022 | 2 799 | 3 259 | 3 298 | 4 702 | 4 733 | 3 269 | 3 682 |
| Av dette | | | | | | | | |
| Barnebøker, titlar totalt[5] | 456 | .. | .. | .. | 870 | 696 | 570 | 651 |
| Opphavspersonar i alt | 738 | 1 038 | 1 086 | 953 | 1 538 | 1 224 | 976 | 1 266 |
| Menn | 391 | 495 | 496 | 442 | 688 | 583 | 497 | 520 |
| Kvinner | 347 | 543 | 590 | 511 | 850 | 641 | 479 | 746 |

[1] Opphavspersonar er her forfattarar, medforfattarar, redaktørar, illustratørar (når meir enn halvparten av boka er illustrert), gjendiktarar (av poesi) og andre medarbeidarar som har hatt eit større ansvar for verket. Verk der både menn og kvinner er opphavspersonar, tel kvar person med i statistikken. [2] Utan omsyn til språk. [3] I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. [4] I 2015 er tala for dei to siste månadene berekna. [5]Talet på titlar var ikkje med i systemet før 2013.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 10.11. Norske opphavspersonar[1] av emneinndelte originale norske utgjevingar utan omsyn til språk. Menn og kvinner**

| | Totalt | Menn | Kvinner |
|---|---|---|---|
| 2009 | 5 306 | 3 284 | 2 022 |
| 2010[2] | 7 177 | 4 378 | 2 799 |
| 2011 | 8 049 | 4 790 | 3 259 |
| 2012 | 8 009 | 4 711 | 3 298 |
| 2013 | 8 396 | 4 888 | 3 508 |
| 2014 | 8 555 | 4 922 | 3 633 |
| 2015[3] | 6 053 | 3 433 | 2 620 |
| 2016 | 7 162 | 4 019 | 3 143 |
| | | | |
| **2016** | | | |
| Alminnelege skrifter | 161 | 107 | 54 |
| Filosofi | 170 | 80 | 90 |
| Religion | 227 | 160 | 67 |
| Samfunnsvitskap | 1 542 | 881 | 661 |
| Språk | 334 | 63 | 271 |
| Naturvitskap | 409 | 246 | 163 |
| Bruksretta vitskap | 1 347 | 746 | 601 |
| Kunst, rekreasjon | 793 | 489 | 304 |
| Litteratur | 1 705 | 901 | 804 |
| Historie og geografi | 474 | 346 | 128 |

[1] Opphavspersonar er her forfattarar, medforfattarar, redaktørar, illustratørar (når meir enn halvparten av boka er illustrert), gjendiktarar og andre medarbeidarar som medverkar med eit større ansvar for verket. For verk der både menn og kvinner er opphavspersonar, tel kvar person med i statistikken.
[2] Frå 2010 til og med oktober 2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. [3]I 2015 er tala for dei to siste månadene berekna.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 10.12. Gjennomsnittleg tid i minutt brukt til boklesing for alle og for dei som les, fordelt på alder og kjønn**

| | Gjennomsnitt mellom alle | | | | | | Gjennomsnitt mellom dei som les bøker | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2006 | 2008 | 2010 | 2012 | 2014 | 2016 | 2006 | 2008 | 2010 | 2012 | 2014 | 2016 |
| **Menn** | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 12 | 10 | 9 | 15 | 15 | 12 | 50 | 44 | 35 | 45 | 45 | 38 |
| 16-24 år | 10 | 8 | 13 | 10 | 17 | 8 | 61 | : | 72 | : | 124 | 70 |
| 25-44 år | 8 | 9 | 12 | 12 | 9 | 6 | 48 | 52 | 61 | 71 | 58 | 57 |
| 45-66 år | 9 | 10 | 7 | 9 | 8 | 8 | 46 | 57 | 43 | 45 | 54 | 49 |
| 67-79 år | 11 | 15 | 13 | 15 | 19 | 20 | : | 61 | 61 | 92 | 76 | 84 |
| **Kvinner** | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 18 | 12 | 13 | 20 | 18 | 15 | 47 | 41 | 37 | 49 | 40 | 45 |
| 16-24 år | 12 | 12 | 16 | 21 | 18 | 17 | 75 | : | 69 | 83 | 83 | 77 |
| 25-44 år | 17 | 17 | 19 | 19 | 16 | 18 | 58 | 58 | 61 | 65 | 66 | 66 |
| 45-66 år | 19 | 22 | 18 | 19 | 21 | 28 | 56 | 71 | 61 | 64 | 63 | 78 |
| 67-79 år | 24 | 12 | 20 | 31 | 26 | 38 | 84 | 61 | 68 | 78 | 66 | 77 |

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 10.13. Prosentdel boklesarar og minutt brukt til lesing av bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt, yrkesstatus og landsdel**

| | Prosent | | | | | | | Minutt brukt til lesing av bøker | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2004 | 2006 | 2008 | 2010 | 2012 | 2014 | 2016 | 2004 | 2006 | 2008 | 2010 | 2012 | 2014 | 2016 |
| **Alle personar** | **23** | **24** | **23** | **24** | **25** | **25** | **25** | **12** | **14** | **13** | **14** | **16** | **15** | **16** |
| **Kjønn** | | | | | | | | | | | | | | |
| Menn | 19 | 18 | 18 | 19 | 19 | 18 | 16 | 9 | 9 | 10 | 10 | 11 | 12 | 9 |
| Kvinner | 27 | 30 | 28 | 30 | 32 | 31 | 34 | 14 | 18 | 17 | 18 | 21 | 19 | 24 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 28 | 31 | 27 | 31 | 37 | 40 | 33 | 9 | 15 | 11 | 11 | 17 | 16 | 14 |
| 16-24 år | 16 | 36 | 15 | 20 | 17 | 18 | 16 | 10 | 11 | 10 | 14 | 15 | 18 | 12 |
| 25-44 år | 22 | 23 | 24 | 25 | 23 | 20 | 19 | 12 | 13 | 13 | 15 | 15 | 13 | 12 |
| 45-66 år | 25 | 27 | 24 | 22 | 26 | 24 | 26 | 13 | 14 | 16 | 12 | 15 | 14 | 18 |
| 67-79 år | 23 | 22 | 22 | 26 | 30 | 33 | 39 | 14 | 18 | 13 | 17 | 24 | 22 | 30 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | | | |
| Grunnskole | 14 | 20 | 12 | 21 | 17 | 20 | 20 | 7 | 12 | 8 | 14 | 14 | 12 | 17 |
| Vidaregåande opplæring | 19 | 18 | 17 | 18 | 20 | 18 | 21 | 10 | 11 | 11 | 11 | 14 | 13 | 15 |
| Universitet/høgskole, kort | 32 | 29 | 34 | 29 | 29 | 27 | 29 | 17 | 17 | 19 | 16 | 19 | 17 | 19 |
| Universitet/høgskole, lang | 33 | 34 | 35 | 34 | 37 | 34 | 30 | 19 | 16 | 21 | 21 | 22 | 22 | 20 |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | | | | | | | | | |
| 1. kvartil | 21 | 24 | 26 | 22 | 23 | 22 | 29 | 13 | 16 | 19 | 16 | 16 | 18 | 20 |
| 2. kvartil | 23 | 26 | 21 | 25 | 29 | 25 | 22 | 12 | 16 | 11 | 17 | 21 | 17 | 14 |
| 3. kvartil | 23 | 25 | 24 | 23 | 26 | 23 | 21 | 12 | 13 | 13 | 10 | 15 | 15 | 11 |
| 4. kvartil | 26 | 26 | 30 | 29 | 29 | 27 | 30 | 12 | 12 | 14 | 15 | 14 | 13 | 19 |
| **Yrkesstatus[1] 16-79 år** | | | | | | | | | | | | | | |
| Yrkesgruppe 1-2 | 29 | 29 | 28 | 33 | 28 | 29 | 27 | 14 | 14 | 15 | 17 | 15 | 19 | 18 |
| Yrkesgruppe 3 | 28 | 27 | 30 | 26 | 28 | 26 | 18 | 15 | 12 | 17 | 13 | 20 | 16 | 9 |
| Yrkesgruppe 4-5 | 22 | 21 | 25 | 22 | 23 | 23 | 23 | 10 | 13 | 17 | 14 | 18 | 18 | 16 |
| Yrkesgruppe 6-9 | 11 | 14 | 10 | 10 | 11 | 9 | 12 | 5 | 8 | 6 | 5 | 5 | 5 | 7 |
| Elevar og studentar | 17 | 20 | 16 | 24 | 19 | 22 | 19 | 12 | 15 | 12 | 20 | 16 | 17 | 15 |
| Trygda og pensjonistar | 24 | 25 | 21 | 24 | 29 | 30 | 38 | 15 | 18 | 13 | 17 | 22 | 20 | 31 |
| Heimearbeidande | 11 | 23 | : | 25 | 21 | 17 | 11 | 12 | 27 | : | 20 | 13 | 11 | 5 |
| **Landsdel** | | | | | | | | | | | | | | |
| Oslo og Akershus | 27 | 26 | 28 | 31 | 30 | 28 | 28 | 13 | 14 | 17 | 18 | 20 | 20 | 17 |
| Austlandet elles | 22 | 25 | 21 | 23 | 25 | 23 | 24 | 11 | 14 | 13 | 13 | 15 | 14 | 18 |
| Agder og Rogaland | 17 | 21 | 23 | 20 | 23 | 19 | 21 | 9 | 13 | 12 | 10 | 14 | 11 | 13 |
| Vestlandet | 22 | 25 | 22 | 26 | 25 | 28 | 25 | 11 | 15 | 14 | 16 | 15 | 16 | 17 |
| Trøndelag | 30 | 24 | 21 | 22 | 22 | 25 | 22 | 14 | 11 | 11 | 15 | 15 | 17 | 10 |
| Nord-Noreg | 20 | 18 | 20 | 17 | 23 | 23 | 26 | 13 | 12 | 10 | 8 | 20 | 14 | 20 |

[1] For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kapittel 10.2.

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 10.14. Boklesarar som har lese ulike typar bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. Prosent**

| | Roman/ novelle | Biografi/ memoarar | Samfunn/ politikk/ kunst/ historie | Natur/ teknikk/ friluft | Religiøs litteratur | Skodespel/ dikt | Barne-/ ungdoms-litteratur | Anna |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2000 | 59 | 7 | 8 | 4 | 3 | 2 | .. | 17 |
| 2001 | 64 | 7 | 8 | 2 | 4 | 1 | 8 | 5 |
| 2002 | 64 | 3 | 6 | 3 | 5 | 1 | 10 | 8 |
| 2003 | 63 | 7 | 6 | 4 | 3 | 1 | 8 | 9 |
| 2004 | 54 | 8 | 7 | 3 | 4 | 0 | 11 | 13 |
| 2005 | 67 | 3 | 6 | 3 | 4 | 0 | 8 | 8 |
| 2006 | 69 | 6 | 7 | 3 | 2 | 0 | 8 | 4 |
| 2007 | 67 | 6 | 5 | 3 | 3 | 0 | 8 | 8 |
| 2008 | 64 | 5 | 6 | 2 | 1 | 0 | 10 | 11 |
| 2009 | 64 | 6 | 7 | 4 | 3 | 0 | 9 | 7 |
| 2010 | 71 | 4 | 6 | 2 | 1 | 1 | 9 | 7 |
| 2011 | 72 | 4 | 6 | 1 | 2 | 0 | 7 | 8 |
| 2012 | 62 | 5 | 7 | 3 | 1 | 1 | 11 | 9 |
| 2013 | 62 | 5 | 6 | 4 | 3 | 0 | 10 | 9 |
| 2014 | 63 | 4 | 4 | 3 | 1 | 1 | 15 | 9 |
| 2015 | 62 | 4 | 6 | 3 | 1 | 1 | 14 | 10 |
| 2016 | 61 | 4 | 7 | 2 | 2 | 1 | 11 | 11 |
| **2016** | | | | | | | | |
| Menn | 46 | 4 | 14 | 5 | 3 | 1 | 10 | 15 |
| Kvinner | 69 | 4 | 4 | 1 | 2 | 1 | 11 | 8 |
| **Alder** | | | | | | | | |
| 9-15 år | 13 | 3 | 2 | 2 | 1 | 1 | 66 | 9 |
| 16-24 år | 45 | 3 | 9 | 2 | 5 | 5 | 8 | 22 |
| 25-44 år | 63 | 6 | 10 | 5 | 3 | 0 | 3 | 10 |
| 45-66 år | 76 | 3 | 7 | 2 | 2 | 0 | 1 | 9 |
| 67-79 år | 75 | 5 | 7 | 0 | 2 | 2 | 0 | 9 |
| **Utdanning** | | | | | | | | |
| Grunnskole | 62 | 3 | 7 | 0 | 3 | 2 | 5 | 17 |
| Vidaregåande opplæring | 74 | 5 | 6 | 3 | 3 | 1 | 0 | 7 |
| Universitet/høgskole, kort | 64 | 4 | 10 | 3 | 1 | 1 | 4 | 13 |
| Universitet/høgskole, lang | 76 | 6 | 7 | 2 | 2 | 0 | 0 | 7 |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | | | |
| 1. kvartil | 68 | 5 | 8 | 1 | 3 | 3 | 5 | 8 |
| 2. kvartil | 65 | 3 | 9 | 3 | 2 | 0 | 9 | 7 |
| 3. kvartil | 58 | 1 | 9 | 6 | 3 | 0 | 13 | 7 |
| 4. kvartil | 55 | 4 | 7 | 2 | 1 | 1 | 18 | 12 |
| **Landsdel** | | | | | | | | |
| Oslo og Akershus | 56 | 7 | 9 | 3 | 1 | 1 | 12 | 11 |
| Austlandet elles | 68 | 1 | 6 | 2 | 3 | 0 | 7 | 12 |
| Agder og Rogaland | 56 | 8 | 2 | 0 | 5 | 4 | 13 | 10 |
| Vestlandet | 62 | 2 | 8 | 3 | 2 | 0 | 11 | 12 |
| Trøndelag | 63 | 7 | 8 | 0 | 0 | 0 | 9 | 10 |
| Nord-Noreg | 67 | 0 | 8 | 4 | 2 | 2 | 11 | 5 |

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

# 11. Aviser, vekepresse og fagpresse

## 11.1. Nokre resultat

Med «avis» i denne statistikken meiner vi alle publikasjonar som kjem ut minst ein gong per veke, og som fyller dei opphavlege reglane for listeføring som avis. Det inneber at dei skal orientere allmenta om hendingar og aktuelle spørsmål, ta reell betaling for abonnement og laussal, og ha mindre enn 50 prosent annonsar (Høst 2004).

*Tre tal for abonnement*

I dag finst det fleire måtar å abonnere på ein avis. Ein kan ha eit reint papirabonnement, eit digitalt abonnement eller eit abonnement der ein både får papiravis og ei digital utgåve. For å spegle denne situasjonen, har Mediebedriftenes Landsforening (MBL) frå og med 2014 publisert tre opplagstal; papiropplag, digitalt opplag og netto totalopplag. Netto totalopplag er eit opplagstal som berre tel ein abonnent ein gong sjølv om abonnenten både har papir og digitalt abonnement.

Opplagstalet for papir angjev gjennomsnittleg opplag per utgåve. Søndagsutgåver er ikkje inkluderte. Digitalt opplag omfattar digitale abonnement og sal av elektroniske aviser. Netto totalopplag består av summen av papiropplag og digitalt opplag. Dei abonnentane som har kombinert papir- og digitalabonnement vil berre bli talde ein gong. Det er fleire aviser som berre tilbyr eit såkalla komplett-abonnement kor digitalutgåva av avisa er inkludert i papirabonnementet. Eit slikt abonnement vert berre talt som eit abonnement i talet for netto totalopplag. Netto totalopplag er ikkje heilt det same som papiropplaget var tidlegare, men kan brukast som samanlikningsgrunnlag for å få eit bilete av opplaget til avisene.

Sjølv om papiropplaget framleis er størst, vert ein stadig større del av opplaget digitalt. Dei siste tre åra har det vore ein stor auke i salet av digitale abonnement. Ein stor del av denne auken kjem av auken i komplettabonnement, men også talet på reine digitale abonnement har auka. I 2014 hadde om lag 4 prosent av abonnentane eit reint digitalt abonnement, mens i 2016 var delen på 13 prosent.

*89 prosent av avisene har eigne nyhende på internett*

Ved utgangen av 1999 hadde 77 aviser eigne nyhende på internett. Dette utgjorde 35 prosent av alle aviser. Fram til 2006 var det stadig fleire aviser som la ut nyhende på nett, og dette året hadde 86 prosent av avisene nyhende på internett. Denne delen heldt seg relativt stabil i perioden etter dette. Ved utgangen av 2016 hadde 89 prosent av alle aviser eigne nyhende på nett, dette utgjorde 201 aviser, sjå tabell 11.1.

Avisene har også lagt ut fleire nyhende på nett i perioden. Nyhenda vart også oftare oppdaterte. Dei siste åra har avisene også starta å ta betaling for nyhenda. I 2016 hadde 151 aviser innført ei betalingsordning, dvs. 75 prosent av avisene som hadde eigne nettnyhende hadde innført ei betalingsordning.

*Talet på aviser stabilt*

Ved utgangen av 2016 kom det ut 227 aviser i Noreg, og 200 av desse hadde eit digitalt opplagstal (Høst 2017). Talet på aviser har halde seg nokolunde stabilt dei siste åra, sjå tabell 11.1. Sidan 1999 har talet på aviser variert mellom 221 og 230. På få år har smarttelefonen vorte allemannseige og mykje avislesing går føre seg på mobil. Tal frå undersøkingar som Kantar TNS gjennomfører årleg viser at total avislesing på mobil har auka med 13 prosent frå 2014 til 2016 (MBL, 2017).

I 2016 var avisenes netto opplag på 2 018 000 eksemplar, sjå tabell 11.2. Figur 11.1 viser utviklinga i papiropplag før 2014 og utviklinga i netto totalopplag frå 2014. I åra etter at avisene kom på nett har dei fleste avisene hatt nedgang i opplaget. Av dei ulike avisgruppene er det laussalsavisene og dei leiande lokale

dagsavisene som har hatt den største nedgangen. Ved utgangen av 2016 var opplaget til laussalsavisene redusert med 12 000 eksemplar, noko som utgjorde 6,5 prosent samanlikna med året før. Sidan 2005 har nedgangen vore på heile 66 prosent. I 2005 hadde laussalsavisene eit opplag på 506 000 eksemplar, medan i 2016 var netto totalopplag på 172 000. Det siste året hadde dei leiande lokale dagsavisene den nest største nedgangen med 8 000 eksemplar, noko som utgjorde 1,3 prosent.

**Figur 11.1. Utvikling i netto totalopplag for grupper av aviser, i 1 000**




Kjelde: Sigurd Høst (2017), Avisåret 2016, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

Papiropplaget var på 1 749 000 og det digitale opplaget var på 1 499 000 eksemplar i 2016, sjå tabell 11.3. Papiropplaget er eit påliteleg tal, medan vi ikkje veit eksakt kva det digitale opplagstalet inneber. I dette talet inngår abonnentar som berre har digitalt abonnement, men det kan også vere abonnentar som abonnerer på papirutgåva som også gjev digital tilgang. Digitalt tillegg er differansen mellom netto totalopplag og papiropplag, og kan difor gjeve eit riktigare bilete av kor mange som har kjøpt avisa digitalt. For aviser som sel papirabonnement og det digitale abonnementet kvar for seg, skulle ein tru at det digitale tillegget ville vere likt med det digitale opplaget. For vidare lesing om dette temaet, sjå Avisåret 2016 av Sigurd Høst.

I 2016 hadde avisene eit digitalt tillegg på til saman 269 000 eksemplar, noko som svarte til 13,3 prosent av netto totalopplaget. Dette er ein oppgang på 6 prosentpoeng frå 2015 då det digitale tillegget var på 7,2 prosent. Ser vi på dei ulike avistypane, ser vi at det digitale tillegget er størst for storbyaviser og riksspreidde meiningsberande aviser, som hadde eit digitalt tillegg på høvesvis 25,6 og 17,7 prosent, sjå tabell 11.3.

Opplagstala for dei største avisene i Noreg viser at nedgangen har vore mindre frå 2015 til 2016 enn tilsvarande nedgang året før, sjå figur 11.2. Figuren er laga på bakgrunn av dei åtte største avisene i 2016. Dagens Næringsliv er ikkje teke med sidan det ikkje er gjeve opp nokre tal for 2016.

**Figur 11.2. Netto totalopplag for dei største avisene[1], i 1 000**




[1]For VG er ikkje den digitale utgåva VG+ teke med sidan den ikkje vart rapportert inn i 2014 og 2015. Dagens Næringsliv er ikkje teke med sidan det manglar tal for 2016.
Kjelde: Mediebedriftenes Landsforening.

*155 dagsaviser fekk produksjonstilskot*

I 2016 var produksjonstilskotet på 313 millionar kroner som fordelte seg på 155 aviser, seks fleire enn i 2015, sjå tabell 11.4. Medietilsynet forvaltar produksjonstilskotet som, i tillegg til fritaket for meirverdiavgift, er statens viktigaste verkemiddel for å oppretthalde mangfaldet i avisutgivingar, både geografisk og når det gjeld innhald og verdiforankring jf. Kulturdepartementet (2015). Mediestøtta omfattar fleire ulike tilskot, sjå kapittel 11.2.

*Vekepressa - nedgangen i opplagstal held fram*

Vekepresse er eit samleomgrep for vekeblad og andre magasin. Nokre av magasina kjem ut sjeldnare enn kvar veke. Tala som vert presenterte, er gjennomsnittleg nettoopplag per nummer. Tabell 11.5 viser ei oversikt over opplagstal og talet på magasin for vekepressa i perioden 2010 til 2016. For alle bedriftene som er medlem i Mediebedriftenes Landsforening (MBL), noko som gjeld dei fleste magasina, var det samla gjennomsnittlege opplaget per nummer på 1,9 millionar eksemplar i 2016. Dette er ein nedgang på 37 prosent samanlikna med 2010 da det samla opplaget var på nesten 3,0 millionar.

Familieblad og TV-guidar utgjer framleis den største gruppa med sine 20 blad og eit gjennomsnittleg opplag per utgjeving på nær 938 000 eksemplar, sjølv om denne kategorien har hatt ein nedgang i opplaget på heile 48 prosent sidan 2010. Kategoriane Bil og båt og Anna hadde omtrent den same prosentvise nedgangen, men desse kategoriane er mykje mindre slik at nedgangen i talet var mindre. Kategorien Anna består av Dine penger og Aftenposten Innsikt med eit opplag på vel 74 000 i 2016. I 2010 bestod denne kategorien av seks magasin, kor fire ikkje lenger eksisterer.

Dei siste to åra har også Familieblad og TV-guidar hatt ein nedgang på flest eksemplar, med vel 231 000, noko som utgjorde 20 prosent av opplaget i 2014. Kategorien Helse, mat og livsstil hadde ein nedgang på heile 34 prosent det totale opplaget i 2014, eller 53 000 eksemplar. Berre sidan 2014 har nedgangen i det totale opplagstalet for heile vekepressa vore på 16 prosent. Det har vore nedgang i alle kategoriar bortsett frå kategorien Heim og hage.

*Fagpressa – stabile opplagstal*

Fagpressa har samla sett hatt ei relativt stabil utvikling i opplagstala dei siste åra samanlikna med aviser og mange andre magasin, sjølv om det er store forskjellar

innbyrdes. Totalopplaget for medlemsblada i Fagpressen var på drygt 3,8 millionar eksemplar i 2016, ein auke på 0,1 prosent frå året før, sjå tabell 11.6. Også talet på periodikum har ikkje variert mykje dei siste åra.

Figur 11.3 viser korleis det samla opplaget fordelar seg per kategori for medlemsblada i Fagpressen i 2016. Kategorien Industri, teknikk og handverk var den største kategorien med nesten 970 000 eksemplar tett følgt av Kultur og fritid som den nest største med et opplag på 930 000 eksemplar. Transport og samferdsel var den minste kategorien med eit opplag på 46 000.

Medlemsblada er berre førte opp i ein kategori, og det er medlemsblada sjølve som vel den kategorien dei høyrer til. Kategorien Kultur og fritid har hatt høgast samla opplagstal i gjennomsnitt dei siste fem åra, tett følgt av gruppa industri, teknikk og handverk.

**Figur 11.3. Fagpresse. Opplag per utgjeving i 2016, etter gruppe[1, 2]**




[1] Omfattar berre medlemmer av Fagpressen og grupperinga er utarbeidd av denne foreininga. [2] Medlemsblad med kontrollerte opplag.
Kjelde: Fagpressen.

*39 prosent les papiravis på ein gjennomsnittsdag*

Vi har vist at opplagstala for papiraviser har gått ned og tal frå mediebruksundersøkinga viser at færre les papiraviser. Tal frå Norsk mediebarometer 2016 viser at det er stadig færre som les papiraviser, og minutt brukt til lesing av aviser på papir går ned. Likevel var det avis som var det mest lesne trykte mediet. I 2016 las 39 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år ei papiravis på ein gjennomsnittsdag, og i gjennomsnitt brukte kvar person 14 minutt per dag til avislesing på papir. I 2005 las 74 prosent av befolkninga avis ein gjennomsnittsdag og ein tidlegare utgåve av Mediebarometeret viser at kvar person brukte i gjennomsnitt 29 minutt. Sjå figur 11.4 og tabellane 11.7 og 11.8.

Menn og kvinner brukte like mykje tid på å lese papiraviser, 14 minutt ein gjennomsnittsdag. Tabell 11.8 viser at delen, både menn og kvinner, som las papiraviser, har gått jamt nedover sidan 2013. I 2016 var det 37 prosent av mennene og 40 prosent av kvinnene som las papiraviser. Lesing av papiraviser skjer oftare i eldre aldersgrupper enn i yngre. Medan 8 prosent av dei i alderen 9-15 år las ei papiravis ein gjennomsnittsdag i 2016, var delen 73 prosent blant dei i alderen 67-79 år. Delen som les papiravis dagleg har gått ned for alle aldersgrupper i 2016 samanlikna med dei tre siste åra. For den eldste aldersgruppa er det likevel ein liten oppgang frå 71 til 73 prosent det siste året. Den langsiktige trenden er nedgåande, så dette er truleg ein tilfeldig variasjon.

*51 prosent les nettavis ein gjennomsnittsdag*

Delen av befolkninga som les aviser på internett aukar jamt, sjå figur 11.4. Gjennom heile 2000-talet har delen auka og på ein gjennomsnittsdag i 2016 las 56 prosent av befolkninga aviser på internett. Til samanlikning las berre 10 prosent aviser på Internett i 2001. 78 prosent las papiravis det same året, mens i 2016 var denne delen gått ned til 39 prosent. Det var framleis ein større del menn enn kvinner som las nettaviser ein gjennomsnittsdag i 2016, 60 prosent for menn og 51 prosent for kvinner. Litt fleire kvinnelege lesarar, 20 prosent, las berre papiraviser mens 15 prosent av mennene gjorde det same, sjå tabell 11.9.

**Figur 11.4. Lesing av trykt avis og nettavis ein gjennomsnittsdag. Prosent**




Kjelde: Odd Frank Vaage (2017), Norsk mediebarometer 2016, Statistisk sentralbyrå.

Det er i utgangspunktet færre som les vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift sett i høve til aviser. Nedgangen i delen som les avis ein gjennomsnittsdag har vore på 3 prosentpoeng frå 2015 til 2016 medan nedgangen for dei andre kategoriane var mindre. Noko særmerkt kan det vere at delen som les teikneserieblad har halde seg relativt stabil på 3-4 prosent i perioden 2013 til 2016.

På ein gjennomsnittsdag i 2016 var det 5 prosent som las vekeblad, og 8 prosent las tidsskrift.

## 11.2. Om statistikken – aviser, vekepresse og fagpresse

*Avisene*

Opplysningane om aviser er henta frå rapporten Avisåret 2016 av Sigurd Høst og nettsidene til Mediebedriftenes Landsforening. Dette er ein tabellrapport med omfattande kommentarar. Føremålet med rapportserien Avisåret er at han skal dekkje alle norske aviser, sjølv om dei ikkje er medlemmer av Mediebedriftenes Landsforening (MBL) eller Landslaget for Lokalaviser (LLA). Det viktigaste grunnlaget for rapporten er opplysningar frå MBL, LLA og Medietilsynet. Statistikken over aviser på internett er utarbeidd spesielt for rapportserien Avisåret.

*Mediestøtta*

Mediestøtta er eit sentralt verkemiddel for å oppnå måla på medieområdet og av følgjande ordningar:

- Produksjonstilskotet til nyhende- og aktualitetsmedium
- Tilskot til samiske aviser
- Tilskot til minoritetsspråklege publikasjonar
- Tilskot til lokalkringkasting

Det er Medietilsynet som i hovudsak forvaltar tilskotsordningane på mediefeltet (regjeringen.no). I tillegg til Kulturdepartementets tilskotsordningar får nyhende- og aktualitetsmedium indirekte mediestøtte ved å vere fritekne frå meirverdiavgift.

*Vekepressa*

Statistikken over norsk vekepresse baserer seg på opplysningar frå Mediebedriftenes Landsforening (MBL) og dekkjer dei magasina som er medlemmer. Innanfor MBL er det danna ei eiga gruppering som tek vare på spesifikke oppgåver i bransjen. MBLs gruppering for vekepresse og magasin har som føremål å behandle spørsmål av felles interesse for medlemmene i grupperinga, og som ikkje blir behandla av MBL sentralt. Grupperinga er interessert i at medlemmene får rammevilkår som gir lønnsame bedrifter og sikrar arbeidsplassar. Kategoriseringa av vekepressa er utarbeidd etter forslag frå Norsk Medieindeks.

*Fagpressa*

Statistikken for fagpressa er utarbeidd på grunnlag av materiale frå Fagpressens Informasjonskontor publisert i Fagpressekatalogen. Oppgåvene omfattar berre medlemmer av Fagpressen. Fagpressen, tidlegare kalla Den Norske Fagpresses Forening, er Noregs eldste presseorganisasjon og vart stifta i 1898. «Fagpressen» er ein interesseorganisasjon for fag- og interessetidsskrift i Noreg. Foreininga sikrar interesser til fagblad, tidsskrift og magasin på trykk og nett. Kategoriane som tidsskrifta er delte inn i, er utarbeidde av Fagpressen, men medlemsblada vel sjølve primærnøkkel for kor dei høyrer heime. Fagpressa består av eit stort mangfald av fagblad, interesse-, hobby- og bransjeblad.

*Mediebruksundersøkingane*

Tala som omhandlar bruk av aviser og blad, er henta frå Norsk mediebarometer 2016. Norsk mediebarometer er ein publikasjon som er basert på Statistisk sentralbyrå sine årlege undersøkingar om bruk av massemedium. I desse undersøkingane svarar eit representativt utval av befolkninga på omtrent 1 800 personar i alderen 9-79 år på spørsmål om bruk av ulike massemedium og om tilgang til medium i hushaldet.

Termen «kvartil» representerer om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga i kvar gruppe. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Det er nytta nokre kjennemerke knytte til yrkesstatus i tabellane 11.7 og 11.8. Sjå kapittel 10.2 for definisjonar av desse kjennemerka.

## Referansar

Fagpressen: http://www.fagpressen.no

Høst, Sigurd (2017): Avisåret 2016, Rapport nr. 84/2017, Høgskulen i Volda/Møreforsking. Henta frå http://www.hivolda.no/neted/services/file/?hash=73dd53cdebcc00b19a8b61d3a97890a2

Kulturdepartementet (2015): For budsjettåret 2016 - Utgiftskapitler: 300-342 Inntektskapitler: 3300-3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2015-2016). Henta frå https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20152016/id2456056/

Mediebedriftenes Landsforening (2017): Henta frå http://medienorge.uib.no/

Medietilsynet: Årsrapport 2016. Henta frå http://www.medietilsynet.no/om/aktuelt/medietilsynets-arsrapport-2016/

Vaage, Odd Frank (2017): Norsk mediebarometer 2016, Statistiske analyser 152, Statistisk sentralbyrå. Henta frå https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2016

## Meir informasjon

Aviskatalogen: http://www.aviskatalogen.no/
Landslaget for Lokalaviser: https://lla.no/

**Tabell 11.1. Aviser med tilbod på internett[1] ved utgangen av året eller januar året etter, for enkelte utvalde år**

| | 1999 | 2003 | 2005 | 2008 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Aviser i alt** | **222** | **221** | **224** | **227** | **225** | **227** | **226** | **229** | **230** | **228** | **227** |
| Oppdaterte nyhende, dagsavis[2] | 12 | 23 | 38 | 69 | 63 | 58 | 50 | 62 | 64 | 66 | 66 |
| Oppdaterte nyhende, fådagarsavis[3] | - | 16 | 36 | 79 | 48 | 30 | 34 | 46 | 66 | 90 | 101 |
| Vanleg nettavis[4] | 47 | 66 | 44 | 22 | 39 | 56 | 47 | 43 | 26 | 16 | 11 |
| Smal nettavis, notisavis | 18 | 51 | 63 | 25 | 44 | 46 | 46 | 35 | 31 | 19 | 17 |
| Eigne nyhende i alt | 77 | 156 | 181 | 195 | 194 | 194 | 191 | 186 | 191 | 197 | 201 |
| Oppdaterte smakebitar, les meir | - | - | - | - | - | 4 | 6 | 7 | 7 | 6 | 3 |
| Eiga heimeside | 19 | 24 | 24 | 21 | 20 | 19 | 20 | 21 | 21 | 15 | 12 |
| Anna | 3 | 5 | 2 | 1 | 4 | 5 | 4 | 9 | 11 | 10 | 10 |
| Eigne opplegg i alt | 99 | 185 | 207 | 218 | 218 | 222 | 221 | 223 | 226 | 222 | 220 |
| Nettside med betalingsordning | - | - | - | - | - | 5 | .. | 27 | 55 | 125 | 151 |

[1] Oversikta gjeld dei betalte (papir)avisene på internett. Gratisaviser og reine nettaviser er ikkje med. Aften (Aftenposten Aften) hadde ikkje eigne sider på nett og er ikkje rekna med. [2] For 1999 gjeld registreringa berre dagsaviser. Krav til oppdatering for dagsaviser er litt strengare frå 2003 og framover. [3]Kravet til oppdatering for fådagarsaviser er strengare frå 2008, og praktiseringa er innskjerpa frå 2010. [4]Minst fire eigne nyhendesaker er presenterte som meir enn ein kort notis.

Kjelde: Høst, Sigurd (2017), Avisåret 2016, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

**Tabell 11.2. Talet på aviser og opplag for ulike typar aviser, i 1 000 eksemplar**

| | 2010 | | 2011 | | 2012 | | 2013 | | 2014[1] | | 2015 | | 2016 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Aviser | Opplag | Aviser | Opplag | Aviser | Opplag | Aviser | Opplag | Aviser | Opplag | Aviser | Opplag | Aviser | Opplag |
| **Aviser i alt** | **226** | **[2]2 572** | **228** | **2 501** | **227** | **2 422** | **229** | **2 230** | **230** | **2 151** | **228** | **2 041** | **227** | **2 018** |
| Laussalsaviser | 2 | 331 | 2 | 311 | 2 | 277 | 2 | 244 | 2 | 212 | 2 | 184 | 2 | 172 |
| Storbyaviser[3] | 4 | 460 | 4 | 450 | 4 | 435 | 4 | 414 | 4 | [4]418 | 4 | 399 | 4 | 396 |
| Nr.2-aviser i store byar | 3 | 58 | 3 | 53 | 3 | 50 | 3 | 47 | 2 | 37 | 3 | 39 | 3 | 39 |
| Riksspreidde meiningsberande aviser | [5]8 | 173 | 8 | 174 | 8 | 176 | 8 | 173 | 8 | 171 | 8 | 169 | 8 | 170 |
| Leiande lokale dagsaviser | 56 | 815 | 56 | 791 | 54 | 757 | 53 | 712 | 54 | 685 | 53 | 637 | 52 | 629 |
| Lokale dagsaviser, nr. 2 | 2 | 30 | 2 | 29 | 2 | 28 | 2 | 26 | 2 | 25 | 2 | 24 | 2 | 24 |
| Lokale 2-3 dagarsaviser | 81 | 388 | 82 | 381 | 84 | 382 | 84 | 380 | 84 | 368 | 77 | 341 | 77 | 339 |
| Lokale vekeaviser | 62 | 134 | 62 | 132 | 60 | 129 | 64 | 134 | 65 | 134 | 71 | 147 | 71 | 148 |
| Nasjonale fådagarsaviser | 7 | 77 | 8 | 78 | 9 | 92 | 9 | 99 | 9 | 101 | 8 | 100 | 8 | 102 |

[1] Reglane for berekning av opplag vart forandra frå og med 2014 slik at tala for åra 2014-2016 er netto totalopplag. Sjå nærare omtale i kapittel 11.1. [2] På grunn av avrundingar stemmer ikkje summane heilt. [3] Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad. [4] Nye opplagsreglar for 2014 har gjeve ein ekstraordinær auke for Aftenposten, jf. teksta. [5]Avvir og Sagat er rekna som dagsaviser i 2008 sjølv om dei var fådagarsaviser meir enn halve året.

Kjelde: Høst, Sigurd (2017), Avisåret 2016, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

**Tabell 11.3. Opplagstal og digitalt tillegg etter type avis i 2016, i 1 000 eksemplar[1]**

| | Netto totalopplag | Papiropplag | Digital opplag | Digitalt tillegg | Digitalt tillegg, prosent | | Talet på aviser |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | 2015 | 2016 | |
| **Aviser i alt** | **2 018** | **1 749** | **1 499** | **269** | **7,2** | **13,3** | **227** |
| Laussalsaviser | 172 | 140 | 34 | 32 | 7,9 | 18,7 | 2 |
| Storbyaviser[2] | 396 | 294 | 381 | 101 | 15,2 | 25,6 | 4 |
| Nr. 2-aviser i store byar | 39 | 35 | 31 | 4 | 1,7 | 9,6 | 3 |
| Riksspreidde meiningsberande aviser | 170 | 140 | 67 | 30 | 14,4 | 17,7 | 8 |
| Leiande lokale dagsaviser | 629 | 552 | 603 | 77 | 5,5 | 12,3 | 52 |
| Lokale dagsaviser, nr. 2 | 24 | 21 | 23 | 3 | 10,1 | 13,3 | 2 |
| Lokale 2-3-dagarsaviser | 339 | 325 | 271 | 14 | 1,9 | 4,1 | 77 |
| Lokale vekeaviser | 148 | 145 | 57 | 3 | 0,8 | 2,1 | 71 |
| Nasjonale fådagarsaviser | 102 | 97 | 32 | 4 | 2,1 | 4,3 | 8 |

1 Pga. avrundingar kan det vere noko avvik i totalsummane.

[2]Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad.

Kjelde: Høst, Sigurd (2017), Avisåret 2016, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

**Tabell 11.4. Dagsaviser som fekk produksjonstilskot**

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Aviser i alt** | **138** | **138** | **138** | **140** | **138** | **141** | **147** | **149** | **155** |
| Nr. 2-aviser, ekskl. rikspreidde aviser[1] | 26 | 25 | 24 | 25 | 24 | 25 | 23 | 19 | 23 |
| Riksspreidde meiningsberande aviser | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 |
| Nr. 1 og aleineaviser | 56 | 56 | 59 | 59 | 58 | 58 | 65 | 65 | 61 |
| Vekeaviser, ekskl. nr. 2-aviser | 51 | 52 | 50 | 51 | 51 | 53 | 54 | 58 | 62 |
| Riksspreidde ukeaviser[2] | . | . | . | . | . | . | . | . | 4 |
| Tilskotsbeløp i alt (1 000 kr) | 264 310 | 264 452 | 272 915 | 281 355 | 287 568 | 307 789 | 308 246 | 303 246 | 313 046 |

[1] Inkluderer sju vekeaviser som er nr.2 -aviser på utgivarstaden. [2]Morgenbladet, Korsets Seier, Dag og Tid og Norge i Dag fekk produksjonstilskot for første gong i 2016. Tidlegare fekk desse avisene tilskot frå Kulturrådet.

Kjelde: Medietilsynet i e-post.

**Tabell 11.5. Vekepresse[1]. Talet på blad og magasin og opplag per utgjeving, etter gruppe**

| Gruppe | 2010 Talet på blad/ magasin | 2010 Opplag | 2012 Talet på blad/ magasin | 2012 Opplag | 2014 Talet på blad/ magasin | 2014 Opplag | 2016 Talet på blad/ magasin | 2016 Opplag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **80** | **2 986 848** | **95** | **2 790 997** | **79** | **2 240 739** | **66** | **1 876 175** |
| Familieblad og TV-guidar | 32 | 1 801 227 | 33 | 1 509 922 | 23 | 1 169 060 | 20 | 937 666 |
| Heim og hage | 13 | 425 414 | 13 | 382 649 | 13 | 350 301 | 13 | 352 014 |
| Data, audio og video | 3 | 40 757 | 4 | 42 332 | 4 | 35 044 | 4 | 29 019 |
| Bil og båt | 7 | 144 931 | 8 | 125 796 | 4 | 84 099 | 4 | 77 484 |
| Helse, mat og livsstil | 7 | 112 808 | 9 | 168 545 | 9 | 154 823 | 6 | 101 543 |
| Sport, hobby og fritid | 10 | 152 729 | 23 | 368 426 | 21 | 261 532 | 14 | 204 326 |
| Teikneseriar | 2 | 164 474 | 2 | 135 101 | 3 | 106 841 | 3 | 100 093 |
| Anna | 6 | 144 508 | 3 | 58 226 | 2 | 79 039 | 2 | 74 030 |

[1] Omfattar vekepresse som er medlemmer av Mediebedriftenes Landsforening.
Kjelde: Mediebedriftenes Landsforening.

**Tabell 11.6. Fagpresse. Talet på periodika[1] og opplag per utgjeving, etter gruppe[2]**

| Gruppe | 2012 Periodika | 2012 Opplag | 2013 Periodika | 2013 Opplag | 2014 Periodika | 2014 Opplag | 2015 Periodika | 2015 Opplag | 2016 Periodika | 2016 Opplag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt[3]** | **187** | **4 166 475** | **189** | **4 237 988** | **188** | **4 249 892** | **184** | **3 840 676** | **180** | **3 844 479** |
| Landbruk og fiske | 11 | 175 532 | 12 | 177 159 | 12 | 174 742 | 11 | 165 411 | 11 | 161 254 |
| Industri, teknikk og handverk | 29 | 817 591 | 30 | 820 942 | 30 | 838 513 | 34 | 914 553 | 30 | 965 155 |
| Bygg og anlegg | 13 | 338 945 | 12 | 348 550 | 12 | 346 667 | 13 | 349 987 | 13 | 343 373 |
| Varehandel, hotell og storkjøkken | 11 | 132 681 | 12 | 137 128 | 10 | 114 516 | 11 | 123 815 | 11 | 128 773 |
| Transport og samferdsel | 7 | 459 822 | 7 | 452 991 | 6 | 449 429 | 3 | 18 839 | 5 | 45 943 |
| Tenesteyting, økonomi mv. | 15 | 298 652 | 15 | 291 166 | 15 | 298 108 | 12 | 242 621 | 9 | 204 946 |
| Offentleg verksemd, undervisning, forsking mv. | 31 | 556 407 | 30 | 555 172 | 30 | 545 908 | 30 | 574 711 | 31 | 593 600 |
| Helse-, sosial- og veterinærtenester | 39 | 519 005 | 38 | 481 943 | 39 | 479 969 | 39 | 489 271 | 41 | 471 705 |
| Kultur og fritid | 31 | 867 840 | 33 | 972 937 | 34 | 1 002 040 | 31 | 961 468 | 29 | 929 730 |

[1] Omfattar berre medlemmer av «Fagpressen». [2] Grupperinga er utarbeidd av Fagpressen. [3] Medlemsblad med kontrollerte opplag.
Kjelde: Fagpressen

**Tabell 11.7. Minutt brukt til lesing av avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag**

| | Avis | | | | Vekeblad | | | | Teikneserieblad | | | | Tidsskrift | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Alle personar | 21 | 19 | 16 | 14 | 3 | 3 | 2 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 3 | 3 | 2 | 2 |
| **Kjønn** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Menn | 20 | 20 | 17 | 14 | 0 | 1 | 1 | 0 | 2 | 1 | 1 | 1 | 4 | 3 | 3 | 2 |
| Kvinner | 21 | 18 | 15 | 14 | 5 | 4 | 4 | 3 | 0 | 1 | 0 | 0 | 2 | 3 | 2 | 2 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 3 | 3 | 1 | 1 | 1 | 2 | 1 | 0 | 6 | 5 | 3 | 3 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 16-24 år | 6 | 6 | 4 | 4 | 1 | 1 | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 2 | 1 | 1 |
| 25-44 år | 12 | 11 | 9 | 7 | 2 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 3 | 4 | 2 | 3 |
| 45-66 år | 31 | 27 | 24 | 20 | 3 | 3 | 3 | 2 | 0 | 0 | 0 | 1 | 4 | 3 | 3 | 3 |
| 67-79 år | 49 | 49 | 44 | 38 | 6 | 6 | 7 | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 | 3 | 6 | 4 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Grunnskole | 19 | 22 | 11 | 9 | 3 | 4 | 3 | 1 | 1 | 1 | 0 | 1 | 1 | 2 | 2 | 2 |
| Vidaregåande skole | 22 | 18 | 19 | 20 | 3 | 3 | 3 | 3 | 1 | 1 | 0 | 0 | 2 | 2 | 3 | 2 |
| Universitet/høgskole, kort | 21 | 22 | 21 | 14 | 3 | 2 | 2 | 2 | 1 | 0 | 1 | 1 | 4 | 4 | 3 | 3 |
| Universitet/høgskole, lang | 32 | 26 | 24 | 20 | 1 | 2 | 1 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 | 6 | 8 | 4 | 4 |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 1. kvartil | 19 | 19 | 17 | 16 | 3 | 3 | 4 | 2 | 1 | 1 | 1 | 0 | 3 | 4 | 2 | 2 |
| 2. kvartil | 26 | 20 | 16 | 16 | 3 | 2 | 2 | 2 | 2 | 1 | 1 | 1 | 5 | 3 | 4 | 3 |
| 3. kvartil | 20 | 19 | 18 | 13 | 2 | 3 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 3 | 2 | 3 | 3 |
| 4. kvartil | 20 | 20 | 18 | 15 | 2 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 4 | 4 | 3 | 2 |
| **Yrkesstatus (16-79 år)[1]** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Yrkesgruppe 1-2 | 25 | 22 | 20 | 14 | 2 | 2 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 5 | 6 | 3 | 3 |
| Yrkesgruppe 3 | 20 | 18 | 16 | 14 | 3 | 2 | 1 | 0 | 1 | 1 | 0 | 1 | 5 | 4 | 3 | 3 |
| Yrkesgruppe 4-5 | 15 | 15 | 11 | 12 | 3 | 3 | 3 | 3 | 1 | 0 | 1 | 0 | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Yrkesgruppe 6-9 | 18 | 18 | 10 | 15 | 1 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | 2 | 3 | 2 | 2 |
| Elevar/studentar | 4 | 5 | 5 | 2 | 1 | 2 | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 1 | 0 | 2 | 1 | 2 |
| Trygda/pensjonistar | 43 | 40 | 37 | 34 | 6 | 5 | 5 | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 | 3 | 5 | 3 |
| Heimearbeidande | 11 | 15 | 8 | 0 | 2 | 3 | 6 | 2 | 0 | 0 | 1 | 1 | 3 | 0 | 3 | 0 |

[1] For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kapittel 10.2.
Kjelde: Vaage, Odd Frank (2017), Norsk mediebarometer 2016, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 11.8. Personar som les avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag. Prosent**

| | Avis | | | | Vekeblad | | | | Teikneserieblad | | | | Tidsskrift | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Alle personar | 51 | 49 | 42 | 39 | 8 | 8 | 7 | 5 | 4 | 4 | 3 | 3 | 9 | 9 | 8 | 8 |
| **Kjønn** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Menn | 49 | 47 | 41 | 37 | 2 | 4 | 2 | 2 | 5 | 6 | 4 | 5 | 10 | 9 | 9 | 8 |
| Kvinner | 52 | 50 | 42 | 40 | 14 | 13 | 11 | 8 | 2 | 3 | 3 | 2 | 7 | 9 | 6 | 7 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 18 | 15 | 7 | 8 | 5 | 4 | 3 | 1 | 13 | 16 | 11 | 13 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| 16-24 år | 26 | 26 | 23 | 15 | 4 | 5 | 1 | 2 | 5 | 4 | 4 | 2 | 4 | 2 | 3 | 4 |
| 25-44 år | 42 | 40 | 35 | 28 | 7 | 7 | 4 | 3 | 3 | 3 | 3 | 4 | 9 | 12 | 8 | 8 |
| 45-66 år | 70 | 68 | 62 | 56 | 9 | 10 | 9 | 6 | 2 | 3 | 1 | 2 | 13 | 12 | 11 | 10 |
| 67-79 år | 83 | 82 | 71 | 73 | 17 | 15 | 17 | 14 | 0 | 0 | 0 | 0 | 9 | 9 | 10 | 11 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Grunnskole | 48 | 48 | 33 | 29 | 8 | 10 | 8 | 4 | 4 | 2 | 1 | 2 | 4 | 6 | 6 | 4 |
| Vidaregåande skole | 52 | 49 | 50 | 48 | 10 | 10 | 8 | 7 | 2 | 3 | 2 | 1 | 7 | 6 | 7 | 6 |
| Universitet/høgskole, kort | 55 | 56 | 52 | 44 | 8 | 9 | 6 | 5 | 2 | 3 | 3 | 4 | 12 | 13 | 11 | 12 |
| Universitet/høgskole, lang | 69 | 66 | 55 | 50 | 5 | 6 | 5 | 4 | 2 | 3 | 3 | 3 | 18 | 21 | 13 | 15 |
| **Yrkesstatus (16-79 år)** [1] | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Yrkesgruppe 1-2 | 63 | 62 | 53 | 47 | 8 | 7 | 6 | 4 | 3 | 3 | 3 | 3 | 14 | 16 | 11 | 11 |
| Yrkesgruppe 3 | 58 | 50 | 47 | 41 | 8 | 9 | 5 | 3 | 3 | 3 | 2 | 3 | 13 | 13 | 12 | 8 |
| Yrkesgruppe 4-5 | 46 | 51 | 39 | 36 | 9 | 12 | 9 | 4 | 3 | 2 | 2 | 2 | 7 | 8 | 4 | 6 |
| Yrkesgruppe 6-9 | 45 | 45 | 40 | 34 | 2 | 6 | 4 | 4 | 2 | 4 | 3 | 2 | 7 | 10 | 7 | 6 |
| Elevar/studentar | 20 | 24 | 26 | 11 | 4 | 8 | 0 | 1 | 3 | 4 | 6 | 3 | 2 | 5 | 3 | 5 |
| Trygda/pensjonistar | 77 | 75 | 64 | 67 | 15 | 13 | 15 | 14 | 1 | 0 | 1 | 0 | 9 | 7 | 9 | 11 |
| Heimearbeidande | 39 | 25 | 26 | 3 | 10 | 12 | 10 | 4 | 3 | 2 | 3 | 5 | 15 | 0 | 4 | 0 |

[1] For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kapittel 10.2.

Kjelde: Vaage, Odd Frank (2017), Norsk mediebarometer 2016, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 11.9. Lesing av trykt avis og nettavis ein gjennomsnittsdag, alder, menn og kvinner. Prosent**

| | Trykt avis | Nettavis | Anten trykt avis eller nettavis | Berre trykt avis | Berre nettavis | Både trykt avis og nettavis |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2001 | 78 | 10 | 79 | 69 | 2 | 9 |
| 2002 | 77 | 12 | 79 | 67 | 2 | 10 |
| 2003 | 77 | 17 | 80 | 63 | 4 | 14 |
| 2004 | 75 | 19 | 79 | 60 | 4 | 15 |
| 2005 | 74 | 27 | 81 | 54 | 7 | 20 |
| 2006 | 74 | 31 | 82 | 51 | 8 | 23 |
| 2007 | 72 | 34 | 81 | 47 | 8 | 25 |
| 2008 | 68 | 35 | 77 | 42 | 9 | 26 |
| 2009 | 65 | 40 | 78 | 38 | 13 | 27 |
| 2010 | 64 | 43 | 80 | 37 | 16 | 27 |
| 2011 | 63 | 48 | 79 | 32 | 16 | 32 |
| 2012 | 55 | 49 | 77 | 28 | 22 | 27 |
| 2013 | 51 | 52 | 76 | 24 | 25 | 27 |
| 2014 | 49 | 54 | 75 | 21 | 26 | 27 |
| 2015 | 42 | 51 | 72 | 20 | 30 | 21 |
| 2016 | 39 | 56 | 73 | 17 | 34 | 22 |
| | | | | | | |
| **2016** | | | | | | |
| **Kjønn** | | | | | | |
| Menn | 37 | 60 | 75 | 15 | 37 | 23 |
| Kvinner | 40 | 51 | 71 | 20 | 31 | 21 |
| **Alder** | | | | | | |
| 9-15 år | 8 | 16 | 22 | 6 | 14 | 2 |
| 16-24 år | 15 | 58 | 63 | 5 | 48 | 10 |
| 25-44 år | 28 | 71 | 78 | 7 | 50 | 21 |
| 45-66 år | 56 | 61 | 83 | 22 | 28 | 33 |
| 67-79 år | 73 | 34 | 84 | 50 | 11 | 23 |

Kjelde: Vaage, Odd Frank (2017), Norsk mediebarometer 2016, Statistisk sentralbyrå

# 12. Film og kino

## 12.1. Kinobesøk og kinodrift

*Endringar i kinoverksemdene over tid*

Kinoverksemdene har vore i endring gjennom fleire år. Digitaliseringa av kinoar har gjeve ein ny giv for små og mellomstore kinoar da det gjer det mogleg å la den same filmen få premiere på mange visningsstader samstundes. Tala for 2016 bekreftar denne trenden. Mange av dei mindre kinoane fekk ein vekst i besøkstala som følgje av digitaliseringa. Kinoane har også over tid gått inn i større einingar i ein kjededanningsprosess. Godt over halvparten av kinobesøka i 2016 var hos kinokjedene (Film & Kinos Årbok 2016).

*Auke i kinobesøket i 2016*

I alt var det 13,1 millionar besøk på kino i 2016. Det er ein auke i kinobesøket mot førre året da det var om lag 12 millionar besøkande på norske kinoar. Besøkstalet svarar til 2,5 kinobesøk per innbyggjar. Aukande besøkstal er det også for bygdekinoane som hadde vel 154 000 besøk det same året, om lag 31 300 fleire enn i 2015. Billettinntektene på kinoane var på nærare 1,4 milliardar kroner i 2016.

**Figur 12.1. Kinobesøk. Samla besøk, utanlandske og norske filmar**




Kjelde: Film & Kino.

*Auke i besøkstalet på norsk film*

Auken i besøkstalet for norske filmar har vore på vel 678 000 besøk i perioden 2015-2016. Dei utanlandske filmane hadde i 2016 ein framgang i besøk på om lag 4,3 prosent frå året før. Framsyningar av norske filmar auka frå 2015 til 2016, samstundes som delen besøk òg gjekk opp med 3,4 prosentpoeng. Meir om produksjon av norsk film i del 12.2.

*Norske filmar står for 24 prosent av kinobesøket*

Tal for 2016 viser at dei norske filmane hadde over 3,1 millionar besøk, det vil seie at dei norske filmane stod for 24 prosent av det totale kinobesøket. Talet for 2015 var 2,5 millionar besøk og 20 prosent av kinobesøket var på norske filmar.

*Norsk film på toppen*

Dei tre mest besøkte filmane i 2016 var norske, og det er filmen «Kongens nei» som toppar besøksstatistikken med besøk av nærare 714 000 personar. Vidare hadde «Snekker Andersen og julenissen» om lag 497 000 besøk og «Børning 2» om lag 438 000 besøk. Dei neste åtte filmane var utanlandske. Sjå Film & Kinos årbok for 2016 for meir informasjon om filmane.

*Fleire framsyningar på norske kinoar*

Det var i 2016 i alt 371 000 framsyningar på norske kinoar, 17 800 fleire enn førre året. Den størst auken kjem med digitaliseringa frå 2010 til 2011. Digital kino gjorde det enklare og billigare å køyre fleire førestillingar. Det er førestillingar på dagtid og tidleg ettermiddag som har auka mest. Dette viser tal frå Film & Kino.

*Fleire salar per kinobygg*

Frå Film & Kinos årbok kan vi sjå at det i 1996 var 1,6 salar per kinobygg, medan det i 2016 var i gjennomsnitt 2,3 salar per bygg. Dette viser at kinobygga i 2016 inneheld fleire salar enn det som var vanleg før. Dette kjem av at nokre små kinoar med berre ein sal vart lagde ned, medan nokre andre kinoar vert bygde om til fleirsalskinoar. Denne endringa har skjedd over lengre tid, fordi det tar år å planleggje og byggje nye kinobygg. I 2001 var det om lag 51 personar i gjennomsnitt på kvar visning, i 2006 var talet 40 personar, medan det var om lag 35 i 2016, ein auke frå 34 i 2015.

*Norske kinoar er digitale*

Norske kinoar er digitaliserte over nokre år og alle kinosalar er no digitale. I 2008 var berre 49 salar digitaliserte, som eit forprosjekt til digitaliseringa. Gjennomføringa av digitaliseringa tok nokre få år, mykje vart gjort i 2011 da digitaliseringa var nær gjennomført. I 2016 er 439 salar i kinobygga digitale.

Digitaliseringa inkluderte også mindre kinoar, noko som har gjort digital distribusjon over heile landet mogleg. Nokre av dei minste kinoane avslutta drifta før overgangen til digital løysing. I tillegg har nye mindre kinoar også kome til.

Digitaliseringa har også kome med digitalisering av reklamefilm og ny teknologi for lyd og bilete. Introduksjonen av film i 3D som ein vanleg del av filmrepertoaret er eit resultat av digitaliseringsprosessen.

*Nedgang i besøk på 3D-filmar*

Filmar i 3D stod for nærare 11 prosent av besøka i 2016. Dette er ein nedgang frå om lag 15 prosent i 2015 og 25 prosent i toppåret 2011. I alt 171 kinoar har 288 salar som kan vise 3D i Noreg, det same talet som førre året. 3D-filmar står for om lag 12 prosent av alle billettinntektene mot 17 prosent førre året. Sjå Film & Kinos Årbok 2016 for fleire opplysningar.

*Norske kinoar er i ein kjededanningsprosess*

Samstundes med digitaliseringa har det vore ei endring i organiseringa av kinodrift. Over halvparten av kinoverksemda i Noreg er organisert i ei form for samarbeid, og kinoverksemda ber preg av kjededanning. Det vil seie at mange kinoar som før var sjølvstendige, nå inngår i ei større eining. Slike kjeder kan vere kommunalt eigde, dei kan vere private eller dei kan vere eigde av både kommunar og private selskap. 11,4 millionar besøk er på kinoar i ulike kjeder, det utgjer nærare 87 prosent av alle kinobesøka i Noreg i 2016 mot 69 prosent i 2015. Det er to store kommersielle kinokjeder som dominerer marknaden, og desse står for 56 prosent av besøka. Det har ikkje vore større endringar når det gjeld tilknyting til nokon av kjedene i 2016. Sjå figur 12.2.

**Figur 12.2. Kinobesøk. Del besøk på kinokjeder og kinoar utanfor kjeder**




Kjelde: Film & Kino.

Dei kommunale kinoane vert eigde av kommunar aleine eller i felles eige med andre kommunar. Ved overgang til felles eige med private vert kinoen registrert som kommunal dersom kommunen har minst 51 prosent eigardel. Talet på kommunale og ikkje-kommunale kinoar har vore stabilt frå 2015 til 2016, høvesvis 143 og 60 kinoar. Besøka på dei kommunale kinoane utgjorde 57 prosent av dei totale kinobesøka i 2016, medan besøka på dei ikkje-kommunale utgjorde 43 prosent av totalen. Bygdekinoane, som er eit tilbod til dei mindre kommunane utan kino, utgjorde 1 prosent av besøka. I 2016 var det om lag 154 000 besøk på bygdekinovisingane. Sjå tabellane 12.1 og 12.2.

*202 kinobygg i 2016*

Over lengre tid har det vorte færre kinobygg. Totalt var det 227 kinobygg i 2006, medan det var 202 kinobygg i 2016. I 2016 var det i alt 439 salar som fordelte seg på 288 kommunale og 151 ikkje-kommunale kinosalar og det var til saman 78 400 sitjeplassar ved kinoane.

*Fleire framsyningsstader for bygdekinoen*

Bygdekinoen hadde 178 framsyningsstader i 2016, tre fleire enn året før. Kombinasjonen av kinosalar og visingsstader for bygdekinoen er framsynings-stader. 2016 var eit rekordår for Bygdekinoen med meir enn 154 000 besøkande. Ikkje sidan 1990 har det vore fleire besøkande på framsyningsstadane til Bygde-kinoen, da var det vel 169 000 besøkande.

*Fleire premierefilmar på kino*

Det var totalt 232 langfilmpremierar ved kinoane i Noreg i 2016, noko som er det høgaste talet dei siste ti åra og ein auke på 21 premierar frå året før. Det var 27 premierefilmar med Noreg som produksjonsland, ein meir enn i 2015. (Film & Kinos Årbok 2016).

*Digitale løysingar avløyser DVD i heimen*

Sal av DVD og Blu-Ray har hatt stor tilbakegang dei siste åra. Forbruket av film i heimen har flytta seg til digitale løysingar som TV og Internett. Nettbaserte leverandørar av strøymetenester er den store vinnaren. Medan publikum til saman brukte 2,2 milliardar kroner på kjøp og leige av DVD og Blu-Ray i 2009, har dette falle til 3,3 millionar filmar og 421 millionar kroner i 2016. (Norsk Filminstitutt Årsrapport 2016).

**Figur 12.3. Personar som har vore på kino dei siste 12 månadene, etter alder. 2016. Prosent**




Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

*Fleire eldre går på kino*

72 prosent av befolkninga var i 2016 ein eller fleire gonger på kino, ein liten auke frå 2015 da andelen var 71 prosent. Delen kvinner og menn som besøker kino var heilt lik, 72 prosent. Publikumet etter alder har endra seg noko. Dei yngre går framleis mest på kino, men dei eldre som besøkte kino viser ein klar auke det siste året. I 2015 var 27 prosent av aldersgruppa 67-79 år på kino, medan det var 40 prosent i 2016. Aldersgruppa 16-24 år var dei som gjekk mest på kino i 2016, slik var det også året før.

Det er dei yngre som i gjennomsnitt har flest besøk på kino, 3,5 besøk for dei i alderen 9-15 år og 4,3 besøk for dei alderen 16-24 år, men talet på besøk har gått litt ned. Dette viser tal frå Norsk mediebarometer 2016, sjå tabell 12.5. At yngre går mindre hyppig på kino nå enn før, kan ha å gjere med at dei yngre har interesse av kultur i digital form, på mobil eller anna bruk.

Det er variasjonar i delen som går på kino og talet på kinobesøk mellom landsdelane. Blant befolkninga i Oslo og Akershus og i Agder og Rogaland, var delen som gjekk på kino på 76 prosent i 2016, medan delen var 64 prosent i Nord-Noreg. Oslo og Akershus låg høgast med 3,4 besøk i gjennomsnitt, medan Austlandet elles var lågast med 2,4 besøk i gjennomsnitt. (Norsk mediebarometer 2016.)

**Figur 12.4. Personar som har vore på kino dei siste 12 månadene, etter menn og kvinner. Prosent**




Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

*Elevar og studentar går meir på kino*

Elever og studentar, personar i yrke som krev akademisk eller anna fagleg utdanning, er ivrigare kinogjengarar enn andre grupper. Blant elevar og studentar har 92 prosent vore på kino dei siste tolv månadene. God hushaldsøkonomi og høg utdanning heng positivt saman med kinobesøk.

## 12.2. Produksjon og forvaltning av film

I dette kapittelet går vi også igjennom tal knytte til produksjon av film og tilskot til produksjon av film, drama-seriar, dokumentarar med vidare.

*Lågare produksjonstilskot frå Norsk filminstitutt*

Norsk filminstitutt (NFI) fordelte til saman om lag 603 millionar kronar i 2016. Av dette gjekk 444,5 millionar kronar til utvikling, produksjon og lansering av kinofilm, kortfilm, dokumentar, dramaseriar og spel. Det har vore ein nedgang i tilskotet utbetalt av NFI til produksjon av filmar, drama-seriar og dataspel frå 2015 til 2016. I 2016 vart om lag 217,7 millionar kroner innvilga i produksjonstilskot, ein nedgang på 18,7 millionar kroner. Fordeling av tilskot til ulike typar ordningar er vist i tabell 12.4. Det kan vere noko avvik i totalt innvilga midlar og attgjeving av tilskot i

tabellen, det kjem hovudsakleg av at nokre mindre ordningar ikkje alltid har vore inkluderte i tabellen, og at nokre innvilga midlar vert utbetalte i ratar over tid.

Av dei 444,5 millionar kroner som vart innvilga i 2016, gjekk 327,3 millionar kroner til spillefilm inkludert kinodokumentar, 22,2 millionar kroner gjekk til kortfilm, 30,8 millionar kroner gjekk til dokumentarfilm inkludert dokumentarseriar, 39,6 millionar kroner gjekk til TV-drama, medan 24,6 millionar kroner gjekk til dataspel. (Norsk filminstitutt, Årsrapport 2016).

*Auka statleg støtte til regionale filmtiltak*

Regionale filmsenter og filmfond er etablerte av kommunar, fylkeskommunar og filmorganisasjonar for å byggje opp filmmiljøa i eigne regionar. Frå 2016 er prøveordning med tilskot til regionale filmfond avvikla, samstundes vart det oppretta ei ny tilskotsordning som gjev tilskot til to til tre konsoliderte filmfond. Dei statlege overføringane til regionale filmfond har vore på 10,5 millionar i heile perioden 2008-2013, men auka til 10,9 millionar i 2014 og 11,2 millionar i 2015. I 2016 auka bevillinga med 8,8 millionar kroner, til 20 millionar kroner til den nye tilskotsordninga for regionale filmfond.

## 12.3. Om statistikken og dei ulike organisasjonane

*Film & Kino*

Film & Kino er ein bransje- og medlemsorganisasjon for kommunale og private kinoar og videobransjen. Film & Kino vart stifta i 1917 under namnet Kommunale Kinematografers Landsforbund. Film & Kino driv også Bygdekinoen, som er ein omreisande kino. Bygdekinoen vart oppretta i 1950. Bygdekinoen viser digitale filmar og tilbyr også filmar i 3D.

*Norsk kino- og filmfond*

Norsk kino- og filmfond vert finansiert av ei avgift på all omsetnad av kinobillettar og film på DVD og Blu-ray. Fondet er regulert i lov om film og videogram. Avgiftsendringar krev ei lovendring i Stortinget. Fondet vart oppretta av Kommunale Kinematografers Landsforbund i 1970.

*Norsk filminstitutt*

Norsk filminstitutt (NFI) er eit forvaltningsorgan som staten har for filmpolitikken, og fungerer som rådgivar for staten i filmpolitiske spørsmål. NFI er underlagt Kulturdepartementet og forvaltar dei statlege verkemidla til utvikling, produksjon, distribusjon, lansering og filmkultur. NFI forvaltar midla i filmfondet som vert løyvde over statsbudsjettet. NFI forvaltar tilskotsordningar for kinofilm, kortfilm, dokumentarfilm, fjernsynsseriar og dataspel på ulike plattformer. NFI har ansvaret for regionale filmtiltak for barn og unge og utbetaling og oversyn av tilskot til regionale filmsenter og regionale filmfond er delegert til NFI.

## 12.4. Omfang, publisering og samanlikningar

Statistikken over kinoaktiviteten omfattar alle kinoane i Noreg. Statistikken vert publisert i Film & Kinos årboknummer og på internettsidene, www.kino.no. Nokre tal for kinoane vert elles publiserte i KOSTRA.

Film- og kinostatistikken kan samanliknast over tid og med film- og kinostatistikken i andre land.

### Referansar

Film & Kino: *Årbok 2016*. Eldre årbøker blir også nytta for å fylle tidsseriar.

Norsk filminstitutt: *Årsrapport 2016*.

Medietilsynet: *Årsrapport 2016.*

Ryssevik, Jostein og Vaage, Turid (2011): *For en neve dollar mer*. En evaluering av den statlige støtten til regionale filmfond. Ideas2Evidence Rapport 9, 2011.

Vaage, Odd Frank (2016): *Norsk mediebarometer 2016.* Statistisk sentralbyrå, Statistiske analyser nr 152/17.

### Meir informasjon

Bygdekinoen (http://www.bygdekinoen.no/)

Film & Kino: (http://www.kino.no)

Filmklubbar der Film, TV og spelprodusentar er medlemmar: http://www.produsentforeningen.no/

Medietilsynet: (http://www.medietilsynet.no)

Norsk filminstitutt: (http://www.nfi.no)

**Tabell 12.1. Besøk ved kinoane, etter kinotype og fylke**

| | Besøk i alt | Besøk | |
|---|---|---|---|
| | | Ved bygdekinoar | Per innbyggjar |
| 2001 | 12 477 164 | 148 993 | 2,8 |
| 2002 | 12 041 422 | 130 637 | 2,7 |
| 2003 | 13 049 067 | 133 891 | 2,9 |
| 2004 | 11 966 254 | 145 791 | 2,6 |
| 2005 | 11 314 081 | 134 524 | 2,4 |
| 2006 | 12 012 493 | 148 058 | 2,6 |
| 2007 | 10 815 700 | 127 683 | 2,3 |
| 2008 | 11 869 449 | 129 816 | 2,5 |
| 2009 | 12 701 912 | 139 081 | 2,6 |
| 2010 | 11 020 954 | 120 079 | 2,3 |
| 2011 | 11 655 050 | 126 232 | 2,4 |
| 2012 | 12 124 008 | 115 908 | 2,4 |
| 2013 | 11 802 662 | 112 254 | 2,3 |
| 2014 | 11 085 134 | 123 648 | 2,2 |
| 2015 | 12 037 874 | 122 844 | 2,3 |
| 2016 | 13 125 068 | 154 150 | 2,5 |
| | | | |
| Østfold | 657 006 | 3 018 | 2,3 |
| Akershus | 1 398 212 | 5 709 | 2,3 |
| Oslo | 2 184 731 | 691 | 3,3 |
| Hedmark | 395 092 | 6 934 | 2,0 |
| Oppland | 343 899 | 11 901 | 1,8 |
| Buskerud | 629 147 | 6 157 | 2,3 |
| Vestfold | 583 266 | - | 2,4 |
| Telemark | 401 639 | 9 343 | 2,3 |
| Aust-Agder | 218 929 | 10 072 | 1,9 |
| Vest-Agder | 507 540 | 3 125 | 2,8 |
| Rogaland | 1 284 851 | 3 120 | 2,7 |
| Hordaland | 1 443 339 | 21 815 | 2,8 |
| Sogn og Fjordane | 199 844 | 9 557 | 1,8 |
| Møre og Romsdal | 534 688 | 19 762 | 2,0 |
| Sør-Trøndelag | 924 230 | 9 159 | 2,9 |
| Nord-Trøndelag | 320 142 | 8 842 | 2,3 |
| Nordland | 441 806 | 17 615 | 1,8 |
| Troms Romsa | 495 680 | 6 918 | 3,0 |
| Finnmark Finnmárku | 154 103 | 412 | 2,0 |
| | | | |
| Svalbard[1] | 6 924 | - | - |

[1] Personar busette på Svalbard er som regel registrert busette i ein norsk kommune og talet på besøk per innbyggjar er derfor ikkje berekna.
Kjelde: Film & Kino.

**Tabell 12.2. Verksemda ved kinoane, etter eigarform**

| | Kino-bygg i alt | Kino-salar/ fram-synings-stader[1] | Salar med digitalkino[2] | Sitje-plassar | Framsyningar | | Besøk | | | | Billettinntekter | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | I alt | Av dette norske | I alt | Av dette besøk på norske filmar | Besøk på norske filmar | Besøk per fram-syning | I alt | Av dette norske filmar |
| | | | | | | | 1 000 personar | | Prosent | | Millionar kroner | |
| 2001 | 243 | 596 | - | 84 610 | 244 353 | 27 277 | 12 477 | 1 865 | 14,9 | 51,1 | 689,9 | 99,9 |
| 2002 | 249 | 600 | - | 85 913 | 250 062 | 22 899 | 12 041 | 897 | 7,4 | 48,2 | 706,6 | 47,7 |
| 2003 | 242 | 603 | - | 83 990 | 258 727 | 41 374 | 13 049 | 2 378 | 18,2 | 50,4 | 815,3 | 133,8 |
| 2004 | 240 | 625 | - | 85 047 | 267 269 | 34 629 | 11 967 | 1 777 | 14,8 | 44,8 | 782,1 | 107,1 |
| 2005 | 232 | 656 | - | 84 457 | 292 014 | 37 548 | 11 314 | 1 380 | 12,2 | 38,7 | 783,6 | 98,3 |
| 2006 | 227 | 649 | - | 82 630 | 303 251 | 47 365 | 12 013 | 1 928 | 16,0 | 39,6 | 852,0 | 130,1 |
| 2007 | 219 | 651 | - | 79 677 | 297 188 | 52 246 | 10 816 | 1 779 | 16,4 | 36,4 | 791,2 | 115,5 |
| 2008 | 218 | 661 | 49 | 79 177 | 307 249 | 56 722 | 11 870 | 2 657 | 22,4 | 38,6 | 917,7 | 202,5 |
| 2009 | 212 | 652 | 65 | 78 716 | 307 962 | 57 377 | 12 702 | 2 613 | 20,6 | 41,2 | 1 042,1 | 195,3 |
| 2010 | 210 | 651 | 250 | 79 238 | 316 073 | 68 021 | 11 021 | 2 564 | 23,3 | 34,9 | 954,0 | 198,2 |
| 2011 | 206 | 630 | 415 | 78 921 | 343 611 | 77 676 | 11 655 | 2 857 | 24,5 | 33,9 | 1 039,7 | 234,8 |
| 2012 | 196 | 583 | 415 | 76 195 | 346 009 | 50 674 | 12 124 | 2 164 | 17,8 | 35,0 | 1 110,1 | 184,5 |
| 2013 | 200 | 599 | 422 | 76 699 | 344 022 | 69 160 | 11 803 | 2 690 | 22,8 | 34,3 | 1 095,2 | 222,1 |
| 2014 | 199 | 596 | 424 | 76 975 | 354 122 | 75 986 | 11 085 | 2 708 | 24,4 | 31,3 | 1 082,1 | 232,3 |
| 2015 | 201 | 609 | 434 | 77 560 | 352 937 | 53 947 | 12 037 | 2 465 | 20,5 | 34,1 | 1 231,4 | 231,3 |
| 2016 | 202 | 617 | 439 | 78 414 | 370 711 | 67 102 | 13 125 | 3 143 | 23,9 | 35,4 | 1 375,2 | 310,8 |
| | | | | | | | | | | | | |
| Kommunale kinoar i alt | 143 | 288 | 288 | 53 372 | 212 223 | 3 748 | 7 530 | 1 809 | 24,0 | 35,5 | 765,6 | 170,9 |
| Ikkje-kommunale kinoar i alt | 60 | 151 | 151 | 25 497 | 150 579 | 27 662 | 5 441 | 1 210 | 22,2 | 36,1 | 595,4 | 128,5 |
| Bygdekinoar | - | 178 | - | - | 4 071 | - | 154 | 82 | 53,2 | 37,8 | 13,3 | 7,2 |

[1]Framsyningsstader er kombinasjonen av kinosalar og visningsstader for bygdekinoen.[2]Gjeld berre kommunale og private kinoar.
Kjelde: Film & Kino.

**Tabell 12.3. Langfilmpremierar, etter produksjonsland**

| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **230** | **241** | **237** | **221** | **223** | **207** | **206** | **196** | **201** | **199** | **211** | **232** |
| **Produksjonsland** | | | | | | | | | | | | |
| Noreg | 21 | 22 | 23 | 22 | 22 | 26 | 33 | 25 | 26 | 36 | 26 | 27 |
| Sverige | 16 | 10 | 9 | 9 | 12 | 7 | 4 | 8 | 8 | 7 | 7 | 8 |
| Canada | - | - | 3 | 3 | - | 4 | 2 | 2 | 2 | 5 | 2 | - |
| Danmark | 13 | 6 | 8 | 7 | 7 | 5 | 6 | 5 | 3 | 5 | 4 | 6 |
| Finland | - | 4 | 1 | 3 | - | 4 | 2 | - | - | - | - | - |
| Storbritannia | 11 | 12 | 19 | 16 | 11 | 12 | 16 | 15 | 13 | 14 | 11 | 13 |
| Tyskland | 5 | 4 | 5 | 4 | 1 | 6 | 2 | 5 | 8 | 1 | 5 | 6 |
| Frankrike | 4 | 12 | 8 | 10 | 22 | 11 | 11 | 18 | 13 | 19 | 19 | 17 |
| Italia | 4 | 3 | 4 | 4 | 3 | 3 | 2 | 1 | 1 | 4 | 4 | 6 |
| Island | - | 2 | 2 | - | 3 | - | 1 | 3 | 1 | 1 | 1 | 3 |
| Spania | 6 | 1 | 3 | 3 | 4 | 2 | 3 | 1 | 3 | - | - | 4 |
| Russland | - | 1 | 1 | 2 | 1 | - | 1 | 2 | - | - | 1 | - |
| Sør-Korea | 4 | 1 | 1 | - | - | 1 | - | - | - | - | - | 1 |
| USA | 119 | 122 | 113 | 117 | 108 | 103 | 98 | 90 | 111 | 90 | 108 | 116 |
| Andre land | 27 | 41 | 37 | 21 | 29 | 23 | 25 | 21 | 12 | 17 | 23 | 25 |

Kjelde: Film & Kino.

**Tabell 12.4. Norsk filminstitutt. Tilskot til audiovisuell produksjon, tal på filmar, type tilskotsordning og beløp. 1 000 kroner**

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kortfilmar[1]** | | | | | | | |
| Utviklingstilskot, talet på prosjekt | 5 | 16 | 11 | 6 | 6 | 9 | 9 |
| Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner | 493 | 1 345 | 1 820 | 460 | 1 598 | 2 008 | 1 892 |
| Produksjonstilskot, talet på prosjekt | 24 | 21 | 23 | 28 | 25 | 28 | 27 |
| Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner | 20 355 | 18 065 | 16 085 | 24 185 | 16 630 | 17 592 | 19 398 |
| Lanseringstilskot, talet på prosjekt | 26 | 12 | 27 | 16 | 27 | 34 | 33 |
| Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner | 893 | 363 | 572 | 441 | 796 | 1 157 | 912 |
| **Kinofilmar[2], fiksjon og dokumentar** | | | | | | | |
| Talet på filmpremierar | 25 | 33 | 23 | 24 | 34 | 23 | 25 |
| Etterhandstilskot, talet på utbetalinger[3] | 37 | 46 | 34 | 47 | 51 | 41 | 53 |
| Etterhandstilskot, samla utbetaling. Kroner | 100 768 | 118 552 | 105 378 | 112 183 | 153 634 | 107 132 | 126 804 |
| Utviklingstilskot, talet på prosjekt | 23 | 50 | 68 | 88 | 65 | 68 | 83 |
| Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner | 12 824 | 10 016 | 15 278 | 21 549 | 11 709 | 14 856 | 20 673 |
| Produksjonstilskot, talet på prosjekt | 30 | 22 | 29 | 22 | 24 | 30 | 26 |
| Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner | 152 420 | 135 661 | 146 292 | 132 630 | 161 612 | 154 329 | 146 093 |
| Lanseringstilskot, talet på prosjekt | 48 | 33 | 63 | 63 | 66 | 55 | 50 |
| Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner | 31 896 | 38 765 | 32 296 | 38 091 | 36 494 | 38 166 | 33 729 |
| **TV-produksjonar, enkeltståande** | | | | | | | |
| Utviklingstilskot, talet på prosjekt | 25 | 34 | 33 | 38 | 49 | 56 | 47 |
| Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner | 4 044 | 6 872 | 5 895 | 7 290 | 12 088 | 14 667 | 10 132 |
| Produksjonstilskot, talet på prosjekt | 29 | 20 | 28 | 21 | 24 | 19 | 22 |
| Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner | 12 372 | 17 215 | 21 712 | 19 885 | 28 836 | 13 555 | 18 466 |
| Lanseringstilskot, talet på prosjekt | - | 11 | 33 | 28 | 35 | 37 | 31 |
| Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner | - | 458 | 1 754 | 1 809 | 1 705 | 1 692 | 1 713 |
| **Dokumentarseriar for TV[4,5]** | | | | | | | |
| Utviklingstilskot, talet på prosjekt | 2 | 1 | - | 2 | - | 2 | - |
| Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner | 200 | 150 | - | 500 | - | 300 | - |
| Produksjonstilskot, talet på prosjekt | 3 | 5 | - | 5 | 1 | 1 | 2 |
| Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner | 2 650 | 4 415 | - | 3 444 | 725 | 700 | 450 |
| Lanseringstilskot, talet på prosjekt | - | - | - | 2 | - | 5 | 2 |
| Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner | - | - | - | 127 | - | 138 | 65 |
| **Drama-seriar** | | | | | | | |
| Utviklingstilskot, talet på prosjekt | 13 | 20 | 13 | 13 | 14 | 18 | 17 |
| Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner | 2 826 | 3 392 | 2 675 | 6 125 | 3 930 | 5 450 | 4 700 |
| Produksjonstilskot, talet på prosjekt | 4 | 7 | 8 | 8 | 3 | 11 | 7 |
| Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner | 14 090 | 25 800 | 29 100 | 41 250 | 6 500 | 50 250 | 33 300 |
| Lanseringstilskot, talet på prosjekt | 1 | 4 | 6 | 7 | 11 | 10 | 9 |
| Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner | 37 | 150 | 383 | 212 | 293 | 272 | 1 596 |
| **Dataspel** | | | | | | | |
| Utviklingstilskot, talet på prosjekt | 16 | 20 | 23 | 31 | 30 | 29 | 30 |
| Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner | 10 000 | 10 000 | 15 000 | 20 696 | 20 335 | 20 080 | 20 276 |
| Lanseringstilskot, talet på prosjekt | 6 | 4 | 5 | 25 | 21 | 32 | 42 |
| Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner | 2 830 | 2 145 | 527 | 3 174 | 2 955 | 3 392 | 4 350 |

[1] Fullførte kortfilmar har sjeldan "premiere". [2] Spelefilm/kinofilm har minimum visingstid 72 minutt. Tala inkluderer óg kortfilmar med kinodistribusjon, kinodokument og minoritets-/samproduksjonar med utlandet. [3] Etterhandstilskot kan komme i fleire utbetalingar til same film. [4]Etterhandstilskot er ein form for produksjonstilskot, men som blir gjeve på etterskot. [5]Ingen tilskot til dokumentarseriar for TV 2012. Men tilskot til dokumentar går også over TV-produksjonar, enkeltståande, slik at dokumentarar har fått tilskot 2012, berre ikkje seriar.

Kjelde: Norsk filmfond/Norsk filminstitutt.

**Tabell 12.5. Besøk på kino, etter menn og kvinner, alder, utdanning, hushaldsinntekt, yrkesstatus og landsdel. Prosent og gjennomsnitt**

| | Prosent | | | | | | | | | Besøk i gjennomsnitt | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2006 | 2008 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2006 | 2008 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| **Prosentdel, alle** | **67** | **70** | **70** | **68** | **67** | **73** | **69** | **71** | **72** | **3,7** | **3,6** | **3,5** | **3,3** | **3,0** | **3,4** | **3,1** | **2,9** | **2,8** |
| Menn | 66 | 70 | 66 | 67 | 67 | 71 | 68 | 71 | 72 | 3,7 | 3,7 | 3,3 | 3,5 | 3,1 | 3,4 | 3,5 | 3,0 | 2,8 |
| Kvinner | 69 | 71 | 73 | 68 | 66 | 74 | 70 | 71 | 72 | 3,6 | 3,5 | 3,7 | 3,1 | 2,9 | 3,3 | 2,8 | 2,8 | 2,7 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 91 | 88 | 88 | 91 | 86 | 91 | 93 | 89 | 89 | 4,7 | 4,5 | 4,3 | 3,9 | 3,8 | 4,1 | 4,0 | 3,9 | 3,5 |
| 16-24 år | 89 | 92 | 90 | 93 | 91 | 94 | 91 | 95 | 90 | 7,1 | 6,5 | 6,6 | 6,0 | 5,7 | 6,1 | 6,4 | 5,2 | 4,3 |
| 25-44 år | 81 | 78 | 82 | 80 | 74 | 81 | 79 | 80 | 81 | 4,2 | 4,2 | 4,3 | 3,7 | 3,5 | 3,6 | 3,4 | 3,1 | 3,3 |
| 45-66 år | 47 | 58 | 56 | 51 | 55 | 60 | 53 | 58 | 62 | 2,0 | 2,3 | 1,7 | 2,2 | 1,9 | 2,4 | 1,6 | 1,9 | 2,1 |
| 67-79 år | 26 | 39 | 30 | 30 | 32 | 41 | 31 | 27 | 40 | 0,7 | 1,3 | 1,0 | 1,6 | 0,9 | 1,3 | 1,0 | 0,7 | 1,2 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Grunnskole | 46 | 53 | 49 | 52 | 52 | 61 | 58 | 61 | 66 | 2,5 | 2,7 | 2,7 | 2,5 | 2,6 | 2,9 | 4,0 | 2,9 | 2,9 |
| Vidaregåande skole | 61 | 63 | 62 | 59 | 62 | 65 | 61 | 62 | 63 | 3,4 | 3,2 | 3,0 | 2,9 | 2,7 | 3,0 | 2,6 | 2,4 | 2,2 |
| Universitet/høgskole, kort | 76 | 76 | 80 | 75 | 72 | 81 | 75 | 79 | 78 | 3,9 | 4,5 | 4,2 | 3,4 | 3,3 | 3,4 | 3,1 | 3,0 | 3,0 |
| Universitet/høgskole, lang | 81 | 90 | 82 | 80 | 74 | 79 | 78 | 82 | 81 | 4,9 | 4,4 | 4,0 | 4,6 | 3,4 | 4,4 | 3,2 | 3,2 | 3,2 |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 1. kvartil | 56 | 62 | 53 | 55 | 61 | 63 | 60 | 56 | 65 | 3,8 | 3,4 | 3,3 | 3,3 | 3,1 | 3,1 | 3,1 | 2,5 | 4,3 |
| 2. kvartil | 66 | 68 | 68 | 61 | 59 | 64 | 67 | 67 | 70 | 3,1 | 3,1 | 3,0 | 2,8 | 2,5 | 3,2 | 2,8 | 2,6 | 3,7 |
| 3. kvartil | 72 | 81 | 73 | 72 | 73 | 80 | 74 | 78 | 78 | 3,5 | 4,4 | 3,2 | 2,9 | 3,0 | 3,1 | 2,8 | 2,8 | 3,6 |
| 4. kvartil | 81 | 84 | 86 | 83 | 77 | 85 | 80 | 84 | 83 | 4,2 | 4,2 | 4,4 | 4,0 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,4 | 3,7 |
| **Yrkesstatus (16-79 år)**[1] | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Yrkesgruppe 1-2 | 79 | 81 | 82 | 77 | 75 | 82 | 78 | 83 | 80 | 4,0 | 4,1 | 4,1 | 3,8 | 2,9 | 3,8 | 3,1 | 3,1 | 3,2 |
| Yrkesgruppe 3 | 78 | 80 | 78 | 78 | 75 | 82 | 79 | 72 | 82 | 4,3 | 4,5 | 3,6 | 3,5 | 3,7 | 3,6 | 3,3 | 3,1 | 2,6 |
| Yrkesgruppe 4-5 | 71 | 68 | 71 | 72 | 75 | 73 | 70 | 73 | 72 | 4,1 | 3,9 | 3,8 | 3,6 | 3,5 | 3,6 | 3,8 | 3,1 | 3,0 |
| Yrkesgruppe 6-9 | 59 | 66 | 59 | 61 | 62 | 66 | 65 | 66 | 66 | 3,2 | 3,4 | 2,6 | 2,7 | 2,9 | 2,9 | 3,1 | 2,3 | 2,4 |
| Elevar og studentar | 91 | 93 | 94 | 96 | 91 | 91 | 93 | 92 | 92 | 6,9 | 6,4 | 6,6 | 6,1 | 5,4 | 5,3 | 5,5 | 5,1 | 4,5 |
| Trygda og pensjonistar | 27 | 38 | 32 | 30 | 33 | 40 | 30 | 29 | 43 | 0,7 | 1,1 | 1,1 | 1,7 | 1,0 | 1,6 | 0,8 | 0,7 | 1,4 |
| Heimearbeidande | 58 | : | 75 | 71 | 59 | 63 | 59 | 79 | 54 | 1,7 | : | 2,7 | 2,9 | 1,9 | 3,7 | 2,2 | 2,9 | 1,4 |
| **Landsdel** | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Oslo og Akershus | 77 | 79 | 78 | 78 | 71 | 81 | 80 | 81 | 76 | 4,6 | 4,3 | 4,2 | 4,3 | 3,8 | 4,0 | 3,9 | 3,7 | 3,4 |
| Austlandet elles | 64 | 67 | 65 | 63 | 63 | 67 | 63 | 68 | 68 | 3,0 | 3,5 | 3,0 | 3,2 | 2,6 | 3,2 | 2,5 | 2,6 | 2,4 |
| Agder og Rogaland | 68 | 74 | 70 | 69 | 71 | 73 | 69 | 70 | 76 | 3,5 | 3,9 | 3,6 | 3,0 | 3,3 | 3,2 | 2,9 | 3,0 | 3,0 |
| Vestlandet | 65 | 63 | 70 | 65 | 65 | 70 | 68 | 65 | 71 | 3,6 | 2,8 | 3,5 | 3,1 | 2,8 | 3,2 | 2,9 | 2,5 | 2,5 |
| Trøndelag | 68 | 72 | 68 | 67 | 67 | 75 | 69 | 72 | 71 | 4,1 | 3,5 | 4,2 | 3,0 | 2,7 | 3,4 | 3,3 | 2,9 | 2,5 |
| Nord-Noreg | 56 | 69 | 63 | 56 | 62 | 70 | 61 | 65 | 64 | 3,4 | 3,8 | 2,3 | 2,0 | 2,8 | 2,9 | 3,9 | 2,3 | 2,6 |

[1] For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kapittel 10.2.

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 12.6. Statlege tilskot til regionale filmsenter og filmfond. 1 000 kr**

| | 2008[1] | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Filmsenter** | | | | | | | | | |
| I alt | 16 796 | 26 796 | 26 796 | 31 796 | 41 243 | 42 951 | 46 081 | 47 601 | 49 671 |
| Nordnorsk filmsenter[2] | 6 217 | 8 217 | 8 217 | 8 217 | 8 217 | 8 200 | 8 200 | 8 236 | 9 446 |
| Vestnorsk filmsenter | 4 479 | 6 479 | 6 479 | 7 229 | 8 267 | 8 200 | 8 596 | 9 970 | 10 250 |
| Midtnorsk filmsenter | 2 500 | 4 000 | 4 000 | 4 750 | 4 750 | 5 000 | 5 000 | 5 430 | 5 977 |
| Østnorsk filmsenter | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 3 872 | 4 000 | 4 000 | 3 698 | 4 352 |
| Filmkraft Rogaland filmsenter | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 3 500 | 4 757 | 4 700 | 4 700 | 4 589 | 5 030 |
| Sørnorsk filmsenter | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 3 000 | 4 517 | 4 500 | 4 500 | 4 134 | 4 985 |
| Viken filmsenter[3] | - | - | - | - | 4 100 | 5 300 | 7 927 | 8 282 | 9 631 |
| Mediefabrikken i Akershus[4] | 600 | 600 | 600 | 600 | - | - | - | - | - |
| Internasjonalt samisk filmsenter (ISF) | - | 1 500 | 1 500 | 2 500 | 2 763 | 3 051 | 3 158 | 3 262 | - |
| **Filmfond**[5] | | | | | | | | | |
| I alt | 10 500 | 10 500 | 10 500 | 10 500 | 10 500 | 10 500 | 10 867 | 11 226 | 20 001 |
| Film3 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 588 | 2 673 | . |
| FUZZ | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 588 | 3 175 | . |
| Filminvest Midt-Norge[6] | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 035 | 1 569 | . |
| Filmkraft Invest | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 068 | 2 136 | . |
| FilmCamp | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 1 600 | 2 588 | 1 673 | . |
| Ikkje fordelt | - | - | 5 000 | 4 011 | - | 900 | - | - | . |
| Filminvest as | . | . | . | . | . | . | . | . | 5 544 |
| Mediefondet Zefyr | . | . | . | . | . | . | . | . | 9 570 |
| Filmfond Nord | . | . | . | . | . | . | . | . | 4 887 |

[1] Tilskotet for 2008 vart gjeve i post 72. [2] Nordnorsk filmsenter fekk som einaste regionale filmverksemd støtte til drift fram til 2009, fordi filmsenteret hadde status som knutepunktinstitusjon. [3] Viken filmsenter vart etablert 2011 og skal dekke fylka Vestfold, Buskerud, Østfold og Akershus. [4] Tilskotet for 2008 vart gjeve i post 78. Akershus vert dekt av Viken filmsenter. [5] Filmfonda er endra frå 2016 då dei vart konsolidert frå fem til tre nye store filmfond. [6] Filminvest Midt-Norge het Midtnorsk Invest til 2013.

Kjelde: Kulturdepartementet og Norsk filmfond/Norsk filminstitutt.

**Tabell 12.7. Avgiftsinntekt til Norsk kino- og filmfond og Medietilsynet. Fondsavgift fordelt på kino og video. Kroner**

| | | Fondsavgift | |
|---|---|---|---|
| | I alt | Kino | Video |
| 2000[1] | 37 042 057 | 16 518 719 | 20 523 338 |
| 2001 | 40 612 625 | 16 113 466 | 24 499 159 |
| 2002 | 46 614 630 | 17 591 167 | 29 023 463 |
| 2003 | 56 094 169 | 18 681 284 | 37 412 885 |
| 2004 | 72 191 059 | 20 937 520 | 51 253 539 |
| 2005 | 80 373 977 | 17 985 269 | 62 388 708 |
| 2006 | 85 466 101 | 19 786 959 | 65 679 142 |
| 2007 | 95 099 606 | 19 486 414 | 75 613 192 |
| 2008 | 89 612 990 | 19 491 393 | 70 121 597 |
| 2009 | 89 872 357 | 23 007 591 | 66 864 766 |
| 2010 | 81 594 585 | 22 669 121 | 58 925 465 |
| 2011 | 78 178 887 | 24 123 560 | 54 055 327 |
| 2012 | 71 867 095 | 24 122 570 | 47 744 525 |
| 2013 | 57 741 546 | 24 185 349 | 33 556 197 |
| 2014 | 48 161 306 | 26 052 005 | 22 109 301 |
| 2015 | 43 225 870 | 26 765 149 | 16 460 721 |
| 2016 | 34 126 990 | 21 625 296 | 12 501 695 |

[1]Frå år 2000 er avgifta for kinoframsyningar 2,5 prosent av brutto omsetning billettar, medan avgifta for video er på 3,50 kroner per selde eining. Dette ifølgje NOU 2001:5 Kino i en ny tid. Video til utleige har berre avgift ein gong.

Kjelde: Norsk filmfond/Norsk Filminsitutt og Medietilsynet.

# 13. Lyd og bilete

## 13.1. Nokre resultat

Dette kapittelet omhandlar radio, tv og diverse andre lyd- og videomedium, samt internett. Andre massemedium slik som bøker vert behandla i kapittel 10, aviser, teikneseriar, vekeblad og tidsskrift vert behandla i kapittel 11 og kino i kapittel 12 i denne publikasjonen, og vil difor ikkje verte omtala her. Internett vert nemnt i samband med lesing av aviser i kapittel 11, men vil òg verte omtala i dette kapittelet fordi internett òg vert brukt i andre samanhengar.

Medievanane i befolkninga er i stadig endring og vi vert meir digitale. Det vi har sett dei seinaste åra, er at mediebruken vert fordelt over fleire medium og fleire plattformar. Delen som brukar internett har auka jamt og trutt heilt sidan internett vart tilgjengeleg for folk flest på 1990-talet. Sidan 2000 har det vore ein auke nesten kvart år. I 2000 brukte 27 prosent internett ein gjennomsnittsdag, medan delen i 2016 var på 89 prosent, viser tal frå mediebruksundersøkinga for 2016 (Vaage, 2017).

Radiolyttinga har halde seg overraskande stabil på lang sikt. I 2016 høyrde 59 prosent av befolkninga på radio ein gjennomsnittsdag, og dette er omtrent på same nivå som på begynninga av 2000-talet. Vanleg lineær tv-sjåing har derimot hatt ein nedgang i same periode frå 85 prosent på begynninga av 2000-talet til 67 prosent på ein gjennomsnittsdag i 2016.

*Størst vekst i videomedium*

Lyd- og videomedium har endra innhald dei siste åra. Det som har auka mest dei siste åra er strøymde filer frå internett. I statistikken for lydmedium inngår strøymde internettfiler og lydfiler lasta ned frå internett, men òg vinylplater, CD-ar og MP3-spelarar. I 2016 lytta 37 prosent av befolkninga på lydmedium på ein gjennomsnittsdag. Den langsiktige trenden sidan 2000 er fallande, i år 2000 var det 50 prosent som lytta på lydmedium ein gjennomsnittsdag.

**Figur 13.1. Personar som har brukt ulike massemedium ein gjennomsnittsdag. Prosent**




[1] Frå og med 2012 er betalte strøymetenester som Netflix omfatta av videomedium.
Kjelde: Vaage, Odd Frank (2017), Norsk mediebarometer 2016, Statistisk sentralbyrå.

### Lyd- og videomedium

Ein gjennomsnittsdag i 2016 såg 26 prosent videomedium, medan i 2012 var det 12 prosent. Tala i denne statistikken gjeld DVD/Blu-ray, harddiskopptakarar og filmfiler, anten lasta ned frå internett eller strøymde via internett og betalte for. Dei

betalte strøymetenestene slik som til dømes Netflix vart inkluderte i videomedium frå og med 2012, og sidan den gongen har bruken av strøymde betalte nettfiler auka betrakteleg på kostnad av tradisjonelle medium som t.d. DVD og harddisk-opptakarar. Òg bruken av filer lasta ned frå internett har gått ned. Nå vert det strøyma som aldri før, og av dei som brukar videomedium, hadde 70 prosent strøyma betalte nettfiler ein gjennomsnittsdag i 2016, ein auke på heile 59 prosent sidan 2011. 27 prosent hadde strøymt arkivprogram som er viste same dag, sjå figur 13.2 og tabell 13.1. Frå 2017 vil vi òg ha statistikk på strøymde arkivprogram uansett når dei vart sende.

**Figur 13.2. Delen brukarar av videomedium som har sett på ulike typar opptak ein gjennomsnittsdag. 2016. Prosent**




[1]Omfattar program som er vist same dag.
Kjelde: Odd Frank Vaage (2017), Norsk mediebarometer 2016, Statistisk sentralbyrå.

Ein gjennomsnittsdag i 2016 var det 68 prosent kvinner og 72 prosent menn som såg på strøymde betalte nettfiler av dei som brukte videomedium, sjå tabell 13.1. Det er i aldersgruppa 16-24 år at vi finn flest brukarar av strøymde nettfiler, kor 85 prosent har strøymt betalte nettfiler ein gjennomsnittsdag. I dei andre aldersgruppene er det òg mange brukarar, dersom vi ser bort frå aldersgruppa 67-79 år kor vi ikkje har data om bruk av videomedium. I aldersgruppa 45-66 år var det nær seks av ti av dei som såg på videomedium som såg på strøymde betalte nettfiler ein gjennomsnittsdag, så det famnar største delen av befolkninga.

Frå 2007 har bruken av DVD- og blu-rayspelarar gått jamt nedover. I 2007 såg 76 prosent av dei som såg på videomedium på DVD- eller blu-rayspelarar, medan i 2016 var det berre 6 prosent. Bruken av harddiskopptakarar har først gått opp, så ned i perioden etter at det vart vanleg med strøymde nettfiler.

Òg når det gjeld ulike avspelingssystem for å lytte, er det i tillegg til smarttelefon, mest strøyming frå nettet. På ein gjennomsnittsdag i 2016 hadde 75 prosent lytta til lydfiler på smarttelefon og 70 prosent lytta til strøymde nettfiler.

## Radio og tv - allmennkringkastarane

I dette kapittelet vert det mellom anna presentert data for norske radio- og fjernsynskanalar som fell inn under prinsippa for allmennkringkasting. I 2016 vart det norske allmennkringkastingstilbodet levert av fire aktørar og desse var NRK, TV2, P4 og Radio Norge. Dei har plikt til å rapportere om verksemda si til Medietilsynet, som skal føre tilsyn med allmennkringkastarane.

Allmennkringkastarane skal sikre eit mangfaldig radio- og fjernsynstilbod og kanalane skal mellom anna kunne takast inn av heile befolkninga. Dei skal òg ta vare på interessene til både breie og smale grupper, og bidra til å styrkje norsk språk, kultur og identitet. Allmennkringkasting skal ha som føremål å fylle ein demokratisk, kulturell og sosial rolle i samfunnet og er eit sentralt mediepolitisk verkemiddel både i Noreg og i mange andre europeiske land (Medietilsynet, 2016).

Det å regulere og setje rammevilkåra for allmennkringkasting ligg i stor utstrekning til dei nasjonale styresmaktene i dei einskilde landa. Samtidig er det vedteke reglar og standard på europeisk nivå som gjev eit overordna rammeverk for dei måla og funksjonane som allmennkringkastarane skal ta vare på, og for å sikre like konkurransevilkår. EU anerkjenner den viktige funksjonen som allmennkringkastarane har, noko som vert spegla av EU sitt regelverk.

*41 prosent norsk musikk i NRK-kanalane P1, P2 og P3*

NRK har tre allmennkringkasta radiokanalar som har rapportert programstatistikk til Medietilsynet, NRK P1, NRK P2 og NRK P3. Totalt sende dei tre kanalane radio i om lag 26 200 timar. NRK har fleire radiokanalar i tillegg til dei tre kanalane som inngår i statistikken, og dette inneber at NRK formidlar vesentleg fleire timar med radioinnhald i høve til det tabellane viser. Tematisk og sjangermessig er òg bredda større samanlikna med det som kjem fram i tabellane. I dei tre allmennkringkasta radiokanalane utgjorde norsk musikk totalt 41 prosent av musikken som vart spelt. NRK P1 hadde den største delen norsk musikk med 46 prosent, sjå tabellane 13.3-13.5.

NRK P1 har størst lyttaroppslutning i befolkninga, 20 prosent lyttar til kanalen ein gjennomsnittsdag, sjå tabell 13.9. Programtypen som hadde størst del av sendetida i NRK P1 i 2016, var underhaldning, med 36 prosent av sendetida. Musikk-programma hadde 20 prosent av sendetida, og regionale sendingar inkludert Sàmi Radio hadde 14 prosent. For NRK P2 hadde musikkprogramma den største delen av sendeflata, 36 prosent. Forklaringa på den store delen musikk er at P2 sender musikk på nattetid. Delen av sendetida som vart brukt på samfunnsspørsmål har auka dei fleste åra sidan 2010, og i 2016 vart vel 2 100 timar eller om lag 24 prosent av sendetida brukt på samfunnsspørsmål. Delen med sending om kunst, kultur og media auka med 1 prosentpoeng det siste året og utgjorde 23 prosent av sendetida i 2016.

I NRK P3 vart det spelt musikk i over 5 600 timar i 2016, og musikk utgjorde 64 prosent av sendetida i kanalen. Den andre store kategorien var underhaldning som hadde 25 prosent. Dei resterande 11 prosentane var program innanfor diverse kategoriar.

*Flest timar med drama på TV-kanalane til NRK*

I tillegg til radiosendingane sende NRK nær 24 500 timar TV i 2016 (Medietilsynet, 2017). I tillegg er det eit kontinuerleg oppdatert tilbod på nett. På TV var totalt sett den mest sende programtypen drama, som utgjorde ein tredjedel av all sendetid over NRK1, NRK2, NRK3 og NRK Super. Informasjonsprogram var den andre største programtypen med 27 prosent av sendetida for kanalane samla sett. Desse to kategoriane utgjorde samla 60 prosent av NRK sitt TV-tilbod.

På dei ulike kanalane er programtilbodet noko ulikt. NRK Super sender berre barneprogram og desse vert klassifiserte i ulike kategoriar. Tal frå Allmenn-kringkastarrapporten (Medietilsynet, 2017) viser at i 2016 utgjorde drama 73 prosent av sendetida til NRK Super og 43 prosent for NRK3. På NRK1 og NRK2 var ikkje drama så framståande då det var mest informasjonsprogram, høvesvis 30 og 41 prosent av sendetida.

Underhaldningsprogram var det mest av på NRK3, med 24 prosent. NRK1 har redusert delen med underhaldning i 2016 samanlikna med 2015. I 2015 utgjorde underhaldning 22 prosent på NRK1, medan i 2016 var delen redusert til 14 prosent. NRK2 brukte minst av sendetida på underhaldningsprogram med kun 6 prosent. På NRK2 vart det derimot sendt meir nyhende og informasjonsprogram. I 2016 utgjorde informasjonsprogram 35 prosent av sendetida til NRK2.

Av dei 7 400 sendetimane som NRK1 hadde i 2016 inneheld vel 2 200 timar, eller 30 prosent av sendetida, informasjonsprogram. I NRK1 har delen informasjonsprogram og nyhendesprogram auka jamført med året før med høvesvis 3 og 4 prosentpoeng, medan underhaldningsprogram har vorte redusert med 8 prosentpoeng. Denne nedgangen har vore den største endringa i sendetid for NRK1 det siste året. I 2015 var 22 prosent av programtilbodet underhaldning, medan det i 2016 var 14 prosent. Dei 1 832 timane med underhaldning i 2015, hadde vorte til 1 033 timar i 2016.

I 2016 hadde NRK1 og NRK2 om lag like mange riksdekkjande sendetimar medan NRK3 og NRK Super delte sendetida. Av dei om lag 7 400 sendetimane til NRK2 var 41 prosent informasjonsprogram, 1 prosentpoeng opp det siste året.  Dei største programtypane i NRK2 var forutan informasjonsprogram, nyhende og drama. Det var ikkje nokon større endringar i sjanger i NRK2 det siste året, sjå tabell 13.6.

*NRK P1, NRK 2 og NRK 3 har over 25 prosent nynorsk*

Sidan NRK er ein allmennkringkastar, har NRK eit særskilt krav på seg når det gjeld bruken av målformer i radio- og TV-kanalane sine. Kravet i NRKs vedtekter er at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk. I 2016 oppnådde radiokanalen P1 denne målsetjinga. Kanalen sende 28 prosent nynorsk, sjå figur 13.3. Av fjernsynskanalane hadde NRK2 og NRK3 ein nynorskdel på høvesvis 28 og 25 prosent. Kanalane har òg ein del som går inn under kategorien dialekt. Ser ein alle radiokanalene til NRK under eitt, ser ein at delen med dialekt var høgare i høve til nynorskdelen. I 2016 var 17 prosent av sendetida på TV dialekt, sjå tabell 13.8.

**Figur 13.3. Prosentdel nynorsk[1] i programtilbodet på NRKs TV- og radiokanalar[2]**




[1] Delen nynorsk på tv og radio inkluderer all normert nynorsk, og halvparten av dialektdelen. [2]Kanalar som er allmennkringkastarar.
Kjelde: Norsk rikskringkasting AS.

*Delen radiolyttarar held seg oppe*

Delen som høyrer på radio ein gjennomsnittsdag har totalt sett ikkje falle slik som delen TV-sjåarar har gjort, bortsett frå tidleg på 1990-talet. I 2016 var delen radiolyttarar ein gjennomsnittsdag 59 prosent og det same var tilfellet i 1996 (Vaage 2017). Delen har deretter variert litt frå år til år, med 54 prosent i 2008 for så å auke fram mot 2012. Sidan 2012 har delen radiolyttarar for det meste halde seg rundt 59 prosent, sjå tabell 13.11.

Delen TV-sjåarar har minka dei siste åra, og den gjekk ytterlegare ned frå 74 prosent i 2014 til 67 prosent i dei to påfølgande åra. Mange av programma som er tilgjengelege på TV, er òg tilgjengelege digitalt på nett og på strøyme-TV. Difor tyder ikkje lågare del TV-sjåarar åleine på lågare interesse for program og TV-seriar, det indikerer derimot ei noka lågare nytting av TV som plattform.

I 2016 såg kvar nordmann i gjennomsnitt 112 minutt på fjernsyn og lytta 78 minutt på radio kvar dag. For fjernsyn er dette 33 minutt mindre enn i 2008, og det er berre 2 minutt mindre lytting til radio samanlikna med ein gjennomsnittsdag i 2007.

Figur 13.4 viser kor stor del av befolkninga som lyttar til ulike radiokanalar i 2016 og DAB-radio. DAB-radio er ingen radiokanal, men takast med her sidan dette er før omlegginga av FM-nettet til DAB. Allereie i 2016, før omlegginga, høyrar flest på DAB-radio, 24 prosent av befolkninga har høyrt på DAB-radio ein gjennomsnittsdag. Elles er det NRK P1 og P4 som flest høyrar på ein gjennomsnittsdag, med høvesvis 20 og 18 prosent. NRK P1 har det same nivået som året før, mens P4 har auka sin del med 2 prosentpoeng.
Dei forholdsvis nye radiokanalane NRK P1+ og NRK P13 hadde enno ikkje så mange lyttarar, høvesvis 2 og 1 prosent av befolkninga har lytta på desse kanalane ein gjennomsnittsdag.

**Figur 13.4. Radiolytting for personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Lyttardelar i prosent. 2016**




Kjelde: Odd Frank Vaage (2017), Norsk mediebarometer 2016, Statistisk sentralbyrå.

*Flest ser på NRK1 og TV2*

Når det gjeld vanleg lineær TV som SSB har statistikk for, har NRK1 og TV2 i heile perioden hatt den største sjåardelen. Delen av befolkninga som ser på desse to kanalane ein gjennomsnittsdag har gått ned jamt og trutt sidan 2005. Òg TV3 har hatt ein nedgang i perioden. Det er dei små kanalane, dei med minst sjåardel, som har hatt ein ganske stabil sjåardel. Det var 7 prosent av befolkninga som såg på NRK2 ein gjennomsnittsdag i 2016, medan i 2005 var det 8 prosent. TV2 Nyhets-kanalen har omtrent den same sjåardelen som i 2007, det første året vi har tal for. I 2016 gjekk sjåardelen til TV2 opp med 3 prosentpoeng til 31 prosent sidan året før.

**Figur 13.5. Fjernsynssjåing for personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Sjåardelar i prosent**




[1] Gjeld frå september 2007.
Kjelde: Odd Frank Vaage (2017), Norsk mediebarometer 2016, Statistisk sentralbyrå.

Mediebruksundersøkingane har vist at om det er kvinner eller menn som brukar mest tid på å sjå på fjernsyn, varierer frå år til år. I 2016 brukte kvinner 108 minutt til fjernsynssjåing på ein gjennomsnittsdag medan menn brukte 116 minutt.

*Tre fjerdedelar ser på fjernsyn ein gjennomsnittsdag*

Det var nesten like mange menn som kvinner som såg på fjernsyn ein gjennomsnittsdag i 2016, 68 prosent menn og 66 prosent kvinner. Menn høyrde litt meir på radio i 2016 enn kvinner, 81 minutt på ein gjennomsnittsdag, medan kvinner høyrde 74 minutt, sjå figur 13.6 og tabellane 13.10 og 13.11.

På ein gjennomsnittsdag i 2016 var det flest i den eldste aldersgruppa, 67-79 år, som såg på fjernsyn, 81 prosent. Dette er ikkje uventa fordi dei mogelegvis har betre tid samanlikna med mange i yngre aldersgrupper. Dei andre aldersgruppene låg på mellom 73 og 54 prosent. Ser vi på talet på minutt brukt til TV-sjåing, er det ein klar tendens til at mengda aukar med alderen, frå 62 minutt i den yngste aldersgruppa, 9-15 år, til 165 minutt i den eldste aldersgruppa.

Når det gjeld radiolytting, brukte den yngste aldersgruppa berre 12 minutt på ein gjennomsnittsdag, medan den eldste brukte 114 minutt. Dei yngste hadde òg færrast radiolyttarar ein gjennomsnittsdag, 29 prosent.

**Figur 13.6. Minutt brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag**




Kjelde: Odd Frank Vaage (2017), Norsk mediebarometer 2016, Statistisk sentralbyrå.

## 13.2. Om statistikken

Tala som er presenterte i figurane og tabellane, er delvis henta frå aktørane sjølve eller frå Allmennkringkastingsrapporten for 2016. I rapporten evaluerer Medietilsynet programtilbodet til dei ulike allmennkringkastarane. I talmaterialet som ligg føre, må ein leggje til grunn at dei ulike allmennkringkastarane har ei einsarta inndeling av programområda frå år til år, slik at det er mogeleg å gjere samanlikningar over tid. Det er vanskeleg å samanlikne programtilbodet i dei ulike radiokanalane da dei ikkje rapporterer etter same klassifiseringsverktøy, og heller ikkje rapporterer om heile sendeflata.

*Allmennkringkasting*

Nokre av prinsippa for allmennkringkastingskanalane som Medietilsynet legg til grunn i sitt tilsyn:

- Sendingane skal kunne takast inn av heile befolkninga.
- Sendingane skal innehalde ein variert programmeny med program for så vel breie som smale lyttar- og sjåargrupper, under dette barn og unge, den samiske befolkningsgruppa, etniske og andre minoritetar.
- Det skal vere daglege nyhendesendingar og solid, jamleg orientering om viktige samfunns- og kulturspørsmål, nasjonalt og internasjonalt.
- Allmennkringkastingsprogramma skal bidra til å styrkje norsk språk, identitet og kultur.
- Allmennkringkastingskanalane skal ha redaksjonelt sjølvstende.

*Medietilsynet*

Etter kringkastingslova 8 § 2-13 er Medietilsynet pålagt å utarbeide ein årleg allmennkringkastingsrapport: «Medietilsynet skal utarbeide en årlig rapport om kringkasteres oppfyllelse av allmennkringkastingsforpliktelser. Medietilsynet kan ikke instrueres av Kongen eller departementet ved utarbeidelsen av slik allmennkringkastingsrapport». Medietilsynet har dermed som oppdrag å føre tilsyn med i kva grad allmennkringkastarane oppfyller allmennkringkastingspliktene sine. Tilsynet baserer seg mellom anna på allmennkringkastingsrekneskapane til dei respektive aktørane.

Medietilsynet fører òg tilsyn med andre område innanfor kringkasting, til dømes reklame og sponsing, vern av barn og unge, med meir, og er styresmakt når det gjeld konsesjonar og registreringar for lokalkringkasting og annan type kringkasting.

I tillegg fører Medietilsynet mellom anna tilsyn med marknads- og eigarforhold i dagspressa og kringkasting med heimel i medieeigarskapslova. Medietilsynet er òg klageinstans for fjernsynslisenssaker.

*Endring i konsesjonane*

Dei analoge konsesjonane til lokalfjernsyn vart avslutta i 2009, same året som sløkking av analoge fjernsynsnett vart gjennomført, og utrullinga av det digitale riksnettet for fjernsyn vart sluttført. Eit nytt regime for digitalt lokalfjernsyn var allereie etablert, og digitale lokalfjernsynskonsesjonar vart tildelte frå 2007. Til forskjell frå tidlegare ordning kan det verte gjeve fleire konsesjonar i kvart område, konsesjonshavarane har ikkje tilgang til eigne, lokale sendenett, det vert ikkje stilt krav til innhald, og det er ikkje lenger formidlingsplikt i kabelnett for digitalt lokalfjernsyn.

Noreg er framleis delt inn i 29 konsesjonsområde for allment bakkesendt lokalfjernsyn. Tidlegare var det sett av frekvensressursar til åtskilde analoge, lokale sendenett i alle områda. Talet på konsesjonar av denne typen var avgrensa til ein per område, som kvar var sikra retten til å sende i dei respektive lokale netta. Konsesjonen omfatta plikt til å sende lokalt innhald, og det var formidlingsplikt i kabelnett for sendingane.

Norges Televisjon (NTV) har anleggskonsesjon for det digitale bakkenettet for fjernsyn. Som ein del av konsesjonsføresetnadene pliktar NTV å tilby lokal-fjernsynskapasitet i det digitale nettet, som òg skal vere innretta med lokale dekningsområde. Men nettet har avgrensa kapasitet til formidling av lokalfjernsyn. Ein del lokalfjernsynsaktørar har valt å sende berre i kabel- eller fibernett, eit alternativ som ikkje krev konsesjon frå Medietilsynet.

*Mediebruksundersøkingane*

Tala som omhandlar bruken av radio og fjernsyn, er henta frå Norsk mediebarometer 2016. I 2016 svarte knapt 2 000 personar i alderen 9-79 år på spørsmål om bruken sin av ulike massemedium (Vaage, 2017).

Termen kvartil representerer ei gruppe med om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Det er nytta nokre kjennemerke knytte til yrkesstatus i tabellane 13.7 og 13.8. Sjå kapittel 10.2 for definisjonar av desse kjennemerka.

## Referansar

Lovdata: LOV 1992-12-04127: *Lov om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester (Kringkastingsloven).* https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-12-04-127?q=kringkastingsloven

Medietilsynet (2017): *Allmennkringkastingsrapporten 2016*. Henta frå http://www.medietilsynet.no/om/aktuelt/na-kan-du-lese-allmennkringkastingsrapporten-for-2016/

NRK (2017): *NRK Årsrapport 2016*. Henta frå https://www.nrk.no/aarsrapport/2016/

Vaage, Odd Frank (2017): *Norsk mediebarometer 2016*. Henta frå http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2016

## Meir informasjon

Medienorge: (http://www.medienorge.uib.no)

**Tabell 13.1. Delen brukarar av videomedium som har sett på ulike typar opptak ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og landsdel. 2007-2016. Prosent**

| | DVD/ Bluray | Harddisk-opptakar | Nedlasta nettfil | Strøymd betalt nettfil[1] | Strøymde arkivprogram[2] |
|---|---|---|---|---|---|
| 2007 | 76 | 17 | .. | | .. |
| 2008 | 56 | 18 | .. | | .. |
| 2009 | 52 | 23 | 42 | | .. |
| 2010 | 58 | 31 | 23 | | .. |
| 2011 | 46 | 38 | 29 | | .. |
| 2012 | 49 | 30 | 25 | 11 | .. |
| 2013 | 23 | 34 | 19 | 42 | .. |
| 2014 | 19 | 21 | 11 | 60 | .. |
| 2015 | 16 | 19 | 13 | 65 | .. |
| 2016 | 6 | 11 | 9 | 70 | 27 |
| | | | | | |
| **2016** | | | | | |
| **Kjønn** | | | | | |
| Menn | 7 | 9 | 11 | 72 | 30 |
| Kvinner | 6 | 14 | 5 | 68 | 25 |
| **Alder** | | | | | |
| 9-15 år | 7 | 5 | 7 | 75 | 27 |
| 16-24 år | 7 | 5 | 12 | 85 | 16 |
| 25-44 år | 6 | 11 | 7 | 72 | 29 |
| 45-66 år | 4 | 17 | 9 | 57 | 39 |
| 67-79 år | : | : | : | : | : |
| **Utdanning** | | | | | |
| Grunnskole | 10 | 8 | 12 | 74 | 20 |
| Vidaregåande skole | 6 | 12 | 4 | 70 | 28 |
| Universitet/høgskole, kort | 3 | 16 | 8 | 70 | 30 |
| Universitet/høgskole, lang | 10 | 16 | 13 | 62 | 39 |
| **Landsdel** | | | | | |
| Oslo/Akershus | 6 | 8 | 14 | 71 | 27 |
| Austlandet elles | 7 | 13 | 4 | 68 | 28 |
| Agder og Rogaland | 5 | 20 | 8 | 60 | 34 |
| Vestlandet | 7 | 8 | 8 | 73 | 24 |
| Trøndelag | 4 | 9 | 5 | 83 | 26 |
| Nord-Noreg | 11 | 9 | 10 | 73 | 25 |

[1] Inkluderar Netflix. [2]Omfattar program som er vist same dag.

Kjelde: Vaage, Odd Frank (2017), Norsk mediebarometer 2016, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 13.2. Delen lyttarar som har lytta til ulike avspelingssystem ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og landsdel i 2016. Prosent**

| | CD-spelar | Plate-spelar | MP3-spelar | Lydfil på PC | Lydfil på smart-telefon | Lydfil på nettbrett | Nedlasta nettfil | Strøymd nettfil | Lydbok | Podkast |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2007 | 64 | 4 | 35 | 40 | . | . | . | . | . | . |
| 2008 | 65 | 4 | 37 | 44 | . | . | 18 | . | 4 | . |
| 2009 | 56 | 3 | 42 | 43 | . | . | 43 | . | 5 | . |
| 2010 | 52 | 2 | 51 | 48 | . | . | 59 | . | 5 | . |
| 2011 | 47 | 2 | 53 | 50 | . | . | 51 | 35 | 4 | . |
| 2012 | 36 | 2 | 46 | 40 | 38 | 10 | 43 | 48 | 5 | . |
| 2013 | 34 | 1 | 43 | 38 | 50 | 14 | 42 | 55 | 5 | . |
| 2014 | 28 | 2 | 36 | 35 | 56 | 15 | 35 | 60 | 5 | . |
| 2015 | 22 | 2 | 24 | 26 | 71 | 13 | 31 | 68 | 5 | . |
| 2016 | 12 | 4 | 22 | 27 | 75 | 18 | 37 | 70 | 4 | 6 |
| | | | | | | | | | | |
| **2016** | | | | | | | | | | |
| **Kjønn** | | | | | | | | | | |
| Menn | 10 | 5 | 23 | 31 | 74 | 17 | 38 | 74 | 3 | 9 |
| Kvinner | 15 | 4 | 20 | 22 | 76 | 20 | 36 | 65 | 5 | 4 |
| **Alder** | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 6 | 1 | 19 | 24 | 85 | 25 | 38 | 69 | 2 | 1 |
| 16-24 år | 3 | 2 | 20 | 32 | 90 | 11 | 41 | 84 | 2 | 8 |
| 25-44 år | 11 | 4 | 26 | 25 | 74 | 20 | 37 | 75 | 5 | 8 |
| 45-66 år | 23 | 9 | 19 | 30 | 58 | 22 | 36 | 48 | 5 | 4 |
| 67-79 år | 79 | 9 | 9 | 8 | 5 | 4 | 10 | 13 | 4 | 0 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | |
| Buskerud | 3 541 | 2 | 2 542 | 994 | 4 | 519 | 14,7 |
| Vestfold | 2 275 | - | 1 536 | 728 | 11 | 665 | 29,2 |
| Telemark | 2 323 | - | 1 568 | 697 | 58 | 771 | 33,2 |
| Aust-Agder | 1 922 | - | 1 202 | 699 | 21 | 333 | 17,3 |
| Vest-Agder | 2 754 | - | 1 677 | 1 056 | 21 | 505 | 18,3 |
| Rogaland | 4 268 | - | 2 440 | 1 688 | 140 | 742 | 17,4 |
| Hordaland | 4 476 | - | 2 724 | 1 720 | 32 | 1 071 | 23,9 |
| Sogn og Fjordane | 2 569 | - | 1 645 | 901 | 23 | 352 | 13,7 |
| Møre og Romsdal | 4 385 | - | 2 965 | 1 226 | 194 | 1 016 | 23,2 |
| Sør-Trøndelag | 3 047 | - | 2 080 | 895 | 72 | 429 | 14,1 |
| Nord-Trøndelag | 2 405 | - | 1 644 | 689 | 72 | 501 | 20,8 |
| Nordland | 3 578 | - | 2 486 | 1 076 | 16 | 738 | 20,6 |
| Troms Romsa | 1 968 | - | 1 344 | 620 | 4 | 461 | 23,4 |
| Finnmark Finnmárku | 903 | - | 693 | 197 | 13 | 177 | 19,6 |
| | | | | | | | |
| Svalbard | 9 | - | 8 | 1 | - | - | - |

[1] Inkluderer fylkesanlegg, riksanlegg, interkommunale anlegg og uoppgitt anleggsklasse. [2] Tala er produserte per 31. oktober 2010 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift. [3] Tala er produserte per februar 2011 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift. [4] Tala er produserte per februar 2012 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift. [5] Tala er produserte per mars i rapporteringsåret og omfattar eksisterande anlegg som er i drift og har gyldig anleggskode.
[6] Tala er korrigerte sidan førre utgåve. Nasjonalanlegga er; Holmenkollen, Ullevål Stadion, Vikingskipet, Kvitfjell, Hafjell (nytt i 2015) og Vikersund.

Kjelde: Idrettsanleggsregisteret.no, Kulturdepartementet.

**Tabell 14.3. Tal på idrettsanlegg og innbyggjarar per anlegg for nokre utvalde anleggskodar og år**

| Type anlegg | 2010 | | 2012 | | 2014 | | 2015 | | 2016 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Einingar[1] | Innbyggjarar per anlegg | Einingar[1] | Innbyggjarar per anlegg | Einingar[1] | Innbyggjarar per anlegg | Einingar[1] | Innbyggjarar per anlegg | Einingar[1] | Innbyggjarar per anlegg |
| **Skianlegg** | **3 878** | **1 269** | **3 747** | **1 348** | **3 722** | **1 388** | **3 679** | **1 417** | **3 649** | **1 441** |
| Alpinbakkar | 564 | 8 724 | 555 | 9 101 | 562 | 9 192 | 575 | 9 068 | 572 | 9 193 |
| Hoppbakkar | 817 | 6 022 | 721 | 7 006 | 681 | 7 586 | 665 | 7 841 | 649 | 8 102 |
| Skiløyper | 2 497 | 1 970 | 2 471 | 2 044 | 2 479 | 2 084 | 2 439 | 2 138 | 2 428 | 2 166 |
| **Friluftsliv** | **3 244** | **1 517** | **3 257** | **1 551** | **3 410** | **1 515** | **3 459** | **1 507** | **3 508** | **1 499** |
| Tursti | 2 974 | 1 654 | 2 957 | 1 708 | 3 086 | 1 674 | 3 133 | 1 664 | 3 171 | 1 658 |
| Turkart | 270 | 18 223 | 300 | 16 838 | 324 | 15 944 | 326 | 15 994 | 337 | 15 603 |
| **Fotballanlegg** | **4 690** | **1 049** | **4 593** | **1 100** | **4 549** | **1 136** | **4 615** | **1 130** | **4 546** | **1 157** |
| Fotballbaner | 4 641 | 1 060 | 4 540 | 1 113 | 4 490 | 1 151 | 4 549 | 1 146 | 4 476 | 1 175 |
| Fotballhallar | 49 | 100 414 | 53 | 95 307 | 59 | 87 556 | 66 | 79 000 | 70 | 75 119 |
| **Friidrettsanlegg** | **992** | **4 960** | **909** | **5 557** | **907** | **5 695** | **894** | **5 832** | **884** | **5 948** |
| Fast dekke | 129 | 38 142 | 144 | 35 078 | 151 | 34 211 | 156 | 33 423 | 156 | 33 707 |
| Grusdekke | 484 | 10 166 | 416 | 12 142 | 399 | 12 947 | 370 | 14 092 | 354 | 14 854 |
| Delanlegg | 379 | 12 982 | 349 | 14 474 | 357 | 14 470 | 368 | 14 168 | 374 | 14 060 |
| **Hestesportanlegg** | **334** | **14 731** | **348** | **14 515** | **357** | **14 470** | **362** | **14 403** | **361** | **14 566** |
| Ridebaner | 221 | 22 264 | 224 | 22 550 | 226 | 22 858 | 230 | 22 670 | 228 | 23 063 |
| Ridehallar | 113 | 43 543 | 124 | 40 736 | 131 | 39 434 | 132 | 39 500 | 133 | 39 536 |
| **Isanlegg** | **65** | **75 697** | **68** | **74 283** | **76** | **67 971** | **77** | **67 714** | **77** | **68 290** |
| Ishallar | 42 | 117 150 | 45 | 112 251 | 52 | 99 342 | 49 | 106 408 | 50 | 105 166 |
| Hurtigløpsbaner (kunstis) | 13 | 378 485 | 13 | 388 560 | 14 | 368 986 | 14 | 372 428 | 14 | 375 594 |
| Bandybaner (kunstis) | 10 | 492 031 | 10 | 505 128 | 10 | 516 580 | 14 | 372 428 | 13 | 404 486 |
| **Idrettshallar** | **818** | **6 015** | **934** | **5 408** | **1 003** | **5 150** | **1 051** | **4 961** | **1 019** | **5 160** |
| Fleirbrukshallar | 818 | 6 015 | 934 | 5 408 | 1 003 | 5 150 | 1 051 | 4 961 | 1 019 | 5 160 |
| **Skoleanlegg** | **2 875** | **1 711** | **2 713** | **1 862** | **2 662** | **1 941** | **2 589** | **2 014** | **2 541** | **2 069** |
| Gymnastikksalar | 2 875 | 1 711 | 2 713 | 1 862 | 2 662 | 1 941 | 2 589 | 2 014 | 2 541 | 2 069 |
| **Nærmiljøanlegg** | **11 383** | **432** | **12 702** | **398** | **12 736** | **406** | **12 985** | **402** | **13 295** | **396** |
| Balløkker/ ballbingar | 5 399 | 911 | 5 696 | 887 | 5 676 | 910 | 5 707 | 914 | 5 837 | 901 |
| Aktivitetsanlegg | 4 809 | 1 023 | 5 614 | 900 | 5 831 | 886 | 6 040 | 863 | 6 215 | 846 |
| Skolekart/nærmiljøkart | 1 175 | 4 187 | 1 224 | 3 629 | 1 229 | 4 203 | 1 238 | 4 212 | 1 243 | 4 230 |
| **Symjehallar** | **1 067** | **4 611** | **1 032** | **4 895** | **1 022** | **5 055** | **1 015** | **5 137** | **999** | **5 264** |
| Symjebasseng | 1 000 | 4 920 | 967 | 5 224 | 959 | 5 387 | 951 | 5 483 | 936 | 5 618 |
| Utandørs symjeanlegg | 67 | 73 437 | 65 | 77 712 | 63 | 81 997 | 64 | 81 469 | 63 | 83 465 |
| **Golfbaner** | **114** | **43 161** | **127** | **39 774** | **137** | **37 707** | **138** | **37 783** | **138** | **38 104** |
| 18 hol | 47 | 104 687 | 52 | 97 140 | 55 | 93 924 | 57 | 91 473 | 57 | 92 251 |
| 9 hol | 59 | 83 395 | 65 | 77 712 | 72 | 71 747 | 70 | 74 486 | 70 | 75 119 |
| 6 hol | 8 | 615 038 | 10 | 505 128 | 10 | 516 580 | 11 | 473 999 | 11 | 478 029 |
| **Orientering** | **3 470** | **1 418** | **3 474** | **1 454** | **3 485** | **1 482** | **3 458** | **1 508** | **3 451** | **1 524** |
| Orienteringskart | 3 442 | 1 429 | 3 446 | 1 466 | 3 457 | 1 494 | 3 434 | 1 518 | 3 427 | 1 534 |
| Skiorienteringskart | 28 | 175 725 | 28 | 180 403 | 27 | 191 326 | 24 | 217 249 | 24 | 219 097 |

[1] Gjeld eksisterande anlegg i drift per februar året etter.

Kjelde: Idrettsanleggsregisteret.no, Kulturdepartementet.

**Tabell 14.4. Norsk Friluftsliv[1]. Lokallag og medlemskap**

| | 2010 | | 2012 | | 2014 | | 2015 | | 2016 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Lokal-lag | Medlem-skap | Lokal-lag | Medlem-skap | Lokal-lag | Medlem-skap | Lokal-lag | Medlem-skap | Lokal-lag | Medlem-skap |
| **Heile landet** | **3 623** | **587 682** | **4 685** | **722 578** | **4 838** | **760 155** | **4 839** | **802 677** | **5 092** | **913 081** |
| Den Norske Turistforening | 56 | 241 520 | 110 | 246 011 | [4]191 | 257 750 | 140 | 270 250 | [9]355 | 290 790 |
| Forbundet Kysten | 116 | 9 336 | 124 | 9 814 | 125 | 9 963 | 125 | 10 178 | 126 | 10 270 |
| Skiforeningen | 8 | 57 731 | 7 | 67 065 | 9 | [5]72 052 | 9 | [5]72 700 | 9 | [5]72 864 |
| Norges Jeger- og Fiskerforbund | 567 | 121 223 | 571 | 117 613 | 575 | 113 850 | 573 | 113 023 | 573 | 114 368 |
| Norges turmarsjforbund[1] | 236 | 20 000 | 498 | 41 600 | 505 | 67 084 | 570 | 96 526 | 535 | [4]41 578 |
| KFUK-KFUM-speidarane | 249 | 12 285 | 206 | 9 573 | 225 | 10 332 | 225 | 10 614 | 222 | 10 956 |
| Norges Klatreforbund[1] | 162 | 12 583 | 181 | 17 872 | 195 | 19 819 | 196 | 18 890 | 202 | 20 541 |
| Norsk orientering[1] | 386 | 23 169 | 379 | 22 386 | 381 | 24 205 | 370 | 23 826 | 369 | 24 064 |
| Norges Padleforbund | 104 | 15 656 | 111 | 16 652 | 119 | 18 900 | 121 | 18 660 | 124 | [6]18 977 |
| Norges Røde Kors[7] | - | - | - | - | - | - | - | - | 380 | 154 613 |
| Norges Røde Kors Hjelpekorps | 320 | 12 000 | 303 | 14 745 | 302 | 14 438 | 336 | 14 716 | - | - |
| Norges Seilforbund[8] | - | - | - | - | - | - | - | - | 130 | 23 544 |
| Norges speiderforbund | 552 | 20 216 | 509 | 18 040 | 494 | 19 045 | 472 | 19 370 | 465 | 18 849 |
| 4H Norge[1] | 635 | 16 663 | 625 | 16 288 | 610 | 15 075 | 595 | 15 455 | 577 | 14 888 |
| Syklistenes landsforening | 12 | 11 000 | 12 | 12 500 | 13 | 10 187 | 13 | 10 429 | 15 | 9 847 |
| Kristen Idrettskontakt[2] | 220 | 14 300 | 242 | 14 196 | 296 | 14 322 | 296 | 14 322 | 211 | 15 100 |
| Norsk Kennel Klub[3] | - | - | 807 | 98 223 | 798 | 93 133 | 798 | 93 718 | 799 | 71 918 |

[1] Endra namn i 2014. [2] Ny medlem 2010. [3] Ny medlem 2011. Frå 2016 ny teljemåte, tel no unike personar som har betalt kontingent, mot tidlegare tald medlemskap. [4] Avvikande teljingsmåte. [5] Har avvikande teljingsår, 1.9-31.8. [6] Berre 104 av 124 klubbar har utførd registreringa. Medlemer av klubbar som ikkje har gjort registreringa er ikkje talde. [7] Frå mai 2016 er medlemskapen i Norsk Friluftsliv utvida til å gjelde heile Norges Røde Kors. Inkluderer lag og medlemskap for Norges Røde Kors Hjelpekorps. [8] Ny medlem 2016. [9] Frå 2016 Inkludert Barnas turlag.

Kjelde: Norsk Friluftsliv.

**Tabell 14.5. Personar som har vore på eit idrettsarrangement og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månader, kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. Prosent**

| | Prosent | | | | | | Besøk i gjennomsnitt | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1997 | 2000 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 | 1997 | 2000 | 2004 | 2008 | 2012 | 2016 |
| **Alle personar** | **54** | **57** | **55** | **56** | **55** | **55** | **6,2** | **5,2** | **5,9** | **6,5** | **5,8** | **7,0** |
| Menn | 61 | 62 | 62 | 61 | 61 | 59 | 7,4 | 6,0 | 6,8 | 7,1 | 6,6 | 7,9 |
| Kvinner | 48 | 51 | 49 | 50 | 50 | 52 | 5,0 | 4,4 | 5,0 | 6,0 | 5,0 | 6,1 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 76 | 72 | 69 | 69 | 77 | 70 | 7,2 | 5,6 | 6,4 | 6,1 | 7,8 | 6,5 |
| 16-24 år | 69 | 72 | 64 | 64 | 61 | 63 | 7,2 | 6,9 | 6,4 | 6,1 | 5,9 | 6,9 |
| 25-44 år | 61 | 62 | 63 | 60 | 59 | 63 | 8,4 | 6,6 | 7,8 | 9,6 | 7,4 | 10,5 |
| 45-66 år | 45 | 45 | 47 | 49 | 49 | 49 | 4,7 | 3,5 | 4,9 | 5,1 | 5,1 | 5,6 |
| 67-79 år | 19 | 29 | 25 | 35 | 38 | 35 | 0,9 | 1,5 | 1,2 | 2,2 | 2,3 | 2,7 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | |
| Ungdomsskole | 42 | 52 | 43 | 48 | 47 | 50 | 4,3 | 5,7 | 4,3 | 5,2 | 5,0 | 6,3 |
| Vidaregåande skole | 54 | 55 | 55 | 55 | 50 | 52 | 6,9 | 4,8 | 6,4 | 6,7 | 4,6 | 6,2 |
| Universitet/høgskole, kort | 58 | 59 | 59 | 60 | 58 | 58 | 6,2 | 5,2 | 5,7 | 7,7 | 6,2 | 9,3 |
| Universitet/høgskole, lang | 54 | 55 | 55 | 50 | 60 | 55 | 5,9 | 5,4 | 5,8 | 5,5 | 8,3 | 5,1 |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | | | | | | | |
| 1. kvartil | 40 | 51 | 42 | 46 | 45 | 42 | 3,4 | 3,8 | 3,3 | 3,9 | 3,6 | 3,8 |
| 2. kvartil | 59 | 58 | 54 | 59 | 51 | 59 | 6,1 | 5,9 | 5,4 | 6,4 | 3,8 | 7,6 |
| 3. kvartil | 60 | 65 | 64 | 64 | 63 | 63 | 6,5 | 6,4 | 7,4 | 8,2 | 7,0 | 8,5 |
| 4. kvartil | 63 | 63 | 66 | 69 | 67 | 63 | 9,2 | 6,3 | 7,9 | 10,6 | 8,4 | 9,5 |
| **Landsdel** | | | | | | | | | | | | |
| Oslo/Akershus | 51 | 51 | 55 | 48 | 53 | 52 | 6,1 | 4,6 | 5,4 | 6,6 | 5,3 | 5,8 |
| Austlandet elles | 53 | 55 | 54 | 54 | 55 | 53 | 6,1 | 5,3 | 5,7 | 5,7 | 6,7 | 6,7 |
| Agder og Rogaland | 55 | 58 | 49 | 63 | 56 | 61 | 6,1 | 5,7 | 4,6 | 7,4 | 4,2 | 9,3 |
| Vestlandet | 56 | 61 | 59 | 58 | 55 | 57 | 6,3 | 5,6 | 6,7 | 6,3 | 5,1 | 7,1 |
| Trøndelag | 68 | 61 | 59 | 64 | 61 | 59 | 9,1 | 5,4 | 7,0 | 9,4 | 7,9 | 8,0 |
| Nord-Noreg | 51 | 62 | 57 | 55 | 56 | 55 | 4,4 | 4,6 | 6,5 | 4,8 | 6,3 | 6,0 |

Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.6. Personar som har vore på ulike typar idrettsarrangement sist dei var på idrettsarrangement, kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. Prosent**

| | Fotball | Handball | Ishockey | Annan lagidrett | Løping | Annan friidrett | Skiidrett | Skøyteløp | Annan individuell idrett |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1991 | 61 | 14 | 3 | 5 | 3 | 5 | 5 | 0 | 6 |
| 1994 | 52 | 14 | 3 | 3 | 3 | 2 | 13 | 2 | 9 |
| 1997 | 60 | 14 | 2 | 3 | 2 | 4 | 8 | 0 | 7 |
| 2000 | 62 | 14 | 2 | 4 | 1 | 3 | 5 | 0 | 9 |
| 2004 | 63 | 13 | 2 | 3 | 1 | 3 | 5 | 0 | 9 |
| 2008 | 64 | 12 | 2 | 4 | 1 | 3 | 4 | 0 | 8 |
| 2012 | 61 | 12 | 1 | 4 | 1 | 3 | 6 | 0 | 11 |
| 2016 | 56 | 14 | 2 | 3 | 1 | 5 | 5 | 0 | 12 |
| | | | | | | | | | |
| **2016** | | | | | | | | | |
| Menn | 63 | 9 | 3 | 2 | 2 | 3 | 6 | 0 | 11 |
| Kvinner | 48 | 20 | 2 | 3 | 1 | 7 | 4 | 1 | 12 |
| | | | | | | | | | |
| **Alder** | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 50 | 16 | 2 | 2 | 1 | 6 | 3 | 2 | 13 |
| 16-24 år | 64 | 13 | 2 | 3 | 0 | 2 | 2 | 1 | 11 |
| 25-44 år | 55 | 13 | 2 | 3 | 2 | 5 | 5 | 0 | 13 |
| 45-66 år | 56 | 15 | 3 | 3 | 1 | 5 | 6 | 0 | 10 |
| 67-79 år | 54 | 13 | 2 | 0 | 1 | 6 | 14 | 0 | 8 |
| | | | | | | | | | |
| **Utdanning** | | | | | | | | | |
| Ungdomsskole | 60 | 12 | 4 | 4 | 0 | 4 | 3 | 1 | 9 |
| Vidaregåande skole | 56 | 13 | 3 | 1 | 2 | 6 | 6 | 0 | 12 |
| Universitet/høgskole, kort | 56 | 14 | 2 | 3 | 1 | 5 | 5 | 1 | 13 |
| Universitet/høgskole, lang | 55 | 17 | 2 | 6 | 3 | 1 | 8 | 0 | 5 |
| | | | | | | | | | |
| **Hushaldsinntekt** | | | | | | | | | |
| 1. kvartil | 58 | 17 | 4 | 2 | 0 | 4 | 5 | 0 | 9 |
| 2. kvartil | 55 | 12 | 2 | 4 | 1 | 7 | 6 | 0 | 11 |
| 3. kvartil | 57 | 16 | 3 | 1 | 1 | 6 | 4 | 1 | 4 |
| 4. kvartil | 55 | 11 | 2 | 4 | 3 | 2 | 6 | 0 | 14 |
| | | | | | | | | | |
| **Landsdel** | | | | | | | | | |
| Oslo/Akershus | 52 | 15 | 4 | 3 | 2 | 4 | 6 | 0 | 13 |
| Austlandet elles | 52 | 12 | 3 | 3 | 2 | 6 | 8 | 1 | 12 |
| Agder og Rogaland | 58 | 16 | 4 | 1 | 1 | 4 | 1 | 0 | 14 |
| Vestlandet | 63 | 14 | 1 | 3 | 2 | 5 | 1 | 1 | 9 |
| Trøndelag | 61 | 15 | 0 | 3 | 0 | 4 | 9 | 1 | 8 |
| Nord-Noreg | 59 | 11 | 0 | 3 | 0 | 7 | 7 | 0 | 11 |

Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.7. Netto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter for kommunekonsern til idrett, etter fylke**

| | Netto driftsutgifter funksjon 380 Idrett | Netto driftsutgifter funksjon 381 Idrettsanlegg | Netto driftsutgifter funksjonen 380 og 381, idrett. Prosent av totale netto driftsutgifter til kulturformål | Brutto investerings-utgifter funksjon 380 Idrett | Brutto investerings-utgifter funksjon 381 Idrettsanlegg |
|---|---|---|---|---|---|
| | Millionar kroner | | Prosent | Millionar kroner | |
| 2008 | 1 316,9 | 718,8 | 27,3 | 1 020,3 | 1 503,2 |
| 2009 | 945,5 | 1 210,1 | 28,0 | 703,1 | 2 605,6 |
| 2010 | 801,8 | 1 796,3 | 30,5 | 357,4 | 3 077,9 |
| 2011 | 823,9 | 1 837,1 | 29,9 | 315,2 | 2 809,4 |
| 2012 | 937,4 | 1 926,6 | 30,5 | 357,8 | 2 536,4 |
| 2013 | 944,8 | 2 137,0 | 31,4 | 243,5 | 2 428,3 |
| 2014 | 876,0 | 2 373,3 | 31,3 | 246,3 | 2 591,1 |
| 2015 | 936,7 | 2 434,7 | 31,9 | 222,7 | 2 621,0 |
| 2016 | 941,5 | 2 773,3 | 32,9 | 285,0 | 3 035,0 |
| **2016** | | | | | |
| Østfold | 34,6 | 106,4 | 28,8 | 2,1 | 152,2 |
| Akershus | 92,0 | 376,1 | 39,4 | 92,9 | 400,0 |
| Oslo | 53,7 | 522,7 | 34,5 | 6,2 | 334,5 |
| Hedmark | 31,6 | 81,3 | 29,3 | 4,3 | 127,7 |
| Oppland | 54,7 | 70,3 | 31,6 | 0,8 | 97,7 |
| Buskerud | 41,5 | 142,8 | 34,1 | 3,5 | 95,6 |
| Vestfold | 58,3 | 81,5 | 33,9 | 12,4 | 94,6 |
| Telemark | 32,0 | 81,5 | 27,5 | 5,1 | 55,6 |
| Aust-Agder | 28,6 | 46,9 | 30,4 | 14,3 | 49,5 |
| Vest-Agder | 27,7 | 94,7 | 27,7 | 63,7 | 151,1 |
| Rogaland | 142,4 | 264,6 | 35,3 | 0,9 | 367,4 |
| Hordaland | 98,3 | 273,0 | 33,2 | 19,3 | 307,9 |
| Sogn og Fjordane | 14,4 | 61,6 | 32,2 | 7,1 | 34,8 |
| Møre og Romsdal | 34,2 | 106,5 | 30,3 | 4,9 | 245,5 |
| Sør-Trøndelag | 78,7 | 155,4 | 33,8 | 0,3 | 110,1 |
| Nord-Trøndelag | 29,1 | 53,7 | 27,9 | 27,8 | 95,9 |
| Nordland | 37,5 | 112,5 | 26,7 | 12,7 | 94,9 |
| Troms Romsa | 37,3 | 66,9 | 29,7 | 2,6 | 106,9 |
| Finnmark Finnmárku | 14,8 | 75,0 | 37,8 | 4,2 | 111,2 |
| Svalbard[1] | -0,3 | 2,8 | 19,9 | 0,0 | 2,1 |

[1] Svalbard ikkje med i totalsummen.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.8. Friluftslivsområde og leike- og rekreasjonsareal i kommunane**

| | 2009[1] | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Friluftslivsområde med kommunal råderett gjennom offentleg eige eller bruksavtale. Dekar. | 1 330 250 | 1 616 901 | 1 451 554 | 1 449 530 | 1 457 089 | 1 423 884 | .. | .. |
| Samla areal for leike- og rekreasjonsareal. Dekar | 157 076 | 159 741 | 153 567 | 225 216 | 302 136 | 201 966 | .. | .. |
| Talet på rekreasjons-/ friområde lagde til rette med universell utforming[2] | 1 823 | 2 068 | 2 259 | 2 120 | 2 219 | 2 204 | 2 227 | 2 624 |
| Turstiar og løyper lagde til rette for bruk om sommaren. Km | 39 037 | 44 234 | 45 378 | 45 306 | 49 251 | 52 137 | 52 130 | 55 549 |
| Turstiar og løyper tilrettelagt for bruk om sommaren[2]. Km | 10 977 | 12 121 | 11 869 | .. | 21 906 | 18 945 | 15 200 | 14 671 |
| Lengde av maskinpreparerte skiløyper. Km | 27 001 | 28 435 | 30 239 | 31 629 | 33 889 | 33 656 | 33 788 | 33 918 |

[1] Frå 2009 estimerte tal for landet. [2] Gjeld område med kommunalt driftsansvar.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

# 15. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja

Dei siste åra har tema om religion og livssyn stadig oftare vore omtala i pressa. I fleire år har medlemstalet, døypte og konfirmerte i Den norske kyrkja gått ned, samstundes som talet på medlemmer i trus- og livssyn utanom Den norske kyrkja har auka. Det har vore endringar i høve mellom kyrkje og stat. Endringar i medlemstal og andre aktivitetar vert omtala i dette kapittelet.

## 15.1. Nokre resultat

*12 prosent i trus- og livssynssamfunna*

Statistikken over medlemmer i trus- og livssynssamfunn viser at det per 1. januar 2016 var 622 000 medlemmer i trus- og livssynssamfunn som er utanom Den norske kyrkja og som får statstilskot (SSB 2016, 25. november). Dette inneber at 11,9 prosent av befolkninga var medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja i 2016. Samanlikna med 2015 var det totalt 63 000 fleire medlemmer i desse trus- og livssynssamfunna i 2016. 6,7 prosent av befolkninga var medlemmer i kristne trussamfunn utanom Den norske kyrkja, 2,8 prosent av befolkninga var medlemmer av islamske trussamfunn og 1,7 prosent i livssyns-samfunn, sjå figur 15.1 og tabell 15.1.

**Figur 15.1. Medlemmer[1] i trus- og livssynssamfunn som mottek offentleg stønad og er utanom Den norske kyrkja, etter religion/livssyn**




[1] Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for. [2] Omfattar bahài, hinduisme, jødedom, sikhisme og andre trusretningar. To samfunn er ikkje representerte i statistikken i 2012, eit under jødedom og eit under sikhisme.
Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

*Framleis flest medlemmer i kristne trussamfunn*

Av alle trus- og livssynssamfunna utanom Den norske kyrkja som får statstilskot, har framleis dei kristne trussamfunna flest medlemmer med 349 000 personar. Desse utgjorde 56 prosent av alle medlemmer utanom Den norske kyrkja per 1. januar 2016. På grunn av låge medlemstal i den romersk-katolske kyrkja i Noreg i 2015 er det meir reelt å samanlikne desse tala med 2014, sjølv om 2014-tala var feilaktig høge. Frå 2014 til 2016 har auken vore 12 000 medlemmer i kristne samfunn.

*Islamske trussamfunn held fram å vekse*

Islam er den nest største religionen i Noreg, målt i talet på medlemmer i islamske trussamfunn. 24 prosent av alle medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja er medlemmer i islamske trussamfunn. Per 1. januar 2016 var det 148 000 muslimar som er medlemmer i eit islamsk samfunn i Noreg. Desse utgjer 2,8 av befolkninga i Noreg. Talet på muslimar i 2016 inneber ein auke på 7 200

medlemmer mellom 2015 og 2016, men delen muslimar av alle medlemmer i trus- og livssynssamfunn er noko lågare 2016 i høve til i 2015. Sidan 2010 har oppgangen vore 56 prosent, eller 55 000 medlemmer. Medlemstalet i nokre av dei andre religionane har halde seg på om lag det same nivået gjennom fleire år: buddhisme utgjorde 3 prosent, medan hinduisme og sikhisme stod for høvesvis 1,4 og 0,6 prosent av medlemstala utanom Den norske kyrkja. Hinduisme hadde 9 prosent auke siste året.

*Svak auke for humanetikarane*

Talet på medlemmer i Human-Etisk Forbund var 86 900 per 1. januar 2016. Det er ein auke på 1 200 medlemmer frå året før. Andre livssynssamfunn hadde på det same tidspunktet 2 800 medlemmer, som òg representerer ein svak auke i medlemsmassen.

**Figur 15.2. Medlemmer[1] i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, etter fylke. 2016. Prosent**




[1] Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for.
Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

*Geografisk skilnad*

Talet på medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja fordeler seg ulikt mellom fylka. Høgast del var det Oslo der 22,3 prosent, eller 146 500 personar, av befolkninga var medlemmer i eit anna trus- eller livssynssamfunn enn Den norske kyrkja. Lågast del var det i Sogn- og Fjordane med 5 prosent av befolkninga.

I Oslo var 9,1 prosent medlemmer i eit islamsk trussamfunn, 8,8 prosent medlemmer i eit kristent samfunn utanom Den norske kyrkja og 2,8 prosent medlemmer i eit livssynssamfunn. Til samanlikning var 4 prosent av befolkninga i Buskerud medlem i eit islamsk samfunn og 7 prosent i kristne samfunn utanom Den norske kyrkja. Aust- og Vest-Agder er dei fylka som har høgast del i kristne trussamfunn utanom Den norske kyrkja, høvesvis 11 og 12 prosent, sjå tabell 15.2.

Nær 37 prosent av alle medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja bur i Oslo og Akershus, om lag det same talet som åra før. Dei andre fylka hadde alle under 10 prosent av medlemmene, lågast del i Sogn og Fjordane med under 1 prosent.

*Den norske kyrkja - 72 prosent medlem*

Ved årsskiftet 2016/2017 var 71,5 prosent av Noregs befolkning medlemmer i Den norske kyrkja, sjå tabell 15.2. Denne prosentdelen er 0,2 prosentpoeng høgare i høve til nøkkeltala i KOSTRA-publiseringa. Årsaka til at medlemstalet som kjem fram i tabell 15.2 er høgare, er at dei medlemmene som har ukjend bustad eller adresse er med i tala. Desse får ikkje utdelt noko kommunenummer og er difor ikkje med i KOSTRA-tala. Totalt var det 3 758 000 medlemmer i Den norske kyrkja 31. desember 2016. Sett i høve til befolkninga i dei ulike fylka, har delen medlemmer gått ned i alle fylka, det vil seie at talet på medlemmer i Den norske kyrkja veks mindre i høve til befolkninga. Det same gjeld dei absolutte tala, dei viser nedgang i alle fylka.

I 2016 vart det oppretta ei digital lenke kor det var mogleg å melde seg ut av Den norske kyrkja. I alt melde over 41 000 personar seg ut av kyrkja i 2016. I 2015 vart det rapportert at 15 500 personar melde seg ut av kyrkja. Det er nær 26 000 fleire utmelde i 2016 samanlikna med 2015. 3 100 melde seg inn, som representerer 1 200 fleire innmelde i høve til i 2015.

*Lågare dåpstal …*

32 500 personar vart døypte i Den norske kyrkja i 2016. Talet på døypte i 2016 viser totalt tal på døypte rapportert gjennom kyrkjeboka, ikkje som tidlegare gjennom årsstatistikken som viste utførde dåpshandlingar i soknet. Sjølv om talet ikkje direkte kan samanliknast med tidlegare år på grunn av endra definisjon, kan vi konstatere at talet på døypte går nedover. Frå 2005 til 2015 gjekk talet på dåpshandlingar ned med 9 000 eller 21 prosent, sjå figur 15.3

**Figur 15.3. Den norske kyrkja. Talet på døypte og konfirmerte**




[1]Endra definisjon på døypte i 2016.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Prosentdelen døypte i høve til talet på fødde var i 2016 på 55 prosent. Frå 2005 har prosentdelen døypte i høve til talet på fødde gått ned frå 76 prosent til 55 prosent (SSB 2017, 3. mai), sjå figur 15.4.

**Figur 15.4. Den norske kyrkja. Døypte og konfirmerte. Prosent**




[1] Døypte i prosent av talet på fødde: Dåpstala frå og med 2016, viser totalt tal døypte i soknet og kan ikkje samanliknast med tidlegare indikator.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Dåpstala går jamt nedover på landsbasis. I Oslo bispedøme kan vi i 2016-tala sjå ein auke i døypte, noko som kan kome av ein ny dåpsvariabel i statistikken (ikkje lenger dåpshandlingar i soknet).

*…. og færre kyrkjelege konfirmasjonar*

37 400 unge valde kyrkjeleg konfirmasjon i Den norske kyrkja i 2016. Det er ein nedgang på 2 100 konfirmasjonar samanlikna med 2015. Det var nedgang i konfirmasjonar i alle bispedøma. I 2005 var talet på konfirmerte 42 100, og har dermed ikkje gått ned i same grad som dåpstala.

Ein lågare del av 15-åringane konfirmerte seg kyrkjeleg i 2016 i høve til i 2005. I 2016 var konfirmasjonsprosenten 60 på landsbasis, medan 66 prosent av 15-åringane konfirmerte seg kyrkjeleg i 2005, sjå figurane 15.3 og 15.4.

Ifølgje tabell 15.4 vart 46 100 personar døypte i 2001. 15 år seinare, i 2016 er desse i konfirmasjonsalder. Som nemnd over vart 37 400 personar konfirmerte i 2016. Med atterhald om at desse personane ikkje er heilt dei same som i 2001 (ikkje mogleg å følgje same person), viser tala at 8 700, 19 prosent, av dei som vart døypte i 2001 ikkje valde kyrkjeleg konfirmasjon i 2016. Tilsvarande tal var 48 000 døypte i 2000 og 18 prosent av desse som ikkje vart konfirmerte i 2015.

*Færre deltek på gudsteneste*

I 2016 var det totalt 5,7 millionar til stades på dei om lag 62 500 gudstenestene i Den norske kyrkja. Dei fire siste åra har deltakarar på gudstenestene vore under 6 millionar. Både talet på gudstenester og deltakarar på gudstenestene har gått ned dei siste åra. Frå 2015 til 2016 var det om lag 85 000, eller 1,5 prosent færre deltakarar på gudstenestene, noko mindre nedgang i høve til året før. Det er størst prosentvis nedgang i deltakinga på gudstenestene søndagar og helgedagar med 3,2 prosent. Totalt var 4,4 millionar til stades på dei om lag 46 400 gudstenestene som vert haldne på søndagar og helgedagar, ein nedgang på 145 000 deltakarer.

I 2005 var det totale besøket på gudstenestene 6,7 millionar fordelt på 70 000 gudstenester. Gudstenestedeltakinga har gått ned kvart år sidan 2005, bortsett frå i 2011. Samanlikna med 2005 representerer 2016-tala ein nedgang på drygt 1 million deltakarar. I og med at òg talet på gudstenester er redusert kvart år i same tidsrom, har deltaking per gudsteneste halde seg stabil på mellom 96 og 93 deltakarar per gudsteneste.

Figur 15.5 gjev eit bilete på deltakarar per gudsteneste på søndagar og helgedagar i gjennomsnitt i dei ulike bispedøma.

**Figur 15.5. Den norske kyrkja. Talet på deltakarar per gudsteneste søndagar og helgedagar i gjennomsnitt, etter bispedøme**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Gudstenestene på kvardagar hadde derimot ein auke i talet besøk på 60 000 eller 5 prosent. 1,3 millionar var deltakarar på gudstenestene på kvardagar. Julaftans-gudstenestene i 2016 hadde 553 000 deltakarar, 9 000 færre deltakarar samanlikna med året før. På påskegudstenestene i 2016 (skjærtorsdag til og med 2. påskedag) var det 196 000 deltakarar, dette er òg nokre færre samanlikna med året før. I tillegg til ordinære gudstenester vart det halde om lag 23 000 andakter på institusjonar.

Nøkkeltala for Den norske kyrkja viser òg kor mange gravferder som vert gjennomførte kvart år. Det vart rapportert 36 150 kyrkjelege gravferder i 2016, ein svak nedgang frå det føregåande året. Dette svarer til om lag 89 prosent av talet på dei som døydde i 2016, òg det ein svak nedgang frå dei to føregåande åra. I 2011 hadde 92 prosent av talet på dei som døydde kyrkjeleg gravferd. Fleire detaljar om kyrkjelege handlingar finn ein i tabell 15.4 og i statistikkbanken: https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/kirke_kostra.

*Færre vigslar*

I 2016 var det 7 535 par som vart vigde i Den norske kyrkja ifølje rapporterte tal i årsstatistikken. Det er ein liten nedgang i dei absolutte tala samanlikna med 2015. I høve til totalt tal på inngåtte ekteskap, som òg viste ein nedgang i 2016, har delen gått ned med 33 prosent kyrkjelege vigslar av alle vigslar i 2016 (SSB 2017, 14. juni). Befolkningstala viser ein vigselsdel på 36 prosent, som òg er lågare i høve til året før (SSB 2017, 14. juni).

Tala på vigslar rapporterte gjennom Årsstatistikken frå dei geografiske sokna ligg noko lågare i høve til folkeregisteropplysningane då handlingar utanfor sokna (til dømes vigslar ved institusjonar, feltprestkorpset og anna som har eiga kyrkjebokføring) ikkje er tekne med i årsstatistikken frå sokna. Vigslar utførte i utlandet er heller ikkje rekna med i tala.

*Færre sysselsette i Den norske kyrkja*

Frå og med 2015-årgangen har all registerbasert personellstatistikk i SSB A-ordninga som datakjelde (i staden for Aa-registeret). Detaljert sysselsetjingsstatistikk i SSB for Den norske kyrkja er ikkje vorte oppdatert dei to siste åra. For detaljar for åra før 2015, sjå Kulturstatistikk 2014.

KOSTRA-tala knytte til verksemda i sokn og fellesråd er jamvel oppdaterte med sysselsetjingstal etter ny «ordning». 2016-tala viser at 74 årsverk var lønte av sokna og 4 297 årsverk var lønte av fellesråda. 1 340 årsverk, presteskapet, var lønte av bispedøma. Talet på sysselsette ligg ein del høgare. Sjå tabell 15.6.

*Statlege og kommunale utgifter til Den norske kyrkja og trus- og livssynssamfunn*

Frå 2014 høyrer Den norske kyrkja til Kulturdepartementet. Dei statlege utgiftene og kyrkjebygg og gravplassar utgjorde 2 041 millionar kroner i 2016. Rekneskapen for 2016 frå Kulturdepartementet viser at tilskot til trussamfunn m.m. utgjorde 308 millionar kroner, sjå kapittel 1 og tabellane 1.1.1 og 15.7.

Kommunane sine utgifter til Den norske kyrkja og andre religiøse føremål for 2016 finn ein i tabell 15.8 som er basert på KOSTRA-rapporteringa. Totalt var netto driftsutgifter i kommunane til Den norske kyrkja (rekneskapsfunksjon 390 Den norske kyrkja og rekneskapsfunksjon 393 Gravplassar og krematorium) på nær 3 milliardar kroner til saman. Dette svarer til 1,1 prosent av totale netto driftsutgifter i kommunane. Fordi det er få kommunar som har forvaltningsansvaret for gravplassar og krematorium, må ein sjå desse to funksjonane under eitt. Til funksjon 392, tilskot til trus- og livssynssamfunn, var netto driftsutgifter 335 millionar kroner, ein auke på 13 prosent frå 2015[8]. Sjå tabell 15.8. Netto driftsutgifter i kommunane til andre trus- og livssynssamfunn har auka dei siste åra, frå 176 millionar kroner i 2009 til 335 millionar i 2016, nær ei dobling av utgiftene til kommunane.

*4,4 milliardar kroner i driftsinntekter for kyrkjelege fellesråd*

I 2016 forvalta dei kyrkjelege fellesråda driftsinntekter på 4,4 milliardar kroner mot om lag 4,5 milliardar i 2015. Det var 94 millionar kroner mindre i høve til 2015, noko som gjev ein nedgang på 2 prosent. Driftsutgiftene i dei kyrkjelege fellesråda gjekk òg ned med 31 millionar kroner frå 2015 til 2016. Dei var på rundt 4,3 milliardar kroner i 2016.

Brutto driftsresultat utan avskrivingar var på 129 millionar kroner i 2016, mot 19 millionar året før. Driftsresultatet utgjorde 2 prosent av dei totale driftsinntektene, ein auke på 1 prosentpoeng sidan 2015.

62 prosent av driftsinntektene til fellesråda vart dekte av tilskot frå eigen kommune og utgjorde 2 769 millionar kroner i 2016. Statlege tilskot til dei kyrkjelege fellesråda var om lag 394 millionar kroner i 2016 (SSB 2017, 23. juni).

*36 prosent av befolkninga på trus- eller livssynsmøte*

I 2016 vart det gjennomført ein ny kulturbruksundersøking tilsvarande tidlegare år, siste gong i 2012. Tala viser mellom anna at i 2016 gjekk 36 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år på eit trus- eller livssynsmøte på eit år. I 2012 var delen på 34 prosent (Vaage,2017).

---

[8] Nedgangen i 2014 kan ha samanheng med lågare utbetalingar på grunn av færre medlemmer i Den romersk-katolske kyrkja, sjå kap. 15.1, avsnitt 2.

Fleire kvinner i høve til menn deltek på trus- eller livssynsmøte. I 2016 gjekk 41 prosent kvinner og 31 prosent menn på slike møte. Dette tilhøvet har vore stabilt sidan 1997. Figur 15.6. viser deltaking på trus- og livssynsmøte etter alder. Det er dei yngste og dei eldre som går mest på slike møte. Hjå barn i alderen 9-15 år er delen 52 prosent og mellom aldersgruppa 67-79 år er delen 38 prosent. For fleire detaljar, sjå tabell 15.10 og Norsk kulturbarometer 2016.

**Figur 15.6. Personar som har vore på trus- eller livssynsmøte dei siste 12 månadene, etter alder**




Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 15.11 viser delen som har ulik tilknyting til trus- eller livssynsforeiningar frå 1994 til 2016. Tala viser same trend som omtala tidlegare i dette kapittelet, færre seier dei er medlemmer av statskyrkja i 2016, 72 prosent, medan 16 prosent svarar at dei ikkje er medlemmer i nokon slik foreining.

## 15.2. Om statistikken – trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja

*Trus- og livssynssamfunn*

Hovudføremålet med denne statistikken er å synleggjere talet på medlemmer i dei trussamfunna og livssynssamfunna utanom Den norske kyrkja som søkjer om statsstøtte. Statistikken over trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja byggjer på oppgåver frå fylkesmennene, over dei samfunna som har fått statstilskot. Frå 2005 vert medlemslistene til trus- og livssynssamfunna som søkjer om statstilskot via fylkesmennene, sende til Brønnøysundregistra (BR) for kontroll. Medlemslistene vert kontrollerte for dobbeltmedlemskap mellom dei ulike trus- og livssynssamfunna. SSB får oppgåve over talet på medlemmer frå BR.

Alle trus- og livssynssamfunna som er godkjende hos fylkesmannen, og som får statstilskot for rapporterte tal på medlemmer i samfunnet, er med i statistikken. Eininga i statistikken er det enkelte samfunn. Nokre nye samfunn kjem til i statistikken kvart år, medan andre samfunn som har vore med tidlegare/andre år, ikkje alltid er representerte året etter. Statistikken inneheld ikkje opplysningar om talet på meinigheiter.

*Den norske kyrkja – årsstatistikk*

Frå og med statistikkåret 2005 skjer rapporteringa av årsstatistikk for Dnk på elektronisk skjema til SSB. Innsamlinga av statistikken var til og med 2011 eit samarbeid mellom SSB og ansvarleg departement. Frå 2012 er ansvaret for kyrkjestatistikken overført til Kyrkjerådet. Føremålet med statistikken er å gi informasjon om verksemda i kyrkjelydane.

Statistikken omfattar alle dei geografiske sokna i Den norske kyrkja, med unntak av Svalbard. Statistikken for 2016 inneheld 1 196 sokn. Kvart år har det vorte litt

færre einingar i populasjonen. Dette kjem av samanslåingar av sokn, anten som forsøksordning eller permanent samanslåing. Det vert samla opplysningar om kyrkjelege handlingar[9], gudstenester, opplæring og diakoni, barnehage- og skolekontakt, kyrkjemusikk og kulturarbeid, frivillig arbeid og ofringar. Frå 2016 vert opplysningar om innmelde, utmelde og døypte innhenta direkte frå Kyrkjerådet. Frå 2016 er det ein ny definisjon for talet på døypte; tidlegare dåpstal omfatta utførte dåpshandlingar i soknet aggregert til kommunenivå og vidare til bispedømmenivå og landstal, medan nytt dåpstal omfattar døypte i soknet aggregert opp. Delen døypte av talet på fødde på nasjonalt nivå er noko lågare i 2016 i høve til kva det ville vore etter gammal definisjon.

I hovudsak skal årsstatistikken rapporterast om verksemder som er i soknet og som presten, soknerådet og dei tilsette har ansvaret for. Aktivitetar som andre kristelege organisasjonar driv, er ikkje med i denne statistikken.

*Fellesråda*

Dei kommunale løyvingane til kyrkja blir i hovudsak forvalta av dei kyrkjelege fellesråda, sjå tabell 15.9. Rekneskapsstatistikk for dei kyrkjelege fellesråda vart for første gong henta inn for rekneskapsåret 1997. Heimel for denne statistikken er kyrkjelova av 7. juni 1996, og forskrift om økonomiforvaltninga for kyrkjelege fellesråd og kyrkjelydar av 25. september 2003. I 2004 gjekk fellesråda og sokna over til å føre rekneskapane etter ny kontoplan. Statistikken vert publisert årleg på nasjonalt nivå. I tabell 15.9 følgjer oversikt over utgifter og inntekter for fellesråda fordelte på ulike føremål.

Frå og med 2015-årgangen har all registerbasert personellstatistikk A-ordninga som datakjelde i staden for Aa-registeret (SSB, 2015). Sysselsette og årsverk lønte av sokn, kyrkjelege fellesråd og bispedøme er henta frå KOSTRA-kyrkje, tabell 04693.

*Rekneskapsfunksjonar – kommunar*

I KOSTRA-rapporteringa av rekneskapane til kommunane omfattar kyrkje og andre religiøse føremål desse rekneskapsfunksjonane:

- 390 Den norske kyrkja
- 392 Tilskot til trus- og livssynssamfunn
- 393 Gravplassar og krematorium

For rekneskapsomgrep nytta i KOSTRA, sjå kapittel 1.3. omgrep og definisjonar.

*Kulturbruksundersøkingane*

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år kulturbruksundersøkingar. Data i tabellane 15.10 og 15.11 er henta frå desse undersøkingane, publisert i Norsk kulturbarometer 2016. I denne undersøkinga vert det blant anna spurd om «har du vore på trus- eller livssynsmøte dei siste 12 månadene». Viss svaret er ja, blir det spurd «kor mange gonger i løpet av dei siste 12 månadene har du vore på trus- og livssynsmøte». Med trus- og livssynsmøte meiner ein gudsteneste, messe eller møte arrangert av trussamfunn eller organisasjon som representerer ikkje-religiøse livssyn. Dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder er ikkje medrekna. Dette spørsmålet omfattar alle typar trussamfunn eller livssynssamfunn, inkludert Den norske kyrkja. Data i tabell 15.11 baserer seg på spørsmålet: «Er du medlem av statskyrkja eller noko anna trussamfunn?»

Informasjon om dei ulike kjennemerka brukte i tabellane, sjå kapittel 10.2.

[9] Talet på kyrkjelege vigslar i denne statistikken avvik noko frå talet på kyrkjelege vigslar som byggjer på folkeregisteropplysningar i Befolkningsstatistikken til Statistisk sentralbyrå, ekteskap og skilsmisser.

## Referansar

Statistisk sentralbyrå (25. november 2016): «Fleire medlemmer i trus- og livssynssamfunn». https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/trosamf/aar

Statistisk sentralbyrå (6. mai.2017): «Færre medlemmer i Den norske kirke». http://www.ssb.no/kirke_kostra

Statistisk sentralbyrå (14. juni 2017): «Færre gifta seg». http://www.ssb.no/ekteskap/

Statistisk sentralbyrå (23.juni.2017): «Lågare driftsnivå utan barnehagedrift i Bergen». http://www.ssb.no/offentlig-sektor/statistikker/kirkeregn

Vaage, Odd Frank (2017): *Norsk kulturbarometer 2016*, Statistiske analysar 153, Statistisk sentralbyrå. http://www.ssb.no/kulturbar

Statistisk sentralbyrå 2015:http://www.ssb.no/omssb/om-oss/nyheter-om-ssb/a-ordningen-en-datakilde-for-tre-etater.

## Meir informasjon

Den norske kyrkja: http://www.kirken.no

Kulturdepartementet (KUD): http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/tema/tros-_og_livssynssamfunn.html

Steinkellner, Alice (red.) 2015: *Kulturstatistikk 2014*, Statistiske analysar 145, Statistisk sentralbyrå. http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/kulturstatistikk-2015

Levekårsundersøkingane: http://www.ssb.no/emner/07/02/10/orgakt

Kyrkjelege fellesråd, rekneskapsstatistikk: http://www.ssb.no/kirkeregn/

Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapporter 2009/29, Statistisk sentralbyrå. http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929

Vaage, Odd Frank (2017): *Norsk kulturbarometer 2016*, Statistiske analysar 153, Statistisk sentralbyrå. http://www.ssb.no/kulturbar

**Tabell 15.1. Medlemmer[1] i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, etter religion/livssyn. 1. januar. Absolutte tal og prosent**

| | 2008 | | 2010 | | 2012 | | 2014 | | 2015 | | 2016 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Absolutte tal | Prosent av alle | Absolutte tal | Prosent av alle | Absolutte tal | Prosent av alle | Absolutte tal | Prosent av alle | Absolutte tal | Prosent av alle | Absolutte tal | Prosent av alle |
| **Medlemmer, i alt** | **411 790** | **100,0** | **449 875** | **100,0** | **510 684** | **100,0** | **587 286** | **100,0** | **558 977** | **100,0** | **622 042** | **100,0** |
| Baha'i | 1 024 | 0,2 | 1 012 | 0,2 | 1 088 | 0,2 | 1 127 | 0,2 | 1 134 | 0,2 | 1 149 | 0,2 |
| Buddhisme | 11 038 | 2,7 | 13 376 | 3,0 | 15 426 | 3,0 | 17 087 | 2,9 | 17 977 | 3,2 | 18 817 | 3,0 |
| Hinduisme | 4 566 | 1,1 | 5 175 | 1,2 | 5 690 | 1,1 | 7 382 | 1,3 | 8 181 | 1,5 | 8 882 | 1,4 |
| Islam | 83 684 | 20,3 | 98 953 | 22,0 | 112 236 | 22,0 | 132 135 | 22,5 | 141 027 | 25,2 | 148 189 | 23,8 |
| Jødedom | 850 | 0,2 | 818 | 0,2 | 2 153 | 0,0 | 781 | 0,1 | 747 | 0,1 | 770 | 0,1 |
| Kristendom | 226 969 | 55,1 | 245 664 | 54,6 | 289 018 | 56,6 | 337 316 | 57,4 | 296 521 | 53,0 | 349 083 | 56,1 |
| Sikhisme | 2 537 | 0,6 | 21 037 | 0,2 | 21 133 | 0,2 | 3 363 | 0,6 | 3 429 | 0,6 | 3 545 | 0,6 |
| Livssynssamfunn | 80 659 | 19,6 | 82 890 | 18,4 | 84 722 | 16,6 | 86 444 | 14,7 | 88 216 | 15,8 | 89 758 | 14,4 |
| Andre trus- og livssynssamfunn | 463 | 0,1 | 950 | 0,2 | 1 218 | 0,2 | 1 651 | 0,3 | 1 745 | 0,3 | 1 849 | 0,3 |

[1] Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for. [2] Eit samfunn er ikkje representert i statistikken.
Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 15.2. Medlemmer[1] i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, etter religion/livssyn og medlemmer i Dnk, etter fylke**

| | Medlemmer utanom Den norske kyrkja | Buddhisme | Islam | Kristendom | Annan religion[2] | Livssyns-samfunn | Medlemmer[3] i Den norske kyrkja per 31.12. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2006 | 383 510 | 9 934 | 72 023 | 216 141 | 8 141 | 77 271 | 3 871 006 |
| 2007 | 403 909 | 10 753 | 79 068 | 225 507 | 8 859 | 79 722 | 3 873 847 |
| 2008 | 411 790 | 11 038 | 83 684 | 226 969 | 9 440 | 80 659 | 3 874 823 |
| 2009 | 431 287 | 12 252 | 92 744 | 234 772 | 10 395 | 81 124 | 3 848 841 |
| 2010 | 449 875 | 13 376 | 98 953 | 245 664 | 8 992 | 82 890 | 3 835 477 |
| 2011 | 484 534 | 14 580 | 106 735 | 266 834 | 11 904 | 84 481 | 3 851 145 |
| 2012 | 510 684 | 15 426 | 112 236 | 289 018 | 9 282 | 84 722 | 3 848 295 |
| 2013 | 549 400 | 16 001 | 120 882 | 312 925 | 13 531 | 86 061 | 3 843 721 |
| 2014 | 587 286 | 17 087 | 132 135 | 337 316 | 14 304 | 86 444 | 3 835 973 |
| 2015 | 558 977 | 17 977 | 141 027 | 296 521 | 15 236 | 88 216 | 3 799 366 |
| 2016 | 622 042 | 18 817 | 148 189 | 349 083 | 16 195 | 89 758 | 3 758 070 |
| **2016** | | | | | | | |
| Østfold | 40 733 | 1 512 | 10 840 | 23 718 | 426 | 4 237 | 206 986 |
| Akershus | 79 857 | 2 831 | 18 238 | 42 387 | 3 079 | 13 322 | 408 235 |
| Oslo | 146 521 | 3 814 | 60 123 | 58 102 | 5 929 | 18 553 | 333 711 |
| Hedmark | 14 146 | 494 | 2 533 | 8 011 | 153 | 2 955 | 158 106 |
| Oppland | 12 171 | 431 | 2 524 | 6 586 | 152 | 2 478 | 154 881 |
| Buskerud | 38 041 | 1 059 | 11 240 | 19 475 | 1 738 | 4 529 | 195 100 |
| Vestfold | 29 482 | 903 | 4 893 | 18 296 | 540 | 4 850 | 177 486 |
| Telemark | 22 745 | 460 | 3 751 | 15 658 | 107 | 2 769 | 126 154 |
| Aust-Agder | 15 560 | 346 | 1 300 | 12 347 | 65 | 1 502 | 83 543 |
| Vest-Agder | 29 466 | 774 | 3 598 | 22 595 | 142 | 2 357 | 124 581 |
| Rogaland | 54 557 | 1 726 | 9 518 | 35 822 | 1 026 | 6 465 | 338 742 |
| Hordaland | 49 103 | 1 556 | 6 135 | 32 798 | 1 139 | 7 475 | 390 071 |
| Sogn og Fjordane | 5 775 | 116 | 805 | 3 809 | 80 | 965 | 91 733 |
| Møre og Romsdal | 18 938 | 665 | 1 890 | 13 243 | 547 | 2 593 | 214 116 |
| Sør-Trøndelag | 25 397 | 1 149 | 4 376 | 12 601 | 712 | 6 559 | 242 562 |
| Nord-Trøndelag | 7 669 | 237 | 1 459 | 4 035 | 57 | 1 881 | 115 352 |
| Nordland | 15 266 | 282 | 2 292 | 9 496 | 114 | 3 082 | 198 420 |
| Troms Romsa | 10 635 | 288 | 1 622 | 6 212 | 115 | 2 398 | 131 327 |
| Finnmark Finnmárku | 5 489 | 171 | 788 | 3 701 | 64 | 765 | 59 599 |
| Uoppgitt/busett i utlandet | 491 | .. | 264 | 191 | 10 | 23 | [4]7 365 |

[1] Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for. [2] Omfattar baha'i, jødedom, sikhisme og andre trusretningar.
[3] Omfattar medlemmer og tilhøyrige. [4] Inkluderer ikkje medlemmer busette i utlandet.
Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå og Kyrkjerådet.

**Tabell 15.3. Medlemmer[1] i kristne trussamfunn utanom Den norske kyrkja. Per 1. januar**

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kristne trussamfunn | 225 507 | 226 969 | 234 772 | 245 664 | 266 834 | 289 018 | 312 925 | 337 316 | 296 521 | 349 083 |
| | | | | | | | | | | |
| Adventistsamfunnet | 5 281 | 5 177 | 5 086 | 5 136 | 5 066 | 4 884 | 4 841 | 4 806 | 4 785 | 4 778 |
| Dei frie evangeliske forsamlingar | 3 628 | 3 455 | 3 434 | 3 492 | 3 395 | 3 137 | 3 443 | 3 258 | 3 230 | 3 318 |
| Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja i Noreg | 19 524 | 19 496 | 19 262 | 19 503 | 19 614 | 19 507 | 19 552 | 19 557 | 19 499 | 18 908 |
| Den Finlandska evangelisk-lutherska församling | 4 291 | 4 288 | 4 237 | 4 169 | 4 146 | 4 193 | 3 440 | 4 348 | 4 355 | 4 117 |
| Den Islandske Evangeliske Lutherske menighet i Noreg | 2 027 | - | 2 735 | 5 422 | 5 946 | 5 983 | 6 634 | 6 740 | 6 516 | 6 830 |
| Den kristelige menighet | 6 476 | 6 602 | 6 779 | 6 879 | 7 110 | 7 319 | 7 259 | 7 750 | 7 997 | 8 177 |
| Den ortodokse kyrkja | 6 075 | 6 771 | 7 664 | 8 492 | 9 894 | 11 205 | 12 959 | 14 765 | 17 476 | 20 202 |
| Den romersk-katolske kyrkja | 51 508 | 54 011 | 57 348 | 66 972 | 83 018 | 102 286 | 121 130 | 140 109 | 95 655 | 144 856 |
| Det Evangelisk-Lutherske kyrkjesamfunn | 3 345 | 3 275 | 3 232 | 3 213 | 3 213 | 3 209 | 3 209 | 3 189 | 3 158 | 3 177 |
| Det norske Baptistsamfunn | 9 071 | 9 492 | 9 382 | 9 749 | 9 922 | 9 999 | 10 213 | 10 283 | 10 296 | 10 367 |
| Det Norske Misjonsforbund | 8 399 | 8 476 | 8 497 | 8 729 | 9 091 | 9 336 | 9 589 | 10 136 | 10 406 | 10 598 |
| Jehovas vitner i Noreg | 14 756 | 14 856 | 14 976 | 11 640 | 11 739 | 11 903 | 12 049 | 12 130 | 12 304 | 12 413 |
| Kristensamfundet | 2 505 | 2 463 | 2 474 | 2 578 | 2 585 | 2 567 | 2 544 | 2 540 | 2 527 | 2 550 |
| Kristne senter | 3 353 | 3 324 | 3 290 | 3 266 | 3 252 | 3 157 | 3 172 | 3 145 | 3 136 | 3 001 |
| Metodistkyrkja i Noreg | 11 299 | 11 133 | 10 974 | 11 082 | 11 055 | 10 761 | 10 715 | 10 684 | 10 566 | 10 531 |
| Pinserøysla | 40 398 | 39 866 | 39 590 | 39 923 | 39 599 | 39 108 | 39 412 | 39 398 | 39 149 | 39 431 |
